



HØGSKOLEN
I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

Kvinners livsløp

Eit livsløpsstudium av seksti kvinner fødd i 1874 og
1875 i bygda Gol

Women`s life cycle

A life cycle study of sixty women born in 1874 and 1875
in the village of Gol

Av: Ane Bøhn Lilleslett

MSAM613 Master i Samfunnsfagdidaktikk

Avdeling for lærarutdanning

18.05.2016

Forord

Denne masteroppgåva har vore svært lærerik å arbeide med. Den har gitt meg gode tider, latter, frustrasjon og sinne. Eg har endeleg fullført oppgåva, og det er det mange som fortener ein takk for.

Tusen takk til rettleiaren min, John Ragnar Myking, for svært god og konstruktiv rettleiing, og for støtte og oppmuntrande ord i vanskelege periodar. Tusen takk til Bente Brathetland for svært god hjelp med databasen og med oppgåva undervegs.

Takk til mine kjære medstudentar for at dykk har vore der og høyrt på klaging når eg har mista trua. Ein særskild takk til Tone, for at du har lest oppgåva og vore der som ein klagemur for meg.

Tusen takk til Gol Bygdearkiv og Wigger Liahagen for at eg fekk kome å vere ein dag på bygdearkivet og sjå gjennom bileta dei har samla.

Takk til tante Tone for at du ville lese gjennom og rette nynorsken min. Kjære mamma og pappa, takk for all moralsk støtte gjennom desse to åra. Takk til mamma for at du alltid hører på meg når eg ringer, og takk til pappa for at du overtalte meg til å skrive oppgåva på nynorsk.

Til slutt ein stor takk til min kjære Thomas, for at du har vore der for meg når det har stått på som verst.

Bergen, mai 2016

Ane Bøhn Lilleslett

Samandrag

Utgangspunktet for denne masteroppgåva har vore problemstillinga: “*Kva livsutsikter hadde jenter fødd i Gol på slutten av 1800-talet?*”. Og med underproblemstillingane: “*Kva strategiar valde kvinner født i 1874 og 75 for å skaffe seg eit utkomme og utsikter til eit godt liv?*”. Og “*Kva slags føresetnad hadde dei ulike kvinnene?*” Undersøkinga vart avgrensa til seksti kvinner fødd på Gol. Ved å følgje liva deira vart det undersøkt kva val dei tok for å skaffe seg utsikter til eit utkome og eit godt liv.

Metoden livsløpsanalyse vart nytta for å svare på problemstillingane. Denne metoden nyttar eit mikroperspektiv der individet er i fokus. Konteksten rundt kvinnene er likevel i høg grad med på å påverke kva val dei gjorde i livet. Difor har eg også drege inn relevant forskingslitteratur om emne, både på nasjonalt og lokalt nivå for å belyse konteksten jentene vaks opp i mot slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet.

Informasjonen om kvar enkelt vart samla i ein database, og nytta i analysen for å finne mønster som kunne nyttast for å samanlikne kvinnene. Utgangspunktet til kvinnene er vist gjennom familiens sosiale og økonomiske bakgrunn. Barndommen, livet før giftemål og livet etter giftemål var viktige fasar i livet, og analysekapitla er difor delt inn etter dette.

Resultata viste at utgangspunktet til kvinnene påverka liva deira, men utslaga var ikkje så store som ein kanskje skulle tru. I dei første leveåra ser det ut til at det først og fremst var smittsame sjukdommar som avgjorde om dei overlevde barndommen. Dødelegheita var størst blant gardbrukardøtrene og dei som var fødde utanfor ekteskap. I samband med utvandring som barn var det flest gardbrukarfamiliar som drog, medan mødrene til nokre av dei som var fødde utanfor ekteskap og arbeidarane flytta til andre stader i landet. I konfirmasjonsresultata såg det ikkje ut til å vere skilnader mellom jentenes utgangspunkt og dei resultata dei fekk. Det såg ut at skilnadene minka, og at resultata var ein strategi for dei jentene med eit dårleg utgangspunkt til å klare seg.

Strategiane kvinnene valde då dei var gamle nok til å ta eigne val, gjaldt i hovudsak å flytte frå bygda. I giftarmåla vart døtrer av husmenn seinare gifte enn gardbrukardøtrer, sjølv om skilnadene var små. I talet på barnefødslar fekk kvinnene i utvalet færre barn enn mødrene deira. Av dei tolv som vart buande på Gol, var det to ugifte og dei andre var gifte. Det store fleirtalet var gardbrukardøtrer. Alt i alt var det små skilnader mellom dei ulike gruppene i utvalet og det kan sjå ut til at kvinnene tok val i livet som var med på å gje dei andre utsikter enn det foreldra deira hadde hatt.

Abstract

The aim of this Master's Thesis has been to discuss this main question: "*What prospects did girls born in the parish of Gol in the late 1800's have?*". Sub-questions were: "*What strategies did women born in 1874 and 1875 employ to make a good life for themselves?*", and "*What predisposition did the different women have?*". The research was limited to sixty women born in Gol. By following the lives of these women the decisions they made to make a better life for themselves could be examined.

To answer these questions, the method of choice was a life cycle study. This method utilises a micro perspective where the individual is the focus point. The context of society, which influences the decisions these women make in life, makes the relationship between the micro- and the macro perspective interesting. Therefore, relevant literature concerning society in the late 1800's and early 1900's is used to gain a contextual perspective of the girl's childhood.

The information was gathered in a database and used in an analysis to find a pattern for comparing the women. The social and economic status lays the foundation of these women's lives. Childhood and life before and after marriage were important phases in life, and the chapters in the analysis section is therefore divided into these phases.

The results show that the predisposition of these women affected their lives, but to a lesser degree than anticipated. In the first years of their lives it was primarily infectious deceases that decided if they survived childhood. The highest mortality rate occurred among the daughters of farmers and those born outside of wedlock. Those who emigrated with their families were mostly farmers, while the mothers of some of the girls born outside of wedlock and the families of workers moved to other parts of Norway. There did not appear to be any correlation between the women's predisposition in life and how well they performed at the confirmation. The differences seemed less between the different groups, which would indicate a strategy to perform well at confirmation for those who were less fortunate in life.

The main strategy chosen by the women when they came of age was to move from the village. Daughters of crofters married later than daughters of farmers, even though the differences were small. The women in the selection had fewer children than their mothers. Of the twelve that stayed in Gol, which were mostly daughters of farmers, only two did not marry. All in all, there were few differences between the different groups in the selection. It would seem that the choices the women made in life afforded them more possibilities than their parents might have had.

Innhald

Forord	1
Samandrag	2
Abstract	3
Innleiing	7
Utval og avgrensingar	11
Kap. 1 Kjeldemateriale og handsaminga av det	12
Kyrkjebøker	12
Emigrantprotokollar	13
Folketeljingar	13
Bygdearkivet	14
Gards- og ættesoger	14
Utfordringar med kjeldene	15
Database	16
Kap. 2: Hallingdal og Gol ved inngangen til det 20. hundreåret	17
Kap. 3: Utgangspunktet – foreldre og søsknen	20
Kva slags gardar og plassar kom jentene frå?	24
Søskenflokken og mødrene til jentene	25
Giftemålsalderen til mødrene	30
Dei som var fødde utanfor ekteskap	32
Oppsummering og konklusjon	34
Kap. 4: Barndom på 1800-talet	36
Mortaliteten i barndommen	38
Dødelegheita blant jentene som var fødde utanfor ekteskap	46
Kor mange barn døydde i familiene?	47
Flytting i Noreg	49
Utvandringa til Amerika	51
Skulegang og konfirmasjon	55
Konfirmasjon	56
Oppsummering og konklusjon	59
Kap. 5: Ut frå heimen? Om teneste og flytting	61
Arbeid i heimen eller ut i teneste	61
Type arbeid	66
Flytting og utvandring som strategi	68
Flytting i Noreg før giftarmål	68

Utvandring til Amerika før giftarmål	73
Arbeid før giftarmål	78
Oppsummering og konklusjon	82
Kapittel 6: Gift og ugift	84
Ekteskap	86
Ektefellene	89
Utvida rettar for kvinner: Skilsmisser	92
Barn i og utanfor ekteskap	93
Barn fødde utanfor ekteskap.....	97
Dei som ikkje fekk barn	99
Flytting og utvandring etter giftarmål	99
Arbeid i eller utanfor heimen etter giftarmål.....	101
Dei som aldri gifta seg	103
Oppsummering og konklusjon	104
Kap. 7: Alderdom og død	106
Kap. 8 Oppsummering og konklusjon	109
Kjelder og litteratur	115
Kjelder	115
Illustrasjoner	119
Litteratur	122
Vedlegg	126
Vedlegg 1 - Biografiar.....	126
Vedlegg 2 - Tabellar.....	166

Tabellar og diagram

Tabell 3.1 – Fars levebrød	21
Tabell 3.2 – Husdyrhaldet i hushaldet jentene kom frå	24
Diagram 3.1 – Storleiken på søskensflokken i utvalet.....	26
Diagram 3.2 – Kor mange barn kvar enkelt mor fekk	29
Tabell 3.3 – Mødrenes ekteskapsalder	31
Tabell 4.1 – Barn døde før fylte 1 år	40
Tabell 4.2 – Døde frå fylte 1 år til før fylte 6 år.....	44
Tabell 4.3 – Døde frå 6 år til 15 år	45

Diagram 4.1 – Tal på døde barn blant alle fødde i familiane	47
Tabell 4.4 – Utvandra til Amerika	52
Tabell 4.5 – Fordeling av karakterar i konfirmasjonen	57
Tabell 5.1 – Teneste hjå andre eller heimebuande?	63
Diagram 5.1 – Fordelinga av jentene på ulikt arbeid i folketeljinga 1891	67
Tabell 5.2 – Innanlands flytting før giftarmål etter årstal og stand i konfirmasjonslistene	69
Tabell 5.3 – Dei som utvandra til Amerika etter konfirmasjonen før giftarmål	74
Tabell 5.4 – Yrka til kvinnene som budde heime eller var i teneste på Gol	80
Tabell 5.5 – Yrka til kvinnene som budde heime eller var i arbeid andre stader i Noreg og USA	81
Tabell 6.1 – Kvinnenes ekteskapsalder	86
Tabell 6.2 – Ekteskapsalderen inndelt i kor kvinnene gifta seg og budde	89
Diagram 6.1 – Barn per kvinne	95
Tabell 6.3 – Innlands flytting etter giftarmål	99
Diagram 7.1 – Dødsår for kvinnene som døydde på 1900-talet.....	107

Innleiing

Eit livsløp er noko alle må gjennom, anten det er kort eller langt. Livsløpa våre er påverka av val me tar sjølve, eller som blir tatt for oss. Kvinners livsløp er eit tema som er relativt lite undersøkt. Eg har valt å skrive om livsløpa til eit utval jenter som vart fødde på Gol i Hallingdal i siste halvdel av 1800-talet. På denne tida var Noreg sterkt prega av folkeauke og endringar i jordbruket. Endringane gjorde det vanskeleg å skaffe levebrød til alle i bygdene. Dette gjaldt også i Hallingdal. Det var sterk folkeauke og mykje fattigdom, og mange drog derifrå.¹ Frå Hallingdal utvandra det heile 12860 personar i perioden frå 1837 og fram til 1900.² Av desse var 2550 frå Gol.³ I 1900 budde det 12797 menneske i Hallingdal, litt færre enn dei som hadde reist over havet fram til då. Mange kvinner drog frå bygda, anten flytta dei til andre bygder og byar, eller dei la ut på reisa til Amerika.

Forholdet mellom mikro- og makronivået i eit livsløp er også noko ein veit lite om. I historieforskinga er det ofte kollektive aktørar som blir undersøkt, men like interessant er korleis enkeltindividene sine val har vore med på å påverke historiske prosessar slik som utvandringa til Amerika og hamskiftet i jordbruket. For å undersøkje historia til personar må ein både sjå på enkelthendingar i liva deira og på heile livsløpet. Livsløpsanalyse som metode gir ei innsikt i detaljane i livet til den enkelte som ikkje andre metodar gjer. Denne innsikta kan nyttast til å forstå val som blir tatt av den enkelte. Ved å sjå på dette saman med kva som skjer i samfunnet i perioden, vil ein sjå korleis mikro- og makrohistoria påverkar kvarandre.

Det er mange faktorar som er med på å påverke eit liv. I bakgrunnen ligg grunnleggjande historiske utviklingstrekk, slik som hamskiftet i bondesamfunnet, byvekst og industrialisering. Innanfor desse generelle rammene er det mange faktorar som påverkar den enkelte sitt livsløp: sosial bakgrunn, kjønn, nærmiljø og individets evne til å handle.⁴ Nokre av desse faktorane kan ha ulik verdi til ulike tider, mellom anna sosial bakgrunn og kjønn. Til dømes kan det å vere fødd utanfor ekteskap ha ulik innverknad på livet alt etter som vedkommande vart fødd på 1800-talet eller i dag. Den sosiale bakgrunnen, til dømes om ein vart fødd på ein gard eller husmannsplass kan og ha hatt innverknad på livsløpet. Det sosiale utgangspunktet og den historiske utviklinga er dermed med på å påverke eit livsløp.⁵ Eller som Ivar Frønes, Kåre Heggen og Jon Olav Myklebust uttrykkjer det: «Livsløpsanalysen søker å sy de sammennevde

¹ Solhjell, 2014: 113

² Solhjell, 2014: 115-116

³ Solhjell, 2014: 116

⁴ Frønes, Heggen & Myklebust, 1997: 11

⁵ Elder & Shanahan, 1997: 19-20

livsløp, individers valg og den historiske utviklingen sammen, samtidig som den prøver å gripe mønstrene og sammenhengene mellom mikro og makro.»⁶

I metoden livsløpsanalyse er det fokus på livets retning og utviklinga over tid.⁷ I eit slikt studium blir det lagt vekt på fasane i livet og overgangane mellom dei i ulike livsbaner. Endringane i livsbanene kan vere påverka av val tatt av storsamfunnet, slik som når barn skal starte på skulen, eller det kan vere individuelle val om arbeid eller utdanning. Viktige overgangar er overgangane frå barn til ungdom, ungdom til voksen og voksen til gammal. Når personar giftar seg inneber ei endring, ein overgang til ein annan fase i livet, ei tilstandsendring.⁸ Desse endringane i livet er med på å skape nye livsbaner for den enkelte, men vever også livsbanane saman. Ifølgje Frønes, Heggen og Myklebust blir livsløpa danna i eit samspel mellom innverknaden dei historiske vilkåra har på livsbaner og individua sine ressursar og handlingsevne.⁹ Livsløpet er alle livsbanane til individet satt saman.

Dei ulike kjønna har ulike livsløp, særleg i det som har med reproduksjon å gjere. Kvinner og menn har tradisjonelt hatt ulike oppgåver og ansvar for familien. Dette er med på å påverke kvinners livsløp og vala dei tar.¹⁰ Dette påverkar og dei som ikkje har, og som ikkje vil få barn. Når kvinnene giftar seg, vert det danna eit felles livsløp med ektemannen. Livsløpet deira vil vere med å påverke barna sine liv. Fattigdom, flytting, familieforhold og død i nære relasjoner vil vere hendingar som vil ha stor påverknadskraft for utviklinga. Det vil vere interessant å sjå kva utgangspunktet kvinnene har i livet, og kva det har å seie for korleis livsløpet artar seg og kva slags strategiar dei vel. Det blir ofte ikkje forventa at dei med eit därleg utgangspunkt kjem seg ut av «den vonde sirkelen.»¹¹

Relasjonar mellom ulike individuelle aktørar er viktige i livsløpsanalysen. I følgje Glen H. Elder og Michael J. Shanahan er ofte alderen for når kvinner går inn i ekteskap avhengig av om eldre søstrer har gifta seg.¹² Andre hendingar som kan påverke livsløpet er om barna må flytte heim igjen til foreldre viss til dømes karriere eller ekteskap har gått därleg. I studien min blir difor både foreldre, søsken, ektefeller og barn viktige for å forklare kva som påverkar livsløpa til dei ulike kvinnene. Historikaren Sivert Langholm hevdar såleis at det er viktig å sjå på relasjonar fordi dei kan bidra til å «vise mønstre i, og underliggende betingelser for,

⁶ Frønes et al., 1997: 12

⁷ Frønes et al., 1997: 11

⁸ Elder & Shanahan, 1997: 21

⁹ Frønes et al., 1997: 11

¹⁰ Skrede & Tornes, 1983: 22

¹¹ Elder & Shanahan, 1997: 29

¹² Elder & Shanahan, 1997: 26

variasjoner i individuelle aktrørers atferd som en ellers ikke ville kunne se eller forstå».¹³

Desse ulike individuelle aktørane vil vere det som dannar kollektive aktørar i samfunnet og er ein viktig del av den sosiale strukturen.

For å studere eit livsløp kan ein ikkje berre sjå på individua. Ein må også sjå på den sosiale samanhengen dei er knytte saman med.¹⁴ Endringar i samfunnet er med på å påverke livsløpa til individua som blir undersøkt. Folkeauke kan føre til at det blir trøngt med ressursar, og nokre må flytte. I Noreg og på Gol skjer det store endringar på 1800-talet med mykje utvandring og flytting. Det er med på å påverke livsløpa, både til dei som flyttar, men også til dei som blir. Livsløpa blir med andre ord påverka av rammene rundt. Difor vil det bli viktig å sjå på forholdet mellom mikrohistorie og makrohistorie. Mikronivået her blir individnivået, altså individet som undersøkingseining.¹⁵ Det er historia til desse individua som er interessant, både korleis desse påverkar makronivået og korleis dei blir påverka av makronivået.

Bakgrunnsopplysninga om til dømes fattigdom og hamskiftet kan gjelde heile Gol, men vil også vere med på å forklare mønstra i åtferda til den individuelle.¹⁶

Det fins fleire måtar å gjennomføre livsløpsanalyser på, alt frå forskingsprosjekt til slektsgransking der ein undersøkjer enkeltlivsløp til slektingar eller andre. Ullensakerundersøkinga, eit prosjekt sett i gang av Historisk Institutt ved Universitetet i Oslo i 1970, handla om utviklinga i eit prestegjeld på midten av 1800-talet og fram til hundreårskiftet. Men samstundes var prosjektet også meint til å kaste lys over den allmenne samfunnsutviklinga i denne perioden.¹⁷ Dette var ein del av ei større undersøking, som vart kalla «Norsk Samfunnsutvikling ca. 1860-1900». Arbeidet vart leia av Sivert Langholm, og fleire studentar skreiv hovudoppgåver om emnet. Historikaren Tore Pryser bidrog med hovudoppgåva si, «Thranittane i Ullensaker. En sosialhistorisk undersøkelse» frå 1974. Her skulle forskarane gjennom nærstudium studere samfunnsforholda på landsbygda, og Ullensaker vart valt til pilotundersøkinga. Den andre delen av prosjektet tok for seg Kristiania, i «Kristianiaundersøkelsen», som vart sett i gang noko seinare. I begge prosjekta var det mikrohistoria som stod i fokus, med individet som eit viktig studieobjekt. I 1977 vart det oppretta ei forskingsgruppe som skulle undersøkje kvinnernas levekår og livsløp i dagens Noreg. Dette resulterte i ein serie bøker, som antologien *Studier i kvinnernas livsløp* frå 1983 er ein del av.

¹³ Langholm, 1974: 253

¹⁴ Elder & Shanahan, 1997: 19

¹⁵ Langholm, 1974: 246

¹⁶ Langholm, 1974: 249

¹⁷ Langholm, 1974: 243

Her undersøkte forskarane mellom anna ekteskap, barn og utdanning. Eit anna døme på ein reindyrka livsløpsstudie er historikaren Knut Kjeldstadli si bok *Mine fire besteforeldre*.¹⁸ Der undersøkte han besteforeldrenes livsløp som ein del av framveksten av det moderne Noreg.

Eg har valt å undersøkje livsløpa til seksti jenter frå Gol som var fødde i 1874 og 1875. Kva slags handlingsrom hadde desse kvinnene på slutten av 1800-talet? I historieskrivinga er det som oftast menn ein høyrer om. Kva føresetnader og livsutsikter kvinner hadde er det som difor vil bli undersøkt. Undersøkinga vil ha eit fokus på den enkelte sitt liv, men også om skilnad og likskap mellom dei, dessutan vil eg sjå på korleis samfunnet rundt påverka liva deira. Er det til dømes skilnad på om dei kom frå husmannsplassar eller frå gardar i tidspunktet når dei gifta seg? Kven flytta frå bygda, dei som kom frå vanskelege kår eller dei som var fødde inn i familiar som hadde eit godt utkome og sikre levebrød i Gol? For å undersøkje desse kvinnene må ein ta i bruk ulike kjelder slik som kyrkjebøker, emigrantprotokollar og folketeljingar.

Eg har valt å dele kapitla inn etter viktige fasar i livet – barndom, livet før giftarmål, livet etter giftarmål og alderdom. Det første analysekapittelet vil omhandle utgangspunktet til jentene, det neste handlar om barndommen, og dei siste kapitla handlar om livet som ung voksen og voksenlivet deira. Problemstillinga som er valt lyder slik: *Kva livsutsikter hadde jenter fødd i Gol på slutten av 1800-talet?* Dette spørsmålet krev andre spørsmål som omhandlar strategiane dei valde og handlingsrommet deira. Dei ulike problemstillingane kan formulerast i dei to følgjande underproblemstillingane som heng saman med kvarandre:

Kva strategiar valde kvinner født i 1874 og 75 for å skaffe seg eit utkomme og utsikter til eit godt liv? Dette handlar om dei strategiane dei valde, eller som vart valt for dei, for å skaffe seg eit godt liv. I hovudsak vil det vere strategiane dei sjølv valde, som til dømes giftarmål og flytting før ekteskap, men vala foreldra tok om flytting og emigrasjon vil og vere viktige i livsløpet.

Kva slags føresetnad hadde dei ulike kvinnene? Dette spørsmålet handlar om det handlingsrommet kvinnene fekk på grunnlag av det utgangspunktet dei hadde då dei vart fødd. Mellom anna om dei som var fødde utanfor ekteskap og dei som var fødde inn i fattigdom hadde andre føresetnader enn dei som kom frå ein storgard og var fødde innanfor ekteskap. Her vil det vere viktig å drøfte skilnadene mellom jentene med utgangspunkt i føresetnader dei hadde, om føresetnadene kan vere med på å forklare strategiane dei vel. Eg

¹⁸ Kjeldstadli, 2010

har valt desse problemstillingane for å kunne få ei oversikt over liva til dei ulike jentene, og for å kunne sjå likskap og skilnad mellom dei. Korleis konteksten rundt dei påverkar liva deira, alt i frå kva slags stand dei er fødde inn i til kva slags avgjerder dei gjer i livet i samband med mellom anna flytting og giftarmål.

Utval og avgrensingar

I eit livsløpsstudium må ein gjere eit utval, og eg bestemte meg tidleg for å undersøkje om lag femti personar. Etter å ha undersøkt kva slags kjelder som var tilgjengelege, falt valet på året 1875. Det var ikkje fødd femti jenter dette året, og difor inkluderte eg året før i utvalet mitt. Valet fall dermed på 1874 og 1875, fordi det var tilgjengelege opplysningar om personane i fleire folketeljingar. Den fyrste folketeljinga eg kunne bruke var folketeljinga frå 1875, ettersom denne teljinga vart gjennomført 3. januar 1876. Vidare vart desse årstala valt fordi kvinnene då ville vere om lag 35 år under folketeljinga i 1910, og ville såleis vere godt i gang med vaksenlivet. I folketeljingane står det oppført kva slags sivilstatus kvinnene hadde, vidare yrke, og om dei hadde fått barn.

For å gjere eit tilfeldig utval, valde eg dei siste tjuefem jentene fødd i 1874 og dei fyrste tjuefem fødd i 1875. Eg baserte utvalet mitt på klokkarboka frå Gol for dei to åra, då denne kjelda berre har informasjon om dei som blir fødd på Gol. Ministerialboka skrive av presten inneholder også informasjon om dei døypte, men denne har også med dei som vart fødd i Hemsedal.

Etter å ha byrja arbeidet med å samle inn informasjon viste det seg at mange av kvinnene døydde tidleg. Eg valde då å utvide utvalet mitt til seksti kvinner for å ha mange nok å undersøkje i vaksen alder, fem av dei var fødde i 1874 og fem i 1875. Utvalet enda då til slutt på seksti jenter, dei tretti siste fødde i 1874 og dei tretti fyrste fødde i 1875. Dette var eit passande stort utval grunna tida det tar å finne informasjon om jentene. I og med at fråfallet er ganske stort må utvalet ha ein viss storleik for at ein skal få nok informasjon ut av det. Undervegs i teksten er jentene i utvalet brukt som eksempel, og det vil difor vere nemnt mange namn i teksten. Biografiene til kvar enkelt ligg til slutt i teksten som vedlegg 1.

Eg har valt å avslutte undersøkinga av primærkjeldene med folketeljinga 1910 i Noreg då dette er den siste nasjonale folketeljinga som ligg ope på internett. Grunna at undersøkinga må avsluttast for dei som oppheldt seg i Noreg i 1910, har eg valt å avslutte undersøkinga av dei som oppheldt seg i USA i 1920. Ut over dette er informasjon frå bygdebøkene inkludert, som i mange tilfelle har informasjon som går lengre enn folketeljingane.

Kap. 1 Kjeldemateriale og handsaminga av det

Livsløpsanalyse krev bruk av mange ulike kjelder. Materialet som blir samla krev organisering, og dette kan gjerast på fleire måtar. I mitt livsløpsstudium ynskjer eg å undersøkje livsløpa til eit utval kvinner frå Gol frå dei vart fødde i 1874 og i 1875 og fram til kring fyrste verdskrig. Kjeldematerialet gjer at det kan bli vanskeleg å finne informasjon om kvinnene etter fyrste verdskrig. Den siste folketeljinga som ligg ope på nett, er frå 1910. Til dei ulike kapitla vil det ta i bruk ulikt kjeldemateriale. Dåpslistene og folketeljinga 1875 vil vere viktige kjelder til utgangspunktet for livsløpet. Konfirmasjonen symboliserer overgangen til livet som ung voksen og vil vere siste del av barndomskapittelet. Folketeljinga 1891 vil vere den viktigaste kjelda til å undersøkje om jentene var i teneste eller heime hjå foreldra. I livet etter konfirmasjonen, både før og etter ekteskap, vil folketeljingane 1900 og 1910 i Noreg vere viktige kjelder, men også emigrantprotokollar og folketeljingar frå Amerika fram til 1920 kan gje viktig informasjon om dei som emigrerte. Kyrkjebøker vil vere viktige kjelder til mange sider av livsløpet, og gjennom heile livsløpet vil gards- og ættesogene vere verdifull sekundær litteratur.

For å finne ut mest mogleg om liva til kvinnene, må eg bruke fleire ulike kjelder, alt etter kva eg vil finne ut om dei enkelte. Det er store skilnader på mengda kjeldemateriale i dei ulike fasane i livet: barndom, før giftarmål og etter giftarmål. Mykje av den aktuelle informasjonen, kan ein finne via digitalarkivet.no, ein nettstad som inneheld dokument frå ulike arkiv.

Materialet er lagt ut på ulike måtar, noko er skanna inn medan anna er søkbart. Informasjonen i desse kjeldene er opplysningar om kjønn, alder, sivil status, plass i hushaldet og yrkesstatus. Ved å sjå på fleire ulike kjelder med informasjon om same person, vil eg også få informasjon om rørslene til personen, om ho flyttar til ein anna gard, bygd eller by. Ved å følgje jentene gjennom ulike kjelder, vil informasjonen kunne settast saman til eit livsløp.

Kyrkjebøker

Frå Gol finst både ministerialboka, altså boka presten har ført, og klokkarboka. I desse bøkene finst informasjon om viktige hendingar i liva til jentene som dåp, konfirmasjon, ekteskap og død. Informasjonen om dei ulike hendingane opplyser også om foreldra og kor dei bur. Såleis vil ein kunne sjå om familien har flytta mellom til dømes dåp og konfirmasjon. Utvalet vart gjort ut frå klokkarboka frå Gol i 1874 og 1875, av di klokkaren førte for Gol sokn, medan presten førte for Gol prestegjeld, som også inkluderer Hemsedal. Det var difor lettare å gjere eit utval ut frå ei bok som berre er basert på personar frå Gol. Til informasjon om

konfirmasjon, ekteskap og død er ministerialbøkene brukt som hovudkjelde, men klokkarboka er brukt der informasjonen har vore vanskeleg å tyde.

I kyrkjebøkene skreiv presten ned kyrkjelege handlingar som gjaldt kvart menneske i prestegjeldet hans. Bøkene er inndelte i fødsel og dåp, konfirmasjon, inn- og utflytting, vigsel, og død og gravferder, og listene er ført kronologisk innanfor kvar av desse hendingane. Klokkaren skreiv av presten si bok, slik at opplysningane finst to stader, difor er denne brukt som eit supplement til ministerialbøkene.

På 1800-talet kom kyrkjebøkene med trykte skjema med faste rubrikkar som presten kunne fylle ut. Det vart også ført lister over inn- og utflytte til prestegjeldet, men desse listene er ikkje komplette. Alle opplysningar om personane finst ikkje på same plass i boka, men på ulike stader og ofte i fleire ulike kyrkjebøker.¹⁹ Kyrkjebøkene fra Gol er skanna og ligg ute på Digitalarkivet, men dei er ikkje søkbare, slik at ein må bla seg fram i dei.

Emigrantprotokollar

Emigrantprotokollane er svært viktige for mitt prosjekt, for å kunne finne dei som dreg til Amerika. Desse protokollane er søkbare og ligg tilgjengelege på Digitalarkivet, og eg nyttar både den gamle og nye versjonen.²⁰ Dei fleste som utvandra reiste via Kristiania, Stavanger, Bergen eller Trondheim. Protokollane inneheld mellom anna opplysningar om personens namn, heimstad, reisemål, skipets namn. Nokre stader er det også opplysningar om korleis utvandraren har livnært seg i Noreg. Opplysningane i protokollane kan vere med på å seie noko om årsaker til utvandringa ut i frå kva slags grupper som drog frå landet.²¹

Folketeljingar

Folketeljingane er ei viktig kjelde for å kunne følgje personar og utviklinga i liva deira frå eitt år til ei anna. I prosjektet mitt har eg tatt i bruk både norske og amerikanske folketeljingar. Dei gjev informasjon om mellom anna sivilstand og kva dei livnærer seg av. Det er interessant å sjå om det har vore endringar frå ei teljing til ei anna, om personane har flytta eller om yrka deira har endra seg. Den første nominative folketeljinga i Noreg kom i 1801.²² Her var alle personar lista med namn. Etter 1801 hadde vart det gjennomført teljingar kvart

¹⁹ Arkivverket, «Kirkebøker.»

²⁰ Digitalarkivet, «Emigranter fra Oslo 1867-1930», & Digitalarkivet, «Emigrantar frå Kristiania 1867-1927», & Digitalarkivet, «Emigranter over Kristiania 1871-1930», & Digitalarkivet «Emigranter»

²¹ Arkivverket, «Emigrantprotokoller fra Oslo 1867-1966.»

²² Den fyrste fullstendige folketeljinga i Noreg vart halden 15. august 1769. Her skulle ein samle statistiske opplysningar om folket inndelt i ulike kategoriar, som kjønn, alder og livsstilling. Familiemedlemmane står saman med info om slektskapsforholdet, & Digitalarkivet, «Folketeljingar i Noreg».

tiande til femtande år. Folketeljingane som er aktuelle for meg er teljingane frå 1875, 1891, 1900 og 1910. Desse er nominative. Også lokale folketeljingar vil vere aktuelle.

Det er mange opplysningar som er underlagt teieplikt, og som difor ikkje kan offentleggjerast.²³ Dette er årsaka til at den siste statlege folketeljinga som ligg ope på nett, er frå 1910, noko som vil gjere det vanskeleg å finne informasjon om fleire av jentene etter dette. Det er andre reglar for lokale folketeljingar, og mellom anna folketeljinga for Kristiania 1923 ligg ope på nett. I USA og Canada er det andre reglar. Via nettstaden til The Church of Latter day Saints²⁴ finn ein folketeljingane frå USA heilt fram til 1940 og i Canada fram til 1916. Blant dei folketeljingane som er aktuelle for meg, ligg det meste ute på nett, via Digitalarkivet. Folketeljinga for 1891 for Noreg er skanna inn, her må ein bla seg gjennom dei ulike teljingskretsane for å finne personane. Ikkje all informasjon ligg ute via norske nettstader. Folketeljinga for 1875 frå Gol er ei av desse, men her har The Church of Latter day Saints digitalisert og lagt ut folketeljinga på sine nettstader.²⁵

Bygdearkivet

Gol bygdearkiv er eit lokalhistorisk arkiv som samlar inn mellom anna fotografiar og anna materiale med tilknyting til kommunen. Her har dei gjort eit grundig arbeid særleg innanfor fotografi, og dei har samla inn over 9000 biletar som også ligg tilgjengeleg via Digitalt Museum på nett.²⁶ Her kan ein søke på personnamn, og så velje museum. Her fekk eg lov å gå gjennom biletene og fekk filane dei har skanna inn på pc, då desse har høgare kvalitet enn det som blir lagt på nett. Eg fann fleire biletar, og dei ligg både i teksten og i biografiene.

Gards- og ættesoger

Gards- og ættesogene er svært viktige i prosjektet mitt. Det er sekundærkjelder, altså informasjon samla inn av nokre andre og byggjer på primærkjeldene. Desse bøkene kan nyttast som rettleiing til kor ein skal gå vidare i primærkjeldene, eg må ikkje leite meg gjennom kvart år i kyrkjebøkene for å finne informasjonen eg treng. Her finst mellom anna årstal, tal på barn, søskan og namn på ektemenn, noko som gjer det lettare når eg skal søkje etter informasjonen i andre kjelder. Bygdebøkene vil og vere ei god kjelde til informasjon som ikkje finst andre stader, då forfattaren har samla inn informasjon frå slektingar som ikkje står skrive om andre stader.

²³ Arkivverket, «Sperrefristar.», & sperrefristane er 60, 80 og 100 år.

²⁴ Mormonarane eller Jesu Kristi Kirke av De Siste Dagers Hellige

²⁵ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, «Norway State Census 1875»

²⁶ <https://digitaltmuseum.no/>

Gards- og ættesogene frå Gol er skrive av Terje Østro og utgitt på 1980- og 1990-talet. Dei fem bøkene er inndelt etter grendene Herad, Åsgardane, Hesla og Sentrum, Rotneim, Grogardane og Jegleim, Golreppen, og Øygardane og Grønlieane. Bøkene er inndelt etter gardsnamn, og etter kven som har budd der.

På 60-talet vart det dessutan utgitt to bøker om den allmenne historia til Gol, som var skrite av Hallvard Svello. Bøkene kan vere gode sekundærkjelder til kunnskap om Golssamfunnet på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet.

Utfordringar med kjeldene

Det er fleire utfordringar med det kjeldematerialet eg har valt å ta i bruk. Mange av dei handskrivne kjeldene er vanskelege å lese, slik at det er lett å lese feil. Ei anna utfordring er at det er ulike måtar å skrive namn på, og at fleire endrar namn i dei ulike kjeldene. Den norske namnetradisjonen har endra seg gjennom tidene. Dei fleste hadde eit formann, deretter eit farsnamn, eller patronymikon. Farsnamnet fekk tillegget son eller dotter.²⁷ Mot slutten av 1800-talet vart desse namna brukt som faste etternamn, der også kvinner fekk sen-namn. Det siste namnet folk hadde sa noko om kor dei budde, og dette endra seg etter kvart som folk flytta. Namna kunne skrivast på ulik måte, og det fanst ingen fast skrivemåte for namn, og prestane skreiv namna slik dei synest det passa. Utover 1800-talet vart det vanleg at kvinna tok ektemannens etternavn, tidlegare heldt dei på sitt eige. Ved flytting var det mange som då tok eit felles familieetternavn, som regel farens sen-namn. I 1923 kom det ei namnelov der alle fekk faste etternamn. Hovudregelen var då at kvinna skulle tamannens etternavn ved ekteskap. Endringar i måten å skrive namn på viser seg særleg hjå dei som utvandrar til Amerika. Det var vanleg å endre skrivemåten slik at det lettare kunne uttalast på engelsk. Dette gjorde at det var vanskeleg å finne fleire av dei som utvandrar.

Feilskrivingar av både namn og årstal vil vere ei utfordring. Her vil det bli viktig å bruke kjeldene til kontroll opp mot kvarandre. Opplysningane som finst i kyrkjebøkene kan nyttast til å kontrollere opplysningane i folketeljingane, og motsett. Det er til dømes fleire fødselsår som ikkje stemmer med fyrste kjelda.

Ei anna utfordring som gjeld kyrkjebøkene, er flyttinga. Her er ikkje alle registrert i listene til presten. Dette gjer at det er fleire av kvinnene eg ikkje har eit eksakt årstal på når dei flytta frå Gol. Til dette må gards- og ættesogene nyttast som eit supplement til dei ufullstendige

²⁷ Eller sønn/sen, datter.

listene i kyrkjebøkene. Det er svært viktig at det ikkje blir gjort feil som endrar livsløpet til kvinnene, til dømes at ei som ikkje gifta seg, blir oppført som gift fordi eg gjer feil. Her vil kontrollen mellom kjeldene vere viktig, og gards- og ættesogene vil vere ei viktig rettesnor.

Det er ikkje alle personane gards- og ættesogene skriv mykje om, og då manglar eg viktig informasjon eg kan byggje vidare frå. Difor er det fleire det har vore vanskeleg å finne i folketeljingane, på grunn av at det ikkje er kjent kva dei heiter eller kor dei bur. Om fleire av opplysningane stemmer, har eg valt å gå ut frå at det er rett person. I biografiene som ligg som vedlegg 1 kan ein lese om livsløpet til jentene, og her har eg skrive kva som har gjort meg usikker eller sikker på at eg har funne rett person i dei ulike kjeldene.

Database

Innsamla informasjonen må organiserast, og eg har valt å bruke dataprogrammet Microsoft Access til å lage ein database. Informasjon kan sendast til og frå Excel, slik at statistikk blir laga i Excel. Då all informasjonen om jentene var sett inn i databasen, starta eg å kategorisere informasjonen for å finne likskap og skilnader mellom jentene. Mykje av dette arbeidet skjedde allereie undervegs i datainnsamlinga og innføringa i databasen. Naturlege kategoriar var mellom anna: uektesfødd eller ektesfødd, utvandra, gift eller ugift eller gardbrukardotter og husmannsdotter. Ved å kategorisere dei ulike opplysningane i databasen, kunne eg setje dei inn i diagram og tabellar. Slik kategorisering og systematisering vil egne seg godt der eg vil finne ut kor ofte noko skjer eller til dømes kor mange som utvandrar og flyttar i studiet mitt.

Den fyrste informasjonen eg la inn var lista over dei døypte i kyrkjeboka. Kvar av jentene fekk eigen id, som kan nyttast til å knytte andre opplysningar til den enkelte personen. Mange av jentene har same namn, og då er tal lettare å forhalde seg til. Mange namn endrar seg også i dei ulike kjeldene, og for at det ikkje skulle bli uoversiktleg undervegs i oppgåva, har eg valt å nytte det namnet som vart brukt i den fyrste kjelda, men i databasen og biografiene vert namna skrive slik dei skrivast i dei ulike kjeldene.

Tabellane i databasen er delt inn etter hendingar som fødsel, konfirmasjon, bryllaup og død. Folketeljingar, flytting og emigrasjon reknast også som hendingar. Dette gjorde innsamlinga av informasjon lettare fordi alle opplysningane om alle personane var i dei same tabellane, og eg kunne kople informasjonen om dei ulike til id'en som dei fekk tildelt i byrjinga av innsamlinga. Men før eg byrjar med utvalet og utgangspunktet til jentene, vil eg kome med eit historisk tilbakeblikk, dette for å sjå korleis Hallingdal og Gol var ved inngangen til det 20. hundreåret.

Kap. 2: Hallingdal og Gol ved inngangen til det 20. hundreåret

Industrialiseringa og hamskiftet i jordbruket frå andre halvdel av 1800-talet førte til store endringar i Noreg. Urbaniseringa var sterk mot slutten av 1800-talet, i 1875 budde ein firedel av befolkninga i byar og tettbygde strok, og rundt 1900 var dette auka til ein tredjedel.²⁸

Prosessens var eit teikn på forskyvinga frå primærnæringane til sekundærnæringane.²⁹

Ved inngangen til det 20. hundreåret var dei store samfunnsendringane kome langt på veg i Hallingdal og i bygda Gol. Folketalet stagnerte og gjekk etter kvart litt tilbake, jordbruket var i endring og folk flytta. Den demografiske overgangen førte med seg lågare dødelegheit, før fødselstala etter kvart byrja å gå ned. Den naturlege folkeveksten var difor stor i heile landet,³⁰ også i Hallingdal, men endringane i jordbruket gjorde det vanskeleg å skaffe levebrød til alle. I 1801 budde det 9807 menneske i heile dalen, og 1682 på Gol. Folketalet i Hallingdal var på sitt høgaste før 1900, i 1855, med 14787 menneske. Gol hadde sitt høgaste folketal i 1875, med 2596 innbyggjarar.³¹ Uår i jordbruket og folkeauke gjorde at det var mange fattige som trong støtte. På Gol var det i 1875 totalt 6 prosent av befolkninga som fekk støtte av fattigkassa, medan heile 18 prosent fekk slik stønad i nabobygda Nes.³²

Mot slutten av 1800-talet var samanhengen mellom hygiene og sjukdom oppdaga, og det vart gjort stor innsats frå styresmaktene for å betre folks personlege hygiene, betre vasking av hus, vassforsyning og handtering av avfall og kloakk.³³ I Hallingdal var det därleg med lege fram mot hundreårskiftet,³⁴ og i tillegg var det ulike syn på korleis helsestellet og hygienen til folket var. Doktor Just Thoner, lege i Gol og Hemsedal frå 1908 til 1917 og distriktslege til 1926, skrev ei avhandling frå 1920 om kreftsjukdommen i Gol, der han mellom anna gav eit overblikk over den hygieniske og medisinske tilstanden i dalen i tida før og etter hundreårskiftet. Han gav eit særskilt bilet av tilstanden og folket.

De har vært meget konservative med seig motstand mot alt nytt. Et halvt middelalderlig mørke har meget lenge ruget over dalen. Nutiden begynte først med Bergensbanen. Denne seige vedholden ved det gamle og modstand mot alt nytt viser sig ikke minst i medicinsk og hygienisk henseende. Hallingen har i denne henseende staat lavere end flere av vaare andre fjellbønder.³⁵

²⁸ Nerbøvik, 1999: 33

²⁹ Nerbøvik, 1999: 79

³⁰ 884 000 i 1801 til 1,8 mill. i 1875 i følgje Pryser, 1985: 32-33

³¹ Solhjell, 2014: 108

³² NOS: Fattigstatistikk for 1875: 13 i tabellverk, & 156 personar på Gol og 450 på Nes

³³ Solhjell, 2014: 170

³⁴ Svello, 1963: 401-402

³⁵ Svello, 1963: 402

Han meinte at folk motsette seg alt som var nytt, avfall vart kasta rett utanfor døra og barn låg i seng med tæringsjuke.³⁶ Reingjeringa av folk og hus var därleg. Utedoar var komne på dei fleste stader, men det var framleis stader der dei berre gjekk bak huset. Det var også vanleg å ete av same fat og mange var ikkje nøyde med oppvask. Vanlege plager var skabb og lus.³⁷ Fyrst etter at Bergensbana kom vart det ei endring i folks levesett.³⁸ Om det var like ille som Thoner skal ha det til er ikkje godt å sei. Halfdan Sundt, den første kommunelegen i Gol i 1903, skal ha gjort mykje for å betre folkehelsa.³⁹

Mot det 20. hundreåret var også endringane i jordbruksnæringa godt i gang. Omgrepet «hamskiftet» er vanleg å bruke om dei raske endringane som skjedde i jordbruksnæringa i andre halvdel av 1800-talet og i dei første tiåra av 1900-talet. Jordbruksnæringa var hovudnæringa for dei fleste og historikaren Jostein Nerbøvik beskriv perioden rundt 1860 som eit høgdepunkt for sjølverbergings-samfunnet, der over ein million menneske høyrde til primærnæringane.⁴⁰ Før 1850 produserte bøndene i hovudsak for eige bruk, men frå midten av hundreåret oppstod det ei marknadsorientering i jordbruksnæringa.⁴¹ Det vart viktigare med betre arbeidsmetodar, gjødsling og meir differensiert drift for å skaffe seg eit overskot i produksjonen.⁴² Ny reiskap som til dømes slåmaskina kom, og maskinane trond storre areal og skapte eit behov for utskifting.

I Hallingdal var jordbruksnæringa ein svært viktig næringsveg, men endringane kom seint og gjekk langsamt.⁴³ Lenge var arbeidsdelinga slik den hadde vore i generasjonar. I nabobygda til Gol, Hemsedal, tok kvinnene ofte del i utearbeidet, medan mennene sjeldan hjelpte til i fjøs og hus.⁴⁴ Teigblanding var den vanlege forma for jordbruksnæringa, og med auka i folketalet vart storleiken på åkerlappane mindre og teigblandinga auka.⁴⁵ I følgje historikaren Tore Pryser kunne teigane vere så små som 2,5 m breie.⁴⁶ Norske styresmakter såg på teigblandinga som eit problem.⁴⁷ Det hadde vore fleire forsök på å få til ei utskifting, men det var først med lova som kom i 1857 at det byrja å endre seg. Alt i 1870 låg berre 13 prosent av jordbrukslandet i Noreg i teigblanding.⁴⁸ Professor Schubeler skildra vilkåra i jordbruksnæringa på Gol i 1880-åra i

³⁶ Svello, 1963: 403

³⁷ Soljhell, 2014: 170

³⁸ Svello, 1963: 402

³⁹ Svello, 1963: 402, 412

⁴⁰ Nerbøvik, 1999: 26

⁴¹ Pryser, 1985: 135, 139

⁴² Nerbøvik, 1999: 27-29

⁴³ Soljhell, 2014: 175

⁴⁴ Sørhøy, Snerte, Hemsedal Historielag & Hemsedal Mållag, 2012: 15

⁴⁵ Nerbøvik, 1999: 27

⁴⁶ Pryser, 1985: 120

⁴⁷ Ohman Nielsen, 2011: 66-67

⁴⁸ Ohman Nielsen, 2011: 67

”Norges Væxtrige”, der han framstilte jordbruket som primitivt og at det vart brukt enkel og lite effektiv reiskap.⁴⁹ Ein endra ikkje driftsmåtane i jordbruket noko særleg før omkring hundreårskiftet. Viktige grunnar for at bøndene ikkje la om jordbruket tidligare, var teigblandinga og jordfellesskapet, men også økonomien i bygda, og fattigdom og uår skapte ikkje framdrift.⁵⁰ Mentaliteten til bøndene var med på å bestemme framdrifta og mange tviheldt på dei gamle driftsmåtane.⁵¹ Utskiftinga på Gol starta fyrst på 1890-talet.⁵²

Husmannsvesenet var ein viktig del av det norske jordbruket, men hadde ei sterk nedgang mot slutten av 1800-talet. Ordninga gav bonden billig arbeidskraft, og det gav dei som ikkje rådde over eige gardsbruk tilgang til jord,⁵³ og dermed eit levebrød som mange bygde vidare på gjennom anna arbeid. På Gol var det i 1845 var det 150 husmannsplassar med om lag 600 bebuarar. I 1875 hadde det minka til 93 husmannsplassar, med 481 bebuarar, folketalet i bygda var då 2596 personar. Etter 1900 var det berre nokre få husmannsplassar att i bygda, og husmannsvesenet var nesten avvikla.⁵⁴ Mot slutten av 1800-talet var det flest gamle igjen på husmannsplassane av di barna hadde flytta.⁵⁵ Endringane i jordbruket førte til at det var mindre behov for arbeidskraft på gardane og i bygdene. Husmennene vart difor overflødige i det meir effektive jordbruket og mange av dei flytta andre stader for å skaffe seg eit levebrød.

Frå heile landet var det på 1800-talet ei sterk utvandring. Denne viste seg også i Hallingdal, der det i alt utvandra om lag 12860 menneske. Frå Gol åleine utvandra det 2250. I 1900 budde det fleire hallingar i Amerika enn i Hallingdal, medrekna barn av dei som utvandra.⁵⁶ I dalen var det harde kår på 1800-talet. Det var mykje fattigdom, jordmangel og overbefolkning. I følgje historikaren Kåre Olav Solhjell var fattigdommen av to slag: nokre levde i stor fattigdom medan andre hadde stor gjeld.⁵⁷ Gjeld kunne slå inn på dei store så vel som dei små gardane og mange utvandra etter å ha gått frå garden sin. Ein utveg for å kome seg vekk fra dårlege levekår og uår var å flytte. Utvandringa frå Gol var med på å løyse ein del av fattigdomsproblema bygda hadde. Fattigstyret hjelpte etter kvart fattige med å reise til Amerika ved å betale delar av reiseutgiftene for dei som ikkje hadde råd på eiga hand.⁵⁸

⁴⁹ Svello, 1963: 128

⁵⁰ Svello, 1963: 130

⁵¹ Svello, 1963: 142

⁵² Svello, 1963: 186

⁵³ Solhjell, 2014: 110

⁵⁴ Svello, 1963: 195

⁵⁵ Svello, 1963: 196, & fattigkassa betalte arbeidsplikta for mange av dei gamle som ikkje klarte han sjølv.

⁵⁶ Solhjell, 2014: 116

⁵⁷ Solhjell 2014: 113

⁵⁸ Svello, 1963: 125

Kap. 3: Utgangspunktet – foreldre og søsknen

Alle er fødde med ulikt utgangspunkt i livet. Foreldra sin stand og yrke, økonomi og storleik på søskenflokkane er viktige faktorar i utgangspunktet til kvart enkelt individ. Storleiken på garden eller plassen seier mykje om kva slags økonomi og ressursar familiane har. Familiens økonomiske tilstand vil mest sannsynleg påverke korleis barndommen utviklar seg for jentene. Levestandarden for husmenn og gardbrukarar kunne vere ganske ulik, og jentene som var fødde utanfor ekteskap hadde eit heilt anna utgangspunkt enn dei som hadde gifte foreldre.

Årsaka til at valet om å ta utgangspunkt i fedrane sine yrke er fordi mødrane er registrert utan yrke i folketeljingane. Dei står berre oppførte som hustru til ektemannen. Dei som er registrert som anna enn hustru er dei fem mødrane til jentene i utvalet som var fødde utanfor ekteskap. I dåpslistene er desse registrerte med den standen dei kom i frå, altså husmannsdotter eller gardmannsdotter. I folketeljinga 1875 er to av dei registrerte som dotter av far sin, ei som lauspike, ei er registrert som smetteveverske og ei som tenestejente. Eg vil kome tilbake til desse mødrane litt seinare i kapitelet, i delen om dei som vart fødde utanfor ekteskap.

I følgje historikaren Sølvi Sogner var det tre hovudkategoriar i den sosiale lagdelinga på landsbygda; bonde, husmann og innerst.⁵⁹ Dette er også kategoriene det store fleirtalet av fedrane til jentene høyrd til. Dei ulike kategoriene hadde ulik status i samfunnet, der forholdet til jord vart lagt vekt på. Bonden kunne eige eller leige garden, han dreiv eit matrikulert og skattepliktig bruk, men det kunne vere store økonomiske forskjellar mellom bønder. Husmannen dreiv ikkje eige bruk. Han kunne ha tilgang på jord eller ikkje. I følgje Jostein Nerbøvik var det fleire undergrupper i jordbruket i landet, der husmannen med jord dominerte.⁶⁰ Husmannen med jord budde ofte i eige hus på leigd grunn. Arbeidshusmannen var tett bunden opp til jordeigaren, gjennom arbeidsplikt på hovudgarden. Om ein var husmann utan jord, var det vanleg å ha arbeid også utanfor hovudgarden. Det som kjenneteiknar denne gruppa, er at dei hadde arbeidsplikt på hovudgarden. Mange husmenn hadde kontrakt for resten av levetida, men det var ikkje nødvendigvis lett å vere husmann. I følgje Tore Pryser viser forliksprotokollar og rettsdokument at det var mange overgrep og forsøk på å kaste ut husmenn, men at rettsvernet hindra at mange vart kasta ut frå plassane.⁶¹ Om husmennene ikkje hadde kontrakt ut livet, måtte dei som regel flytte om bonden ønskte

⁵⁹ Sogner, 1990: 31

⁶⁰ Nerbøvik, 1999: 86

⁶¹ Pryser, 1985: 133

ymre krefter på plassen. Mange eldre husmenn utan slekt til å ta vare på dei, enda sine liv på fattigkassa.

Innersten var leigebuar. Dette var ofte slektingar av dei som eigde garden. Innerstar hadde anna levebrød enn å drive jord, dei trong ikkje å ha låg status i samfunnet, det kom an på kva slags levebrød dei hadde. Ein med fast arbeid hadde høgare status enn ein lausarbeidar.

Mange innerstar var lausarbeidarar, då dei med betre økonomi ofte ville ha kjøpt eller leigd ein gard dei kunne drive sjølv.⁶²

Den sosiale statusen vart i stor grad bestemt av tilgangen til jord, noko som er interessant, då 1800-talet var prega av at jordbruksoppdraget vart mindre viktig samanlikna med andre næringar. Dette kan ein tydeleg sjå i lovgivinga frå 1814, då det var brukarar av matrikulert jord og eigarar av jordeigedommar over ein viss storleik som fekk stemmerett.⁶³ Gol var eit samfunn der jordbruksoppdraget dominerte. Dei fleste av fedrane i utvalet har difor arbeid på gardane, anten dei eigde garden sjølv, eller arbeidde for andre.

Nedanfor er det ei oversikt over kva slags stilling fedrane til jentene i utvalet mitt hadde.⁶⁴ To av jentene er tvillingar og to er søstrer, og er rekna ein gong. Tabellen går difor opp i 58 som er talet på familiar og ikkje 60 som er talet på jenter.

Tabell 3.1 – Fars levebrød

Yrke	Dåpslister	Folketeljing 1875
Gardbruksoppdragarar	40	44
Husmenn	4	5
Innerstar	6	3
Arbeidabarar	1	4
Tenarar	4	-
Ukjende	3	2
Sum	58	58

Kjelde: eigen database

På venstre side i tabellen ser ein fordelinga av yrke i klokkarboka då jentene vart døypt.

Kategoriane er gardbruksoppdragarar, husmenn, innerstar, arbeidabarar, tenarar og ukjende. Tenarane er dei som er oppført i klokkarboka som søner til gardbruksoppdragarar. Desse er fedrane til fem av jentene som vart fødd utanfor ekteskap. Dei var mest sannsynleg i teneste heime eller hjå andre. Det er to fedre i klokkarboka som er oppført som «husfader». Dette er ikkje noko yrke,

⁶² Sogner, 1990: 31

⁶³ Sogner, 1990: 31

⁶⁴ Sjå tabell 1 i vedlegg 2 – Fars levebrød og husdyrhald

men viser berre at dei har eit hushald. Dei er difor plassert dei under «ukjende». Faren til Anna Johannesdotter er ikkje oppført med noko yrke i dåpslistene, men i folketeljinga 1875 er han oppført som vegarbeidar. På venstre side er han difor oppført under «ukjende», men på høgre side av tabellen er han plassert i kategorien «arbeidar».

På dei jentene som døydde før folketeljinga 1875 vart gjennomført, er familien funne og registrert med det yrket faren står oppført med. Kategoriane er dei same som i den andre delen av tabellen. Dei tre ukjende i tabellen frå folketeljinga 1875, er fedrane som ikkje er funne i teljinga. Dette gjeld tre av jentene som er fødd utanfor ekteskap, og dei budde i lag med mora. Grunnen til valet om å nytte to kjelder til denne informasjonen er for å vise endringane mellom dei to. Dette er ikkje nødvendigvis reelle endringar, men at listeføraren har skrive det som han meinte passa. Denne tida var mangesyslaranes tid, og folk hadde ofte fleire arbeidsområde, noko som også vises blant fedrane til jentene.

Det er flest gardbrukarar og sjølveigarar. Det er mange som berre står oppført som gardbrukarar og ikkje om dei leiger eller eig garden sjølv. Men nokre av dei kan vere sikker på at eig garden sjølv i og med at dei står oppført som sjølveigarar. Husmennene er den andre gruppa som har arbeid innanfor jordbruket. Då jentene vart døypt, var det fire husmenn blant fedrane, medan det i folketeljinga 1875 var fem. Fire av desse står oppført som husmann med jord, medan den siste står oppført som «bruker av plassen i lag med svigerfar», som var husmann.

Dei fleste fedrane er sysselsett innanfor jordbruket, bortsett frå fedrane til Agnette Andreasdotter og Anna Johannsdotter, dei står oppført som vegoppsynsmann og vegarbeidar. Faren til Agnette er plassert som arbeidar i både tabellane, medan faren til Anna står oppført som arbeidar i folketeljinga 1875. På Gol var det mykje vegutbygging på midten av 1800-talet, men då folketeljinga vart gjennomført i 1875, var dei fleste av vegarbeidarane dratt vidare mot Hemsedal.⁶⁵ Familiane til desse to jentene flytta frå Gol før jentene var konfirmert.

Tabellen syner endringar frå den eine kjelda til den andre. Talet på gardbrukarar auka frå 40 i dåpslistene og til 44 i folketeljinga. Vidare auka talet på husmenn frå fire til fem. Innerstane går ned med frå seks til tre og arbeidarane auka frå ein til fire. Tenargruppa forsvann i folketeljinga, medan talet på dei ukjende heldt seg uforandra sjølv om personane i gruppa har endra seg. Faren til Ingeborg Haavelsdotter, ei av dei som var fødd utanfor ekteskap, gjekk frå å vere sjølveigarson til å bli dagarbeidar i dei ulike kjeldene. Om ein ser på dei to tabellane

⁶⁵ Svello, 1963: 238

auka talet på gardbrukarar frå dåpslistene til folketeljinga. To innerstar og to husmenn var blitt gardbrukarar. Det er godt over eit år mellom dei to kjeldene, og fedrane hadde truleg fått økonomi til å kjøpe eigen gard. Faren til Margit Olsdotter Skale var husmann då dottera vart døypt, men hadde fått skøyte på garden i 1875, noko som gjorde at han vart registrert som gardbrukar i folketeljinga for dette året. Andre endringar var mellom anna faren til Thora Helgesdotter som gjekk frå å vere innerst til husmann med jord. Faren til Kristi Olsdotter gjekk motsett veg, frå husmann til innerst. For husmenn var det vanleg å få kontraktar som vara livet ut, og dette var ein trygg måte å leve på, i motsetning til innerstane der mange ikkje hadde fast arbeid, og leigekontraktar som kunne seiast opp på kortare varsel. Innerstar hadde ofte større fridom enn husmennene, men var mindre trygge økonomisk. Heile dette avsnittet viser kor vanskeleg det er å kategorisere yrkesgruppene i jordbruket. Det kan sjølvsagt ha vore endringar i fedrane sine yrke mellom dei to kjeldene, men det kan og ha vore gjort feil av listerførarane.

Av dei 58 familiene, er det tre innerstar i 1875-teljinga. To av dei er oppført med andre levebrød. Ein er skreddar og ein er arbeidskar. Faren til Birgit Syversdotter er berre oppført som innerst. I gards- og ættesoga står det at han var ein dyktig tømmermann og god til å skrive.⁶⁶ To av husmennene er også oppført som dagarbeidarar. To av gardbrukarane hadde også anna arbeid ved sidan av, ein var snikkar og ein var lærar. Læraren var Eirik Olson, far til Margit Eiriksdotter. Han var omgangsskulelærar i Herad og Liagardane, og seinare i Engene då skulen vart fast.⁶⁷ Han dreiv garden Grangard ved sidan av lærargjerninga. Dette var mangesyslaranes tid, og mange trong anna arbeid ved sidan av hovudyrket for å få nok til å brødfø familien.

Endringar i fedrane sine yrke kan gje ein indikasjon på om det har gått bra eller därleg økonomisk sett med familien. Å gå frå å vere gardbrukar til husmann kan tyde på at det ikkje har gått bra økonomisk, medan å gå frå å vere husmann til å bli gardbrukar tydar på betre tider for familien. Det var ikkje berre mellom dåpslistene og folketeljinga 1875 det var endringar i nokre av fedrane sine yrke. Også i dei to neste kjeldene, konfirmasjonslistene og folketeljinga 1891, er det sprik mellom opplysningane om fedrane, det gjeld fire av fedrane i konfirmasjonen, og seks i 1891.⁶⁸ Far til Randi Larsdotter var oppført som sjølveigar i dei to

⁶⁶ Østro, 1989: 259

⁶⁷ Østro, 1986: 108

⁶⁸ Sjå tabell 3 i vedlegg 2 – Konfirmasjon – kristendomskunnskap, fars yrke i 1875 og konfirmasjon, & tabell 5 i vedlegg 2 – Fars yrke: endringar mellom dei ulike kjeldene på jentene som er registrerte i 1891

fyrste kjeldene, men husmann i konfirmasjonslistene,⁶⁹ i 1891 var han igjen sjølveigar. Eg er i tvil på om dette kan stemme at faren var husmann, for etter det som står i gards og ættesogene eigde faren garden då Randi vart konfirmert, men i analysen er likevel originalkjelda følgjt.⁷⁰ Far til Ingeborg Torkildsdotter står oppført som gardbrukar i dei fyrste kjeldene, men i 1891 står han oppført som bruker av plassen med forpaktning, sjølv om dei budde på same plassen heile tida. Årsaka til at han vart forpaktar var fordi det ikkje gjekk økonomisk og sonen kjøpte garden i 1886.⁷¹

Kva slags gardar og plassar kom jentene frå?

Storleiken på gardane og plassane, og kor mykje dei produserer, er viktige for å kunne seie noko om utgangspunktet til jentene. Kom jentene frå store, middels eller små gardar og plassar? Husdyrhaldet var viktig i Gol. Eg har difor brukt opplysningane om talet på husdyr etter folke- og landbrukssteljinga i 1875 i gards- og ættesogene for å finne ut av dette.

Resultatet er sett inn i tabell 3.2. Eg har valt å nytte ein utrekningsmetode der småfe, gris og hest blir rekna om til storfe. Kyrlag er namnet på normalverdien på ei lytfri, 3-8 år gammal ku som hadde hatt minst ein kalv.⁷² Ein vanleg reknemåte blant historikarar er å rekne seks småfe på ei ku, to grisar på ei ku og ein halv hest på ei ku (1 storfe = $\frac{1}{2}$ hest = 2 grisar = 6 sauher eller geiter). Då kan ein dele inn gardane og husmannsplassane i ulik storlek etter kor mange dyr dei har. Nedanfor er oversikta over gardbrukarane, husmennene og innerstane delt inn i kategoriar etter talet på kyrlag. Igjen er ikkje søstrene Endresdotter rekna to gonger, og difor er talet på gardbrukarar 44 og ikkje 45 som er det reelle talet på personar.⁷³

Tabell 3.2 – Husdyrhaldet i hushaldet jentene kom frå

Talet på dyr	Gardsbruk	Husmannsplassar	Innerstar	Sum
1-7,9	20	5	1	26
8-14,9	16	-	-	16
15-	8	-	-	8
Sum:	44	5	1	50

Kjelde: eigen database

Lista over alle som er registrerte med kyrlag ligg i tabell 1, i vedlegg 2 til sist i oppgåva.

Tabell 3.2 er ein samletabell der alle gardane og plassane er plassert i tre kategoriar. Det er stor spreiing over talet på kyrlag på gardane. Den minste garden har 2 kyrlag medan den

⁶⁹ Faren eig farsgarden Brenno frå 1868 til 1878. Dei flyttar til Farset og faren kjøper garden i 1884.

⁷⁰ Østro, 1991: 400

⁷¹ Østro, 1993: 713

⁷² Imsen & Winge, 2003: 231

⁷³ For detaljar, sjå tabell 1 i vedlegg 2 – Fars levebrød og husdyrhald

største har 32,2. Gjennomsnittleg tal på kyrlag blant 44 av gardbrukarane er 10,1 kyrlag. Desse tala viser at dei økonomiske føresetnadene til gardbrukardøtrene var svært ulik.

Når ein går over og ser på husmennene og innersten, har desse fleire dyr enn nokre av dei minste gardane. For husmennene sin del varierer kyrlaga frå 2,3 til 6 kyrlag. Gjennomsnittet blant dei er 3,8 kyrlag. Faren til Kristi Olsdotter, som er den einaste innersten som var registrert med dyr på seg i gards- og ættesogene. I 1886 bygsla han husmannsplassen, så det truleg riktig at han er innerst hjå foreldra sine som dreiv garden i 1875. Han er oppført med 7 kyrlag.

Tala i tabell 3.2 viser at somme gardsbruk kunne vere mindre enn dei største husmannsplassane. Far til Sissel Jacobsdotter, som eigde den minste garden med 2 kyrlag, er heller ikkje oppført med noko anna levebrød ved sia av garden. Å ha så få dyr kan ikkje ha gitt mykje økonomisk overskot. Sissel døydde så tidleg som i 1875, og faren selde garden i 1878 og familien utvandra til Amerika i 1882.⁷⁴

Dei resterande ni som ikkje er med i tabellen, er huslydar som leigde hjå andre og som ikkje hadde eigne husdyr. Dei seks jentene som var fødde utanfor ekteskap, budde i leigde hus, og alle bortsett frå Anna Johannesdotter budde i lag med den eine forelderen. Foreldra til Anna budde i lag sjølv om dei ikkje var gifte. Dei som budde i leigde hus med gifte foreldre, var Birgit Syversdotter, Agnette Andreasdotter og Margit Tolleivsdotter. Birgits familie leigde hus hjå foreldra til mora, og faren hennar var oppført som innerst. Økonomien til desse var nok betre enn hjå kvinnene som måtte ta seg av barna på eiga hand.

Grunnane til at folk ikkje kjøpte seg eigen gard, kan sjølvsagt vere økonomi, men det kan og vere at dei ikkje ønskte å eige sjølve. Dei som arbeidde med vegarbeid kjøpte seg sannsynlegvis ikkje gard fordi slikt arbeid ikkje vara evig i ei bygd, og løna var god nok til å klare seg utan å ha husdyr. Mange drog vidare når vegutbygginga fortsette i andre bygder.

Søskenflokkene og mødrene til jentene

Ut i frå tabellane over yrke og storleiken på gardane og plassane får ein eit inntrykk av kva slags økonomisk utgangspunkt jentene hadde. Det var stor skilnad på kor mange dyr dei hadde, både mellom gardbrukarane, og til husmennene.


Eit anna element som syner kva slags utgangspunkt jentene hadde, er kor mange barn foreldra fekk. Barneflokkane på 1800-talet kunne vere store. I 1840-åra låg gjennomsnittstalet på kor

⁷⁴ Østro, 1993: 372

mange barn ei kvinne i fruktbar alder fekk, på mellom fire og fem.⁷⁵ Dette talet er rekna for alle kvinner i fruktbar alder, men mange fekk aldri barn, slik at dei som fekk barn i gjennomsnitt ofte hadde endå fleire. I og med at fleire barn vaks opp utover hundreåret kunne flokken med barn som overlevde kome opp i ti-tolv. Kor store var barneflokkane i utvalet mitt, og er det skilnader i tala på søsken om jentene kom frå husmannsplassar eller gardsbruk? Kor mange barn fekk den enkelte mora?

Først vil eg sjå på kor mange barn som var i familiene. Dette er inkludert barn som foreldra hadde frå tidlegare eller seinare ekteskap, og jentene sjølv.⁷⁶ Deretter ser eg på kor mange barn mødrene til jentene fekk med faren, og til slutt mødrenes ekteskapsalder. Gards- og ættesogene er brukt som kjelde fordi det berre er her eg finn heile familien samla. Årsaka til at diagrammet ikkje går opp i seksti, men 58, er fordi at nokre av jentene er søstrer. Søstrene Ingerid og Ingeri Endresdotter og tvillingane Guri og Birgit Henningsdotter er berre rekna ein gong.⁷⁷ Diagram 3.1 viser at det generelt er store barneflokkar i utvalet mitt.

Diagram 3.1 – Storleiken på søskenflokkane



Kjelde: eigen database

Dei fleste huslydane i utvalet fekk mellom fem og ti barn. I gruppa med det lågaste talet på barn finn ein to familiar. Her er ei av jentene som vart fødd utanfor ekteskap. Foreldra til Anna Johannesdotter hadde ingen andre barn enn ho. Ho vaks opp med både mor og far, dei gifta seg nokre år etter at ho vart fødd. Agnette Andreasdotter er den andre i denne gruppa. Foreldra hennar fekk berre ho og ein son til.

⁷⁵ Hagemann, 2005: 167

⁷⁶ Sjå tabell 2 i vedlegg 2 – Mors fødselsår, vigselsår og søsken

⁷⁷ Den fyrste Ingerid døyr tidleg og difor har systrene det same fornamnet.

I den neste gruppa er dei som fekk tre til fire barn, og dette gjeld seks familiar. I denne gruppa er tvillingane, Guri og Birgit Henningsdotter som var fødde utanfor ekteskap. Mora fekk tre barn med to ulike fedre, ingen av barna vart fødd i ekteskap. Jentene vaks opp i lag med mora. Guri Karlsdotter var også fødd utanfor ekteskap. Mora hennar gifta seg seinare og fekk to barn i lag med ektemannen. Vidare er det tre gardbrukarar og ein husmann med jord.

Husmannen er far til Birgit Larsdotter. Denne familien fekk fire barn i alt. Ein av sjølveigarane er faren til Guri Torstensdotter. Han gifta seg med mor til Guri etter at kona hans døydde i 1870. Han hadde to barn i lag med henne og fekk to barn til med mor til Guri.

Det er elleve familiar som fekk fem til seks barn. Faren til Ingeborg Haavelsdotter var dagarbeidar. Ingeborg var fødd utanfor ekteskap, og var det første barnet til foreldra. Då ho døydde i 1876 hadde ikkje foreldra fått nokre andre barn, men seinare fekk mora fem barn til etter at ho gifta seg i 1880. Åtte av dei andre i gruppa var gardbrukarar og to var husmenn.

I gruppa med sju til åtte barn er det ein husmann, faren til Sigrid Andersdotter. Denne familien fekk sju barn. Dei andre i denne gruppa er gardbrukarar. Det er i alt fjorten familiar som fekk sju til åtte barn.

Den største gruppa er dei som fekk ni til ti barn, dette gjeld heile nitten familiar. Her er Ingerid og Ingeri Endresdotter, dei to søstrene der den eine døyde før den andre vart fødd. I denne gruppa er også den siste jenta som var fødd utanfor ekteskap, Thora Steingrimsdotter. Ho hadde ingen søsker, men åtte halvsøsker som mora fekk seinare. Om ho hadde noko med desse å gjere er usikkert, då mora drog til Amerika med den nye mannen sin, og Thora drog til sjølv Amerika med far sin og hans kone. Familien til Margit Eiriksdotter fekk ti barn. Foreldra hennar fekk ikkje alle barna i lag. Mora var først gift ein gong og fekk to barn, deretter gifta ho seg med faren til Margit og dei fekk tre barn i lag. Etter at mora døydde gifta faren seg på nytt og fekk fem barn. Alle barna er likevel plassert i ein søskifenflokk, då alle ville ha vore søsker med Margit. Yrka til dei som er i denne gruppa varierer. Her er til dømes dei tre innerstane som er registrert i folketeljinga 1875. Det er også ein husmann og ein arbeidskar i denne gruppa. Husmannen er far til Margit Arnesdotter og arbeidskaren er faren til Thora Steingrimsdotter. Dei andre femten i denne gruppa er gardbrukarar.

Dei to siste gruppene fekk elleve til fjorten barn. Fem familiar fekk elleve til tolv barn, og ein familie fekk fjorten barn. I denne gruppa er det berre gardbrukarar. Foreldra til Kari Olsdotter Flaget fekk flest barn i denne gruppa. Dei fekk til saman fjorten barn, den eine sonen hadde faren frå eit tidlegare ekteskap. Det er stor spreiing i tala om ein ser på kva slags gardar desse

kom i frå, frå dei mellomstore til nokre av dei største. Faren til Anne Olsdotter gifta seg på nytt etter at mor til Anne døydde i 1876. Faren og den nye kona hans fekk sju barn som vart Annes halvsøsken. Sigrid Olsdotter kjem frå den største garden i denne gruppa, med 27,5 kyrlag.

Ei forklaring på kvifor dei som var fødde utanfor ekteskap er i gruppene med færrest barn er sjølvsagt at foreldra ikkje var i lag, og difor ikkje fekk fleire barn. Kvifor til dømes foreldra til Anna Johannesdotter ikkje fekk fleire barn er ikkje godt å seie. Her kan det sjølvsagt vere feil i kjeldane, at forfattaren av gards- og ættesogene ikkje har funne noko meir informasjon enn dette, eller det kan ha vore andre årsakar.

Kva viser så dette om samanhengen mellom fedrane sitt yrke og storleiken på søskensflokkane? Er søskensflokkane størst for husmenn eller gardbrukarar? Sogner hevdar at det var vanleg at husmannskvinner fekk litt færre barn enn gardbrukarkvinner.⁷⁸

Dei fleste av husmannsfamiliane er i gruppene som fekk færrest barn, det var berre ein av dei som fekk ni barn. I utvalet mitt var søskensflokkane i gardbrukarfamiliane i snitt 8,1 barn medan i husmannsfamiliane var det 6,4 barn. Dei tre innerstfamiliane fekk flest barn med 9,3 i snitt. Kvifor innerstane fekk flest barn er ikkje godt å vite, når utvalet er så lite. Blant alle søskensflokkane blir gjennomsnittet 7,6 barn.




Foto 1: Foreldra til Margit Tolleivsdotter med sine ni barn. Margit er sannsynlegvis jente bakt til høgre. Ukjent fotograf. År 1894. Digitalt museum, Gol bygdearkiv.

⁷⁸ Sogner, 1990: 57

Men kor mange barn fekk den enkelte mora saman med faren til jentene i utvalet mitt? Det var enkelte av foreldra som gifta seg fleire gonger, og difor vart tala på barn i søskenflokkane i fleire tilfelle svært høge. Det er difor eit eige diagram som viser fordelinga av barn som den enkelte mora fekk med faren til jentene i utvalet mitt.⁷⁹

Diagram 3.2 – Kor mange barn kvar enkelt mor fekk



Kjelde: eigen database

Som ein kan sjå er det ikkje stor skilnad mellom kor store søskenflokkane var, og kor mange barn mødrane fekk med fedrane til jentene i utvalet mitt. I snitt fekk kvar av mødrane 7,1 barn, gardbrukarkvinnene fekk i snitt 7,8 barn og husmannskvinnene fekk i snitt 6,4 barn. Det er størst skilnad mellom storleiken på søskenflokkene og kor mange barn den enkelte mora fekk med faren til jentene, hjå gardbrukarkonene og mødrane til jentene som var fødde utanfor ekteskap. Fire av gardbrukarkonene eller gardbrukarane var anten gift før, eller dei gifta seg på nytt etter at partneren døydde. Fleire av mødrane til jentene som var fødde utanfor ekteskap gifta seg seinare med andre menn enn han dei fekk jentene i lag med.

Men kvifor fekk gardbrukarkvinnene flest barn? I boka *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* tek historikaren Hilde Sandvik i sitt bidrag utgangspunkt i det europeiske giftarmålmønsteret slik demografen John Hajnal framstiller det. Hajnal introduserte omgrepene i 1965.⁸⁰ Det europeiske giftarmålmønsteret er todelt, eit i vest og eit i aust. Noreg høyrer til det vesteuropeiske giftarmålmønsteret. Mønsteret kjenneteiknast med høg

⁷⁹ For detaljar om kvar enkelt, sjå tabell 2 i vedlegg 2 – Mors fødselsår, vigselår og søsken

⁸⁰ Sandvik, 2005: 114

giftarmålsalder,⁸¹ mange varig ugifte og ung arbeidskraft som var tilknytt hushaldet som tenarar. Det var uskrivne reglar om at unge menneske ikkje skulle gifte seg før dei hadde skaffa seg eitt levebrød. Det skulle vere eitt gift par per levebrød.⁸² I mellomtida var dei ute i teneste anten heime eller hjå andre.⁸³ Gjengifte var normalt om den eine parten døydde.⁸⁴ Dette giftarmålsmønsteret var det vanlege gjennom heile 1800-talet og utover på 1900-talet.

Giftarmålsmønsteret er viktig i denne samanhengen, for det kan ha vore med på å påverke alderen kvinnene hadde høve til å gifte seg. Husmannsbarn hadde då därlegare utsikter til å skaffe seg eit levebrød og vart kanskje seinare gifte enn gardmannsdøtrene. Slik som historikaren Gro Hagemann skriv var det mange av husmannsdøtrene og husmannssonene som ikkje hadde tålmod til å vente med det seksuelle livet til ekteskapet starta.⁸⁵

Det er altså gardbrukarfamiliane som fekk dei største søskenflokkane. Dei fleste av husmannsdøtrene i utvalet mitt har færre søskener. Fire av husmannsfamiliane fekk under åtte barn. Den høge giftarmålsalderen kan ha vore ein viktig faktor som påverka talet på barn.

Giftemålsalderen til mødrene

Kor gamle kvinnene var då dei gifta seg er ein viktig faktor for kor mange barn dei fekk. Gjennomsnittsalderen for å gifte seg var midt i tjueåra. Litt yngre for gardbrukarkvinner og noko eldre for husmannskvinner.⁸⁶ Mange faktorar speler inn, mellom anna ekteskapsmønsteret. Det var vanlegare for bondekvinnene å få 5-6 barn og husmannskvinnene fekk litt færre barn. Dersom kvinnene utnytta heile den reproduktive perioden sin, frå dei var 15 til 50 år, ville det samla fertilitetstalet ligge på rundt ti fødslar per kvinne i gjennomsnitt.⁸⁷

På grunn av giftarmålsmønsteret er det sannsynleg at husmannskvinnene gifta seg seinare på grunn av økonomien og at dei difor fekk færre barn enn gardbrukarkvinnene. Kor gamle var kvinnene då dei gifta seg? Utgangspunktet er den standen mødrene gifta seg inn i og ikkje den standen dei kom frå, og informasjonen er henta frå dåpslistene. Det kan ha skjedd endringar i yrket ektemennene har frå då dei gifta seg til jentene blir døypt. Denne delen vil berre ta føre seg når mødrene gifta seg med fedrane til jentene i utvalet mitt, og difor fell dei som var fødde utanfor ekteskap ut av tabellen sidan dei ikkje var gift med faren. Foreldra til Anna

⁸¹ Gjennomsnittsalderen for kvinner ved første gongs ekteskap var 26 år, og for menn 28 år i følgje Sandvik, 2005: 114

⁸² Sandvik, 2005: 115

⁸³ Hagemann, 2005: 164

⁸⁴ Sandvik, 2005: 115

⁸⁵ Hagemann, 2005: 164

⁸⁶ Sogner, 1990: 57

⁸⁷ Dyrvik, 2004: 78

Johannesdotter gifta seg nokre år etter at ho vart fødd og dei er difor medrekna blant dei gifte. Mora til Ingerid og Ingeri Endresdotter er rekna ein gong. Mødrene til fem av jentene gifta seg aldri med barnefaren, og difor er summen av mødrene 54 og ikkje 60. Er det gardbrukarkvinnene eller husmannskvinnene som gifta seg tidlegast?

Tabell 3.3 – Mødrenes ekteskapsalder

Ekteskapsalder	Gardbrukar-kvinner	Husmannskvinner	Kvinner i innersthushald	Arbeidar-koner	Totalt tal på individ
18-19	7	-	-	-	7
20-25	25	3	2	1	31
26-30	8	2	1	1	12
31-35	3	-	-	-	3
36-40	1	-	-	-	1
Sum	44	5	3	2	54

Kjelde: eigen database

Det store fleirtalet av mødrene til jentene i utvalet mitt gifta seg midt i tjueåra, i alderen 20 til 25 år.⁸⁸ Variasjonen er liten mellom kategoriane, og det var svært få som gifta seg etter fylte 31 år. Det er berre kvinner som gifta seg med gardbrukarar som gifta seg før dei fylte 20. I alt gifta 72,7 prosent av gardbrukarkvinnene seg før dei var 26 år. Husmannskvinnene, innerstane og arbeidarane venta noko, men dei også gifta seg i tjueåra. 60 prosent av husmannskvinnene gifta seg før dei var 25 år, men her må eg minne om at det er svært få husmannskvinner i utvalet. Den eine som gifta seg i ein alder av 39 år, mor til Margit Eiriksdotter, hadde vore gift tidlegare. Gjennomsnittsalderen for mødrene ved giftarmålet var om lag 24,3 år.

Gjennomsnittsalderen blant husmannskvinnene er 26,4 år medan den blant gardbrukarkvinnene er 24,1 år.

Det kan då sjå ut til at husmannskvinnene venta noko lengre med å gifte seg enn gardbrukarkvinnene. I snitt fekk gardbrukarkvinnene 7,8 barn medan husmannskvinnene fekk 6,4 barn. I og med at tala er så små gjev ikkje dette nødvendigvis det korrekte biletet av korleis det var på Gol, men slik det er i utvalet mitt, kan det sjå ut til at grunnane til at husmennene fekk færre barn enn gardbrukarane var fordi dei venta noko lengre med å gifte seg. Ein kan og tenke seg at økonomien spelte inn då utgiftene med å ha mange barn var store, og det kan ha vore ein medverkande årsak til at husmannskvinnene fekk færre barn. Men korleis var oppvekstvilkåra for barna som var fødde utanfor ekteskap?

⁸⁸ Sjå tabell 2 i vedlegg 2 – Mors fødselsår, vigselsår og søsken

Dei som var fødde utanfor ekteskap

Det var svært mange barn som var fødde utanfor ekteskap. Tal frå 1876-1885 viser at 8,4 prosent av barn vart fødde utanfor ekteskap.⁸⁹ Det store talet på fødslar utanfor ekteskap vart sett på som eit symptom på forfall i samfunnet. Styresmaktene bekymra seg over at mortaliteten blant dei som var fødde utanfor ekteskap var høgare enn blant dei som var fødde av gifte foreldre.⁹⁰ I tillegg bekymra dei seg over utfordringane kvinnene møtte med å skulle forsørge barn åleine. Kvinner som fekk barn utanom ekteskap møtte ofte vanskelege økonomiske og sosiale forhold både under og etter graviditeten, og i følgje Statistisk Sentralbyrå fekk desse barna ein vanskelegare start på livet enn dei som var fødd i ekteskap grunna desse utfordringane.⁹¹ I følgje Hagemann skjedde det eit normskifte på 1800-talet, med at fleire menn stakk frå kvinna når ho vart gravid.⁹²

Det var skilnader i tala på barn fødde utanfor ekteskap i byane og på bygdene. I perioden 1876-1885 representerte dei uektefødde 8 prosent i bygdene, medan talet på uektefødde i byane var på 9,5 prosent.⁹³ I følgje Hagemann vart Eilert Sundt interessert i desse forholda på grunn av den sterke auka i talet på utanomekteskapelege fødslar på midten av 1800-talet.⁹⁴ Sundt var ein av samtidas viktigaste pionerer innan samfunnsforskinga. Han trudde i utgangspunktet at seksualmoralen var betre på bygdene enn i byane, men det viste seg at det ikkje var slik. Særleg skikken med nattfriing, der guten besøkte jenta i sovekammeret hennar, fekk mykje kritikk. Sundt sjølv var og svært negativt til denne skikken, og kva den førte med seg.⁹⁵ Han omtala nattfriinga som ein «barbarisk tilstand».⁹⁶ I avisene i 1880-åra, mellom anna i «Buskeruds Blad» skreiv folk inn om den sedelege og moralske tilstanden, som nattfriinga var med på å øydeleggje. Det vart påstått «at i de aller fleste Ægdeskaber her i Bygderne kommer det første Barn til Verden nogle faa Maaneder efter Bryllaupet».⁹⁷

Kven var det som fekk barn utanfor ekteskap? Professor Michael Drake brukar Sundts forsking når han ser på kven i samfunnet som fekk barn utanom ekteskap. Sundt delte befolkninga inn i to klassar, eigedomsklassa og dei eigedomslause.⁹⁸ Han fann ut at det var

⁸⁹ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 68

⁹⁰ Hagemann, 2005: 173

⁹¹ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 68

⁹² Hagemann, 2005: 174-175

⁹³ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 68

⁹⁴ Hagemann, 2005: 173

⁹⁵ Sundt, 2006: 47

⁹⁶ Sundt, 2006: 61

⁹⁷ Svello, 1963: 450

⁹⁸ Drake, 1981: 18

fleire i den eigedomslause klassa som fekk barn utanom ekteskap. Sundt fann og regionale skilnader i landet, og der talet på barn fødde utanfor ekteskap var høg eller lav i ein klasse, var den det også i den andre klassa.⁹⁹ Menn frå både klassar fekk oftast sine uekte barn med kvinnene frå den eigedomslause klassa. Til slutt dreg Drake opp at ein svært viktig grunn for at talet på uekte barn auka, var at det var vanskelege økonomiske tider som gjorde det vanskeleg for folk å gifte seg.¹⁰⁰

Kva slags posisjon hadde foreldra til jentene som var fødde utanfor ekteskap i samfunnet? Kva slags utgangspunkt hadde dei jentene som var fødde utanfor ekteskap? Informasjonen om fedrane i dåpslistene viser at det var flest gardbrukarsøner som fekk barn med husmannsdøtrer. Dei seks jentene som var fødde utanom ekteskap utgjer ti prosent av utvalet mitt på seksti jenter. Talet ligg litt høgare enn landsgjennomsnittet i perioden 1876 til 1881 som var på 8,4 prosent. Dei som var fødde utanfor ekteskap er Anna Johannesdotter, Birgit og Guri Henningsdotter, Guri Karlsdotter, Ingeborg Haavelsdotter og Thora Steingrimsdotter.

Faren til Anna Johannesdotter var vegarbeidar frå Sverige og mora var husmannsdotter frå Gol. I folketeljinga 1875 står mora oppført som tenestejente. Dette var hans andre leiarmål og hennar fyrste. Desse to vart verande i lag, og gifta seg på Gol i 1877. Sannsynlegvis var det økonomien som gjorde at dei ikkje gifta seg før. Tvillingane Birgit og Guri Henningsdotter var døtrer av ein gardbrukarson, kva mora var står ikkje oppført i dåpslistene, men i folketeljinga 1875 står ho oppført som «løspige» og «Endres dotter». Løspiker var kvinner utan fast arbeid, altså termen for kvinnelege lausarbeidrarar. Dei budde på garden som broren til mora dreiv, og han står oppført som gardbrukar. Mor til tvillingane hadde og ei anna dotter ho hadde fått utanom ekteskap. Ho gifta seg heller aldri, og døydde i 1884. Kor døtrene budde etter dette er usikkert, men sannsynlegvis vart dei buande hjå onkelen på garden der dei hadde budd i lag med mora. Bestefaren døydde også på 1880-talet.

Foreldra til Ingeborg Haavelsdotter var gardbrukardotter og sjølveigarson. I folketeljinga 1875 hadde faren vorte dagarbeidar og mora står oppført med at ho hjelper faren. Dette betyr nok at ho fungerte som ei slags tenestejente for foreldra hennar som hadde livaure på garden. Faren til Ingeborg budde ikkje i lag med mor og dotter, men budde ein anna plass på Gol. Faren til Guri Karlsdotter var gardbrukarson frå anten Fredrikshald eller Fredrikstad, her er det ikkje godt å lese kva som står i dåpslistene. Mora var husmannsdotter frå Gol. I

⁹⁹ Drake, 1981: 18

¹⁰⁰ Drake, 1981: 21

folketeljinga 1875 står ikkje faren oppført som buande i lag med mor og dotter. Kvar han var, er ikkje godt å vite, då ein kan finne fleire menn i landet som hadde saman namnet som han. Mor og dotter budde i lag med foreldra hennar der mora står oppført med at ho hjelper foreldra som er husmenn. Faren til Thora Steingrimsdotter var sjølveigarson og mora var husmannsdotter. I folketeljinga 1875 livnærte mora seg som smetteveverske. Faren budde ikkje i lag med dei, han var arbeidskar og budde i lag med sine foreldre. Seinare drog Thora i lag med faren til Amerika.

Ut i frå denne informasjonen er det nok truleg at dei fleste av desse jentene ikkje hadde det beste utgangspunktet. Mødrene som hadde ansvar for barna heilt aleine, hadde nok ikkje den beste økonomien, og samfunnet uroa seg nok ikkje utan grunn når dei tenkte på mødrene som måtte klare seg aleine. Halvparten av dei som var fødde utanfor ekteskap i utvalet mitt var fødd av husmannsdøtrer, den andre halvparten var gardbrukardøtrer. Tvillingane mor var gardbrukardotter, så det gjer at fleirtalet av mødrene som fekk barn utanfor ekteskap var husmannsdøtrer. Alle bortsett frå ein av fedrane var av gardbrukarstatus. Sundts forsking viste at det var fleire i eigedomslause klassa som fekk barn utanfor ekteskap enn eigedomsklassa.¹⁰¹ Forskinga hans viste også menn frå både klasser fekk barn med kvinner frå den eigedomslause klassa. Slik er det også i utvalet mitt. Fleirtalet av dei som fekk barn utanom ekteskap var frå den eigedomslause klassa.

Oppsummering og konklusjon

I dette kapittelet har utgangspunktet til jentene vore i fokus. Kva slags gardar og plassar dei kom i frå, yrka til fedrane, mødrenes ekteskapsalder og søskenflokkane, men også utgangspunktet til dei jentene som var fødde utanfor ekteskap. Fedrane sine yrke spreiar seg over kategoriene gardbrukarar, husmenn, innerstar og arbeidarar, og dei fleste hadde arbeid som hadde med jordbruket å gjere. Det store fleirtalet av fedrane i utvalet mitt var gardbrukarar. Det er store skilander mellom gardbrukarane når det gjeld storleiken på gardane. Fleire av gardane var mindre enn husmannsplassane. Dette viser at det økonomiske utgangspunktet gardbrukardøtrene i mellom var svært ulikt. Fleire av fedrane, både husmenn og gardbrukarar, hadde anna arbeid ved sidan av jordbruket. Innerstane hadde mellom anna arbeid som skreddar og arbeidskar. To av fedrane var ikkje registrerte som innerstar, men som vegoppsynsmann og vegarbeidar. Felles for husmennene, innerstane og arbeidarane er at dei ikkje eigde plassen dei budde på. Fleire av fedrane har ulike yrke i dei ulike kjeldene.

¹⁰¹ Drake, 1981: 18

Søskenflokkane var gjennomsnittleg på 7,6 barn i kvar familie. Det er store individuelle skilnader mellom familiene. Kor mange barn den enkelte mora fekk med fedrane til jentene var noko lågare med 7,1 barn. Tala i utvalet er små og difor er ikkje dette nødvendigvis slik det var på Gol.

Gardbrukarane fekk fleire barn enn husmennene og dei gifta seg noko tidlegare. Slik var det også på landsbasis. Snittet for gardbrukarkvinnene på landsbasis var 5-6 barn, og dette kan ein sjå at gardbrukarkvinnene i utvalet mitt ligg noko over. Ekteskapsinngåinga var truleg den viktigaste årsaka til at gardbrukarkvinner fekk fleire barn enn husmannskvinner. Heile 32 av gardbrukarkvinnene gifta seg før dei fylte 26 år. Årsakene til skilnadene i giftarmålsalder mellom dei ulike samfunnsgruppene var ulike høve til å gifte seg. Folk måtte ha eit levebrød før dei kunne inngå ekteskap.

I utvalet mitt er det ti prosent av jentene som var fødde utanfor ekteskap, litt høgare enn dei 8,4 prosentane i perioden 1876 til 1881. Det som kjenneteiknar dei som var fødde utanfor ekteskap, var at dei fleste vaks opp i lag med mora. Fleirtalet av mødrane til jentene var frå den egedomslause klassa, medan fleirtalet av fedrane kom frå den jordeigande klassa.

Korleis dette utgangspunktet vil påverke liva til jentene vil eg fokusere på i dei vidare kapitla. Er det reproduksjon av ulikskap, eller vil jentene ta val som vil endre moglegheitene deira? Korleis vil utgangspunktet påverke livsløpet til dei ulike jentene?

Kap. 4: Barndom på 1800-talet

Å vere barn på 1800-talet må nok ha vore heilt annleis enn å vere barn i dag. Det var store barneflokkar, høg mortalitet og tront om plassen. Storfamiliar med fleire generasjonar budde ofte i lag. På dei større gardane hadde dei og gjerne tenestefolk. Med store barneflokkar fekk produksjonsfellesskapet fleire hender som kunne hjelpe til. Det var ikkje noko klart skilje mellom arbeid og fritid. Den økonomiske produksjonen i denne perioden var ofte organisert husstandsvis. Gardbrukardotter Margit Eiriksdotter kom frå ein familie som opplevde døden på nært hold alt for ofte. Mora hadde vore gift tidlegare, og ho og ektemannen mista dei to døtrene sine. Då ho gifta seg på nytt med faren til Margit etter at den første ektemannen døydde, døydde alle tre barna ho fødde. Ho døydde sjølv i barsel då ho fødde Margit, medan dottera døydde etter nokre månader. Faren gifta seg på nytt året etter at kona døydde, med syster til kona. I dette ekteskapet døydde også tre av fem barn.

Thora Steingrimsdotter var ei av jentene som var fødd utanfor ekteskap. Faren var gardbrukarson og mora husmannsdotter. Mora gifta seg i 1879 med ein anna mann, og drog til Amerika nokre år seinare. Thora utvandra i 1886 med faren og hans nye kone. Det var ikkje alle som utvandra til Amerika, mange flytta også til andre stader i Noreg. Familien til gardbrukardotter Sigrid Olsdotter flytta frå Gol til Hurum, der faren hadde kjøpt Ranvik store.



Foto 2: Familien til Ågot Danielsdotter, ho står bakerst til høgre. Fotograf Embrik Torkjellson Braaten, ukjent årstal. Digitalt museum, Gol Bygdearkiv.

Grunna kjeldematerialet er det ikkje alle sider ved barneåra som like lett let seg dokumentera. Eg vil difor særleg ta føre meg dei hendingane kjeldene gjev best grunnlag for å diskutera, nemleg dødelegheit, flytting og konfirmasjon. I analysen vil eg spesielt sjå på om det er skilnader som kan botna i ulik sosial bakgrunn. Var det forskjellar mellom barn av gardbrukarektepar og husmannsektepar? Og kva med barna til dei som berre hadde heller tilfeldig arbeid og ikkje jord til å livnære seg av, og kan det sporast skilnader mellom dei som er fødde i og utanfor ekteskap?

På 1800-talet skjedde det ei sterk folkeauke. Etter kvart vart det fall dødelegheita, og då særleg spedbarndødelegheita.¹⁰² Den demografiske overgangen

¹⁰² Hagemann, 2005: 164

er omgrepet som blir brukt om endringane på 1800-talet og utover på 1900-talet. I følgje historikaren Ståle Dyrvik er demografi «vitskapen om storleiken, samansettinga og utviklinga av menneskelege befolkningar».¹⁰³ Ein viktig del av den demografiske overgangen er endringa i natalitet og mortalitet. Nataliteten er tilførsla av menneske i ei befolkning som fødslane representerer, mortaliteten er dødelegheita. Før overgangen låg både nataliteten og mortaliteten høgt.¹⁰⁴ Då endringane i samfunnet starta, starta også endringane i demografien. Mortaliteten fall og folkeauka starta. Det var først ei stund seinare at nataliteten endra seg, og difor auka folketalet svært raskt. Då fødselstala seinare sank mot hundreårskiftet, auka folketalet igjen lite, slik som før endringa starta.

Betre ernæring, hygieniske forbetringar og medisinsk framgang har fått mykje av æra for at fleire overlevde. Mortaliteten var likevel høg samanlikna med seinare, særleg på grunn av smittsame sjukdommar som difteri, skarlagensfeber, kikhøste og meslinger som det då ikkje fanst vaksiner for.¹⁰⁵ På slutten av 1800-talet kunne ikke foreldre vente at alle barna vaks opp og for barn på 1800-talet var døden ein del av kvardagen. Dei opplevde å miste nære slektingar, søsken og vener. I følgje Sølv Sogner var åra 0-9 den vanlegaste dødelegheitsalderen.¹⁰⁶

Skilnadene i mortaliteten mellom samfunnsklasser, til dømes husmenn og gardbrukarar, skulle ein tru gjekk i dei rikaste sin favør. Husmenn måtte ofte ha anna arbeid ved sia av jordbruksfor å kunne kjøpe nok mat til familiene sine, medan andre i stor grad kunne vere sjølvforsynte. Om ein skulle forklare mortalitet med ei ernæringsforklaring, burde dei som hadde lågast levestandard, ha høgare mortalitet.¹⁰⁷ Fleire studiar Dyrvik viser til, viser likevel at skilnadene mellom gruppene er små, og at det ofte var lågare mortalitet blant dei fattigaste.¹⁰⁸ Ein teori er at dei som budde perifert til lettare kunne unngå smitte frå farleg sjukdom.

Ungar som var svake fekk rømmegraut og fløyte, dette var ein skikk som mange forskrarar meiner skal ha ført til at mange spedbarn døydde fyrste levemånaden.¹⁰⁹ Frykta for vonde makter gjorde at folk måtte døype ungane så fort det var mogleg. Om barnet var så svakt at ein ikke ville rekke presten, så kunne han som drog med barnet, gje det namn og seie

¹⁰³ Dyrvik, 2004: 7

¹⁰⁴ Dyrvik, 2004: 14-15

¹⁰⁵ Blom, 2004: 84

¹⁰⁶ Sogner, 1990: 65

¹⁰⁷ Dyrvik, 2004: 61

¹⁰⁸ Dyrvik, 2004: 62

¹⁰⁹ Sørhøy et al., 2012: 99

dei heilage orda presten skulle ha sagt i dåpen. Då kunne barnet bli gravlagt i utkanten av kyrkjegarden. Kvinner kunne og gjennomføre dåpen, om dei ikkje fekk tak i ein mann.¹¹⁰ Den største skrekken var at barnet skulle døy før det vart døypt. Ei av jentene i utvalet mitt, Anne Bjørnsdotter, døydde før dåpen, men er likevel ført inn i dåpslistene til klokkaren, men med ein kommentar at ho var død.

Når det daglege arbeidet krov sitt, var det ikkje alltid lett å passa på ungane. Mange batt små barn så dei ikkje skulle rote seg bort, medan andre meinte erfaring var beste læremester.¹¹¹ Om små barn vart etterlatt til seg sjølv, kunne det føre til tragiske hendingar. Ein bror av Anne Bjørnsdotter, Anfin (f.1872), forsvann i 1877, då han hadde fylgd etter geitene. Mange var med og leita, og det vart funne spor etter barneføter på ein stol, og folk trudde han hadde leita etter mat. Faren fann Anfin død i utkanten av ei myr etter nokre vekers leiting.¹¹²

Barn var viktige i produksjonsfellesskapet og det var vanleg å utveksle arbeidskraft frå familiær med mange barn til folk utan. I følgje Sogner var det barn i ni av ti husstandar på 1700-talet.¹¹³ Ofte var det ikkje husbondens eigne barn, men barn av slekt eller andre. Mange barn budde hjå andre i kortare eller lengre periodar, ofte på grunn av dødsfall i familien og det var vanleg å ha fosterbarn.¹¹⁴

Jenter og gutar hadde ulike arbeidsoppgåver. Frå seks-årsalderen var barna med i dei vaksne si verd. Gutane deltok i det tradisjonelle mannsarbeidet, medan jentene var med på husarbeidet og kvinnene sin del av gardsarbeidet. Jentene fekk opplæring i matlaging, handarbeid og då dei vart eldre, deltok dei mellom anna i stellet av dyra.¹¹⁵ Gjeter var eit barneyrke som var vanleg å ha frå sju-årsalderen og fram til ein vart konfirmert. Mengda arbeid varierte etter kva slags gard barna vart fødd på, husmannsbarn hadde ofte fleire arbeidsplikter enn barn frå meir velståande gardar.

Mortaliteten i barndommen

Spedbarnsdøden i Noreg på midten av 1800-talet var den lågaste i Europa. Likevel var det i følgje Sogner, om lag 13 prosent av barna som døydde før dei var eitt år.¹¹⁶ På 1830-talet var mortaliteten blant spedbarn på om lag 14 prosent av dei levande fødde.¹¹⁷ Utover hundreåret

¹¹⁰ Sørhøy et al., 2012: 102

¹¹¹ Sørhøy et al., 2012: 106

¹¹² Østro, 1988: 233

¹¹³ Sogner, 1990: 50

¹¹⁴ Sogner, 1990: 51

¹¹⁵ Øia & Fauske, 2010: 72

¹¹⁶ Sogner, 1990: 61

¹¹⁷ Tal ikkje inkludert dødfødte., & NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955: 55

gjekk spedbarnsdøden gradvis ned, og i perioden fra 1871 til 1875 sank mortaliteten til 10,7 prosent blant dei levande fødde, og fra 1876-1880 sank dødelegheita ytterligare til 10,1 prosent.¹¹⁸ Barnesjukdommar som meslingar og koppar tok mange liv. Problema med koppar gjekk i stor grad ned etter at vaksinen kom i 1810.¹¹⁹ Sjukdommane smitta på ulik måte. Dei viktigaste kategoriane Dyrvik tek opp er dei luftborne, mat- og vassborne, og vektorborne.¹²⁰ Dei som spreia via dråpesmitte i luft er til dømes tuberkulose, meslingar og skarlagensfeber. Sjukdommane som spreia via mat og vatn er til dømes dysenteri og kolera. Dei vektorborne er sjukdommane som spreia via dyr, mellom anna tyfus som smitta via lus.

På landsbasis hadde meslingar, tyfoidefeber og kikhøste minka i 1875 samanlikna med føregåande år.¹²¹ I Buskerud var den generelle sunnheitstilstanden kring 1875 ganske god i følgje medisinalmeldingane, men det hadde vore ei lita auke av epidemiske sjukdommar i 1875 samanlikna med tidlegare år.¹²² Barnekoppar hadde epidemisk utbreiing her, sjølv om vaksinen mot meslingar vart påbodet i Noreg i 1810.¹²³

I Buskerud var det fleire tilfelle av epidemiske sjukdommar i Ringerike enn i Hallingdal, noko som kan ha samanheng med kor sentralt dei to plassane ligg i høve til dei store byane. Det var såleis ti menneske som døydde av barnekoppar i Ringerike av 135 smitta dette året, men ingen Hallingdal.¹²⁴ Derimot var det langt fleire dødfødde i Hallingdal enn i Ringerike, 12 mot 4,¹²⁵ noko som kan peika mot hygieniske og sosiale faktorar som årsaksforklaring. Diverre er ikkje dødsårsaka oppgjeven i kyrkjebökene som eg har brukt, men det er grunn til å tru at fleirtalet av dei unge døde i utvalet mitt var råka av smittsame sjukdommar.

Barndommen er delt i tre kategoriar: *spedbarn* før fylte eitt år, *småbarn* ca. 1-6 år og *barn* frå fylte 6-15 år. Alderen er sett til månader og år. Av heile utvalet mitt er det så mange som nitten av seksti som døydde før konfirmasjon. Det var i det fyrste leveåret barna var mest utsett for å døy. I følgje Statistisk Sentralbyrå var mortaliteten etter den fyrste månaden mykje avhengig av miljøet barnet levde i og levestandarden dei vaks opp med, medan mortaliteten blant barn omkring fødselen mykje var påverka av andre faktorar, mellom anna biologiske.¹²⁶

¹¹⁸ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 55

¹¹⁹ Sogner, 1990: 63

¹²⁰ Dyrvik, 2004: 53

¹²¹ NOS: Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1875: V

¹²² NOS: Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1875: 27 i kap. IV

¹²³ NOS: Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1875: V

¹²⁴ NOS: Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1875: 28 i kap. IV

¹²⁵ NOS: Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1875: 32 i kap. IV

¹²⁶ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 62

Sju av jentene i utvalet mitt døydde medan dei var spedbarn. Det tilsvara 11,7 prosent, litt høgare enn mortaliteten blant levande fødde for femårsperioden 1871 til 1875 som var på 10,7 prosent. Tre av desse døydde før dei var ein månad gammal. Dei andre levde berre i nokre månader. Sissel Jacobsdotter, veit eg ikkje kor lenge levde, då eg ikkje finn ho i listene over dei døydde. Eg har valt å skrive ho inn som at ho døyr før fylte eitt år, då eg ikkje veit når i 1875 ho døyr. Her er dødsåret som er oppgitt i gards- og ættesogene brukta som kjelde. I tabell 4.1, har eg undersøkt jentene som døydde før dei er eitt år gamle, medan dei var spedbarn. Farens arbeid er henta frå folketeljinga 1875.

Tabell 4.1 – Barn døde før fylte 1 år

Barnets namn	Alder	Nr. i søskjenflokken	Søsken	Fars arbeid	Kyrlag
Kari Olsdotter Flaget	To timar	3	2	Gardbrukar	8,5
Ingeborg Tostensdotter	Under 1 mnd.	4	3	Gardbrukar	11,8
Ingerid Endresdotter	Under 1 mnd.	4	3	Gardbrukar	11,7
Anne Bjørnsdotter	1,5 mnd.	4	3	Gardbrukar	16,5
Liv Olsdotter	1,5 mnd.	8	6	Gardbrukar	6,7
Margit Eriksdotter	5 mnd.	5	0	Gardbrukar	7,3
Sissel Jacobsdotter	Før fylte 1 år	1	0	Gardbrukar	2

Kjelde: eigen database

Alle jentene som døydde før fylte eitt år, hadde fedre som var gardbrukarar og dei var alle ektefødde. Sogner viser til at barn frå betre stilte heimar ofte var meir utsette for smittsame sjukdommar, og at barn av bønder hadde høgare mortalitet enn husmannsbarn. Folk budde dessutan tettare på gardane enn på husmannsplassane og det var fleire folk innom gardane enn på dei meir perifere husmannsplassane.¹²⁷ Det var fleire moglege smitteberarar på gardane enn på husmannsplassane. Dyrvik viser på si side til forskrarar som hevdar at det også spelar inn kor sentralt gardane låg,¹²⁸ noko også Sogner held for å vere rimeleg.¹²⁹

Om dette stemmer, kan det vere med å forklare kvifor ingen husmannsdøtrer døydde fyrste året og få av dei døydde seinare. Plassering av husmannsplassane styrkjer likevel ikkje denne hypotesen. Ingen av dei fem husmannsplassane i utvalet mitt låg langt unna andre gardar.

Naboane rundt var også ei blanding av gardsbruk og husmannsplassar. På grunn av dette kan ikkje geografien ha mykje å seie for dødelegheita i utvalet mitt. Derimot kan det ha spelt inn kor mange som budde på kvar plass eller gardbruk, og kor tett dei budde. I og med at

¹²⁷ Sogner, 1990: 63

¹²⁸ Dyrvik, 2004: 62

¹²⁹ Sogner, 1990: 63

gardbrukarane i snitt fekk fleire barn enn husmennene, budde dei også mest sannsynleg tettare. Det er likevel stor skilnad i talet på barn i søskenflokkane. I snitt var søskenflokkane på 3,4 barn då desse jentene døydde, men nokre hadde ikkje søskan og andre hadde fleire.

Av dei som døydde i løpet av fyrste leveår var det berre ein av familiane som hadde tenestefolk. Dette var Margit Eiriksdotter, og faren hennar hadde to tenestejenter i folketeljinga 1875. Men denne familien var likevel ikkje særleg stor på grunn av at mora og fleire av barna alt var døde. I folketeljinga er det berre faren og ei dotter att, pluss dei to tenestejentene, så for hennar del er det heller ikkje talet på bebuarar som påverka at ho døydde. Liv Olsdotter kom frå den familien med flest barn blant jentene som døydde som spedbarn, ho hadde seks søskan som levde då ho vart fødd. Garden var liten, og familien budde sannsynlegvis relativt tront.

Det er eit ganske stort spenn på storleiken på gardane jentene kom frå, frå 2 til 16,5 kyrlag. Dei økonomiske ressursane er dermed svært ulike. Miljøet barnet levde i påverka på kven som døydde, og her vil både dei økonomiske føresetnadane i samband med levestandarden og folketalet på gardane spele ei rolle. Levestandarden kan ha vore ei viktig årsak til spedbarnsdødelegheita på dei minste gardane.

I og med at utvalet mitt er såpass lite og det er svært store forskjellar i talet på husmannsbarn og gardbrukarbarn, er det vanskeleg å trekke ei klar slutning om kva som var årsaka til at fleire gardbrukardøtrer dør. Storleiken på garden jentene kom i frå kan ha påverka dødelegheita, men det er store forskjellar mellom dei ulike gardsbruken. Sannsynlegvis stod det dårlegare til økonomisk sett på dei minste gardsbruken om ein samanliknar dei med husmannsplassane. På grunn av dette kan ikkje teoriane som Sogner og Dyrvik tek opp, stemme heilt. Dei kan stemme om ein ser på dei største gardsbruken, der dei faktisk hadde tenrar, men ikkje dei minste gardbrukana. Sannsynlegvis var det på dei største gardane dei trong mest hjelp av andre i onnetida, og at det generelt var fleire folk innom. Det kan tenkjast at dødelegheita er ein kombinasjon av at fleire av gardbrukarane budde tett, men også dei økonomiske føresetnadane kan ha spelt inn, særleg på dei minste gardane.

Smittsame sjukdommar kan forklara ein del av spedbarnsdødsfalla, men ikkje alle. Kari Olsdotter Flaget døydde berre to timer etter fødselen. Sannsynlegvis døydde ho som eit resultat av komplikasjonar ved fødselen. Mora til Kari var 25 år då Kari vart fødd, og dottera var nummer tre i fødselsrekka. Det var vanleg å føde heime, og om fødselen vart komplisert, var det lite og gjere. Å gå gjennom ein fødsel var svært farleg for både mor og barn. Ein

vanleg dødsårsak blant mødrer var å døy av komplikasjonar i samband med fødsel. Og kome seg til lege var heller ikkje lett. I den offentlege statistikken frå 1875 står det at det var ein lege i heile Hallingdal, og han heldt til på Nes.¹³⁰ Det var seks jordmødrer i dalen, men om det skulle bli store komplikasjonar, hadde folk lite tid på å kome seg til lege. Det var heller ikkje alle som tilkalla jordmor ved fødsel, men brukte naboar og hjelpekonser.¹³¹ Det var også svært dyrt å kome seg til lege, turen frå Hemsedal til Nes kosta om lag seksti kroner.¹³² Dette var meir pengar enn ein fekk for ei ku, og ville gjere eit stort innhogg i årsinntekta til dei fleste.

På denne tida vart ikkje keisarsnitt brukta, så smertene kvinner måtte gjennom om ungen satt fast var grusame. I nabobygda til Gol, Hemsedal, vart det gjort forsøk på få ungen til å ligge rett ved å løfte kvinnen opp etter føtene og riste henne. Dette trudde folk at skulle hjelpe til med å rette på ungen. Andre måtar som vart brukta var å stupe kråke, eller spenne kvinnen fast i korsryggen medan ho hang oppe.¹³³ Diverse urteblandingar vart og gitt til mora. Om ungen ikkje retta på seg, var det store sjansar for at kvinnen døydde. For å komme seg gjennom smertene gjekk det med mykje brennevin til kvar fødsel. Ein doktor i dalen rekna i 1860 med at det gjekk med fem pottar brennevin, eller om lag fem liter, til kvar fødsel. Dette var ikkje berre til ho som skulle føde, men også alle som var i huset skulle ha etter at ungen var fødd. Dette sa doktoren: «Barselsquinderne drikker det i store portioner som styrkende middel efter forløsningen».¹³⁴ Det var kvinner som rett og slett vart fulle under fødselen.

Vanlege dødsårsaker blant kvinnene i samband med fødsel var mellom anna barselfeber, livmorblødning og livmorbristning. I utvalet mitt var det ei av mødrene som døydde i barselseng, mora til Margit Eiriksdotter. Frå Gol var det ei til dette året som døydde under fødselen. Unge vart ikkje forløyst og mora døydde på grunn av «besværligt Fødselsarbeide».¹³⁵ Barselfeber var ein av dei vanlegaste årsakene til at mødrene døde, kunne komme av infeksjon. Såra som kjem på grunn av ein fødsel, er ein inngang for bakteriar. Desse bakteriane kan spreie seg til livmora og vidare derfrå. Infeksjonen kan føre til blodforgifting.¹³⁶ Mora til Margit mista alle dei fem barna ho fødde, tidleg.

¹³⁰ NOS: Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1875: 34 i kap. IV

¹³¹ Solhjell, 2014: 171

¹³² Sørhøy et al., 2012: 84

¹³³ Sørhøy et al., 2012: 84

¹³⁴ Sørhøy et al., 2012: 85

¹³⁵ NOS: Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1875: 33 i kap. IV

¹³⁶ SNL: Barselfeber, 2014

Risikoen for barna å døy under og i tida rett etter fødselen var høgare for dei fyrstefødde enn dei seinare fødde i fødselsrekka.¹³⁷ Statistikk for etter 1900 viser at dei fyrstefødde hadde om lag 30 prosent høgare mortalitet enn dei som vart fødd seinare. Statistikken fra 1931 til 1936 viser at dei fyrstefødde hadde 36 prosent høgare mortalitet enn barn som vart fødd som nummer to, og 13 prosent høgare enn for barn fødd som nummer tre.¹³⁸ I resten av fyrste leveåret hadde det fyrstefødde barnet lågare mortalitet enn dei som var fødde seinare. Av jentene som døydde før dei fylte eitt år var alle bortsett frå Sissel fødd lengre ut i fødselsrekka. Ut i frå dette stemmer informasjonen frå den seinare offentlege statistikken også med utvalet mitt, det var høgare mortalitet blant dei seinare fødde i barneflokken utover i fyrste leveår.

Kven var det så som døydde etter fylte eitt år, men før dei fylte seks år? På landsbasis hadde denne gruppa litt høgare dødelegheit enn gjennomsnittet for alle aldrar, som var på to prosent, og dødelegheita sank for kvart år barna vart eldre.¹³⁹ I småbarnsperioden er det særleg dei ytre forholda som speler inn, spesielt dei ernæringsmessige forholda. På landsbasis var det høg dødelegheit blant småbarn grunna epidemiar som til dømes kikhorte, difteri, skarlagensfeber og meslingar.¹⁴⁰ Desse sjukdommane tok særleg livet av barn under fem år. Epidemiane gjorde at dødelegheita endra seg frå år til år. Statistikken går tilbake til 1856, og dødsfall blant småbarn auka særleg frå 1860-talet. I perioden frå 1871 til 1880 stod desse epidemiane for 47 prosent av alle dødsfall med kjent dødsårsak for barn i alderen 1 til 4 år.¹⁴¹ Etter 1881-1885 sank desse tala. Nedgangen skuldast særleg høgare levestandard og medisinske framsteg.

Sjukdommane var også utbreidd i Hallingdal om ein ser på statistikk frå 1876 og 1877 som er åra då dei fleste jentene i denne gruppa døydde.¹⁴² I 1876 var det inga tilfelle av kikhorte i Hallingdal, men i 1877 var det 23 tilfelle av sjukdommen, og 5 av desse døydde.

Skarlagensfeber var den vanlegaste epidemiske sjukdommen i Hallingdal både åra. I 1876 var det 144 tilfelle, og 38 døde. I 1877 var det 113 tilfelle, og 28 døde. Av difteri var det i 1876 14 tilfelle, og 5 døde. I 1877 var det ei stor auke til 31 tilfelle og 25 døde. Meslingar var det inga tilfelle av i Hallingdal desse to åra. Sjølv om ikkje dødsårsakane står oppført, er det

¹³⁷ Sjå tabell 2 i vedlegg 2 – Mors fødselsår, vigselsår og søsken

¹³⁸ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 64

¹³⁹ NOS: Livs- og dødstabeller for det norske folk etter erfaringer fra tiaaret 1871/72-1881/82, 1888: LXIII-LXIV i kap. V

¹⁴⁰ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 87

¹⁴¹ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 90

¹⁴² NOS: Beretning om Sunhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1876: 27 i kap IV., & NOS: Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1877: 29 i kap. IV

sannsynleg at fleire av jentene var smitta av desse sjukdommane. Om ikkje sjølve sjukdommen tok livet av dei, var det også farlege følgjesjukdommar som kunne følgje med.

Tabell 4.2 – Døde frå fylte 1 år til før fylte 6 år.

Barnets namn	Alder	Tal på søsknen	Fars arbeid i 1875	Kyrlag
Birgit Bjørnsdotter	1 år	5	Gardbrukar	4,7
Ingeborg Haavelsdotter	1 år 1 mnd.	0	Arbeidar	-
Sigrid Andersdotter	1 år og 11 mnd.	4	Husmann	4
Birgit Nilsdotter	2 år og 1 mnd.	0	Gardbrukar	6
Guri Nilsdotter	2 år og 3 mnd.	6	Gardbrukar	5,8
Margit Juulsdotter	2 år og 4 mnd.	2	Gardbrukar	15,2
Birgit Henningsdotter	2 år og 4 mnd.	2	Ukjent	-
Birgit Halvorsdotter	2 år og 6 mnd.	3	Gardbrukar	32,2
Ollaug Tollefsdotter	2 år og 9 mnd.	5	Gardbrukar	9,8
Oline Nilsdotter	Før fylte 6 år	4	Gardbrukar	5,3

Kjelde: eigen database

I gruppa frå fylte eitt til før fylte seks år, var det ti som døydde, eller 16,7 prosent av utvalet, 15 prosent av utvalet om ein utelet Oline, som ikkje dør i Noreg. Dette er mykje høgare enn det som var dødelegheta for denne gruppa på landsbasis, noko som kan tyde på at det var lokale epidemiar som tok livet av jentene. Oline Nilsdotter var den eldste som døydde i denne gruppa. Her veit eg ikkje nøyaktig dødsåret i og med at familien utvandra til Amerika. Her er informasjonen frå gards- og ættesogene brukta, som seier at ho døydde før 1880. Ho dør ikke i Noreg, men i USA. Også der var det sjukdommar som kunne ta livet av barn.

I denne gruppa er det større skilnader enn i den førre gruppa om ein ser på utgangspunktet til jentene. To av jentene var fødde utanfor ekteskap, Ingeborg Haavelsdotter og Birgit Henningsdotter. Båe budde i lag med mora under folketeljinga 1875. Ingeborg budde også i lag med foreldra til mora som hadde livaure på plassen. Desse to fører til at dødelegheta blant dei som var fødde utanfor ekteskap blir svært høg. Mor til Birgit leigde hus på garden som broren hennar dreiv, og dei budde der i lag med tvillingsystera, og ei eldre syster av Birgit. Far til Sigrid Andersdotter er husmann med jord. Økonomien i desse tre familiene var sannsynlegvis ganske därleg, og levestandarden deretter.

Dei andre i gruppa har fedre som er gardbrukarar. Det er eit stort sprang i storleiken på gardane, frå nokre av dei minste til den aller største. Det økonomiske utgangspunktet til jentene blant gardbrukarane var då også svært ulikt, og kan ha vore ein viktig faktor i samband med mortaliteten.

I talet på søsken er det også skilnader i denne gruppa, frå dei som ikkje hadde nokre søsken, og dei som hadde fire og fem søsken. Denne gruppa kom frå søskenflokkar med eit gjennomsnitt på 4,1 barn. Med fleire barn, fanst det fleire moglege smitteberarar. Også andre personar som budde i lag med familiene kunne vere moglege smitteberarar, som til dømes besteforeldre og tenrarar. To av desse gardane hadde tenrarar. Birgit Halvorsdotter sin familie hadde heile tre tenrarar i folketeljinga 1875.

I den neste gruppa i alderen mellom 6 og 15 år var det to jenter som døydde.

Tabell 4.3 – Døde frå 6 år til 15 år

Barnets namn	Alder	Søsken	Fars arbeid	Kyrlag
Liv Engebretsdotter	8,5	7	Gardbrukar	14
Kari Olsdotter Rotnem	11	4	Gardbrukar	19,5

Kjelde: eigen database

Også blant denne gruppa kan det ha vore dei epidemiske sjukdommane som tok liv. Mortaliteten for barn i alderen 5 til 9 år svinga mykje fram til 1880, grunna epidemiar som skarlagensfeber og difteritt.¹⁴³ Barn i alderen 10 til 14 år hadde derimot den lågaste mortalitet av alle aldersklassar i befolkninga.¹⁴⁴ Då medisinske framsteg gjorde at dei epidemiske sjukdommane vart mindre utbreidd mot slutten av 1800-talet, tok tuberkulosen over som hovudårsak for dødsfalla i aldersgruppa 5 til 14.¹⁴⁵

Dei to jentene som døydde i alderen seks til femten år, kom både frå relativt store gardar og dei var ektefødde. Dei hadde både fleire søsken, og familiene kan ha budd trøngt, som kan ha gjort det lettare for spreying av smitte. Kari står oppført som «dom» eller døvstum i gards- og ættesogene. Det står ikkje skrive om dette var medfødt eller om det var noko som utvikla seg etter kvart. I følgje historikar Ragnhild Rein Bore kunne skarlagensfeber gjere at barn vart døvstumme.¹⁴⁶

Ut i frå funna i denne delen av kapittelet ser det ut til at gardbrukarbarn var meir utsett for å døy tidleg enn husmannsbarn. Heile 84,2 prosent av dei som døydde var gardbrukardøtrer. Slik som husmannsplassane låg plassert er ikkje den lågare mortaliteten blant husmenn eit resultat av plasseringa av plassen slik som teoriane Dyrvik viser til. Noko som kan vere ein årsak til den høgare mortaliteten blant gardbrukarbarn er slik som Sogner skriv, at menneske

¹⁴³ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 100

¹⁴⁴ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 101

¹⁴⁵ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1866-1955, 1961: 106

¹⁴⁶ Bore, 2007: 11

på gardsbruk budde tettare enn dei som budde på husmannsplassar, og at det var fleire folk innom gardane. Her kan ikkje talet på tenestefolk ha spelt ei særleg viktig rolle. Det var ikkje meir enn tre av gardane til desse jentene som hadde tenestefolk i folketeljinga 1875. I heile utvalet var det elleve av gardane som hadde tenestefolk, og ein av arbeidarane.

Det er ikkje særleg store forskjellar mellom gardsbruken i kor mange barn dei fekk, i snitt var barneflokkane på 4,3 barn som levde då jentene døydde. Blant dei tre som ikkje var gardbrukarar er snittet på søsken 2. I gjennomsnitt blant heile utvalet mitt var søskenflokkane blant gardbrukarane på 8,1 barn og blant husmennene 6,4 barn, som viser at det i snitt budde fleire menneske på gardsbruken enn på husmannsplassane. Som ein kan sjå har det vore ei sterkt nedgang i dødsfalla frå fyrste til siste gruppe, noko som samsvarer med det som Søgner skriv, at 0-9 år er den vanlegaste dødelegheitsalderen i Noreg i denne perioden. Når barna nådde denne alderen var mortaliteten gått betrakteleg ned jamfört med dei føregåande gruppene. Det er ikkje viktig om kor gardane ligg plassert, og om dei har tenarar eller ikkje, i forhold til kven som dør. Det som sannsynlegvis påverka at fleire gardbrukardøtrer døydde, var at gardbrukarane mest sannsynleg hadde fleire folk innom garden enn det husmennene hadde. Levestandarden og dei økonomiske føresetnadane kan også ha spelt ei viktig rolle på dei minste gardane.

Dødelegheita blant jentene som var fødde utanfor ekteskap

Dødelegheita blant dei som var fødde utanfor ekteskap var høgare enn for barn av gifte foreldre, noko som bekymra styresmaktene i landet. Då dødelegheita for barn fødde i ekteskap gjekk ned mot hundreårskiftet, gjekk den opp for dei som var fødde utanfor ekteskap. På landsbasis i perioden 1876-1880 var dødelegheita i det fyrste leveåret blant dei som var fødde utanfor ekteskap 12,6 prosent, medan den for barn fødde i ekteskap var på 9,9 prosent.¹⁴⁷

Blant jentene som var fødde utanfor ekteskap var det to som døydde medan dei var små. Ingeborg døydde i 1876 og Birgit døydde i 1877. Av seks fødde utanfor ekteskap i heile utvalet, utgjer dei som dør tidleg 33,3 prosent. Også blant dei ektefødde er dødelegheita i utvalet mitt svært høg, blant dei femtifire ektefødde utgjer dei fjorten som dør før dei fyller seks år, 26,0 prosent av dei ektefødde i utvalet. Til saman dør 31,7 prosent av utvalet før dei fyller 15 år. Desse tala blir svært høge på grunn av at utvalet mitt er såpass lite, og tala gjeld berre utvalet mitt. Diverre opplyser ikkje kyrkjebøkene om kva som er dødsårsakene, så det er ikkje lett å seie kvifor dei døydde.


¹⁴⁷ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 69

Båe jentene budde i lag med mor. Kva slags plass fedrane hadde i livet deira er usikkert, for dette opplyser ikkje kjeldene noko om, anna enn at dei ikkje budde i lag med dei. Dei som var fødde utanom ekteskap hadde både eit dårlegare økonomisk utgangspunkt og større sjansar for å døy tidleg enn dei som var fødde i ekteskapet. Her er det særleg dei økonomiske forholda som er viktige. Dårleg økonomi kan føre til feil ernæring, som igjen kan gjere barna meir utsette for enkelte sjukdommar. Underernæring vil føre til at også immunforsvaret i mindre grad vil greie å stå i mot smitte.

Kor mange barn døydde i familiene?

Her har eg valt å sjå på kor mange av barna familiene mista til saman av alle barna dei fekk. Er det skilnader på kor mange barn som går bort i familiene og kva slags stand dei er frå? Mistar gardbrukarane eller husmennene flest barn? Diagrammet er avslutta på det høgaste talet mista barn. Tvillingane Birgit og Guri Henningsdotter og søstrene Ingerid og Ingeri Endresdotter er rekna saman slik at det er 58 familiar.

Diagram 4.1 – Tal på døde barn blant alle fødde i familiene



Kjelde: eigen database

Av alle familiene, 58 i alt, var det sytten som ikkje mista barn. Det som er spesielt med denne gruppa er at det berre er sju av desse sytten som er gardbrukarar. Her er det tre husmenn, to innerstar, fire arbeidarar, og mor til Guri Karlsdotter. Familiene i denne gruppa fekk eitt til elleve barn. Familien som fekk flest barn var Margit Olsdotter Braaten sin, dei fekk elleve barn og alle overlevde. Faren var gardbrukar. Blant gardbrukarane varierer talet på kyrlag frå 3,2 til 13,5, fem har færre enn ti kyrlag og to har over ti. Dei kom altså ikkje frå dei største gardane.

I gruppa som mista eitt til to barn, er om lag halvparten av familiene i utvalet, 28 stykk. I denne gruppa er det ein husmann og ein innerst. Dei andre er gardbrukarar. Her er også familiene til tvillingane Guri og Birgit Henningsdotter og systrene Ingerid og Ingeri Endresdotter. Desse familiene fekk tre til tolv barn. Familien som fekk flest barn var gardbrukarfamilien til Sigrid Olsdotter, dei fekk tolv og elleve overlevde. I denne gruppa finn ein også tvillingane Guri og Birgit som var fødde utanfor ekteskap. Det var Birgit som døydde tidleg i denne familien, i ein alder av 2 år. I denne gruppa var det stor variasjon i storleiken på gardane eller plassane, frå 2 til 27,5 kyrlag. Husmannen er far til Sigrid Andersdotter, dei fekk sju barn og eitt døydde. Innersten er far til Kristi Olsdotter og dei fekk ti barn og eitt døydde.

Den neste gruppa er dei som mista tre til fire barn. Her er det ti familiar. Det er ein husmann og resten er gardbrukarar. Denne gruppa fekk frå sju til elleve barn. Husmannen er far til Margit Arnesdotter. Denne familien fekk ni barn og fire av dei døydde. I denne gruppa varierer gardane og plassane frå dei minste til dei mellomstore, frå 2,8 til 15,3 kyrlag. Her var det fleire som mista om lag halvparten av barna. Familien som fekk flest barn var gardbrukarfamilien til Kari Olsdotter Flaget. Dei fekk til saman fjorten barn, der ti overlevde.

I gruppa som mista fem til seks barn er det to familiar. Både familiene var gardbrukarfamiliar og foreldra mista om lag halvparten av dei fødde barna. Foreldra til Anne fekk elleve barn medan Sebjørg sine fekk tolv. Familien som mista flest barn, var familien til Margit Eiriksdotter. Dette var ein gardbrukarfamilie og her døydde åtte av ti barn. Det var ikkje mor og far til Margit som mista alle, men mora var gift tidlegare, og både barna ho fekk døydde tidleg. Då ho gifta seg med faren til Margit døydde alle tre barna dei fekk. Faren gifta seg på nytt etter at mor til Margit døydde i barsel. I det nye ekteskapet mista dei tre av fem barn.

Det er store forskjellar på kor mange barn som gjekk bort og kva slags stand dei var i frå. Dei frå gardbrukarstanden mista flest barn, men dei fekk også generelt fleire barn. Husmennene fekk ikkje like mange barn som gardbrukarane, og dei mista færre av dei som vart fødd. Det er dermed mindre sjanse for at familiene som fekk færrest barn mista nokre, jo fleire barn ein fekk jo meir sannsynleg er det at nokre går bort. Om ein reknar tala for gardbrukarane og husmennene om til kor mange prosent av barna dei mister ser ein den same tendensen. Husmennene mista 15,6 prosent av barna medan gardbrukarane mista 22,6 prosent. Igjen kan ein sjå tendensar til det Dyrvik og Sogner tek opp, at mortaliteten var lågare blant husmenn enn gardbrukarar.

Flytting i Noreg

Innlandsflytting var vanleg før den store Amerikautvandringa starta, men også etter.

Historikaren Nils Olav Østrem har delt den innlandske flyttinga inn i fire: flytting over korte avstandar, frå innlands til kyst, frå bygd til by og flytting frå sør til nord.¹⁴⁸ Flytting over korte avstandar vart gjerne gjort når folk skulle finne ein ny plass i bygda der dei kunne bu, eller i samband med giftarmål. Det var særleg dei unge som skulle ut i teneste som dominerte kortvegsflyttinga, men også familiar flytta over korte avstandar.

Mange familiarer flytta også frå bygdene og inn til byane då industrialiseringa i Noreg starta.

Tilgangen på arbeid var større i byane enn i små bygder. Andre flytta nedover dalen og til dei flate austlandsbygdene der det var lettare å drive landbruk i større skala enn ein kunne på Gol. Fleire tok innlandsflytting som ei etappe på vegen mot Amerika.

Av utvalet mitt var det fem som flytta frå Gol til andre stader i Noreg medan dei var barn, før dei vart konfirmerte. I denne delen er gards- og ættesogene brukt som kjelde, fordi kyrkjebøkene ikkje har med alle som flyttar. Kva kan vere grunnar til at folk valde å flytte frå Hallingdal til andre stader i Noreg?

Dei som flytta til andre stader i Noreg før konfirmasjonen var: Ollaug Knudsdotter, Sigrid Olsdotter, Agnette Andreasdotter, Guri Karlsdotter og Anna Johannesdotter. I denne gruppa er dei to første gardbrukardøtrer, ei er arbeidardotter og to er fødde utanfor ekteskap.

Garden som Ollaug Knudsdotter kom i frå var ikkje av dei minste, men faren fekk det ikkje heilt til økonomisk sett. Etter at han hadde satt opp ei krambu på Golberg starta det å gå nedover med økonomien. I 1878 vart han slegen konkurs.¹⁴⁹ Garden vart forpakta bort, og vidare selt på auksjon, og det vart halde auksjon over varelageret i krambunga. Også eignedelane til familien vart selt på auksjon. I 1879 flytta familien til Lier, nokre år seinare flytte dei til Skotfoss like ved Skien. I 1897 gjekk faren på nytt konkurs. Denne gongen drog han frå familien til Amerika, medan dei måtte flytte frå garden og få seg arbeid på fabrikken der.¹⁵⁰

Sigrid Olsdotter kom frå ein av dei største gardane i utvalet mitt. Faren eigde og den eine halvdelen av den gamle stavkyrkja på Gol, og då det vart bestemt at det skulle byggjast ny kyrkje, skulle han levere tømmer frå sin skog.¹⁵¹ Då den nye kyrkja var ferdig skulle han få

¹⁴⁸ Østrem, 2014: 21

¹⁴⁹ Østro, 1991: 674

¹⁵⁰ Østro, 1991: 674

¹⁵¹ Østro, 1986: 640

full eigedomsrett til den gamle. Han forsøkte mange gonger å få selt kyrkja. Det som til slutt vart redninga, var fortidsminneforeininga som kjøpte kyrkja og sette den opp på Bygdøy i Oslo. Økonomien kan ikkje ha vore dårleg her, for på byrjinga av 1880-talet kjøpte faren Ranvik store i Hurum for 92 000 kr.¹⁵² Truleg har prisen blitt rekna om til dagens kronekurs i 1986, då denne bygdeboka vart gitt ut, men dette er usikkert. Foreldra med dei yngste barna flytta frå Gol i 1882. Garden vart skøytt bort til den eldste levande sonen i 1893.

Arbeidar-døtrene Agnette Andreasdotter og Anna Johannesdotter flytta også. Faren til Agnette var vegoppsynsmann og mange av dei som arbeidde med veg i Gol drog vidare mot Hemsedal etter 1875. Anna sine foreldre gifta seg på Gol i 1877, så ho er blant dei som vart fødde utanfor ekteskap. Faren var vegarbeidar. Ho blir konfirmert i Sande. Familien drog til Sande i Vestfold ein gong mellom 1877 og konfirmasjonen til Anna. Den andre jenta som er fødd utanfor ekteskap er Guri Karlsdotter. Ho og mora flytta til Østre Aker mellom folketeljinga 1875 og 1886. I 1886 vart mora gift med ein Peter Edvard Andersen i Østre Aker, og dei fekk to barn. I folketeljinga 1900 er han registrert som lagermann på eit jernlager og mora er registrert som bakekone.¹⁵³ Desse familiene var ikkje registrerte i kyrkjebøkene over utreiste, og nøyaktig årstal for når dei reiste frå Gol er difor ikkje funne.

Det var store skilnader på kven som flytta innlands. Felles for dei alle var at dei drog nedover i Buskerud og til området omkring Kristiania. Økonomien til dei ulike familiene var nok svært variert, og kan ha vore ein viktig faktor for mange av dei. Dei to arbeidarane trong ikkje å ha dårleg økonomi sjølv om dei ikkje hadde eigne dyr, og drog sannsynlegvis på grunn av arbeid. Mor til Guri kan ha dratt frå Gol på grunn av tilgangen på arbeid var betre i traktene rundt Kristiania enn i Hallingdal. Skamma som følgde med det å få barn utanfor ekteskap kan og ha vore ein medverkande årsak.

Det kan og ha vore økonomiske grunnar til at familien til Ollaug Knudsdotter valde å reise frå Gol. Då garden vart selt og dei ikkje hadde mykje pengar var det vanskeleg å finne eit utkome på Gol, og det kan ha vore dette som førte til at familien drog. Sigrids familie var av dei meir velståande i utvalet mitt, men også her kan det og ha vore økonomiske grunnar til at dei drog. Det kan ha vore utsiktene til å kunne drive større enn ein kunne på Gol som lokka. Ut i frå desse funna er det nok særleg økonomiske grunnar, som gjorde at folk flytta frå bygda. Moglegitetene var større nedover i flatbygdene og områda rundt byane på austlandet.

¹⁵² Østro, 1986: 642

¹⁵³ Digitalarkivet, «Folketelling 1900»: <http://digitalarkivet.arkivverket.no/ft/person/pf01037045211869>

Utvandringa til Amerika

Det var mange nordmenn som drog til Amerika på 1800-talet. Utvandringa tok seg særleg opp etter at Homestead-lova kom i 1862. Denne lova opna for fri eigedomsrett til jord. Folk som vilje busetje seg fekk 640 mål jord. Vilkåra for å få dette var at dei skulle bu på eigedommen i fem år og forbetre jorda der.¹⁵⁴ Emigrasjon var eit mykje større oppbrot for folk enn innlandsflyttinga. Omfanget av utvandringa frå Noreg var likevel enorm. I perioden 1836 til 1915 emigrerte om lag 750 000 nordmenn.¹⁵⁵

Utvandringa gjekk føre seg i bølgjer, og dei tre største utvandringsbølgjene var i åra 1866-1873, 1880-1893 og 1900-1910.¹⁵⁶ Den andre fasen frå om lag 1880 til 1893 var den perioden då flest nordmenn utvandra. Rekordåret var i 1882 då heile 29 000 nordmenn emigrerte, og då året var slutt, budde det 5000 færre i landet enn då det starta.¹⁵⁷ Etter innføringa av kvoteregler i USA drog mange til Canada. Til saman reiste nesten 900 000 nordmenn over havet til både USA og Canada.¹⁵⁸ Frå Gol og Hallingdal var også utvandringa stor. Det var folk i frå alle lag av samfunnet som utvandra. I 1900 budde det fleire hallingar i Amerika enn Hallingdal.

Menneske som utvandra til USA heldt seg ofte med liknande arbeid som dei hadde hatt i heimlandet.¹⁵⁹ Sjølv om det var hardt arbeid å byggje seg opp ein farm, var det likevel mogleg



Foto 3: Ein del av familien til Kari Herbrandsdotter i Amerika. Ukjent fotograf. Ukjent årstal. Boka om Gol V, 1898

for dei som kom frå dårlege kår i Noreg å slå seg opp i Amerika. Arbeidarlønnane var betre, og jord kunne ein få for lite eller ingenting i statane i Midtvesten. Ikkje alle som drog til Amerika vart verande der for alltid og perioden 1891 til 1940 reknast det at om lag tjue prosent av utvandrarar frå Noreg og Skandinavia returnerte til heimlanda.¹⁶⁰

¹⁵⁴ Østrem, 2014: 64

¹⁵⁵ Østrem, 2014: 33

¹⁵⁶ Østrem, 2014: 34

¹⁵⁷ Semmingsen, 1975: 95

¹⁵⁸ Østrem, 2014: 33

¹⁵⁹ Semmingsen, 1975: 121

¹⁶⁰ Østrem, 2014: 48

Informasjonen i denne delen av oppgåva er henta frå emigrantprotokollane og gards- og ættesogene. Av utvalet mitt på seksti jenter, var det seks som drog før dei blir konfirmert. Dei reiste alle i lag med familiene sine. Kva slags stand kom så desse familiene frå? Var det dei med god økonomi som drog, eller dei som hadde det trongare? Og kva kan vere årsakene til at folk drog?

Tabell 4.4 – Utvandra til Amerika

Namn	Dato	Førehands- betalt billett	Reisefølgje	Reisemål	Fars yrke
Oline Nilsdotter	14.04.1876	Nei	Far: Niels Tollefsen, Mor: Guri Tollefsen. Søsken: 4	Cherokee, Iowa	Gardbrukar
Kari Herbrandsdotter	02.06.1876	Ukjent	Far: Herbrand Fingardsen Fossebakken, Mor: Margit Halvorsdatter. Søsken: 5	Owatonna, Minnesota	Gardbrukar
Birgit Iversdotter	03.06.1881	Ja	Far: Iver Olsen, Mor: Kari Olsen. Søsken: 6	Fargo, Dakota	Gardbrukar
Birgit Mikkelsdotter	12.06.1885	Ja	Far: Mikkel Olsen, Mor: Aase Olsen, Søsken: 2	Wallcast	Gardbrukar
Thora Steingrimsdotter	21.05.1886	Nei	Far: Stengrim G. Braaten, Stemor: Arnbjørg Braaten	Walcott DT	Arbeidar
Margit Olsdotter Skalet	20.04.1888	Ja	Far: Ole Guttormsen, Mor: Margit Halvorsen, Søsken: 1	New York	Gardbrukar

Kjelde: eigen database

Dei to fyrste som drog var Oline Nilsdotter og Kari Herbrandsdotter. Både familiene drog medan jentene var svært små. Fedrane til jentene var gardbrukarar med ikkje veldig store bruk, far til Oline hadde 5,3 kyrlag og far til Kari hadde 9,2. Same året som familien til Oline drog, selde familien garden for 500 spd. eller 2000 kroner.¹⁶¹ Heile familien drog til Amerika, mor, far og fem barn. Dei drog frå Kristiania med skipet *Angelo* i 1876 med Cherokee i Iowa som reisemål. Dei slo seg seinare ned i Brooks township i Buena Vista County i Iowa.

Familien til Kari drog også i 1876. Faren selde sin del av garden, som han og broren hadde kjøpt i lag, før han drog for 300 spd., om lag 1200 kroner.¹⁶² Her er ikkje familien funne i emigrantprotokollane, men informasjonen er fått frå Wigger Liahagen på Bygdearkivet i Gol. Foreldra drog i lag med seks av barna med skipet *Hero* frå Kristiania. Dei andre barna fire hadde døydd tidlegare. Familien hadde Owatonna i Minnesota som reisemål. Dei slo seg først ned i Blooming Prairie i Steele County i Minnesota, for seinare å flytte til Rye township i Grand Forks i Nord-Dakota.¹⁶³

¹⁶¹ Østro, 1991: 210., & i 1875 vart krona innført. 1 spd. var verdt 4 kroner.

¹⁶² Østro, 1989: 543

¹⁶³ Østro, 1989: 133

Dei neste reiste på 1880-talet. Fedrane til tre av dei var gardbruksarar, medan faren til Thora Steingrimsdotter var arbeidskar i folketeljinga 1875. Gardane Birgit Iversdotter og Margit Olsdotter Skalet kom frå hadde 4 og 4,5 kyrlag, godt under gjennomsnittet blant gardbruksarar på 10,1 kyrlag. Birgit Mikkelsdotter kom frå ein større gard med 12,7 kyrlag.

Den fyrste som drog på 1880-talet var Birgit Iversdotter. Ho reiste i 1881 i lag med familien, med skipet *Angelo* frå Kristiania. Faren vart slegen konkurs i 1879, og i følgje gards- og ættesogene drog familien alt dette året. Konkursbuet var ikkje ferdig før i 1885.¹⁶⁴ At dei reiste i 1879 kan ikkje stemme, då det i ministerialboka frå Gol og emigrantprotokollane står at dei reiste i 1881.¹⁶⁵ Familien på ni hadde Fargo i Dakota som reisemål. På billetten står det at den er betalt. Om dette betyr at den var førehandsbetalt, vil det seie at nokon i Amerika sendte billettar til familien for at dei skulle få reise. I byrjinga budde familien hjå ein anna familie, før dei etter fem år kjøpte seg ein farm i Barrie township Nord-Dakota.¹⁶⁶ Sannsynlegvis fekk familien førehandsbetalte billettar sidan økonomien deira var därleg.

I 1885 drog Birgit Mikkelsdotter i lag med sin familie. Faren hadde i 1880 overdrege garden til svigersonen Vilhelm Erikson for 2950 kr og livaure. Då det ikkje gjekk økonomisk vart garden overdrege vidare. Eldste dottera, Kari, og ektemannen Vilhelm drog til Amerika i 1883.¹⁶⁷ Foreldra til Birgit med dei andre barna reiste etter i 1885 med skipet *Angelo* frå Kristiania. Sannsynlegvis var det dottera som sendte billettar heim til familien som då kunne reise nokre år etter. Reisemålet som er oppført i emigrantprotokollane er Wallcast, men i gards- og ættesogene står Walcott, Richland County i Nord-Dakota oppført.

Margit Olsdotter Skalet var den siste av jentene som reiste til Amerika før konfirmasjonen, i 1888. Før familien drog vart garden selt for 750 kroner.¹⁶⁸ Då familien reiste var to av barna med dei. Ei syster døydde året før dei drog. Dei drog frå Kristiania med skipet *Angelo*. I emigrantprotokollane står familien oppført med New York som reisemål, og at billetten var førehandsbetalt. Derifrå flytta dei vidare til Wyndemere i Richland County i Nord-Dakota.

Thora Steingrimsdotter var ei av dei som var fødde utanfor ekteskap. Ho budde den fyrste tida av livet i lag med mora, men då mora drog til Amerika i 1881 med sin nye ektemann, flytta nok dottera til faren. Faren hadde og gifta seg, og Thora vart med han og stemora til Amerika

¹⁶⁴ Østro, 1991: 218

¹⁶⁵ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol Prestegjeld 1876-1886».

¹⁶⁶ Østro, 1991: 218

¹⁶⁷ Østro, 1989: 466

¹⁶⁸ Østro, 1986: 115

i 1886. Den vesle familien drog frå Kristiania med skipet *Angelo* med Walcott DT som reisemål. I gards- og ættesogene budde dei i Wyndemere i Richland County i Nord-Dakota.¹⁶⁹ Dette var den same plassen som Margit Olsdotter Skalet og familien og drog til. Nordmenn flytta ofte til dei same plassane der det budde andre nordmenn, det same gjaldt også for andre innvandrargrupper. Norske settlements vart ofte danna av folk frå same region i Noreg.

Som ein kan sjå, var alle bortsett på faren til Thora Steingrimsdotter, gardbrukarar. Talet på kyrlag varierer frå dei minste gardane til dei som låg rundt gjennomsnittet blant gardbrukarar på 10,1. Faren til Birgit Iversdotter vart slått konkurs før dei drog, så korleis desse har hatt økonomi til å reise er ikkje godt å vite, her var nok den førehandsbetalte billetten det som gjorde at dei kunne reise.

Far til Thora står han oppført som arbeidskar i folketeljinga 1875. Sannsynlegvis sparte han og kona Ambjørg, som han gifta seg med i 1883, opp pengar for å kunne reise til Amerika og kjøpe seg eigen farm der. Birgit sin familie hadde nok ikkje så mykje pengar etter farens konkurs då dei ikkje hadde råd til å kjøpe seg farm i Amerika då dei kom dit.

Utvandringa fungerte som demografisk sikringsventil for det norske samfunnet.¹⁷⁰ Med folkeauka og endringane i samfunnet fekk landet det rommet det trong for å kunne tilpassa seg endringane og folkeveksten. Push og pull faktorar er viktige i denne samanhengen. Det er ein økonomisk modell, der push-faktorane gjeld fattigdom og pull-faktorane gjeld levebrød.¹⁷¹ Push-faktorane er det som presser nokon til å reise frå landet sitt, dei lokale eller norske faktorane. Dette kan vere matmangel og overbefolking. Pull-faktorane er det som dreg og lokkar folk til eit nytt land, som mellom anna eit tryggare levebrød.

Faren til Birgit som gjekk konkurs kan ha vorte freista til å flytte for å kunne starte på nytt. Då er det dei dårlege økonomiske vilkåra som fekk dei til å reise frå Gol. Det var freistande å reise til Amerika; der det var betre økonomiske utsikter. Viktige pull-faktorar var sjansane til å kjøpe seg ein farm, få meir land og utsikter til betre økonomi. Dei fire andre selde gardane sine før dei drog, og det er truleg at dette vart gjort for å finansiere billettar til reisa og for å kunne kjøpe seg farm i Amerika.

Dei som drog var ikkje dei med dei største gardane, men det kan tyde på at dei som hadde noko å selje her heime, var dei som hadde høve til å reise. Tre av familiene fekk billettar, og

¹⁶⁹ Østro, 1986: 545

¹⁷⁰ Nerbøvik, 1999: 25

¹⁷¹ Østrem, 2014: 89-90

dette kunne vere utslagsgjevande for nokon som hadde lyst til å reise, men som ikkje hadde råd på eiga hand. Det å ha slektingar i USA kan og ha vore ein faktor for at familiane drog frå heimlandet. Årsakene til at dei drog kan vere mellom anna det å kunne starte på nytt, slik faren til Birgit Iversdotter gjorde, truleg for å kome seg vekk frå konkursen. Det kan og vere at desse reiste fordi det var større lettare å skaffe seg større eigedom om dei flytta frå Gol.

Skulegang og konfirmasjon

I denne delen av oppgåva vil eg sjå på korleis det stod til med skulegangen til jentene. Eg har ikkje fått tak i skuleprotokollane for jentene då desse, dersom dei er tekne vare på, ligg i Statsarkivet i Kongsberg. Eg har difor valt å ta utgangspunkt i konfirmasjonsprotokollane for dei som blir konfirmert i Noreg, då desse inneheld informasjon om korleis dei gjorde det i kristendomskunnskap. Eg trur dette vil gi ein indikasjon på korleis dei også gjorde det i skulen. Er det skilnad på korleis jentene gjorde det i kristendomskunnskap om dei kom frå husmannsplassar eller gardsbruk? Korleis gjer dei som er fødde utanfor ekteskap det?

Lov om allmueskolen på landet av 1860 vart eit vegskilje i norsk utdanningshistorie. Det er dette skulesystemet jentene i utvalet mitt fell inn under. Det skulle bli faste skular, og det vart lagt opp at elevane skulle ha fleire timer på skulen. I 1870 var 66 prosent av skulane faste.¹⁷² Mange i samfunnet motsette seg det nye skulesystemet, mange fordi kristendomskunnskapen med den nye lova skulle få mindre plass i skulen, og dei såg på det som ukristeleg. For elevane som budde langt frå skulen, var omgangsskulen framleis brukt. Det var først i 1870-åra denne forsvann for godt på Gol.¹⁷³

Før 1860 hadde utdanninga av lærarane vore skral. Med den nye skulen vart det satsa for å få utdanningsnivået på lærarane opp for å betre undervisningskvaliteten. Dei første lærarutdanningane vart kalla seminar.¹⁷⁴ I byrjinga meinte skulekommisjonen at det ikkje var behov for lærarar med seminar på Gol, først på 1870-talet slutta ein å tilsetje lærarar av det gamle slaget og frå då måtte alle ha vitnemål frå seminar.¹⁷⁵ Den siste av omgangsskulelærarane vart meir eller mindre avsett av biskopen under ein visitasjon på Gol. I meldinga frå stod det; «En af Lærerne fandtes saa uskikket for og udygtig til Tjenesten at Vistitator maatte oppfordre ham til at opgive sin Lærerstilling».¹⁷⁶

¹⁷² Blom, 2004: 52

¹⁷³ Svello, 1963: 44

¹⁷⁴ Tønnesssen, 2011: 35

¹⁷⁵ Svello, 1963: 43 & 46

¹⁷⁶ Svello, 1963: 47

Sjølv om det var eit nytt og betre skulesystem, var det framleis eit problem med høgt fråvær. Problemet var ikkje primært eit utkantsproblem, men eit fattigdomsproblem.¹⁷⁷ På 1870-talet var fråværet oppe i over 20 prosent på Gol, men på 1880-talet, då jentene i utvalet mitt var i skulepliktig alder, sank fråværet frå 12 prosent til 8 prosent.¹⁷⁸ Foreldra hadde behov for barnas arbeidskraft og dei pengane dei kunne tene, og mange møtte skulen med motstand. Det var framleis store klasseforskellar på undervisninga elevane fekk. Det var fyrst i 1889 at det vart innført 7-årig folkeskule på landet og i byane.¹⁷⁹ Utdanninga vart då likestilt for alle.

Konfirmasjon

Ein viktig del av utdanninga til dei unge var konfirmasjonen. Dette var eit overgangsritual der ein gjekk frå barn til å bli ung voksen. Før konfirmasjonen vart innført var nok det viktigaste skiljet mellom barndom og livet som ung voksen, om barna arbeidde heime eller hjå andre. Konfirmasjon vart innført i Danmark og Noreg i 1736. Her skulle dei unge lære om kristendommen og opplæringa skulle gje eit grunnlag for livet vidare.¹⁸⁰ Konfirmasjonen er ei stadfesting av dåpen, og utgangspunktet for ritualet kom frå katolisismen. I Noreg vart ein konfirmert i 14-15-årsalderen, med ei øvre grense på 19 år.¹⁸¹ Før folk vart konfirmert kunne dei ikkje delta i nattverda, og utan å ha gått til nattverd var det ikkje lov å gifte seg. Sjanske for å få arbeid var også små utan å vere konfirmert. Reglane var til mellom anna for å regulere når folk inngjekk ekteskap, men også for at folk skulle ha eit minimum av kristendomskunnskap før ein vart gift.

Det var vanleg å gi karakterar i konfirmasjonen. Karakterskalaen var som følgjer: Udmerket god, nesten udmerket god, meget god, nesten meget godt, god, nesten god, temmelig god, nesten temmelig god og maadelig.¹⁸² Karakterane som inneheldt ordet «nesten», må bety det same som minus i karakterskalaen i dag. Om ein strauk i konfirmasjonen måtte ein gå om igjen, og for nokre kunne dette ta mange år. Konfirmantane vart også vurdert på same måten som i skulen, i mellom anna flid og evner. I hovudoppgåva si «*Konfirmantar og karakterer. En sosialhistorisk analyse*» skrev Gunnar Thorvaldsen om dette. Vurderinga av evnene kan i følgje han sjåast på som eit uttrykk for lærarens mening om elevens anlegg for skullearbeid.¹⁸³ Flid sa noko om holdninga eleven hadde til skullearbeidet.

¹⁷⁷ Tønnesen, 2011: 32

¹⁷⁸ Svello, 1963: 44

¹⁷⁹ Blom, 2004: 54

¹⁸⁰ Øia & Fauske, 2010: 86

¹⁸¹ Øia & Fauske, 2010: 87

¹⁸² Thorvaldsen, 1978: 1, kap. 2

¹⁸³ Thorvaldsen 1978: 4, kap. 3

I følgje Thorvaldsen var det vanleg at konfirmasjonsresultata hadde sterk samanheng med sosial bakgrunn, og at dei frå betre stilte heimar gjorde det best, prestane kunne også la seg smørje med gåver for å gi gode karakterar.¹⁸⁴ Konfirmantar kunne bli favorisert på grunnlag av status eller ressursar. Det kunne og vere at dei frå betre stilte heimar var flinkare enn andre, då dei hadde meir tid og tilgang i heimen for studiar. Thorvaldsen fann ut at barn av gardbrukarar gjorde det best i konfirmasjonen, medan handverkarbarn gjorde det dårlegast. Husmannsbarna og dei frå små bruk låg midt i mellom dei to andre gruppene. Resultata meiner han at kan forklarast ut i frå eit ressursperspektiv.¹⁸⁵

For å finne dei konfirmerde har eg leita i kyrkjebøker frå dei ulike plassane jentene bur. Eg har funne dei som bur på Gol i ministerialbøkene, og dei fleste som vart konfirmert andre stader, i alt 35. Agnette Andreasdotter er ikkje funne fordi eg ikkje veit kor familien hamna. Dei som utvandra har eg ikkje funne informasjon om i samband med konfirmasjon. I kyrkjebøkene er det kommentarar som handlar om kor godt dei gjorde det i kristendomskunnskap. Yrka til fedra er henta frå konfirmasjonslistene, og det hadde skjedd nokre endringar frå folketeljinga 1875 og til konfirmasjonen.¹⁸⁶ Eg har likevel valt å følgje konfirmasjonslistene i analysen.

Tabell 4.5 – Fordeling av karakterar i konfirmasjonen

Kristendomskunnskap	Gardbrukarar	Husmenn	Innerstar	Fødde utanfor ekteskap	Fordelinga av karakter
Temmelig godt	-	1	-	-	1
Godt	4	1	-	1	6
Nesten meget godt	9	-	1	-	10
Meget godt	10	3	3	1	17
Ukjent	-	-	-	1	1
Sum:	23	5	4	3	35

Kjelde: eigen database

Tabell 4.5 viser ei oversikt over kor mange som fekk dei ulike karakterane i konfirmasjonen og fars yrke. Guri Karlsdotter er sett opp som ukjent, då det ikkje står oppført i kyrkjeboka frå Østre Aker, om korleis ho gjorde det i konfirmasjonen. I den fyrste gruppa er Kristi Olsdotter. Far hennar var husmann då ho vart konfirmert og ho fekk «temmeleg godt» på kristendomskunnskapen. Blant dei seks som fekk «godt» på kristendomskunnskap er Kari Olsdotter Hallen som og var dotter av ein husmann. Vidare fekk gardbrukardøtrene Ingeborg

¹⁸⁴ Thorvaldsen, 1978: 1, kap. 5

¹⁸⁵ Thorvaldsen, 1978: 2, kap. 9

¹⁸⁶ Sjå tabell 3 i vedlegg 2 – Konfirmasjon – kristendomskunnskap, fars yrke i 1875 og konfirmasjon, og kyrlag

Torkelsdotter, Ollaug Knudsdotter, Sigrid Olsdotter og Barbro Knudsdotter «godt» på kunnskapane sine. Ollaug vart konfirmert i Solum og Sigrid i Hurum. Gardane jentene kom frå var alle over ti kyrlag. Guri Henningsdotter er ho som er fødd utanfor ekteskap i denne gruppa.

Den neste gruppa er dei som fekk «nesten meget godt». Her var alle ti jentene gardbrukardøtrer. Gardane var av svært ulik storleik, frå 2,8 til 19 kyrlag.

I den siste gruppa er dei fleste av jentene. Sytten fekk «meget godt» på kristendomskunnskapane sine. I denne gruppa var det store skilander på kor dei kom i frå. Liv Andersdotter, Thora Helgesdotter og Margit Tollefsdotter er døtrer av innerstar. Fedrane til Liv og Thora hadde endra yrke frå gardbrukar og husmann. Randi Larsdotter, Margit Arnesdotter og Birgit Larsdotter var døtrer av husmenn. Randi sin far sto som sjølveigar i 1875, men det er usikkert om han nokon gong var husmann då det i gards- og ættesogene står han eigde garden. På Anna Johannesdotter som var fødd utanfor ekteskap, står det ikkje skrive kva faren sin stilling er. Ho vart konfirmert i Sande i Vestfold. Dei andre ti var døtrer av gardbrukarar, der dei fleste gardane hadde mindre enn ti kyrlag.

Av dei som vart konfirmert er det såleis stor spreiing i kva slags stand dei kom i frå og korleis dei gjorde det på konfirmasjonane. Av dei fem som er husmannsdøtrer var ei den som gjorde det dårligast, ei gjorde det middels godt og heile tre som gjorde det veldig bra. Det same gjeld dei som var fødde utanfor ekteskap. Guri Henningsdotter gjorde det godt, og Anna svært godt. To av mødrene til dei uektesfødde som vart konfirmert hadde gifta seg. Anna sine foreldre gifta seg før ho vart konfirmert, i 1877, og Guri Karlsdotter si mor gifta seg med ein anna mann, og dei begge hadde flytta frå Gol. Den siste uektesfødde, Guri Henningsdotter hadde ikkje lengre ei mor då ho vart konfirmert. Mora hennar døydde i 1884. Døtrene av innerstane gjorde dei alle det svært godt. Gardbrukardøtrene er fordelt frå middels godt til svært godt.

Ut i frå dette kan det tyde på at i utvalet mitt var det ikkje så viktig om ein kom frå gard eller husmannsplass. Det ser ikkje ut til at økonomiske føresetnader og sosial status spelar inn på om ein gjorde det godt eller dårlig i konfirmasjonen. Det er heller ikkje skilnader mellom gardbrukardøtrene, om dei kom frå små eller store plassar. Ressursar ser ikkje ut til å vere ein viktig føresetnad i korleis det gjekk på konfirmasjonen. For dei jentene som hadde eit dårligare utgangspunkt enn gardbrukarjentene, kan ein sjå på resultata som ein måte å klare seg i livet. Eit forsøk på sosial mobilitet, å kome seg opp og fram i livet. På grunn av

nedgangen i husmannsvesenet trøngt om plassen på Gol og mange flytta derfrå, både innlands og til Amerika. Fem av jentene flytta frå Gol og til andre stader i Noreg. Det er mest sannsynleg

nedgangen i husmannsvesenet trøngt om plassen på Gol og mange flytta derfrå, både innlands og til Amerika. Fem av jentene flytta frå Gol og til andre stader i Noreg. Det er mest sannsynleg

Oppsummering og konklusjon

I det kapittelet har eg sett på barndommen til jentene i utvalet mitt. Grunna det avgrensa kjeldematerialet, har eg tatt for meg dei hendingane kjeldene gjev best grunnlag for å undersøkje, nemleg dødelegheit, flytting og konfirmasjon. Eit særleg fokus har vore om det var skilnader som kan botne i ulik sosial bakgrunn.

Døden hadde nærrare plass hjå folk på denne tida, og barnedødelegheita var svært høg. Dødelegheita før fylte eitt år i utvalet mitt er på 11,7 prosent, litt høgare enn dødelegheita på landsbasis. Den fyrste levemånaden og leveåret var det særleg miljøet barnet vaks opp i som påverka mortalitetten, medan biologiske faktorar spelte inn på dødsfalla omkring fødselen. Sju av jentene døydde før dei fylte eitt år. Ti jenter døydde i alderen eitt til seks år, og to døydde i alderen seks til femten år. I utvalet mitt døydde to av jentene som var fødde utanfor ekteskap tillegg.

Heile 84,2 prosent av dei som døydde i utvalet mitt, var gardbrukardøtrer. Dette tyder på at teoriane som Sogner og Dyrvik trekker fram også viser seg i utvalet mitt. Gardbrukarbarn hadde høgare mortalitet enn husmannsbarn. Grunnane til dette blant dei i utvalet mitt er ikkje godt å vite, då ikkje kyrkjebøkene oppgjer dødsårsakar. Ein mogleg årsak er det som Sogner tek opp, at det var høgare folketettleik på gardane enn på husmannsplassane. Dette kan stemme i utvalet mitt også, då gardbrukarane i snitt hadde større barneflokkar enn husmennene. Det var også fleire av gardbrukarane som hadde tenestefolk. Det er på grunn av det høge folketalet meir sannsynleg for at nokon kunne vere smitteberarar på gardane enn på husmannsplassane. Dette kan tyde på at materielle vilkår ikkje spelte ei særleg viktig rolle på kven som døydde medan dei var barn.

Den same tendensen ser ein når ein ser på søskensflokkane til dei ulike gruppene. Gardbrukarane mista fleire barn enn husmennene. Årsakene til dødstala blant dei meir fattige gardbrukarane kan ha kome av levestandarden, som også var ein viktig årsak til mortalitetten i følgje statistikk. I perioden var det også fleire epidemiar og farlege sjukdommar som tok liv, og særleg i gruppa av jenter som dør i alderen 1 til 6 år, er mortalitetten svært høg i forhold til kva den var på landsbasis.

Folkeauka gjorde det trøngt om plassen på Gol og mange flytta derfrå, både innlands og til Amerika. Fem av jentene flytta frå Gol og til andre stader i Noreg. Det er mest sannsynleg

økonomiske grunnar til at desse reiste. Ein av bøndene gjekk konkurs, og den andre flytta mest sannsynleg for å kunne drive større gard enn han kunne på Gol. Dei to vegarbeidarane kan ha flytta på grunn av arbeidstilhøva, og det same kan gjelde mora til ho andre som var fødd utanfor ekteskap. Det er dei økonomiske kretene som kan vere årsaka til at dei seks familiene utvandra før konfirmasjonen. Utsikter til å skaffe seg eigen farm, og å drive større kan ha vore viktige drivkrefter. Alle fedrane bortsett frå ein var gardbrukarar. Av dei som utvandra var det ikkje dei frå dei største gardane, men det kan sjå ut til at det var dei som hadde eigedom å selje var dei som hadde høve til å reise. Flytting innlands og til Amerika kan sjåast som ein strategi for å skaffe familien betre utsikter til arbeid og sjansar til eit betre liv.

Tidlegare forsking viste at sosial status og bakgrunn spelte inn på konfirmasjonsresultata. Slik er det ikkje mitt utval. Skilnadene mellom dei ulike gruppene viser seg endå mindre her, då husmanns- og innerstdøtrene, og jentene som var fødde utanfor ekteskap gjorde det svært bra på konfirmasjonen. Dei frå dårlegare kår gjorde det svært bra, og desse jentene kan ha sett på kunnskap som ein måte å kome seg opp og fram i livet, eit forsøk på sosial mobilitet.

Ut i frå resultata i dette kapittelet ser det ikkje ut til at det er store skilnader på kva som skjer i barndommen til jentene og kva slags sosial bakgrunn dei har. Skilnadene mellom barn av gardbrukarar og husmenn er størst i forhold til barnedødelegheita, og då er det gardbrukarbarna og dei som var fødde utanfor ekteskap som kjem dårlegast ut. I samband med flytting var det store fleirtalet av dei som flytta medan jentene var barn, gardbrukarar. I innlandsflyttinga var dette meir blanda. Dette kan tyde på at gardbrukarane hadde ressursar som gjorde at dei hadde råd til billetten til Amerika. I konfirmasjonsresultata såg det ikkje ut til å ha noko å seie om kva status eller utgangspunkt ein hadde.

Kap. 5: Ut frå heimen? Om teneste og flytting

Då konfirmasjonen vart innført i 1736, vart dette etter kvart eit av skilja mellom barndom og ung voksen. Eit anna viktig skilje var når barna måtte ut i teneste. Jo tidlegare ein måtte ta teneste, jo før gjekk barndommen over. I følgje Sølvi Sogner fanst det barnetenarar heilt ned i tiårsalderen på byrjinga av 1800-talet,¹⁸⁷ men det normale var at dei unge tok teneste i konfirmasjonsalderen. Difor vart førre kapittel avslutta med konfirmasjonen. Av det opphavelege utvalet mitt på 60 jenter var berre 41 i live då dei nådde konfirmasjonsalder. Dette inkluderer ikkje berre dei 31 som vart konfirmerte på Gol, men også dei som har flytta til andre stader i landet, og dei som har utvandra til Amerika.

Ungdomstida er ein flytande overgang, der ekteskapet med stiftinga av eige hushald og eigen familie markerer overgangen til voksenlivet. Kvinnene flytta, gifta seg og fekk barn på ulike tidspunkt i livsløpet. Det var heller ikkje alle som gifta seg. For å gjere framstillinga meir oversiktleg har eg valt å handsame flytting og livet til dei enno ugifte jentene først, før eg går vidare til de som gifta seg og stifta eigen huslyd i neste kapittel. Det var nemleg stor skilnad på handlingsrommet til gifte og ugifte jenter. Dei som vart gift kunne ikkje ta alle avgjerder aleine, medan dei ugifte i langt større grad kunne det.

I dette kapittelet vil eg først sjå på kvar jentene i utvalet mitt held til den første tida etter konfirmasjonen. Arbeidde dei heime eller var dei i teneste hjå andre? Utgangspunktet for undersøkinga er folketeljinga frå 1891. Då var jentene i utvalet mitt om lag 15 år, og konfirmerte. Denne kjelda er, i motsetning til andre, berre skanna og dermed ikkje digitalt søkbar, og ein måtte bla seg gjennom listene for å finne personane i utvalet mitt. Grunna kjeldematerialet er difor denne delen avgrensa til å handle om dei som held til på Gol.

Etter dette vil eg sjå på dei som flytta frå Gol eller emigrerte til Amerika i tida etter konfirmasjonen. Kva var det som fekk dei til å flytte frå bygda? Var det betre framtidsutsikter som lokka dei til tettstader og byar, eller Amerika, eller reiste dei fordi det var vanskeleg å skaffe seg eit utkome i heimbygda? Til sist i kapittelet vil eg sjå på kva slags arbeid jentene hadde før dei gifta seg.

Arbeid i heimen eller ut i teneste

Om det var overskot på arbeidskraft i familiane, var det vanleg at nokre av barna ble sendt ut i teneste hjå andre etter konfirmasjonen. I følgje historikaren Kari Blom var det familiane sitt

¹⁸⁷ Sogner, 1990: 66

eige behov for arbeidskraft som avgjorde om dei var mottakarar eller leverandørar av arbeidskraft.¹⁸⁸ Arbeid var ein del av den vidare utdanninga for dei fleste. Det var opplæring i korleis ein skulle klare seg i livet. Det var vanleg at dei därlegast stilte var lengst i teneste. Det var allmenn skikk at dei unge tok teneste etter konfirmasjonen og var i teneste fram til dei hadde skaffa seg eit levebrød og kunne gifte seg.¹⁸⁹

Mange skifta teneste for å få meir erfaring og det var to festedagar i året, 14. april og 14. oktober, dagane då dei unge skifta teneste. Det var vanleg å feste seg for eit halvt år eller eit år. Det kunne vere fleire grunnar for å skifte teneste. Sogner trekkjer fram at det kunne vere det å skaffe seg meir erfaring, møte nye folk eller nokon kjende, høve til betre lønn, betre mat eller sengeplass.¹⁹⁰ Ein anna grunn var eventuelt eit ønske om å tene saman med ein spesielt utvalt. Sidan folk måtte vente med å bli gift til ein hadde eit levebrød, var ungdomsperioden ei tid der ein kunne legge seg opp midlar ein kunne nytte seinare. Fleire budde likevel heime, men sjølv om ein gjorde det, var det vanleg å ha arbeidsplikter.

Eg har teke utgangspunkt i dei som var att på Gol og som var konfirmerte der. Av dei 31 som vart konfirmaert på Gol er 26 funne i folketeljinga 1891. Det kan då tenkast at dei som ikkje er funne i folketeljinga har tatt teneste i andre bygder i nærleiken av Gol.¹⁹¹

Folketeljinga 1891 vart gjennomført 2. januar 1891.¹⁹² Kven er det då som har teneste andre stader enn heime og kven vart verande i huslyden dei kom frå?

I utvalet mitt budde mange av jentene heime. Gardbrukardotter Anne Olsdotter var ei av jentene som budde heime då folketeljinga 1891 vart gjennomført. Ho hadde fem søsken, men berre Anne og den eine halvsøstera budde heime i 1891. Garden dei kom frå hadde 19 kyrlag. Mora hennar døydde i 1876, og faren hadde gifta seg på nytt før teljinga vart gjennomført. Husmannsdottera Kari Olsdotter Hallen var derimot i teneste i 1891. Ho hadde på dette tidspunktet fem søsken, der to var gutter, og ho kom frå ein liten plass med berre 2,3 kyrlag.

Ein kan sjå at desse to hadde vidt ulike utgangspunkt, særleg ut frå storleiken på garden eller plassen vist i kyrlag. Er så desse to jentene typiske? Var det slik at jenter frå gode gardar vart verande heime medan dei som kom frå små kår måtte ut i teneste?

¹⁸⁸ Blom, 2004: 105

¹⁸⁹ Sogner, 1990: 66

¹⁹⁰ Sogner, 1990: 66

¹⁹¹ Liv Andersdotter drog frå bygda i 1890 og er difor ikkje tilstade på Gol i 1891. Fire andre er heller ikkje funne: Kristi Olsdotter, Birgit Syversdotter, Birgit Knudsdotter Fossebakken og Ingeborg Olsdotter.

¹⁹² Digitalarkivet, «Folketeljingar i Noreg»

Av dei 26 jentene som budde på Gol under folketeljinga 1891, budde det store fleirtalet, nitten i alt, heime hjå foreldra sine, seks var i teneste hjå andre, og ei budde hjå besteforeldra og onkelen med hans familie. Det var då i alt sju som budde andre stader enn hjå foreldra sine. Informasjonen om fedrane sitt arbeid er henta frå folketeljinga. På ei av dei som var i teneste har eg vore nøydd til å nytte konfirmasjonslistene og informasjonen derfrå fordi foreldra sannsynlegvis hadde flytta frå husmannsplassen.¹⁹³ Ho som var fødd utanfor ekteskap har ikkje nokon far med kjent arbeid, og i tabell 5.1 er ho difor plassert under «andre».

*Tabell 5.1 – Teneste hjå andre eller heimebuande?*¹⁹⁴

Bustad	Gardbrukardøtrer	Husmannsdøtrer	Innerstdøtrer	Andre	Tal på jenter
Heimebuande	17	2	-	-	19
Tenestegjerande	3	2	1	1	7
Sum:	20	4	1	1	26

Kjelde: eigen database

Kva er det som kjenneteiknar dei som ikkje hadde gått ut i teneste i 1891? Sytten av 20 gardbrukardøtrer, eller 85 prosent, budde heime.¹⁹⁵ Halvparten av husmannsdøtrene gjorde det same, men her må eg minna om at dei berre er fire i alt. Thora Helgesdotter var ei av desse husmannsdøtrene. Faren livnærte seg som husmann og tømmermann. Familien budde på ein liten plass, i 1875 hadde dei 2,7 kyrlag. Tre av seks barn budde framleis heime hjå foreldra i 1891. I Thora sitt tilfelle var ho den einaste jenta att blant søskena, og ho var oppført med handarbeid som arbeid. Det var ulikt arbeid for gutter og jenter, og familien hadde nok behov for arbeidskrafta dei hadde i barna. Den same tendensen kan ein også sjå hjå den andre husmannsdottera som budde heime, der var det og tre barn att hjå foreldra, og faren livnærte seg som snekker ved sida av å vere husmann.¹⁹⁶ Var det då også slik for ein del av dei andre gardbrukardøtrene at foreldra hadde bruk for arbeidskrafta og at dei hadde råd til å halde døtrene heime?

Det store fleirtalet av dei heimebuande jentene var gardbrukardøtrer. Storleiken på gardane varierer frå 4 til 19 kyrlag.¹⁹⁷ Åtte av gardane har under ti kyrlag. Dei økonomiske

¹⁹³ Kari Olsdotter Hallen

¹⁹⁴ Endringar i fars yrke, sjå tabell 5 i vedlegg 2 – Fars yrke: endringar mellom dei ulike kjeldene på jentene som er registrert i 1891.

¹⁹⁵ Far til Ingeborg Torkelsdotter har eg valt å setje som gardbrukar då han er oppført som «bruger av gård med forpakning». Han dreiv garden som sonen kjøpte då det ikkje bar seg økonomisk for han. Det same gjeld far til Sebjørg Sveinsdotter.

¹⁹⁶ Birgit Larsdotter

¹⁹⁷ I tillegg kjem Margit Tollefsdotter som eg veit ikkje storleiken på garden til familien hadde då faren var innerst i folketeljinga 1875, men gardbrukar i 1891.

føresetnadene var dermed svært ulike blant jentene som budde heime. Det var også svært ulikt mellom familiene i kor mange søskener som framleis budde heime då folketeljinga vart gjennomført. Fleire av familiene hadde få barn heime, slik som familien til Anne Olsdotter. I alt var det fem familiær der to av barna budde hjå foreldra i 1891. Desse familiene hadde nok behov for arbeidskrafta til døttrene. I Anne sitt tilfelle var det berre ho og systera som budde heime. Familien hadde og ein tenestegut som arbeidde med jordbruket og slik fekk dei nok dekt behovet for arbeid til kvinner og menn. Olaug Halvorsdotter var ei av dei andre jentene som budde heime hjå foreldra i lag med broren. Foreldra hadde berre tre barn i alt, og det kan tenkast at dei to barna som budde heime dekte behovet familien hadde for arbeidskraft, på garden med 8,8 kyrlag.

Hjå sju familiær budde mange av barna framleis heime då teljinga vart gjennomført. Fleire av gardane desse familiene budde på hadde over ti kyrlag, bortsett frå garden der Ragna Kristendotter kom frå. Dei som kom frå store gardar hadde nok ein økonomisk situasjon som gjorde det lettare å la barna bu heime lengre. I desse familiene budde seks til åtte barn hjå foreldra i 1891. Omrent halvparten av barna i kvar familie var under ti år. Alderen på søskena kan ha vore ein viktig faktor til at jentene vart buande heime. Dei måtte sannsynlegvis vere igjen for å kunne hjelpe mora med barnepass og anna arbeid i heimen eller med dyra.

Ei av jentene som framleis budde heime der det var mange søskener, var Ragna. Familien kom frå ein gard med 6 kyrlag, og var dermed ein av dei mindre gardane. I 1891 budde seks av barna heime hjå foreldra, og dei yngste barna var omlag 10, 6 og 1 år. Dei tre eldste barna var jenter, og familien hadde heller ingen tenestegut registrert hjå seg i folketeljinga.

Sannsynlegvis hadde foreldra behov for den arbeidskrafta dei hadde tilgjengeleg, og fordi garden var såpass liten kan det vere at dei heller ikkje hadde råd til å tilsetje nokon som kunne arbeide for dei. Dei andre gardane der det budde fleire barn heime, var ein del større enn den garden Ragna kom frå med seks kyrlag. Dei andre gardane til familiene med mange barn buande heime, varierte frå 10,5 til 16,8 kyrlag. Dei kunne ha betre råd til å halde tenestefolk, men det ser ut til at dei heller valde å la konfirmerte barn bu heime.

Det som kjenneteiknar jentene som budde heime i åra etter konfirmasjonen er at det er store variasjonar i kva økonomisk utgangspunkt dei hadde. Husmannsdøttrene og nokre av gardbrukardøttrene kom i frå svært små plassar og gardar, der dei mest sannsynleg ikkje hadde råd til å tilsetje nokon som kunne arbeide for dei, slik som i Ragna sitt tilfelle. Blant dei andre som hadde mange barn heime, er det store fleirtalet blant dei større gardane. Her kan ein tenke seg at økonomien var god nok til at barna kunne bu heime, samtidig som barna var god

arbeidskraft som mellom anna kunne vere med å passe dei minste barna. Mange har då valt å la jentene bu heime i staden for å la dei gå ut i teneste.

Men kva faktorar kan ha spelt ei rolle for dei som måtte ut i teneste? Kan storleiken på søskenflokkane eller alderen og kjønn på søskan ha spelt ei viktig rolle? Det var sju jenter som ikkje budde heime etter konfirmasjonen, to husmannsdøtrer, ei innerstdotter, tre gardbrukardøtrer og ei fødd utanfor ekteskap. Alle bortsett frå ei gjekk ut i teneste. Ei av gardbrukardøttrene, gjekk ikkje ut i teneste, men flytta til besteforeldra sine. Dette var Randi Larsdotter. Ho var fødd på ein liten gard med 4,8 kyrlag, og då ho vart konfirmert var faren blitt husmann, men i 1891 var han igjen blitt gardbrukar og skreddar. I 1891 var seks av barna framleis i live, tre jenter og tre gutter. Desse var fødd mellom 1875 og 1888, og dei som budde heime var dei fire yngste barna. Randi og systeran som var året yngre enn henne, hadde då flytta heimanfrå. Randi var den einaste av søskena sine som budde hjå besteforeldra i 1891.

Det kunne vere økonomiske årsakar som fattigdom, sjukdom eller død i familien som gjorde at barn vart sende bort til slekt eller andre i kortare eller lengre periodar.¹⁹⁸ I denne familien var det nok økonomiske årsakar som gjorde at dei eldste døttene måtte flytte heimanfrå. Dei budde på ein liten gard som ikkje hadde like stort behov for arbeidskraft som dei større gardane. Dei fire søskena som vart att hjå foreldra var i alderen 2 til 14 år, der den eldste var gut og kunne hjelpe faren med arbeidet på garden. Jenta som var fødd i 1881, altså ni år gammal kunne passe på dei to mindre søskena. Ein kan altså tenkje seg at det ikkje var behov for dei to eldre døttene si arbeidskraft på garden, og at det var viktigare at dei kom seg ut og skaffa seg eit eige levebrød. Det at besteforeldra trøng hjelp kan og ha vore ein årsak til at Randi flytta heimanfrå. Kombinasjonen av at foreldra sannsynlegvis ikkje hadde råd til ein ekstra munn å mette, og at besteforeldra trøng hjelp kan ha vore svært viktige årsakar til at ho flytta heimanfrå etter konfirmasjonen.

Dei andre jentene som flytta heimanfrå etter konfirmasjonen gjekk ut i teneste på andre gardar. Ei av desse var Guri Henningsdotter som var fødd utanfor ekteskap. At unge som var fødd utanfor ekteskap måtte ut i teneste er logisk med det økonomiske utgangspunktet deira. Mora hadde eineansvaret for barna, og i 1875 var ho registrert som «løspike» og «Endres datter». Mora hadde ikkje fast arbeid, og hjelpte nok foreldra sine for kost og losji. Guri sin oppvekst var prega av død i nære relasjoner. Tveilingsøstera hennar døydde då dei var små, og

¹⁹⁸ Blom, 2004: 107

mora og besteforeldra døydde på 1880-talet. Sannsynlegvis budde Guri og den eldre søstera hjå onkelen som dreiv garden ho vaks opp på, fram til dei var gamle nok til å klare seg sjølve.

Det som kjenneteiknar dei andre fem jentene som var ute i teneste, var at dei kom frå små gardar og plassar, berre ein av gardane hadde over ti kyrlag. Fleire av familiene til desse jentene hadde også mange barn som framleis budde heime. Tala på heimebuande barn går frå to til ni, og det var både gutter og jenter. I familien til Margit Olsdotter Braaten budde heile ni av barna framleis heime hjå foreldra. Aldersspennet var frå om lag 1-17 år. Dei tre eldste barna var to gutter og ei jente. Desse dekte nok behovet familien på garden med 10,5 kyrlag hadde for arbeidskraft. Den same tendensen kan ein sjå att hjå fleire av desse jentene. Det var eldre eller yngre søstrer som kunne gjøre det same arbeidet som jentene i utvalet mitt kunne, og desse måtte dermed flytte heimanfrå. Ingen av gardane eller plassane desse jentene kom frå var store, noko som også kan tyde på at økonomien til foreldra heller ikkje var særleg bra.


Av dei to jentene me møtte i innleiinga, Anne Olsdotter og Kari Olsdotter Hallen, representerer Anne det store fleirtalet som vart verande heime den fyrste tida etter konfirmasjonen. Kari høyrer til dei få som måtte ut i teneste. Jentene frå dei største gardane vart buande heime, men også dei frå små gardar ble ofte buande heime. For dei store gardane tilsa økonomien at barna kunne bli heime, men frå dei små gardane og plassane var det nok heller behovet for arbeidskraft som avgjorde om barna vart heime eller måtte ut i teneste. Økonomi og behov for arbeidskraft var truleg det som oftast påverka dei som gjekk ut i teneste. Dei fleste av desse jentene kom frå små plassar, så Kari er ein typisk representant for dette. Men nyansane er fleire enn berre at dei frå små kår måtte ut i teneste.

Type arbeid

Det var ulikt arbeid for jenter og gutter på gardane. Barna deltok i dei vaksne sitt arbeid frå dei var små, og dei fekk meir og tyngre arbeid jo eldre dei vart. Jentene deltok som regel i arbeid som hadde med dyra og husstell å gjøre, eller arbeid der dei passa yngre søskene eller andre sine barn. Det vanlegaste arbeidet jentene i utvalet mitt er oppførte med er husstell og kreaturstell, men truleg er det nokså tilfeldig korleis dei ulike listeførarane har valt å rubrisera yrka. Mange av jentene er oppført med fleire arbeidsområder, og kombinasjonen av husstell og kreaturstel er mest vanleg. Deretter kjem jordbruksarbeide, der også dei som er oppført som budeier og onnearbeidarar er inkludert.

Diagram 5.1 viser fordelinga av jentene på ulikt arbeid i folketeljinga 1891. På grunn av at mange av jentene var oppført med fleire arbeidsområder overstig talet 26, som er talet på jenter. Oversikta over kva slags arbeid dei ulike jentene har, kan ein sjå i tabell 4 i vedlegg 2.

Diagram 5.1 – Fordelinga av jentene på ulikt arbeid i folketeljinga 1891



Kjelde: eigen database

Av tabellen kan ein sjå at det er arbeid som har med husstell og dyr som var dei vanlegaste arbeidsområda. Seks av jentene hadde arbeid som har med jordbruk å gjere. I denne kategorien er også Ollaug Halvorsdotter, som var oppført som budeie og onnearbeidar, og Ingeri Endresdotter som var oppført som onnearbeidar. Ein onnearbeidar deltok i såing og innhausting. Budeiene hadde stølsarbeid om sommaren. I Hallingdal drog mora og dei minste barna til stølen med dyra, medan faren og dei eldste barna vart att heime på garden. Ofte drog ei eldre jente opp på stølen i førevegen og gjorde alt klart før kona kom opp.¹⁹⁹ Dette vart sett på som ein del av opplæringa for bondejentene.

Desse jentene deltok nok også i arbeidet på garden elles i året. To av jentene hadde arbeid med handarbeid og barnepass. Dette var vanleg kvinnearbeid. Å passe på barn var vanleg for dei eldre jentene medan mora gjorde anna arbeid. Det var og eit vanleg arbeid å ha om ein arbeidde for andre. I tillegg til dei arbeidsoppgåvene jentene er oppførte med i folketeljinga 1891, skal ein ikkje sjå bort i frå at dei også måtte gjere anna arbeid. Alle måtte bidra der det var behov for det, særleg på dei små gardane med få menneske, måtte alle bidra. Det er liten grunn til å leggja stor vekt på dei ulike arbeidsoppgåvene. Truleg arbeidde dei fleste jentene med det same arbeidet; dei hjelpte til i husstellet, passa barn og var med på å stelle

¹⁹⁹ Svello, 1961: 537

krøtera, både heime på garden og på stølen. Det gjeld venteleg også dei som står oppført som heilt forsørgja, noko som gjeld fire av jentene. Desse budde alle heime hjå foreldra, og det er usannsynleg at dei ikkje hadde nokon arbeidsoppgåver i heimen.

Flytting og utvandring som strategi

Svært mange nordmenn tok valet om å utvandre til Amerika i andre halvdel av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. For mange vart det å flytte til byen eit alternativ til å reise til Amerika. Det var lettare å få arbeid i byane enn i bygdene etter hamskiftet i jordbruket og industrialiseringa. Mange norske byar opplevde ei sterkt folkeauke frå midten av hundreåret, og i 1900 budde 35 prosent av innbyggjarane i landet i byar og tettbygde strok.²⁰⁰ Flytting til byane auka mykje i løpet av andre halvdel av 1800-talet og fungerte som ein sikringsventil som tok av for befolkningspresset i bygdene på same måten som amerikautvandringa.²⁰¹ Kvinner dominerte flyttinga til byane, medan mennene dominerte utvandringa til Amerika.²⁰²

Frå Gol var det også eit alternativ å flytte frå bygda. Mange av dei unge som tok teneste i andre bygder i nærleiken av Gol, som Nes og Ål, vart verande der for godt, andre flytta heim etter nokre år. Andre flytta lengre frå heimbygda, nedover Hallingdal og vidare til flatbygdene i nærleiken av Drammen og Kristiania, nokre flytta også til Vestlandet og vidare nordover.²⁰³

Så lenge kvinnene var ugifte, gjorde dei meir eller mindre sjølvstendige val utan å vere påverka av ektemann eller omsynet til barn. I denne delen av kapittelet vil fokusset vere på dei som flytta før dei vart gift, medan dei som flyttar etter at dei vart gift vil kome i neste kapittel.

Det var ikkje mogleg for jenter å overta garden dersom dei hadde brør som ville ta over, dei måtte ta andre val. Nokre av kvinnene flytta frå Gol, anten til andre stader i Noreg eller til Amerika. Av dei 41 i utvalet mitt som nådde konfirmasjonsalder flytta halvparten, i alt tjue jenter, frå Gol før dei vart gifte. Dei alle fleste hamna i eller i nærleiken av Kristiania, og nokre hamna andre stader i Hallingdal. Fem slo seg ned i Amerika, to gjennom etappeutvandring, medan tre reiste direkte til Amerika.

Flytting i Noreg før giftarmål

Flytting kan sjåast på som ein strategi for å skaffe seg betre utsikter i livet. Liv Andersdotter var den fyrste som drog frå bygda aleine. Ho var nest yngst i ein søskensflokk på seks. I følgje

²⁰⁰ Nerbøvik, 1999: 36

²⁰¹ Østrem, 2014: 27

²⁰² Hagemann, 2005: 170

²⁰³ Solhjell, 2014: 109

ministerialboka flytta ho frå Gol i 1890, men ho er skriven inn først i 1902.²⁰⁴ Ho flytta aleine til Nøtterøy. Sannsynlegvis gjekk ho ut i teneste der. Far hennar endra stand fleire gonger, han byrja som innerst då ho vart fødd, var sjølveigar i 1875 og innerst då ho vart konfirmert. I gards- og ættesoga kan ein lese at faren selde garden i 1882. Plassen ho vaks opp på var svært liten, med 3,2 kyrlag, og økonomien var sannsynlegvis ikkje god, då garden måtte seljast. Difor kan det ha vore økonomiske grunnar til at dottera måtte flytte tidleg heimanfrå. Kvifor ho flytta så langt vekk er ikkje godt å seie for dette opplyser ikkje kjeldene om. I 1900 var ho i teneste hjå ein pensjonist og kona hans på Nøtterøy, der ho seinare gifta seg.

Ragnhild Steingrimsdotter reiste også frå Gol. Ho var gardbrukardotter og kom frå ein gard med 15,3 kyrlag. I 1891 budde ho heime med sju andre søskjen. Her var det økonomiske utgangspunktet noko heilt anna enn hjå Liv. Ragnhild drog frå Gol før 1900, då var ho i teneste i Krødsherad. Ho kom seinare tilbake til Gol, der ho gifta seg i 1909. Er så desse kvinnene typiske for dei som flytta før dei gifta seg? Og kva slags handlingsrom hadde dei ugifte kvinnene?

Tabell 5.2 viser ei oversikt over når dei ugifte kvinnene flytta frå Gol til andre stader i Noreg.²⁰⁵ Utgangspunktet deira er tatt frå konfirmasjonslistene då dette er den siste kjelda frå tida alle framleis bur heime.²⁰⁶ For Randi Larsdotter og Thora Helgesdotter er folketeljinga 1891 brukt som kjelde til utgangspunktet då det hadde skjedd endringar mellom dei to kjeldene.²⁰⁷

Tabell 5.2 – Innanlands flytting før giftarmål etter årstal og stand i konfirmasjonslistene

Årstal for flytting	Gardbrukarar	Husmenn	Innerstar	Ukjent	Sum
Før 1900	9	2	1	1	13
Frå 1900-1910	2	2	-	-	4
Sum:	11	4	1	1	17

Kjelde: eigen database

I alt var det sytten kvinner som flytta frå Gol og til andre stader i landet før dei gifta seg.²⁰⁸ Dei reiste anten før hundreårskiftet eller i åra fram til og med 1910. Blant dei som flytta var

²⁰⁴ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld 1901-1918»: 252

²⁰⁵ For detaljar, sjå tabell 6 i vedlegg 2 – Flytting i Noreg før ekteskap

²⁰⁶ På fedrane til Liv Andersdotter, Thora Helgesdotter og Randi Larsdotter hadde det vore endringar mellom dei vart døypte, konfirmerte og folketeljinga 1891, noko ein kan lese om i kapittel 3 – Jentenes utgangspunkt.

²⁰⁷ Randi Larsdotter: faren var husmann i konfirmasjonslistene og gardbrukar i 1891, Thora Helgesdotter: faren var innerst i konfirmasjonen og husmann i 1891.

²⁰⁸ Tre av kvinnene, Ollaug Olsdotter, Randi Larsdotter og Kari Olsdotter Hallen, er eg usikker på om tok avgjerda om å flytte heilt åleine, då dei ikkje er oppført i kyrkjebøkene over flytta. Det er ikkje godt å vite om

det både innerstdøtrer, husmannsdøtrer og gardbrukardøtrer. Det var også ei som reiste som var fødd utanfor ekteskap, og Guri Henningsdotter er registrert som «ukjent» då eg ikkje veit kva arbeid faren hadde. Fire av fem husmannsdøtrer som var registrert i konfirmasjonslistene og folketeljinga 1891, reiste frå bygda før dei gifta seg. Her er Thora Helgesdotter der faren hadde endra arbeid frå innerst i konfirmasjonslistene til husmann i 1891. Ei av dei fire innerstdøtrene i konfirmasjonslistene flytta frå bygda. Blant dei tjueein gardbrukardøtrene som er registrert som konfirmerte på Gol, flytta ti av dei som ugifte til andre stader i Noreg etter konfirmasjonen. I tillegg kjem Randi Larsdotter der faren var registrert som husmann då ho vart konfirmsert men som gardbrukar i 1891. Dei som kom frå husmannskår reiste såleis nesten alltid ut før dei gifta seg, men det gjorde også halvparten av gardbrukardøtrene. Overraskande nok var det relativt færre innerstdøtrer som flytta.

Kvinnene flytta på ulike tidspunkt i livsløpet. Nokre flytta kort tid etter konfirmasjonen, og andre flytta i tjue- og trettiårsalderen. Elleve av sytten kvinner kom frå gardar eller plassar med mindre enn ti kyrlag, sju av dei kom frå plassar med mindre enn fem kyrlag. Dette viser at det økonomiske utgangspunktet til kvinnene var svært ulikt, noko ein også kunne sjå av historia til Liv og Ragnhild. Storleiken på gardane som gardbrukardøtrene kom frå, varierte svært mykje i storlek, frå 2,8 til 15,3 kyrlag.

Blant nokre av familiane til kvinnene som flytta var det ikkje berre storleiken på garden som er med på å vise at dei ikkje hadde det greitt økonomisk sett. Hjå to av gardbrukardøtrene var det andre faktorar som spelte inn på økonomien til familiane. Familien til ei av kvinnene fekk støtte frå fattigkassa, og faren til ei anna hadde lånt mykje pengar.²⁰⁹ Seinare vart også garden med 2,8 kyrlag selt. Den høyarde til familien som fekk støtte frå fattigkassa. Den siste gardbrukardottera kom frå ein gard med 11,7 kyrlag, noko som i utgangspunktet ikkje var dårlig, men faren hadde vore nøydd å låna pengar. Dermed er det ikkje sikkert at familien hadde det så enkelt likevel.

Heller ikkje Guri Henningsdotter, tvillingsøstera til Birgit Henningsdotter, som var fødd utanfor ekteskap hadde eit greitt økonomisk utgangspunkt. Guri hadde vore i teneste i folketeljinga 1891, og drog frå Gol sannsynlegvis før 1900. I folketeljinga 1900 er ei Guri Svello i teneste på Nes i Hallingdal. Svello var garden ho var fødd på. Ho er i teneste på

desse møtte ektemannen i Hallingdal eller der dei flytta til då eg ikkje har årstalet dei flyttar. Dei gifta seg der dei drog før hundreasrkiftet, og difor har eg valt å omtale desse kvinnene som om dei drog åleine. Dei andre fjorten kan eg med større sikkerheit seie at flytta på eiga hand, då dei anten har eit fast årstal for flytting og blir gift etter dette, eller dei er ugift i folketeljingane 1900 eller 1910 og dei då oppheldt seg ein anna stad enn Gol.

²⁰⁹ Ingeborg Olsdotter og Oline Halvorsdotter., & Østro, 1991: 376., & Østro, 1991: 202

prestegarden. I 1910 hadde ho flytta vidare til Kristiania, der ho budde og arbeidde ved eit sjukehus i Løkeberggaten 11.

Randi Larsdotter var ei av dei få gardbrukardøtrene som ikkje budde heime i 1891. Ho var då hjå besteforeldra. Faren hadde vore husmann då ho vart konfirmert, men var gardbrukar i 1891. Randi gifta seg i 1895. Det er ukjent kvar, men ho er ikkje funne i kyrkjebøkene på Gol, så ho gifta seg nok ikkje der. Truleg har ho då flytta frå bygda tidlegare.

Mange av gardbrukardøtrene hadde mange søsken, som kan ha vore med på å avgjere om dei kunne flytte eller ikkje. Ragnhild som me møtte i innleiinga hadde åtte heimebuande søsken i folketeljinga og jo eldre dei vart, jo meir kunne dei bidra med i heimen.²¹⁰ Dermed kan det har vore ei belastning om Ragnhild var verande heime, samstundes som ho no stod fri til å ta spranget ut i den store verda, om ho ville. Den same tendensen ser ein hjå fleire av gardbrukardøtrene som flytta heimanfrå etter 1891. Sannsynlegvis drog mange på grunn av at det ikkje lenger var bruk for arbeidskrafta deira heime, samstundes som dei kunne gje seg på leit etter betre framtidsutsikter.

Blant dei fire husmannsdøtrene som reiste,²¹¹ varierte talet på kyrlag frå 2,3 til 6. Det var sannsynlegvis økonomiske årsakar til at desse husmannsdøtrene flytta frå bygda. Det kunne vere fordi foreldra ikkje hadde råd til å ha dei buande heime, eller at dei ikkje hadde bruk for arbeidskrafta deira. Den same tendensen kan ein sjå hjå Liv, som var den einaste innerstdottera. Det ser såleis ut til at fleirtalet av dei som reiste ut før dei gifta seg kom frå trongare kår enn dei som vart verande på Gol.

Det var ikkje alle som flytta langt frå Gol, nokre flytta også til bygdene omkring. Ei flytta til Ål og ei til Nes i Hallingdal. Birgit Knudsdotter Nedrebraaten var ei av kvinnene som ikkje vart funne i folketeljinga 1900. Ho gifta seg i 1905 med Vilhelm Halsteinson Rimeslåtta frå Ål. Det er nærliggjande å tenkje seg at Birgit tok teneste på Ål ein gang etter folketeljinga 1891, og var der fram til ho gifta seg, men dette opplyser ikkje kjeldene noko om.

²¹⁰ Oversikt over heimebuande søsken i folketeljinga 1891, tabell 4 i vedlegg 2 – Folketeljinga 1891 – Gol. Stilling og plass i hushaldet, tal på heimebuande søsken.

²¹¹ Ei av dei som var registrerte som husmannsdotter i konfirmasjonslistene hadde budd heime hjå foreldra i folketeljinga 1891. Thora sin far var innerst då ho vart konfirmert, men var husmann i 1891. Difor har eg valt å setje henne her. Ho kom frå ein liten plass med 2,7 kyrlag. Ho budde heime i 1891 i lag med to yngre brør.

Det var heller ikkje alle som vart verande der dei først flytta. Fire av kvinnene som flytta, drog tilbake til Gol.²¹² Dei fleste av desse vart seinare gifte der. To av dei hadde ikkje dratt langt frå Gol, berre til Nes i Hallingdal og Krødsherad, men dei to siste hadde vore i Østre Aker og Våle i Vestfold. Kari Helgesdotter var ei av dei som kom tilbake til Gol, men ho



Foto 4: Portrett av Mari Pedersdotter Turhus Brennhovd som kom tilbake til Gol etter nokre år borte. Fotograf ukjent. Årstal ukjent. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv

flytta ut igjen seinare. Ho arbeidde frå 1902 til 1913 som sjukepleiar på Gol før ho sluttar i arbeidet. Ho gifta seg i 1918, men dette kan ikkje ha skjedd på Gol då ekteparet ikkje er registrert i kyrkjebøkene her. Sannsynlegvis flytta Kari på nytt frå bygda åleine før ekteskapet, men kvar det veit eg ikkje. Kvifor nokre kom tilbake er vanskeleg å vite fordi kjeldene ikkje opplyser om dette, men ein kan tenkje seg at dei ikkje lenger fann arbeid, eller at dei ikkje treivst og difor tok valet om å kome heim. Ein anna årsak kan vere at dei hadde ein kjærast som venta på dei heime medan dei var borte. Dei fleste av kvinnene som reiste frå Gol gifta seg, og dei aller fleste vart verande der dei flytta til. Giftarmål vil kome i eit seinare kapittel.

Handlingsrommet til kvinnene som tok valet om å reise frå bygda åleine var større enn for kvinner som drog i lag med kjærast eller ektemann, men for tre av kvinnene er det usikkert om dei faktisk drog åleine. Grunnane er at årstalet for flytting ikkje er skrive inn i kyrkjebøkene og at dei gifta seg før hundreårskiftet. Det er likevel sannsynleg at dei aller fleste kvinnene tok avgjerda om å reise åleine, sjølv om foreldre og vener kan ha påverka.

Dei fleste av kvinnene som flytta som ugifte drog før hundreårskiftet, medan dei var i tjueåra. Sjanske for å få arbeid i byane var nok større enn om dei hadde blitt heime på Gol. I følgje Gro Hagemann tilbaud næringslivet på bygdene fleire alternativ til arbeid for menn enn det gjorde til kvinner, deira arbeidskraft var etterspurt andre stader.²¹³ Det kan ha vore mangelen

²¹² Husmannsdotter Margit Arnesdotter, Nes i Hallingdal og gardbrukardøtrene Ragnhild Steingrimsdotter, Krødsherad, Kari Helgesdotter, Våle i Vestfold og Mari Pedersdotter, Østre Aker.

²¹³ Hagemann, 2005: 170

på arbeid i bygda som var utslagsgivande. Om foreldra ikkje hadde økonomi og behov for arbeidskrafta deira, kan det vere at det var dei som fekk jentene til å prøve lukka andre stader.

Det er fleire fellestrekk mellom dei kvinnene som flytta langt frå Gol i åra etter konfirmasjonen. Dei fleste kom frå små eller mellomstore gardar, og økonomien til foreldra var oftast svak hjå alle i tida då kvinnene drog frå bygda. Det er svært sannsynleg at mange flytta av økonomiske årsakar. Dei fleste drog nedover dalen, til meir bynære område i nærleiken av Drammen og Kristiania. Årsakene til at kvinnene drog frå bygda kan ha vore alt frå at dei ikkje fekk arbeid på Gol, foreldra ikkje hadde behov eller råd til å ha dei heime. Dei aller fleste vart og verande der dei flytta, berre tre flytta tilbake til Gol der dei seinare gifta seg. To andre kvinner tok flyttinga til byen som ein etappe på vegen til Amerika.

Utvandring til Amerika før giftarmål

Utvandringa frå Noreg føregjekk i fasar. Kvinnene i utvalet mitt fell inn under dei to siste fasane i utvandringa, frå 1893 til 1900, og den siste fasen varte frå hundreårskiftet og fram til 1910. I byrjinga dominerte familieutvandringa, men utover 1880-åra auka talet på enkeltutvandrarar. I følgje Ingrid Semmingsen var om lag 80 prosent av utvandrarane i perioden 1891 til 1910 ugifte.²¹⁴ Kvinner var ein svært viktig del av denne enkeltutvandringa. Fram til 1880-åra var fleirtalet av kvinner kome til Amerika som ein del av ein familie, medan dei no hadde byrja å reise aleine. Det var som oftast unge, ugifte kvinner som tok reisa til Amerika aleine.²¹⁵ I følgje Kåre Olav Solhjell var viktige motivasjonsfaktorar for å reise var utferdstrong og eventyrlyst.²¹⁶ Eit ønske om betre utsikter til eit levebrød og ei framtid.

Utvandringa kunne mellom anna gå føre seg som etappe- og kjedemigrasjon.

Kjedeemigranten reiste ofte til stader der det allereie budde nordmenn frå same stad som han.²¹⁷ «Kjedemigrasjon gjer at utvandraren kan dra i forvissing om at han kan knyta seg til miljø eller personar han kjenner i det landet som er målet for reise» hevdar Nils Olav Østrem.²¹⁸ Det vil seie at nokon kjende hadde dratt i førevegen, emigranten hadde eit nettverk, og han kunne også påverka andre til å reise. Kontakta med heimstaden vart oppretthaldt via brev, og ved at mange ofte sendte pengar eller billettar heim, noko som førte til at fleire reiste etter. Svært mange nordmenn ville aldri hatt råd til å reise om ikkje nokon hadde sendt

²¹⁴ Semmingsen, 1950: 493

²¹⁵ Østrem, 2014: 73

²¹⁶ Solhjell, 2014: 118

²¹⁷ Østrem, 2014: 92

²¹⁸ Østrem, 2014: 93

billettar til dei.²¹⁹ I følgje Semmingsen kunne dei som budde i Amerika ha fleire motiv for å hjelpe folk til å emigrere.²²⁰ Det kunne mellom anna vere eit behov for arbeidskraft, eller å samle slekt. Også blant kvinnene i utvalet mitt var det fleire som fekk billetten betalt.

Etappeemigranten kunne vere ein del av kjedemigrasjonen, men måtte ikkje. Ein som utvandra i etappar reiste ofte først til ein anna stad i Noreg, ofte til byen, for så å reise vidare til Amerika, slik som Birgit Larsdotter og Margit Olsdotter Braaten gjorde.

Tabell 5.3 nedanfor viser ei oversikt over kven som drog, når dei drog, reisefølgje og reisemålet deira. Sivilstatusen er den dei er registrert med i emigrantprotokollane. Kva handlingsrom hadde så dei ugifte kvinnene som utvandra, og kva strategiar valde dei for utvandringa?

Tabell 5.3 – Dei som utvandra til Amerika etter konfirmasjonen før giftarmål

Namn	Utreisedato	Sivilstatus	Reisefølgje	Førehands-betalt billett	Reisemål	Fars yrke
Ingeborg Halvorsdotter	16.04.1891	Ugift	Far: Halvor Guttormsen, Mor: Margit Guttormsen og to søskener.	Ja	Stephen, Minnesota	I
Ollaug Halvorsdotter	29.05.1891	Ugift	Aleine, men drog samtidig som broren, med ulikt reisemål	Nei	Grand Forks	G
Margit Olsdotter Braaten	14.03.1902	Ugift	Aleine, men drog samtidig som fire andre fra Gol.	Nei	Dakota	G
Birgit Larsdotter	10.06.1903	Ugift	Aleine	Ja	Minnesota	H
Birgit Knudsdotter Fossebakken	26.10.1906	Ugift	Aleine	Ja	Nord Dakota	G

Kjelde: eigen database

Det var fem kvinner som utvandra til Amerika som ugifte etter konfirmasjonen. Ingeborg Halvorsdotter var den siste av kvinnene som drog i lag med familien. Ho var i teneste i folketeljinga 1891 medan foreldra budde som innerstar på ein anna gard.²²¹ Ho kom frå ein relativt liten gard med 4,7 kyrlag. I følgje gards- og ættesoga selde faren garden i 1891, og foreldra med dei tre yngste barna utvandra til Amerika, billetten var betalt av dei to eldste sonene deira.²²² I april drog dei frå Kristiania med skipet *Norge*, med Stephen, Minnesota som

²¹⁹ Semmingsen, 1950: 54

²²⁰ Semmingsen, 1950: 57

²²¹ Faren var gardbrukar då dottera vart konfirmert

²²² Østro, 1988: 248., & eg er usikker på om det stemte at faren selte garden så seint som i 1891, for i folketeljinga som vart gjennomført 2. januar det året, står faren som innerst på Nymoen der han var sjølveigar under konfirmasjonen til Ingeborg i 1890.

reisemål. Det kan ha vore økonomiske grunnar til at familien valde å reise frå Gol. Det var tronge tider på Gol, og folk såg utvandring til Amerika som ein utveg til eit betre alternativ.

Som ein kan sjå ut i frå tabell 5.3 var tre av utvandrarane gardbrukardøtrer, ei var innerstdotter og ei var husmannsdotter. Fleire brukte flytting til byen som ein etappe på reisa til Amerika, slik som husmannsdotter Birgit Larsdotter og gardbrukardotter Margit Olsdotter Braaten. Dei to reiste først nedover til områda kring Kristiania, før dei tok reisa vidare til Amerika.

Utover 1880-talet vart det vanlegare med enkeltutvandring, altså at nokon drog aleine. I masteroppgåva si skreiv Henriette Austevik om unge ugifte kvinners utvandring til Amerika. I følgje henne var nok denne enkeltutvandringa blant unge prega av at dei hadde lyst til å reise, framfor familieutvandringa som ofte var tvunge på grunn av forholda i Noreg.²²³ Framtidsutsiktene i Noreg var därlege om ein samanlikna med tilhøva i Amerika.

Birgit Larsdotter var den første ugifte i mitt utval som reiste åleine over Atlanteren. Ho tok utvandringa som etappflytting. I folketeljinga 1891 budde ho framleis heime hjå foreldra.



Plassen ho kom frå var av dei større husmannsplassane med 6 kyrlag. Ho flytta til Asker i 1897 i følgje ministerialboka for Gol. I 1900 er truleg den same Birgit i Kristiania, der ho er i teneste hjå ein skomakarsvenn, Hans Ludvig Tane Lange. Om Birgit tok avgjerda om å utvandre aleine er ikkje sikkert. Ho reiste aleine, på førehandsbetalt billett til Amerika den 10. juni 1903, med Minnesota som reisemål. Det kan ha vore hennar framtidige ektemann som betalte billetten, då dei gifta seg året etter at ho kom fram.

Foto 5: Birgit Larsdotter Stakebråten, Fotograf ukjent. Ukjent årstal. Digitalt museum, Gol Bygdearkiv.

Birgit Knudsdotter Fossebakken var den andre som drog aleine til Amerika. Om ho reiste direkte eller i etappar er usikkert då ho ikkje vart funne i folketeljingane 1891 og 1900. Ho var gardbrukardotter frå eit gardsbruk med 6,2 kyrlag. I 1891 var sannsynlegvis Birgit i teneste, men sidan ho heller ikkje vart funne i folketeljinga for Gol dette året, er det usikkert

²²³ Austevik, 2011: 31

kor ho opphaldt seg. I og med at ho ikkje vart funne i dei to teljingane kan ho ha dratt til byen i åra etter konfirmasjonen slik som fleire andre. Ho var ugift då ho drog frå Noreg den 26. oktober 1906 til Nord Dakota. Ho drog på ein førehandsbetalt billett, så ho hadde nok eit nettverk då ho kom til Amerika. Birgit gifta seg først nokre år etter at ho kom til Amerika, omkring 1911.

Gardbrukardottera Margit Olsdotter Braaten valde ein litt annan strategi på vegen til Amerika. Ho drog samtidig som fire andre. Margit kom frå ein gard med 10,5 kyrlag og i 1891 var ho ute i teneste. I 1900 er truleg den same Margit, tenestejente hjå ein familie i Østre Aker. Ho utvandra 14. mars 1902 frå Kristiania med Dakota som reisemål. Dei fire ho reiste i lag med var alle frå Gol, ein mann og tre kvinner. Dei var også alle unge og ugifte, og hadde Dakota som mål. Margit må ha kjøpt billetten sin sjølv og sannsynlegvis brukta tida i byen for å spare seg opp pengar til reisa. Seinare same året gifta ho seg med Knut Toreson Erikson i Amerika.

Å reise i lag med andre kunne vere ein strategi for unge og ugifte som kunne gjere reisa både triveligare og tryggare. I følgje Austevik kunne mange av kvinnene som reiste aleine ha hatt kjennskap til fleire av dei som emigrerte, sjølv om dei ikkje var registrert saman med dei,²²⁴ slik som Margit som reiste i lag med fire andre frå same bygd. Nettverket kvinnene bygde opp andre stader enn heimbygda kunne og vere viktig, og det er mogleg at dei andre kvinnene som utvandrar i etappar kan ha reist i lag med andre frå andre stader, sjølv om det og er mogleg at dei drog heilt aleine.

Å reise i lag med andre gjorde også Ollaug Halvorsdotter. Ho var den fyrste av kvinnene som drog utan foreldra til Amerika, og var den fyrste som reiste etter konfirmasjonen. Ho og broren reiste direkte til Amerika framfor å ta reisa i etappar. Ho var yngst i ein søskensflokk på tre, og budde heime i 1891. Garden ho kom frå hadde 8,8 kyrlag. Ho drog samtidig som den to år eldre broren, Tolleiv, då ho var 16 år. Ho drog 29. mai 1891. I emigrantprotokollane kan ein sjå at Ollaug og Tolleiv reiste same dato og med same skipet, Angelo, men dei hadde ulike reisemål. Ho hadde Grand Forks som reisemål, medan han hadde New York. Det kan ha vore eventyrlyst og betre framtdsutsikter som freista dei to til å reise.

Ein kan sjå klare skilnader mellom gruppa med ugifte kvinner over konfirmasjonsalder og den gruppa som reiste som barn. Blant dei som utvandra som barn var det fattigdom, økonomiske kriser i familiene og andre faktorar som pressa dei ut frå landet, men også tanken om betre

²²⁴ Austevik, 2011: 50

tilhøve i Amerika kan ha lokka familiene deira til å utvandre. Pull- og push-faktorane er svært viktige i utvandringssamanheng.

Om ein samanliknar Ingeborg, som er den siste som reiste som ein del av ein familie, og dei andre kvinnene som drog aleine, er det også skilander mellom dei. Det kan verke som at no er det meir eventyrlyst og nye og betre utsikter som drog dei ugifte kvinnene til det nye landet, framfor faktorar som tvang folk til å reise frå Noreg. Det kan tyde på at Ingeborg sin familie drog av økonomiske årsakar, sidan dei hadde allereie utreiste familiemedlemmar som betalte billettane for dei, og at faren også hadde gått frå å vere gardbrukar til innerst. Dei unge og ugifte kvinnene hadde større fridom til å ta eigne val, og ved å ta reisa som etappar kunne dei spare seg opp pengar til billetten.

Av kvinnene som drog til Amerika etter konfirmasjonen, var det om lag halvparten av dei ugifte som drog samtidig med andre. Ingeborg drog i lag med familien, Olaug og broren hadde ikkje same reisemål, så dei drog truleg kvar sin veg då dei kom til USA, det same gjeld Margit som drog saman med fire andre ugifte frå Gol. Dei andre tok reisa aleine. Det kan vere fleire årsakar til at kvinnene tok valet om å utvandre. Det var sannsynlegvis draumen om ei betre framtid som freista dei til å reise frå heimlandet. Årsaka til at nokre av kvinnene tok reisa i etappar kan ha vore for å ha råd til billetten.

Fleire av dei som utvandra hadde slekt buande i Amerika før dei drog. Om desse var med på å påverke at kvinnene drog er ikkje godt å vite, men det er mogleg. I Ingeborg og familien sitt tilfelle var det nok sønene som fekk dei til å reise. Amerikabreva var ein vanleg kommunikasjonsmåte, og desse var nok ein stor påverknad på mange som tok valet om å utvandre. Mange av norskamerikanarane hadde eit nært forhold til fødelandet, og heldt kontakten så best dei kunne. Breva inneheldt ofte skildringar om kor flott det var i Amerika, og mange oppmoda slekt og vener til å reise etter.²²⁵

Margit Olsdotter Braaten hadde også slekt i Amerika. Ho var den fyrste av sine søskjen som utvandra til Amerika, og den einaste av hennar slektningar som hadde utvandra tidlegare var ei søster av mora som døydde før Margit utvandra. Tanta hadde to søner som truleg var på Margit sin alder.²²⁶ Margit utvandra til Nord Dakota, og budde i 1910 same plassen der kor slekta hennar også budde, i Walcott, Richland, i Nord Dakota. Også Ollaug Halvorsdotter

²²⁵ Semmingsen, 1950: 74

²²⁶ Østro, 1993: 142

hadde slekt i Amerika då ho reiste. To brør av faren hadde utvandra omkring 1870.²²⁷ Også broren ho reiste samtidig med kan ha vore ein sterk påverknad for at ho reiste. Då Birgit Knudsdotter Fossebakken drog frå Noreg i 1906, budde allereie ein bror av henne der, kor han budde opplyser ikkje bygdeboka om.

Om kvinnene vart påverka til å reise eller ikkje, eller om dei tok følgje med kjentfolk, tok dei avgjerda meir eller mindre aleine. For kvinnene som fekk billetten førehandsbetalt var nok avgjerda om å reise, litt enklare enn for dei som betalte sjølve. Etter at kvinnene var kome til Amerika vart dei fleste av dei gift, nokre med nordmenn, andre med amerikanar.

Kvinnene hadde eit ulikt handlingsrom i samband med utvandring. Dei hadde større høve til å ta avgjerda aleine enn om dei hadde vore gift, men dei kom frå ulike økonomiske utgangspunkt og valde ulike strategiar for utvandringa. Ingeborg som drog i lag med familien tok ikkje valet om å reise aleine, om ho i det heile tatt var ein del av avgjerda. Ho var ein del av kjedemigrasjonen der tidlegare utreiste hadde påverka andre heime til å kome etter. Dei andre som drog aleine hadde større moglegheiter til å bestemme sjølve, sjølv om dei drog samtidig med andre. Dei ulike strategiane for å reise var både å ta utvandringa som etappar, spare seg opp nok pengar ved å ha anna arbeid før ein drog, eller å få billetten betalt av andre.

Arbeid før giftarmål

I løpet av 1800-talet endra samfunnet seg mykje mellom anna når det gjeldt utsiktene kvinner hadde til både arbeid og utdanning. Mot slutten av hundreåret skjedde det ei endring i folks oppfatning av kvinner i arbeid, der barne- og kvinnearbeid vart oppfatta som «forkastelig», i følgje historikar Ida Blom.²²⁸ Mannen skulle forsørgje kvenna, medan kvenna skulle ta seg av omsorgsarbeidet. Kvinnearbeid vart avgrensa ved lov i 1892. Dei fekk ikkje lengre lov til å arbeide i gruver og heller ikkje arbeide i seks veker etter fødsel. No vart det dei ugifte kvinnene som dominerte på den kvinnelege arbeidsmarknaden, medan dei gifte trakk seg ut. Blant vaksne kvinner generelt var yrkesaktiviteten i 1900 på 35 prosent, og blant ugifte kvinner om lag 62 prosent.²²⁹

Den ugifte kvenna skulle forsørgje seg sjølv med arbeid utanfor familien. I realiteten var det ikkje alltid dette gjekk. Kvinner fekk ofte så låg lønn at dei måtte bu hjå foreldra.²³⁰

²²⁷ Østro, 1993: 394-395

²²⁸ Blom, 1994: 128

²²⁹ Melby, 2005: 261

²³⁰ Blom, 1994: 131

Kvinneoverskotet førte til at mange kvinner vart seint eller aldri gift.²³¹ Mange av dei ugifte fann anna arbeid enn lønnsarbeid, men ofte vart dei buande heime der dei arbeidde i huset eller på garden.²³² Det var vanskelegare å få seg arbeid i bygdene enn i byane, og mange valde å flytte.

Det vanlegaste kvinneyrket var framleis tenestejente. Sjølv om tenaryrket hadde hatt ein nedgang etter 1850, var det ein aukande etterspurnad etter tenestejenter i byane på grunn av urbanisering og ein veksande middelklasse.²³³ Aukande handel og fleire butikkar gjorde det også lettare for jenter frå bygdene å få seg arbeid i byar og tettstader. Mange fann seg arbeid i industrien. I følgje Jostein Nerbøvik utgjorde kvinner om lag ein tredel av dei som var sysselsett innan industri og varehandel i 1900.²³⁴ Dette yrket fungerte på same måten som tenesteyrket, dei hadde det som oftast i åra mellom konfirmasjon og giftarmål.²³⁵ Fleirtalet av kvinnene som arbeidde som tenestejenter og innan fabrikkarbeid var ugifte kvinner i alderen 15 til 30 år. Heilt fram til etter andre verdskrig var tenaryrket det vanlegaste lønnsarbeidet for kvinner.²³⁶

I Hallingdal vart fleire av dei ugifte jentene verande hjå foreldra der dei arbeidde heime og på garden. Andre hadde arbeid som sydamer, bakstedeier eller dei reiste rundt på gardane og hjelpte til i onnetida.²³⁷ Margrete Olsdotter var ei av kvinnene som budde heime hjå foreldra i lag med fire søsken då folketeljinga 1900 vart gjennomført. Ho hadde budd heime hjå foreldra heile livet og arbeidde på garden. Faren var gardbrukar, og garden hadde 16,8 kyrlag. Mari Pedersdotter var ei av dei som hadde flytta frå Gol før hundreårskiftet. Ho hadde budd heime då folketeljinga 1891 vart gjennomført, og flytta heimanfrå etter dette. I 1900 budde ho på Aaberg i Østre Aker der ho arbeidde som tenestejente og stuepike hjå grosserer Johan Aaberg med familie. Er så desse jentene typiske for utvalet mitt?

Til denne delen av oppgåva folketeljingane 1900 og 1910 i Noreg og USA brukte som kjelder.²³⁸ Utgangspunktet er dei nitten ugifte kvinner som vart funne i folketeljingane 1900 i Noreg og USA, og ni i 1910. Tabellane nedanfor viser yrka til dei som budde i heimbygda

²³¹ Nerbøvik, 1999: 91

²³² Melby, 2005: 261

²³³ Hagemann, 2005: 197

²³⁴ Nerbøvik, 1999: 91

²³⁵ Hagemann, 2005: 198

²³⁶ Melby, 2005: 316

²³⁷ Sørhøy, et al., 2012: 114

²³⁸ I 1900 teljinga er det fire kvinner som ikkje er funne: Birgit Knudsdotter Fossebakken, Birgit Knudsdotter Nedrebraaten, Oline Halvorsdotter og Guri Karlsdotter, og dei to siste er heller ikkje funne i 1910-teljinga. Birgit Knudsdotter Fossebakken utvandrar i 1906, men ho er ikkje funne i USA før i 1920.

anten hjå foreldra eller andre på den eine sida, og dei som budde andre stader i landet eller Amerika.²³⁹

Tabell 5.4 – Yrka til kvinnene som budde heime eller var i teneste på Gol

Yrke	1900	1910
Tenestejente	2	-
Heimebuande dotter	5	1
Fotograf	1	1
Sjukepleiar	-	1
Sum:	8	3

Kjelde: eigen database

Tabell 5.4 er ein oversikt over kvinnene som anten var i teneste eller budde heime hjå foreldra, på Gol. Tabellen viser at blant dei som vart buande i heimbygda, var det vanlegast å bli buande heime hjå foreldra. Av dei som åtte som budde på Gol i 1900, budde seks av dei heime hjå foreldra, medan dei andre to var i teneste.

Dei fleste av dei som budde heime hadde arbeid med husstell og kreaturstell, eller syarbeid. Fleire av dei budde heime i 1891, og mange av dei var døtrer av gardbrukarar. Ingeborg Torkildsdotter, hadde arbeid utanfor garden og heimen. Då folketeljinga 1900 vart gjennomført var ho mellombels på Ål, men ho budde heime på garden Bergheim, som broren hadde kjøpt, og som foreldra hadde flytta til. Der var ho oppført som tenesteytande, sannsynlegvis fordi ho forsørgja seg sjølv, og hjelpte til. Ingeborg hadde eit noko spesielt yrke, ho var fotograf. Dette yrket var nytt på slutten av 1800-talet, og det fanst fleire kvinnelege fotografar. Broren var den som fekk henne inn i yrket. Han hadde gått i lære i Kristiania og var den første faste fotografen på Gol. Han hadde laga eit transportabelt atelier, som vart frakta på vogn eller slede, som gjorde at han og systera kunne reise rundt å fotografare.²⁴⁰ Etter at broren døydde, fortsette Ingeborg med fotograferinga. I 1910 budde ho framleis på Bergheim der ho sto oppført som losjerande. Ho gifta seg i 1913, og om ho fortsette med fotograferinga er ikkje godt å vite.

Dei to som var i teneste i 1900 var innerstdotter Birgit Syversdotter og husmannsdottera Margit Arnesdotter. Birgit var ei av dei som ikkje vart funne i folketeljinga 1891, men sannsynlegvis var ho i teneste i ei av nabobygdene til Gol. I 1900 var ho i teneste på Finnesgarden på Gol og står oppført som tenestejente og budeie. Ho hadde ei dotter som var

²³⁹ For detaljar, sjå tabell 7 i vedlegg 2 – Arbeid før giftarmål

²⁴⁰ Østro, 1991: 763

fødd utanfor ekteskap, i 1899, som budde hjå foreldra hennar. I 1910 var Birgit gifta seg med Sven S. Botten på Gol. Margit var i teneste i 1891, og i 1900 var ho framleis i teneste på Gol. I 1910 var ho i teneste i nabobygda Nes, og ho hadde ein son fødd utanfor ekteskap som budde hjå hennar foreldre.

I 1910 har talet på ugifte kvinner på Gol gått ned, grunna giftemål og ei som hadde døydd. Av dei kvinnene som budde på Gol i 1910, var det tre ugifte kvinner att. To budde heime, og Margit Tollefsdotter var ei av desse. Ho budde hjå foreldra sine der broren no dreiv garden. Ho som ikkje budde budde heime var Kari Helgesdotter. Ho budde hjå foreldra i 1891, men var utreist i 1900 og budde då i Våle i Vestfold der ho var i teneste. I 1910 var ho komen heim att til Gol og arbeidde som sjukepleiar ved Gol sjukehust. Kari er dermed nemnt i både tabellane. Kari hadde tatt utdanninga for å få arbeid ved sjukehuset på Gol, løna var 250 kroner året og ho arbeidde der frå 1902 til 1913.²⁴¹ Det var svært vanleg at sjukepleiarane budde ved institusjonen der dei arbeidde, der dei var underlagt strenge reglar og fekk ofte mesteparten av lønna som kost og losji.²⁴² Sjukepleiaryrket vart etter kvart eit vanleg yrke blant kvinner, og dei fyrste sjukepleiarskulane vart skipa like før hundreårskiftet i regi av Røde Kors og Sanitetsforeininga.

Tabell 5.5 – Yrka til kvinnene som budde heime eller var i arbeid andre stader i Noreg og USA

Yrke	1900	1910
Teneste	9	4
Heimebuande dotter	2	2
Sum:	11	6

Kjelde: eigen database

Tabell 5.5 viser ei oversikt over dei som budde andre stader i Noreg og USA. Det er både kvinner som framleis budde hjå foreldra, og dei som budde hjå andre. I denne tabellen er det tenesteyrket som var det vanlegaste, slik som det også var på landsbasis. I 1900 var det ni kvinner som var i teneste andre stader enn i heimbygda. Dette inkluderer kvinnene som framleis var i landet og ei som var i teneste i Amerika. Årsakene til at talet på ugifte kvinner i arbeid gjekk ned mellom dei to folketeljingane, var på grunn av at mange av kvinnene gifta seg og ei av dei døydde.

²⁴¹ Svello, 1963: 413-414

²⁴² Melby, 2005: 312

Det var berre to av kvinnene som budde heime av dei som budde andre stader enn på Gol. Dette var Kari Herbrandsdotter, der familien hadde utvandra då ho var liten. I 1900 var ho oppført som hushjelp, og i 1910 var ho ikkje oppført med noko arbeid. Ho budde på farmen som broren dreiv fram til ho døydde omkring 1915. Sigrid Olsdotter budde også heime hjå foreldra. I 1900 var ho oppført med kreaturstell, men i 1910 var ho oppført som kapitalist.

Kvinnene som budde andre stader enn hjå foreldra, var alle i tenesteyrket. Her var det fleire variasjonar i kva arbeid dei var registrert med, mellom anna kokke, stuepike og kjøkkenpike. Blant desse er Ollaug Halvorsdotter som hadde utvandra til Amerika i 1891. Ho arbeidde som tenestejente i folketeljingane i 1900 og 1910 i USA. Ei anna av kvinnene var Birgit Larsdotter. I folketeljinga 1900 står ho oppført som einsleg losjerande hjå ein familie i Kristiania. Ho står også oppført som arbeidsledig tenestejente. Nokre år seinare utvandra ho til Amerika der ho gifta seg.

Gjennom arbeidet kunne kvinnene også møte ein framtidig ektemann. Dette gjorde sannsynlegvis Barbro Knudsdotter. Ho hadde flytta frå Gol etter konfirmasjonen og i 1900 var ho i Lier der ho arbeidde som kokke. I 1910 hadde ho flytta vidare til Skoger der ho no arbeidde som «husbestyrerinde» hjå gardbrukar Kristoffer Jørgensen, som ho gifta seg med i 1911. Margrete og Mari er svært typiske for dei ugifte kvinnene i utvalet mitt. Dei fleste hadde flytta heimanfrå i 1900, men mange budde også heime hjå foreldra der dei anten arbeidde på garden, eller hadde anna arbeid utanfor garden. Tenesteyrket var det vanlegaste yrket blant dei som hadde flytta heimanfrå, men det fanst også andre yrke blant kvinnene. Det kan igjen tyde på at døttrene som vart buande heime, var det foreldra hadde økonomi til å la dei gjere det.

Oppsummering og konklusjon

I den fyrste delen av kapittelet har eg sett på kvar jentene oppheldt seg under folketeljinga 1891 på Gol, om dei budde heime eller var i teneste. Av dei 31 jentene som vart konfirmerte på Gol fann eg att 26 av dei i folketeljinga 1891. Det store fleirtalet av jentene budde framleis heime, berre sju hadde flytta heimanfrå. Til ein viss grad var det slik at dei frå gode gardar vart verande heime, medan dei som kom frå små kår måtte ut i teneste. Det var store skilnader mellom alle jentene som budde heime i kva økonomisk utgangspunkt dei hadde. Her kan det tenkast at foreldra på dei små plassane og gardane hadde behov for arbeidskrafta og difor let jentene bu heime, medan blant dei som kom frå dei større gardane hadde familiene betre råd til å halde tenestefolk, men valde å la dei konfirmerte barna framleis bu heime.

Blant jentene som ikkje budde heime, var seks i teneste og ei budde hjå slektingar. Fleirtalet av jentene kom frå små gardar og plassar. Her kan det ha vore ein kombinasjon av foreldra sin økonomi og at jentene hadde søstrer som kunne gjere det same arbeidet som dei sjølve. Det ser ut til at det var økonomi og behovet for arbeidskraft som var med på å avgjere om jentene kunne bu heime eller om dei måtte ut i teneste.

I den andre delen av kapittelet tok eg for meg flytting som strategi før giftarmål, både i Noreg og til Amerika. Kva det var som fekk dei til og flytte frå bygda, og handlingsrommet til dei ugifte kvinnene. Handlingsrommet til gifte og ugifte kvinner var svært ulikt, då dei ugifte i langt større grad kunne ta avgjerda aleine. I alt var det tjue jenter som flytta frå bygda før giftarmål, sytten til andre stader i Noreg, to drog vidare til Amerika og tre reiste direkte.

Av dei som flytta, reiste det store fleirtalet til andre stader i Noreg. Av husmannsdøtrene i utvalet mitt flytta det store fleirtalet frå heimbygda, og om lag halvparten av alle gardbrukardøtrene gjorde det same. Det økonomiske utgangspunktet til jentene varierte, men dei fleste kom frå små eller mellomstore gardar. Familiane til eit par av jentene hadde slitt økonomisk. Ulike faktorar som tal på søsken og dei økonomiske føresetnadene kan ha vore med på å påverke jentene til å flytte, men også eit ønske om eit eige levebrød og liv i byane.

Blant jentene som utvandra til Amerika før giftarmål, var det ei av dei som reiste i lag med foreldra og søsken, to andre reiste samtidig som slekt og andre frå heimstaden. Dei kom frå små eller mellomstore gardar. Strategiane for reise var ulikt. Nokre fekk billetten førehandsbetalt og andre tok reisa i etappar. Fleire av jentene hadde slekt i Amerika som kunne ha vore med på å påverka avgjerda.

I den siste delen av kapittelet såg eg på kva slags yrker dei ugifte kvinnene hadde. Eg valde å gruppere kvinnene i to tabellar, ein over dei som budde i heimbygda og ein over dei som budde andre stader. Blant dei som vart buande på Gol, var det vanlegast å bli buande hjå foreldra, der dei hadde ulike arbeidsoppgåver. Nokre få budde andre stader enn hjå foreldra. Blant kvinnene som budde andre stader i Noreg og USA var det vanlegaste yrket tenesteyrket.

Ut i frå resultata som kjem frå i dette kapittelet ser det ut til at familiens økonomi og behov for arbeidskraft var avgjerande i om barna vart buande heime eller gjekk ut i teneste etterkonfirmasjonen, faktorar som ser ut til å vere viktigare enn om dei kom frå gardar eller husmannsplassar. Faktorane kan og ha vore med på å påverka om jentene flytta frå bygda, då det ser ut til at dei fleirtalet av dei som reiste kom frå trongare kår. Dei ugifte hadde eit større handlingsrom til å ta eigne avgjerder i samband med flytting enn om dei hadde vore gift.

Kapittel 6: Gift og ugift.

Fram til langt ut 1800-talet var det viktig å bli godt gift, og foreldra hadde ofte eit ord med i laget. Ekteskapet skulle sikra formue og status. Med skiftet til eit moderne samfunn med mange slags yrke og sterk vekst i byar og tettstader vart dette mindre viktig mot slutten av hundreåret og utover 1900-talet. For mange stod ekteskapet framleis som eit mål og som ein strategi for å skaffe seg eit godt liv. Det var eit overskot av kvinner i den norske befolkninga, som mellom anna var påverka av at fleire menn utvandra, det var høgare dødelegheit blant menn, og det gamle ekteskapsmønsteret med relativt høg giftarmålsalder framleis dominerte.²⁴³

Dei ugifte vart sett på som eit problem, og det vart rekna som eit personleg nederlag for kvenna om ho ikkje stifta familie. «De forstyrret idealet om romantisk kjærighet og om ekteskapet mellom mann og kvinne som samfunnets grunnvoll» i følgje historikaren Kari Melby.²⁴⁴ Norma var at kvinner skulle bli hustru og mor. Det var likevel ikkje alle som var med på denne tankegangen. Dei ugifte kvinnene vart såleis svært viktige pådrivarar av kvinnefrigjeringa som skjedde på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. I følgje



Foto 6: Mari Pedersdotter med ektemann.
Fotograf E.T. Braaten. Ukjent år. Digitalt
Museum, Gol Bygdearkiv

Melby var det mykje grunna dei ugifte kvinnene at ein fekk den aukande individualiseringa som kjenneteiknar det moderne samfunnet.²⁴⁵ Det er grunna desse kvinnene at det var eit behov for å auke kvinnernas rettar for at dei skulle bli i stand til å forsørge seg sjølve. Mange av kvinnene kjempa aktivt for likestilling mellom kjønna.

I fyrste del av 1900-talet hadde idealet om eit ekteskap med romantisk kjærleik mellom mann og kvinne for lengst slått gjennom. Kvinner og menn skulle kunne velje den partnaren dei ville for at ekteskapet skulle bli lykkeleg, men framleis kunne ekteskap bli inngått som ein del av ein strategisk økonomisk samanheng. Generasjonen av kvinner fødd på 1860- og 70-talet kan ha vore ueinige med

²⁴³ Melby, 2005: 261

²⁴⁴ Melby, 2005: 262

²⁴⁵ Melby, 2005: 262

mødregenerasjonen på fleire område, men på eitt viktig punkt likna dei den føregåande generasjonen av kvinner, dei aksepterte at ektemannen skulle forsørge kvinnen, og kvinnen skulle vere heime og ta omsorgsarbeidet.²⁴⁶ Kvinnen var dermed økonomisk avhengig av ektemannen. Tanken om at kvinnen skulle vere heime og ta seg av hus og barn hadde kome frå dei meir kondisjonerte i samfunnet på 1800-talet, mellom anna embetsmannsfamiliar, der mannen fekk løn som skulle forsørge familien.²⁴⁷ Mot slutten av hundreåret og inn i det nye vart dette rådande tankegang.

På gardar og husmannsplassar rådde likevel framleis det gamle kjønnsrollemönsteret. Der var arbeidskrafta til kvinner og menn like viktig for utkomet. Dei som gifta seg til ein gard hadde difor andre omsyn å ta enn dei som gifta seg med menn som hadde utsikter til løna arbeid. Mange venta med å gifte seg til dei hadde eit levebrød som kunne brødfø ein familie. Jenter frå smågardar og bruk styrde ofte valet av ektemake sjølv, då dei hadde mindre å tape enn dei som kom frå større gardar. I nabobygda til Gol, Hemsedal, måtte dei som kom frå meir velstand bruke «forstanden og næringsvetet» i leitinga etter ein partner.²⁴⁸ Det var viktig å gifte seg innan sin stand. Dei unge hadde likevel fridom til å velje, men var foreldra i mot ekteskapet kunne livet blir vanskeleg. Mot slutten av 1800-talet skjedde det likevel også her ei modernisering i synet på ekteskap, og unge gutter og jenter fekk større fridom i val av partnar.

Som nemnt i førre kapittel, var 41 av det opphavelege utvalet på 60 kvinner i live ved konfirmasjonsalder. Av desse gifta 33 seg, anten i Noreg eller Amerika, medan 7 kvinner aldri gifta seg. Guri Karlsdotter fell utanfor desse tala, fordi eg er usikker på om ho gifta seg eller ikkje. Grunnen til dette er at ho forsvinn frå kjeldematerialet etter konfirmasjonen, og bygdebøkene har heller ikkje noko informasjon om henne. I dette kapittelet vil eg sjå på når kvinnene gifta seg og stifta eigen familie, om dei gifta seg i det heile tatt, og kva arbeid dei og ektemannen hadde. Flytting etter giftarmål vil og bli undersøkt.

For mange av kvinnene er informasjonen om ekteskapet deira funne i kyrkjebøkene i Noreg, men for fleire av dei som utvandra til USA har eg mått rekne meg fram til omtrent når dei gifta seg, ved å sjå på kva som står oppført i folketeljingane. Ei av desse er Thora Steingrimsdotter. Ho var ei av kvinnene som hadde utvandra til Amerika som barn, og ho var den fyrste av kvinnene som gifta seg. Thora gifta seg i 1892, då ho var om lag 18 år. Ektemannen var Hans Janson frå Trøgstad i Noreg. Han var om lag elleve år eldre enn ho. Dei

²⁴⁶ Blom, 1994: 147

²⁴⁷ Blom, 1994: 132-133

²⁴⁸ Sørhøy et al., 2012: 66

budde i Oregon i USA, der dei fekk ti barn. Men ikkje alle av kvinnene gifta seg tidleg. Gardbrukardotter Kari Helgesdotter var godt vaksen då ho gifta seg i 1918 med Ole Aanerud frå Sande. Kari var då 43 år gammal. Det var ikkje alle kvinner som gifta seg i løpet av livet, mellom anna Sigrid Olsdotter. Ho og familien flytta frå Gol til Hurum på 1880-talet, og Sigrid vart buande i lag med foreldra.

Thora gifta seg altså svært tidleg. Kari gifta seg seint og Sigrid vart aldri gift. Kva var så grunnen til slike store skilnader i giftarmålsalder og kvifor gifta nokre av kvinnene seg aldri? Er den store skilnaden i giftarmålsalder typisk for utvalet mitt, eller fann dei fleste seg ein ektemake då dei kom opp i 20-åra, slik det var vanleg elles i den norske befolkninga?

Ekteskap

Kvinnene er følgt frå den første som gifta seg i 1892 og fram til den siste som gifta seg i 1919. Eg vil sjå på når kvinnene gifta seg for første gong, og om dei gifta seg. Det er også interessant å sjå om ekteskapsmønsteret til kvinnene har i utvalet mitt har forandra seg frå ekteskapsmønsteret til mødrene deira. Eit anna punkt er kven kvinnene gifta seg med, og kva arbeid ektemannen hadde i forhold til det økonomiske og sosiale utgangspunktet ho var fødd inn i. Tabell 6.1 viser ei oversikt over kvinnene sin alder då dei gifta seg og kva slags utgangspunkt dei hadde frå foreldra.²⁴⁹ Fedranes arbeid er henta frå folketeljinga 1875, då dette var utgangspunktet kvinnene var fødd inn i.

Tabell 6.1 – Kvinnenes ekteskapsalder

Ekteskapsalder	Gardbrukar-døtrer	Husmanns-døtrer	Innerst-døtrer	Arbeidar-døtrer	Tal på individ
18-19	-	-	-	1	1
20-25	9	1	1	2	13
26-30	7	2	1	-	10
31-35	3	-	-	-	3
36-43	4	1	-	-	5
Ukjent alder	1	-	-	-	1
Sum:	24	4	2	3	33

Kjelde: eigen database

Ekteskapsalderen til dei fleste kvinnene er rekna ut i frå årstala som er oppgitt i gards- og ættesogene eller i folketeljingane. For nokre av dei som utvandra til Amerika, har ikkje

²⁴⁹ For detaljar, sjå tabell 8 i vedlegg 2 – Alder ved giftarmål, stad og bustad, fars stilling i 1875 og ektemannens stilling i fyrste folketeljing etter giftarmål

årstalet for giftarmål vore tilgjengeleg, men eg har rekna meg fram til alderen ut frå folketeljingane, der det har vore oppgitt kor mange år ektepara hadde vore gift.

Giftarmålsalderen er difor ikkje heilt sikker, men viser alderen i følgje tilgjengelege kjelder. I følgje Kari Melby dominerte det gamle giftarmålsmønsteret med relativt høg giftarmålsalder heilt fram til 1930-talet.²⁵⁰

Som ein ser i tabell 6.1 gifta dei fleste kvinnene i utvalet mitt seg i tjueårsalderen, slik som mødrene deira hadde gjort det.²⁵¹ 69,7 prosent av dei 33 kvinnene gifta seg i alderen 20 til 30 år. Gjennomsnittsalderen for ekteskap har blitt mykje høgare blant døtrene enn den var for mødrene deira. I utvalet mitt er den på 27,5 år mot 24,3 år blant mødrene. Når i livsløpet kvinnene gifta seg har endra seg mellom mødrene og døtrene deira. Mellom anna var det 61,4 prosent av mødrene til gardbrukardøtrene som gifta seg før fylte 25 år, medan talet blant døtrene har gått ned til 33,3 prosent. Mødrene til husmannsdøtrene gifta seg alle då dei var over tjue år, i alderen 24 til 30 år. Døtrene gifta seg i alderen 25 til 38 år. Heile fire av gardbrukardøtrene og ei husmannsdotter gifta seg i alderen 36 til 43 år, men blant mødrene var det berre ei som gifta seg då ho var over 36 år. Årsakar til den noko høgare giftarmålsalderen kan ha vore påverka av kvinneoverskotet i samfunnet, men også tanken om ekteskap basert på kjærleik kan ha ført til at færre gjekk inn i eit styrt ekteskap i ung alder.

Gardbrukardøtrene var litt yngre enn husmannsdøtrene då dei gifta seg, men her må eg få minne om at husmannsdøtrene i utvalet mitt er svært få. Gjennomsnittsalderen blant husmannsdøtrene er 29,0 år, medan den blant gardbrukardøtrene er 28,3 år. Blant mødrene deira var giftarmålsalderen 26,4 år og 24,1 år, altså noko høgare for husmannskvinner. 37,5 prosent av gardbrukardøtrene gifta seg mellom 20 og 25 år. Halvparten av husmannsdøtrene gifta seg i alderen 26 til 30 år, medan 29,2 prosent av gardbrukardøtrene gjer det same. Det kan difor sjå ut som det er same tendensen blant døtrene som mødrene deira.

Husmannsdøtrene ventar noko lengre med å gifte seg enn gardbrukardøtrene, sjølv om skilnaden er svært liten.

Blant mødrene var det sju som gifta seg før dei fylte tjue, medan blant døtrene var det berre ei som gjorde det same. Den einaste som gifta seg før ho var tjue var Thora Steingrimsdotter. Ho var arbeidardotter, fødd utanfor ekteskap og gifta seg som 18-åring i USA.

²⁵⁰ Melby, 2005: 261

²⁵¹ Sjå tabell 3.3 s. 31 med oversikt over mødrenes ekteskapsalder, & tabell 2 i vedlegg 2 – mors fødselsår, vigelsår og søsken

Det var mange ugifte kvinner på byrjinga av 1900-talet. Alle vart ikkje varig ugifte, men nokre var godt vaksne då dei gifta seg. Fem av kvinnene i utvalet mitt gifta seg ikkje før dei var mellom 36 og 43 år. Dette gjeld fire gardbrukardøtrer og ei husmannsdotter. Dei fire gardbrukardøtrene utgjer ein prosent på 16,7 av alle gardbrukardøtrene som gifta seg. Mødrene til desse kvinnene gifta seg i alderen 20 til 30 år, altså mykje yngre enn døtrene sine.

Husmannsdottera Margit Arnesdotter gifta seg i 1912 då ho var 38 år. I folketeljingane for 1900 og 1910 er ho i teneste, først på Gol og seinare på Nes i Hallingdal. Ho hadde ein son som var fødd utanfor ekteskap, og som budde hjå foreldra hennar. Margit gifta seg med Hans Olson Veahølet på Gol, og dei to fekk aldri barn i lag. Ei av dei andre som gifta seg seint i livet var gardbrukardotter Barbro Knudsdotter. Ho hadde flytta frå Gol, og arbeidde i 1910 som husbestyrerinde på garden til Kristoffer Jørgensen, som ho gifta seg med året etter, då ho var 36 år. Dei to fekk heller ingen barn i lag.

Alle kvinnene som gifta seg seint hadde arbeid før giftarmålet, og berre ei av dei budde heime fram til ho fann seg ein ektemann.²⁵² Prosentvis er det fleire frå husmannsstanden som giftar seg seint, og dette kjenner ein att frå ekteskapsmönsteret i perioden. Døtrer og søner av husmenn måtte ofte gifte seg seinare på grunn av behovet for eit levebrød som kunne brødfø ein familie. Grunnar til at nokre av kvinnene gifta seg seint kan ha vore påverka av kvinneoverskotet, at dei ikkje fann ein mann dei ønskte å dele livet med. Nokre av kvinnene kan ha møtt ein mogleg ektemann, men at dei ikkje hadde økonomi til å gifte seg og difor valde å vente.

Blant kvinnene som gifta seg inn i jordbruket, kan også praktiske årsakar ha vore medverkande til giftarmåla. Ein kan ikkje drive gard aleine. Eit døme på dette er Barbro Knudsdotter. Ho hadde gifta seg med mannen ho arbeidde for. Han dreiv garden aleine, og ho arbeidde som husbestyrerinde. Sjølvsagt kan det ha vore kjærleik som gjorde at dei gifta seg, men ein skal ikkje sjå bort i frå at det også kan ha vore praktiske årsakar med i biletet.

Er det så forskjell på ekteskapsalderen til kvinnene som vart verande på Gol, og dei som flytta frå bygda?²⁵³ Det var i alt ti kvinner som var buande på Gol etter inngått giftarmål, men elleve som gifta seg på Gol. Her har eg valt å ta utgangspunkt i dei elleve som gifta seg på Gol, og

²⁵² Dette var Ingeborg Torkilsdotter som livnærte seg som fotograf på Gol

²⁵³ Sjå tabell 8 i vedlegg 2 – Alder ved giftarmål, stad og bustad, fars stilling i 1875 og ektemannens stilling i fyrste folketeljinga etter giftarmål

inkludert ei av kvinnene som gifta seg ein anna stad, då ho og ektemannen budde på Gol heile tida. Det er då i alt tolv kvinner som hamnar i kategorien Gol.

Tabell 6.2 – Ekteskapsalderen inndelt i kor kvinnene gifta seg og budde

Ekteskapsalder	Gol	Andre stader
18-19	-	1
20-25	4	9
26-30	4	6
31-35	2	1
36-43	2	3
Ukjent	-	1
Sum:	12	21

Kjelde: eigen database

Det var elleve kvinner som gifta seg på Gol og ei som gifta seg i Drammen, men som aldri budde der, og tjue som gifta seg og budde andre stader. Giftarmålsalderen er noko ulik mellom dei to gruppene. Alderen for dei som gifta seg eller budde på Gol er to år høgare, med 28,8 år i gjennomsnittleg alder for giftarmål, medan for dei som budde og gifta seg andre stader i Noreg og i USA er gjennomsnittsalderen 26,7 år. Det som kan ha påverka skilnadene i giftarmålsalderen, var det rådande kjønnsrollemönsteret som framleis eksisterte på bygdene og på gardane. Ein trond eit levebrød som kunne brødfø ein familie før ein gifta seg.

Ektefellene

Men kven gifta kvinnene seg med? Gifta dei seg med menn i andre yrke enn jordbruket som dei sjølv hadde vakse opp med? Her har eg brukt folketeljinga 1875 som syner kva fedrane arbeid var, og fyrste kjelda der ektemannens arbeid er oppgitt. Grunnen til at eg har valt å bruke folketeljingane framfor kyrkjebøkene der giftarmåla er ført inn i, er at det er ikkje alle ekteskapa eg har klart å finne i bøkene. Gards- og ættesoga er brukt som kjelde for dei som gifta seg etter 1910 i Noreg. Av dei 33 som giftar seg er det to med ukjent giftarmålsstad, men sidan dei ikkje står oppførte som gift på Gol er dei rekna blant dei som gifta seg andre stader.

I alt var det tolv kvinner som anten gifta seg eller vart buande på Gol etter giftarmålet. Dei fleste gifta seg med menn som dreiv jordbruk, og det var lite skilnad på kva yrke faren og ektemannen hadde. Det store fleirtalet hadde arbeid i jordbruket, berre to fedre og ein ektemann hadde arbeid utanfor. Jordbruk var framleis ei svært viktig næring på Gol, så det er logisk at mange var knytt til denne næringa. I alt var det fem av desse kvinnene som gifta seg

ut av sin stand. Dei to kvinnene som var fødde av innerstar, gifta seg med ein gardbrukar og ein husmann. Den einaste husmannsdottera, gifta seg med ein gardbrukar.

Ei av gardbrukardøtrene gifta seg med ein som var bruker og dagarbeidar på sin fars gard. Dette var Sebjørg Sveinsdotter. Ho gifta seg «ned i stand», frå gardbrukarstanden til husmanns- og arbeidarstanden. Ektemannen hennar står oppført som bruker og dagarbeidar i den første folketeljinga dei var registrert, 1900, og i 1910 var han jordbruksarbeidar på same garden. Den siste av kvinnene som endra stand var gardbrukardotter Ingeborg Torkildsdotter. Garden ho kom frå hadde 13,3 kyrlag. Ho gifta seg med lærar Olav O. Moen, på Gol i 1913, då ho var 39 år. Å vere lærar vart meir respektert utover 1900-talet.

Ei av kvinnene som heldt seg i same standen, var Kari Pedersdotter. Ho gjorde noko uvanleg for kvinner på denne tida. Ho kjøpte garden til foreldra i 1904 for 500 kroner og livaure. Garden hadde i 1875 7,5 kyrlag og var ikkje særleg stor. Ho hadde budd heime hjå foreldra heile livet, og ho gifta seg ikkje før i 1909, då ho var om lag 35 år. Ektemannen Lars Arneson hadde poliomyelitt, og vart lam i både føtene og gjekk difor på krykkjer.²⁵⁴

Det som kjenneteiknar ektemennene til dei som gifta seg eller vart buande på Gol etter giftarmålet, var at dei fleste arbeidde innan jordbruket. Nokre av kvinnene endra stand med giftarmålet. Eg kan ikkje vurdere motiva kvinnene på Gol hadde for å gifte seg med den dei gjorde, men sannsynlegvis er det ein kombinasjon av kjærleik og ønsket om eit trygt liv med relativt sikre inntekter på ein gard eller plass.

Dei fleste av kvinnene, i alt 21, gifta seg andre stader enn på Gol. Desse kvinnene hadde anten flytta som barn i lag med familiene sine, eller flytta frå Gol i åra etter konfirmasjonen. Også i denne gruppa hadde svært mange av ektemennene arbeid innan jordbruket. Det nye blant dei som gifta seg andre stader, var at fleire av dei gifta seg inn i arbeidarklassa.

Blant dei som hadde utvandra til Amerika var jordbruket det desidert vanlegaste yrket. Seks av åtte som eg fann i amerikanske folketeljingar var registrerte som gardbrukarar. Thora Steingrimsdotter var dotter av ein arbeidar. I den første folketeljinga der ho og ektemannen er registrerte, folketeljinga for USA 1900, var han gardbrukar.

I den første teljinga der ektepara er registrerte, anten folketeljinga 1900 eller 1910 for USA, er det to som ikkje hadde arbeid innan jordbruket. Den eine av desse er ektemannen til Birgit Mikkelsdotter. Birgit utvandra til Amerika i lag med familien sin i 1885. I folketeljinga 1900

²⁵⁴ Østro, 1986: 122

budde ho og mannen i Iowa, der han arbeidde som reisande seljar. I den neste folketeljinga var også han blitt farmar. Den andre var ektemannen til Kari Olsdotter Hallen. Dei hadde gifta seg i Drammen i 1898, og ho utvandra aleine same året. I 1900 budde dei med ein son i New York, der dei var leigetakrar. I 1910 var også han blitt farmar i Nord Dakota. Ektefellene til kvinnene som utvandra enda då alle på eit tidspunkt med arbeid innan jordbruket.

I følgje Ingrid Semmingsen gifta omtrent 90 prosent av dei norskefødde seg med nokon «som helt eller delvis tilhørte deres egen nasjonale gruppe».²⁵⁵ Slik er det også i utvalet mitt. Berre tre av dei utvandra kvinnene gifta seg med menn fødd andre stader enn i Noreg. Kari gifta seg med ein svenske, og Birgit Mikkelsdotter og Birgit Larsdotter gifta seg med menn fødd i USA, mannen til Birgit Larsdotter ætta opphavleg frå Luster i Noreg.

Fleire av dei utflytte som vart buande i Noreg gifta seg også med gardbrukarar, men endå fleire gifta seg med arbeidarar. Åtte av dei tretten ektefellene var arbeidarar i den fyrste folketeljinga ekteparet var registrert. Ektemannen til Agnette Andreasdotter var ei av desse. Han og kona gifta seg i 1897 i Kristiania, og i folketeljinga var han registrert som telefonarbeidar. Agnette gifta seg inn i same stand som faren. Han var vegoppsynsmann i 1875. Ektemannen til Ollaug Knudsdotter arbeidde som fabrikkarbeidar i 1900, i Skien. Arbeid innan industrien vart eit svært vanleg arbeid då industrialiseringa kom. Ved sidan av jordbruket var dette ein av dei største arbeidsplassane til menn og kvinner i landet. Ollaug kom frå ein gard med 13,5 kyrlag, men her hadde faren slite økonomisk og familien hadde flytta frå garden og heimbygda. Etter at faren hadde drege til Amerika, hadde kona og barna fått seg arbeid på fabrikken i følgje gards- og ættesoga,²⁵⁶ og det var nok der Ollaug møtte ektemannen. I 1910 arbeidde ektemannen framleis ved papirfabrikken på Skotfoss ved Skien. Andre yrke blant arbeidarane var til dømes teglverksformann, styrmann, tømmermann, jernbanearbeid og vintappar.

Framfor å sjå på om kvinnene gifta seg opp eller ned i stand, var den viktigaste faktoren om mannen hadde fast arbeid. Ein stabil inntekt som kunne forsørge kvinnene og familien var det viktigaste. Desse kvinnene gifta seg inn i eit nytt tilvære om ein samanliknar med dei som gifta seg med gardbrukarar. Dei vart som regel husmødrer, og vart forsørgja av ektemannen, noko eg vil kome tilbake til seinare.

²⁵⁵ Semmingsen, 1975: 130

²⁵⁶ Østro, 1991: 674

Dei fem andre kvinnene gifta seg med gardbrukskarar. Her budde alle bortsett frå ei i områda kring Drammen og Oslofjorden. Ei av dei utflytta kvinnene, busette seg og gifta seg i nabobygda Ål. Alle desse var gardbruksdøtrer og gifta seg med gardbrukskarar.

Blant dei som gifta seg på Gol og i Amerika var det jordbruket den dominerande arbeidsplassen til ektemennene. Svært mange som gifta seg med gardbrukskarar var døtrer av gardbrukskarar sjølve. Av dei som flytta til byar og tettstader på Austlandet, gifta dei fleste seg med arbeidarar. Eg kan ikkje vite kva motivasjonar kvinnene hadde for å gifte seg med den dei gjorde, anten det var kjærleik eller praktiske årsakar, men ekteskap i seg sjølv kan sjåast som ein strategi for eit utkomme og eit godt liv.

Utvila rettar for kvinner: Skilsmisser

Med dei utvida rettane kvinner fekk på midten av hundreåret, kom eit gryande ønskje om større likestilling mellom kjønna. På 1880-talet kom det fleire kvinnesaksforeiningar i landet, mellom anna på Gol.²⁵⁷ Desse foreiningane kjempa for kvinnesaka, og ei sak mange kvinner tok del i, var nasjonskampen og kampen for kvinneleg stemmerett. Arbeidet førte fram og i 1907 fekk kvinner stemmerett ved lokale val, og i 1913 ved stortingsval.

Den nye moderne tida førte også til kampar på andre område, mellom anna på ekteskapsområdet. Når ein gifta seg skulle ein halde i lag livet ut. På 1800-talet var ektefellene avhengig av kvarandre for at kvardagen skulle gå rundt. Mot slutten av hundreåret og utover i det nye hundreåret endra dette seg. Ekteskapslovene fra 1800-talet passa ikkje med nye moderne ideal. Også kvinner kunne vere ute i lønna arbeid utanfor heimen og kvinner hadde fått meir mynde. Ekteskapet og levebrødet hang ikkje like mykje saman lengre. I 1909 kom den fyrste skilsmis selova i Noreg. Den andre lova kom i 1918.²⁵⁸ Lovene gav rett til skilsmisse, og ein kunne få skilsmisse ved dom ved alvorlige forhold. Den siste lova likestilte kvinner og menn økonomisk ved skilsmisser. Husmorarbeidet vart likestilt som eit arbeid når det kom til kva den enkelte part bidrog til ekteskapet. Den enkelte, individet, skulle få meir fridom i ekteskapssaker, det skulle vere ein frivillig ordning som ein kunne avslutte. Ektefellene kunne få bidrag frå den andre parten om dei ikkje sjølv hadde inntekt, men retten fall bort om ein valde å gifte seg på nytt.

Ei av kvinnene i utvalet mitt vart skilt. Randi Larsdotter gifta seg fyrste gang i 1895 med Nils Gabriel Elgestad. Når dei to skilde lag er usikkert, men det skjedde i perioden mellom 1910

²⁵⁷ Svello, 1963: 386

²⁵⁸ Melby, 2005: 290-291

og 1919. Skilsmissa hennar fell då anten under lova av 1909 eller lova av 1918. Då Randi gifta seg med den andre ektemannen sin, Ernst Berg Larsen i 1919, står ho oppført som Randi Larsdatter Johannessen Elgestad. Kvar etternamnet Johannessen kjem frå er uklart, men det er truleg rett person då dei andre namna, årstal og fødestad stemmer overeins med informasjonen i gards- og ættesogene. Det er ingen informasjon i ministerialboka om tidlegare ekteskap.²⁵⁹ Mykje tyder på at ho skilde seg i og med at Nils Gabriel står oppført som fråskild i folketeljinga i Kristiania 1923. Randi og Nils Gabriel fekk ei dotter i lag som vart buande saman med mora og den nye ektemannen hennar. I 1923 bur også Ernst si dotter i lag med dei. Eg kan ikkje vurdere årsakar til at Randi var skilt, då ingen av kjeldene oppgjer årsaka.

Barn i og utanfor ekteskap

Den demografiske overgangen var ein viktig del av dei endringane som skjedde frå slutten av 1800-talet og i byrjinga av 1900-talet. Noreg gjekk frå å vere eit samfunn med høge fødselstal og høg mortalitet, til å bli eit land med låge fødselstal og låg mortalitet.²⁶⁰ Nedgangen i fødselstala blant gifte kvinner frå slutten av 1800-talet har blitt forklart ved mellom anna sjølvvald avgrensing av barnetalet i ekteskapet, i følgje Ida Blom.²⁶¹

Gjennomsnittlege barnetal før hundreårskiftet låg rundt 4,5-6 barn per familie, men tala varierte regionalt og i ulike sosiale lag. Dette gjennomsnittet heldt seg noko utover i det nye hundreåret. Par som gifta seg i 1900, fekk i gjennomsnitt fem barn, medan dei som gifta seg rundt 1930 fekk om lag halvparten.²⁶² I tida frå 1900 til 1910 fall fødselstala i ekteskap med rundt 11 prosent.²⁶³

Den nye fødselsavgrensinga som folk starta med på slutten av 1800-talet gjekk føre seg i ekteskapet.²⁶⁴ Det fantes fleire måtar å avgrense barnetalet på. Og det var fleire faktorar som spelte ei rolle for nedgangen i barnefødslar. Giftarmålsmønsteret i seg sjølv bidrog til



Foto 7: Mari Pedersdotter med eldste dottera Birgit. Ukjent fotograf. Ukjent år. Digitalt museum, Gol Bygdearkiv

²⁵⁹ Kontrollert i ministerialbok for Oslo Domkirke/Vår Frelsers menighet 1913-1921.

²⁶⁰ Blom, 1980: 23

²⁶¹ Blom, 1980: 24

²⁶² Blom, 1980: 26

²⁶³ Blom, 1980: 26

²⁶⁴ Dyrvik, 2004: 79

dette,²⁶⁵ og samfunnets syn på barn utanfor ekteskap. Giftarmålsmønsteret kan ikkje vere med på å forklare nedgangen åleine, då denne var stabil fram til andre verdskrig.²⁶⁶ Men det fanst preventive midlar som kom på 1800-talet, sjølv om mange argumenterte mot bruken av slike.²⁶⁷ Abort var ulovleg fram til 1960-talet, men vart likevel brukt. Fleire av abortmetodane kunne vere dødelege også for mora.

Med sein ekteskapsinngåing var den reproduktive perioden til kvinnene blir dermed kortare enn om ekteskapa hadde vore inngått tidlegare. Ekteskapet var dermed ein viktig del av fødselsavgrensinga. Å amme regelmessig er ei form for fødselsregulering, då det kan medføre at eggloysisinga ikkje kjem i gang att før eit par år etter fødsel. Kor lenge, og om ho amma var mykje opp til sosiale normer. Ståle Dyrvik nemner også at avstanden mellom eit barn som dør raskt etter fødsel og neste barn som blir fødd er svært kort.²⁶⁸ Kvinner i øvre sjikt i samfunnet som hadde råd til å leige amme kunne gå gravide nesten heile ekteskapet.²⁶⁹

Ei anna form for fødselsavgrensing er det å avstå frå seksuell aktivitet eller å avbryte samleie for å hindre svangerskap. Mange ektepar slutta, eller forsøkte slutte, å få fleire barn når ønska barnetal var oppfylt.²⁷⁰ Der par ikkje praktiserte fødselsavgrensing, kunne gjennomsnittsalderen til kvinner ved siste barnefødsel nå 41-43 år. Ifølgje Dyrvik kan ein vere sikker på at ein aukande del av ektepar dreiv med fødselsavgrensing, om snittsalderen for siste barnefødsel fall under 40 år.²⁷¹

Barneavgrensinga starta i dei øvre sosiale lag og i byane, og spreidde seg til resten av landet frå rundt hundreårskiftet. Nedgangen i den ekteskapelige fertiliteten gjekk raskare i byane enn på bygdene, noko som i følgje Blom kan tyde på at industrialiseringa spelte ei viktig rolle.²⁷² I 1900 var snittalderen for siste barnefødsel gått ned til 36,5 år.²⁷³ Ein viktig årsak for å avgrense fødselstala var barnets sinkande verdi som arbeidskraft.²⁷⁴ Nye lovar tillét ikkje lenger barnearbeid, og obligatorisk skulegang vart innført.

²⁶⁵ Gjennomsnittleg giftarmålsalder for kvinner var 26-27 år, for menn 27-29 år i følgje Blom, 1980: 42

²⁶⁶ Blom, 1980: 38

²⁶⁷ Kondom og pessar i gummi kom på 1870-80-talet. Mellom anna den katolske kyrkja var sterkt i mot preventjonsmidlar.

²⁶⁸ Dyrvik, 2004: 80

²⁶⁹ Sogner, 1990: 59

²⁷⁰ Dyrvik, 2004: 80

²⁷¹ Dyrvik, 2004: 81

²⁷² Blom, 1980: 27


²⁷³ Nerbøvik, 1986: 22

²⁷⁴ Blom, 1980: 65

I utvalet mitt er det store skilnader i talet på barn. Nokre fekk eitt barn medan andre fekk ti og elleve. Det var også nokre ektepar som heldt seg barnlause. Ingeri Endresdotter var 24 år då ho og gardbrukar Nils Knutson gifta seg. Dei fekk til saman elleve barn. Ingeborg Olsdotter gifta seg med Otto Hagbart Larsen i 1897. Han var banevaktar ved jernbanen. Dei fekk to barn i lag. Blant dei som fekk færrast barn finn ein mellom anna Margit Arnesdotter. Ho fekk ein son fødd utanfor ekteskap i 1902. I 1912 gifta ho seg med gardbrukar Hans Olson, men dei fekk ingen barn i lag. I alt fekk tretti av kvinnene i utvalet mitt barn, og alle gifta seg anten før eller etter at dei fekk barn. Er desse tre kvinnene typiske for utvalet mitt? Kva kan ha påverka skilnadene i barnetal?

Kjeldene eg har brukt til å finne barna til kvinnene, er primært bygdebøkene, men også folketeljingane frå 1900 og 1910 i Noreg og USA. Eg har brukt dei ulike kjeldene opp mot kvarandre til kontroll. Men tala er likevel ikkje heilt sikre, for gards- og ættesogene har ikkje informasjon om alle, og eg ikkje har tilgang til folketeljingar i Noreg etter 1910. Men informasjonen eg har vil truleg kunne gje ein indikasjon på tendensane blant kvinnene i utvalet mitt. Diagram 6.1 viser kor mange barn kvinnene i utvalet mitt fekk.

Diagram 6.1 – Barn per kvinne



Kjelde: eigen database

Gjennomsnittet på barn blant kvinnene er 4,9 barn. Om ein samanliknar dette med gjennomsnittet blant mødrane deira, 7,1, ser ein at det er store skilnader mellom dei to generasjonane av mødrar.²⁷⁵ Det er fleire faktorar som kan ha vore med på å påverke skilnadene i talet på barn blant dei tretti kvinnene, mellom anna ekteskapsalder og aktiv barneavgrensing. Om ein samanliknar ekteskapsalderen blant kvinnene i utvalet mitt og

²⁷⁵ Sjå kapittel 3, s. 29

mødrene deira, hadde gjennomsnittsalderen gått opp frå 24,3 år til 27,5 år. Dette kan vere ei viktig årsak til at kvinnene fekk færre barn enn mødrene sine.²⁷⁶ Alderen for ekteskap sette ei grense for kor lenge kvenna kunne få barn, og dermed kor mange barn ho kunne få.

Av dei ti kvinnene som fekk eitt til to barn var seks av dei over tretti då dei gifta seg, og tre av desse kvinnene hadde fått barn før dei gifta seg. To av desse var Margit Arnesdotter og Randi Larsdotter som me møtte i innleiinga. Dei var i svært ulik alder då dei gifta seg, Margit var 38 medan Randi var 20. Dei elleve kvinnene som fekk tre til seks barn gifta seg i alderen 21 til 36 år. Det er altså ei ganske stor spreiling i alderen på kvinnene som fekk rundt gjennomsnittet i tal på barn, som var 4,9.

Blant dei ni kvinnene som fekk frå sju til elleve barn var seks av dei under tjuefem då dei gifta seg. Tre av desse var gift med arbeidarar, resten av dei med gardbrukarar. Dei to som fekk flest barn, ti og elleve, var gift med gardbrukarar. Den eldste av desse, Aagot Danielsdotter var 30 år då ho gifta seg i 1905. Ho fekk sju barn i lag med ektemannen. Ingeri Endresdotter var den kvenna som fekk flest barn. Ho og ektemannen fekk barn om lag kvart andre år, til saman elleve, det fyrste fekk ho då ho var 24 og det siste då ho var 45 år.

Ut i frå dette kan ein sjå at ekteskapsalder ikkje nødvendigvis hadde så mykje å seia for kor mange barn kvinnene fekk, det er store individuelle forskjellar mellom kvinnene. Men det ser ut til å ha vore med på å påverka særleg dei som fekk færrast og dei som fekk flest barn. Dei som fekk eitt til to barn gifta seg i gjennomsnitt då dei var om lag tretti år, medan dei som fekk frå åtte til elleve barn gifta seg i byrjinga av tjueåra. Men kva andre faktorar kan ha spelt inn på talet på barn?

I følgje Blom gjekk fertiliteten saktare ned i bygdene enn i byane.²⁷⁷ Det kan ha hatt noko med behovet for arbeidskraft i jordbruket å gjere. Dette ser ein også i utvalet mitt, der gjennomsnittet i tal på barn blant gardbrukarane er på 5, men blant arbeidarane 4,9 barn. Det er svært lite som skil dei to gruppene, og det er store individuelle skilnader mellom kvinnene. Det kan sjå ut til at faktorar som ekteskapsalder, bustad og ektemannens arbeid er viktig.

Blant dei som fekk få barn ser ekteskapsalderen ut til å vere den viktigaste faktoren.

Ein anna faktor som ikkje kjeldematerialet seier noko om, er om kvinnene dreiv med aktiv barneavgrensing eller om dei opplevde vanskar med å få barn. Nokre gifte par fekk ikkje barn. Eg kan ikkje rekne nøyaktig årstal for siste barnefødsel hjå alle kvinnene, då årstala på alle

²⁷⁶ Sjå tabell 9 i vedlegg 2 – Barnefødslar og namn på barn

²⁷⁷ Blom, 1980: 26

barna dei fødde ikkje er kjende, grunna at siste tilgjengelege norske folketeljinga er frå 1910. Bygdebøkene har heller ikkje informasjon om når alle barna vart fødde, på fleire av dei er det berre talet på kor mange barn kvinnene fekk. Fire av fem kvinner som fekk eitt barn var over tretti år då dei vart gift, og dei kan ha opplevd å ikkje klare å få barn etter giftarmålet. Det ser ut til at fleire av dei som gifta seg med arbeidrarar slutta å få nye barn når eit visst barnetal var oppnådd. Av dei ni konene til arbeidrarar som arbeidde utanfor jordbruksfekk seks av dei fem eller færre barn. I heile utvalet fekk seksten kvinner to til seks barn, noko som kan tyde på at dei kan ha avgrensa talet på barn.

Dei tre kvinnene frå innleiinga av denne delen av kapittelet viste kor store skilandane mellom kvinnene i utvalet mitt var. Ingeri fekk elleve barn, Ingeborg fekk to og Margit fekk eitt barn. Det var fleire faktorar som kunne vere med på å påverke talet på barn kvinnene fekk, mellom anna giftarmålsalder, ektemannens arbeid og om dei dreiv med aktiv barneavgrensing. Det ser ut til at giftarmålsalderen er den sterkest sterkeste faktoren for talet på barn. Ei anna årsak ser også ut til å vere at mange, spesielt dei som var gifte med arbeidrarar, slutta å få barn når eit visst tal var nådd. Å avgrense barnetalet kan sjåast som ein strategi til å halde ein viss levestandard, då barn ikkje lenger stod for den same verdiskapinga som før, og dermed i større grad vart ein kostnad.

Barn fødde utanfor ekteskap

Nokre av kvinnene i utvalet mitt fekk barn utan å vere gifte. Livssituasjonen for kvinner som fekk barn utanfor ekteskap var ikkje lett. Dei vart sett ned på og samfunnet såg på den utanomekteskapelege seksualiteten som eit problem. I arbeidslivet kom det på slutten av 1800-talet reglar som sa at kvinna ikkje kunne arbeide i seks veker etter fødselen, og kvinnene fekk heller inga økonomisk støtte frå samfunnet.²⁷⁸ For kvinnene som ikkje hadde ein ektemann som kunne forsørge ho i desse vekene, var dette eit stort problem. Eit anna problem for den ugifte mora var dei økonomiske vanskane dei møtte. Kvinner fekk lågare lønn enn menn, og kvinner som budde aleine, hadde ofte dårlegare butilhøve. Mange barn vart sett bort hjå framande grunna moras dårlege økonomi.²⁷⁹

Lovane fritok mannen for ansvar for barnet og mora.²⁸⁰ Det var kvinna som fekk alt ansvaret for barna fødde utanfor ekteskap. Også for barna var det vanskeleg å bli fødd utanfor ekteskap. Dei hadde høgare dødelegheit og dei vart ofte trakkert. Slike barn, eller

²⁷⁸ Blom, 1994: 129-130

²⁷⁹ Andersland, 2015: 25

²⁸⁰ Andersland, 2015: 23

uektesfødde, lausungar og bastardar som dei også vart kalla, vart sett på som mindreverdige personar.²⁸¹ Mot slutten av 1800-talet starta nokre politikarar ein kamp for desse barna, mellom anna Johan Castberg. Først i 1915 kom De Castbergske Barnelover som gav faren meir ansvar for barna. Han måtte betale bidrag og mora hadde plikt til å oppgje namnet hans. Barna fekk også arverett etter faren.²⁸²

I alt var det fem av kvinnene i utvalet mitt som fekk barn før ekteskap. Fire av dei fekk barna med andre menn enn han dei seinare gifta seg med. Gardbrukardotter Ragna Kristensdotter fekk barn med Martin Hansen i desember 1900, og dei gifta seg i byrjinga av 1901.

Blant dei fire andre var to av kvinnene frå gardbrukarstand, medan dei to andre var døtrer av ein innerst og ein husmann. Dei var alle godt oppe i tjueåra då dei fekk sitt første barn. Etter at dei gifta seg fekk to av dei barn med ektemannen, innerstdotter Birgit Syversdotter og gardbrukardotter Kari Pedersdotter. Husmannsdotter Margit Arnesdotter og gardbrukardotter Ragnhild Steingrimsdotter ikkje fekk barn med mennene dei seinare gifta seg med.

Dottera til Birgit budde hjå foreldra hennar i 1900, det gjorde også barna til Margit og Ragnhild i folketeljinga 1910. Alle tre kvinnene var i teneste, og kunne nok ikkje forsørgje eit lite barn åleine. Sonen til Kari budde i lag med mora, heime hjå foreldra hennar. Ho budde heime hjå foreldra, og kjøpte seinare garden av dei. Dottera til Birgit flytta seinare heim til mora, sannsynlegvis etter at mora gifta seg. Om sønene til Margit og Ragnhild flytta heim til mødrene etter at dei gifta seg veit eg ikkje sikkert, då kjeldene ikkje går lengre, men sannsynlegvis flytta dei også heim til mora når ho hadde økonomi til å ta seg av barnet.

Alle desse fem kvinnene som fekk barn utanfor ekteskap gifta seg seinare, Ragna med mannen ho fekk barn med, og dei andre fire med andre menn enn barnefaren. Alle gifta seg med menn på Gol, og alle bortsett frå Ragna vart verande i bygda. Dei fire kvinnene som gifta seg med andre menn, gifta seg alle med gardbrukarar. Ragnhild, Kari og Margit var godt vaksne då dei gifta seg, 34, 35 og 38 år, og berre Kari fekk eitt barn med ektemannen. Birgit var noko yngre, 27 år, og fekk åtte barn med ektemannen. Det ser ikkje ut til at det å ha fått barn utanfor ekteskapet hindra kvinnene i å finne seg ein ektemann, men nokre av dei gifta seg seint, noko som kanskje var påverka av at dei hadde barn frå før.

²⁸¹ Andersland, 2015: 17

²⁸² Blom, 2004: 90

Dei som ikkje fekk barn

Det var ikkje alle ektepara som fekk barn. Av 33 ektepar var det tre som ikkje fekk barn. Kva kan vere årsaka til at nokre av ektepara ikkje fekk barn? Ekteskapsalder kan igjen vere ei av årsakene, men det kunne og vere naturlege årsaker som gjorde at dei ikkje kunne få barn. Barbro Knudsdotter og Kari Helgesdotter var godt vaksne då dei gifta seg, 36 og 43 år. Særleg i Kari sitt tilfelle var det truleg alderen som gjorde det vanskeleg å få barn var. Den tredje kvinna som ikkje fekk barn, var Birgit Mikkelsdotter. Ho gifta seg som 21 åring, men fekk aldri barn med ektemannen.

Flytting og utvandring etter giftarmål

I kapittel 5 såg me at svært mange av kvinnene i utvalet mitt flytta aleine før dei gifta seg, anten til Amerika eller til andre stader i Noreg. Men nokre av kvinnene valde, saman med ektemannen, å flytte frå Gol etter at dei hadde gifta seg. Når gifte par eller familiarer flytta var det truleg ein strategi for familiene til å skaffe seg eit betre utkomme enn dei kunne i bygda dei kom frå. Valet om å reise kunne ikkje kvinnene ta på eiga hand, slik som dei ugifte i større grad hadde høve til. Tabell 6.3 viser ei oversikt over når dei kvinnene gifta seg og når dei flytta frå bygda.

Tabell 6.3 - Innlands flytting etter giftarmål

Namn	År	Stad	Kven drar dei med?	Sivilstatus	Stad for giftarmål	Fars yrke
Ragna Kristendotter	Før 1910	Sandvika	Drar med ektemann	Gift 1901	Gol	Gardbrukar
Ingeborg Torkelsdotter	Etter 1910	Helgøya	Drar med ektemann	Gift 1913	Gol	Gardbrukar
Kristi Olsdotter	1915	Lier	Drar med ektemann	Gift 1897	Gol	Innerst

Kjelde: eigen database

Som ein kan sjå er det berre tre av kvinnene som er kjend at gifta seg på Gol før dei drog frå bygda. Dette var Ingeborg Torkelsdotter, Kristi Olsdotter og Ragna Kristendotter. Dei gifta seg alle på Gol, og valde etter nokre år og reise frå bygda.



*Foto 8: Ragnhild Steingrimsdotter.
Fotograf ukjent. Ukjent år. Digitalt
museum,, Gol Bygdearkiv.*

Kristi Olsdotter kom frå ein liten plass med 7 kyrlag der faren var innerst i 1875. Ho var ei av kvinnene som ikkje var oppført på Gol i folketeljinga 1891, kor ho oppheldt seg er ukjent. Ho gifta seg i 1897 på Gol. I 1900 budde dei som plassbrukskarar på Gol. I 1905 kjøpte dei Klemma, og i 1910 budde ho og ektemannen der, og han var gardbrukskar. Familien bestemte seg for å flytte til Lier ein gong i 1915 etter å ha selt garden. Ho og ektemannen hadde då fått to barn som vart med dei.

To av gardbrukskarane gifta seg før dei flytta frå bygda. Ragna Kristendotter gifta seg på Gol i 1901, og ho og ektemannen valde å flytte til Sandvika ein gong før 1910. Då folketeljinga vart gjennomført budde dei i Bærum med fire barn. Det same gjaldt Ingeborg Torkelsdsdotter som gifta seg på Gol i 1913. Ho budde heime hjå foreldra fram til ho gifta seg, og ho og ektemannen flytta til Helgøya i Ringsaker. Desse tre kvinnene flytta ikkje før dei var godt vaksne i åra etter at dei gifta seg. Det var såleis etablerte ektepar som tok avgjerd om å flytte, men dei kan ha hatt mange av dei same grunnane som dei jentene som reiste åleine, først og fremst betre utsikter til arbeid. Kristi og ektemannen var plassbrukskarar i 1900, men hadde råd til å kjøpe seg ein eigen plass i 1905. Då dei seinare kjøpte gard i Lier, kan det ha vore for å kunne drive større produksjon enn dei kunne på Gol.

Det var også ei kvinne som utvandra til Amerika etter giftarmål. Husmannsdottera Kari Olsdotter Hallen drog frå Gol etter konfirmasjonen. Ho gifta seg i april 1898, i Strømsø, Drammen, med svensken Johan Gustav Fredrikson. I listene over giftarmål står ho oppført med etternamnet Braaten, og stilling som tenestejente.²⁸³ Ho tok dermed utvandringa til Amerika som etappeutvandring. I september same året drog ho vidare til Amerika. I emigrantprotokollane står ho oppført som gift og med etternamnet Fredriksen. Ho reiste utan førehandsbetalt billett. Kari var ugift då ho flytta frå Gol, eit val ho må ha tatt sjølv, då ingen av søskena hennar hadde flytta før henne. Sjølv om ho var gift då ho utvandra, finn eg ikkje ektemannen i emigrantprotokollane. Sannsynlegvis drog han i førevegen, eller han har vore registrert i emigrantprotokollane og eg ikkje har klart å finne han. Kari drog den 8. september 1898, med New York som reisemål. I 1900 budde dei i New Jersey der dei hadde fått ein son som var fødd året etter at dei kom til Amerika. Ho og familien flytta vidare til Iowa, og seinare North Dakota.

Fleire av dei som reiste til Amerika gjorde slik som Kari og ektemannen, dei flytta mellom fleire statar i USA, og ei flytta mellom Canada og USA. Svært mange nordmenn som slo seg

²⁸³ Digitalarkivet «Ministerialbok for Strømsø prestegjeld, 1879-1899»: 165

ned i USA, slo seg ned i statane i Midtvesten. Omkring hundreårskiftet budde 80 prosent av dei norske emigrantane i dei seks statane i Midtvesten, frå Illinois til Nord- og Sør-Dakota.²⁸⁴ Jordbruk var den viktigaste næringsvegen blant nordmenn, mykje grunna Homestead-lova frå 1862. Lova gjorde at det var mogleg for tidlegare husmenn i Noreg til å slå seg opp som bønder. Folk søkte ofte yrke som likna det som dei hadde hatt i heimlandet. Den tidlege utvandringa var prega av etappeflytting også i USA. Omgrepet «frontier», vert brukt om flyttinga lengre og lengre mot vest.²⁸⁵ Etter kvart som Midtvesten vart fylt opp, flytta fleire også til Canada.²⁸⁶ Mot slutten av 1800-talet, særleg etter depresjonsåret i 1893 i USA, vart Canada eit svært viktig utvandringsland for nordmenn.

Blant kvinnene som hadde utvandra til Amerika, både i barndommen og som vaksne, flytta tre av kvinnene i utvalet mitt mellom statar etter at dei gifta seg. To av kvinnene flytta frå ein stat til ein annan, medan Birgit Larsdotter og ektemannen flytta også til Canada. Dei flytta mykje fram og tilbake mellom dei to landa. Dei budde i Minnesota i 1905, for så å utvandre til Saskatchewan i Canada der dei budde i 1906. I 1910 hadde dei flytta til Montana i USA. I 1916 hadde familien flytta tilbake til Saskatchewan.

Arbeid i eller utanfor heimen etter giftarmål

Endringane i kvinners kvardag viste seg mellom anna i arbeidsfordelinga i hushaldet og kvinners arbeid. På 1800-talet var det ei arbeidsdeling i dei ulike hushalda, der mann og kvinne bidrog med ulikt arbeid og der dei aller fleste var tilknytt jordbruket. Då samfunnet endra seg var ikkje lengre dei fleste tilknytt jordbruket, men industrien eller anna tenesteytande næring. Hushaldet endra seg frå å vere eit produksjonsfellesskap, til å bli avhengig av ei lønnsinntekt, tent inn av mannen i hushaldet.²⁸⁷ Varene folk brukte gjekk frå å vere sjølvlagda til å måtte kjøpast som ferdige varer og råvarer.

Omkring hundreårskiftet byrja ein å sjå på kvinne- og barnearbeid som forkasteleg,²⁸⁸ og desse ideala førte til at den kvinnelege arbeidsmarknaden var dominert av dei ugifte kvinnene, der det store fleirtalet av gifte kvinner trakk seg ut av arbeidslivet. Blom hevdar at «de ugifte kvinner følgjer produksjonen ut av hjemmet, mens de gifte blir værende i hjemmet».²⁸⁹ I nokre yrker kunne til og med kvinner få sparken om dei gifta seg. Ein høgsterettsdom i 1906

²⁸⁴ Semmingsen, 1975: 120

²⁸⁵ Østrem, 2014: 68-69

²⁸⁶ Østrem, 2014: 65

²⁸⁷ Sogner, 1990: 91

²⁸⁸ Blom, 1994: 128

²⁸⁹ Blom, 1994: 133

gjorde det forbodet å avsetje kvinnelege lærarar som gifta seg.²⁹⁰ Men sjølv om idealet var at gifte kvinner ikkje skulle vere i lønna arbeid, var det kvinner som måtte vere med å forsørge familien. Gro Hagemann viser til statistikaren Nicolai Rygg som anslo at kvar femte arbeidarhustru i Kristiania hadde eigen inntekt ved hundreårskiftet.²⁹¹ Svært få hadde heiltidsarbeid, men mange hadde mindre jobbar ved sidan av det å vere husmor for å kunne spe på økonomien.

Husmødrene tok vare på hus og barn, og var ein vanleg yrkesveg for kvinner heilt fram til 1960-talet. Dette arbeidet vart aldri vart rekna som ein del av bruttonasjonalproduktet og som eit yrke. Det som skjedde var at samfunnet igjen snudde dit at kvinner gjekk ut i arbeid igjen, slik som kvinner og menn hadde vore ein del av eit økonomisk arbeidsfellesskap på 1800-talet. Forskjellen mellom den eldre og nyare tida er, som Sølvi Sogner påpeikar, at før gjekk det økonomiske arbeidsfellesskapet for seg i heimen, medan på 1960-talet vart kvinner ein del av arbeidstakarane og produksjonen som gjekk føre seg i samfunnet.²⁹²

Tankane om kvinnernas arbeid førte til at det arbeidet kvinnene gjorde fall utanfor registreringa i folketeljingane. Dette ser ein særleg i jordbrukssektoren. I følgje Blom var kvinnene aktive i jordbrukssektoren, men vart registrerte som forsørgja husmødrer.²⁹³ Slik var det også i Hemsedal, nabobygda til Gol, som også var eit reink bondesamfunn til lenge etter andre verdskrig.²⁹⁴ Dei gifte kvinnene hadde arbeidd all sin dag, men var registrerte under mannen. Det var først langt ute på 1900-talet at gardskvinnene byrja å få seg arbeid utanfor heimen.

Blant dei tretti gifte kvinnene i utvalet mitt står nesten alle oppført som husmødrer i folketeljingane 1900 og 1910 i Noreg og USA. Når det gjeld dei kvinnene som gifta seg etter 1910 er det usikkert om dei held på yrket sitt eller om dei vart husmødrer. Dette gjeld mellom anna Ingeborg Torkildsdotter som hadde livnært seg som fotograf og Kari Helgesdotter som var sjukepleiar. Under yrke står dei gifte kvinnene oppført under ektemannen, som mellom anna gardbrukarkone eller arbeidarkone.

Berre tre gifte kvinner er oppført med anna yrke i folketeljingane. Ei av desse er Ollaug Knudsdotter. I 1900 var ho oppført som fabrikkarbeiderske ved Skotfoss, same fabrikken ektemannen arbeidde. Sannsynlegvis hadde ho arbeidet fram til ho fekk barn, for i 1910 er ho

²⁹⁰ Blom, 1994: 130

²⁹¹ Hagemann, 2005: 184

²⁹² Sogner, 1990: 89

²⁹³ Blom, 1994: 137

²⁹⁴ Sørhøy, et al., 2012: 224

oppført som husmor slik som dei andre gifte kvinnene. Agnette Andreasdotter står i 1900 oppført som husmor, men i 1910 står ho oppført med yrket «hjemmearbeidende fra telefon». Ektemannen var ikkje tilstade i denne teljinga, det kan tyde på at ho hadde ei ekstra inntekt for å spe på økonomien. I 1923 står Agnette oppført som vaskekone ved fabrikken Kont, og ho var blitt enke. Den siste av desse kvinnene var Anna Johannesdotter. Her kan ein sjå den same strategien som hjå Agnette. Ho var registrert som husmor i 1900, men med husmorarbeide og dagarbeid i 1910.

Kvinnene i jordbruket hadde eit stort ansvar for dyra på garden og deltok elles i det vanlege arbeidet i onnene. Dei andre gifte kvinnene tok ansvaret for hus og barn. Dei kvinnene i utvalet mitt som ikkje vart gifte til ein gard gjorde altså som andre kvinner utanfor primærnæringane gjorde. Dei slutta i det betalte arbeidet dei hadde og vart arbeidande heime, medan ektemannen forsørgja dei. Nokre få av kvinnene heldt på arbeidet, eller gjekk ut i arbeid seinare, truleg for å spe på økonomien. Om kvinnene som var registrert som husmødrer også hadde noko arbeid ved sida av for å spe på økonomien, er usikkert, då kjeldene ikkje opplyser om dette. I og med at kvinner som Agnette skaffa seg betalt arbeid etter giftarmål, kan det tyde på at det var behov for ei ekstra inntekt for å få økonomien til å gå rundt.

Dei som aldri gifta seg

Dei fleste kvinnene i utvalet mitt gifta seg, men sju kvinner gifta seg aldri ut frå funna mine. Tidligare var det vanleg at ugifte kvinner og menn vart buande heime på garden, og fungerte som arbeidskraft. Det var ein relativt stor del ugifte kvinner på byrjinga av 1900-talet, og i følgje Melby var kjønnsfordelinga i samfunnet i 1900, 1064 kvinner per 1000 menn, altså eit kvinneoverskot.²⁹⁵ Dei ugifte kvinnene var ofte eldre eller heilt unge. Det vart ei auke i talet på heimeverande døtrer. Samfunnet såg ikkje positivt på dei ugifte kvinnene, og det å vere ugift vart sett på som eit personleg nederlag.²⁹⁶ Dei unge og ugifte kvinnene med lønnsarbeid hadde lange dagar og fekk lågare lønn enn menn. Mange av kvinnene gjekk ut i arbeid, slik som me såg i førre kapittel, men også mange vart verande heime hjå foreldra.

Dei sju ugifte kvinnene i utvalet utgjer 17,1 prosent av i alt 41.²⁹⁷ Ei av desse kvinnene har eg ikkje kunna spora i dei nasjonale folketeljingane, så i hennar tilfelle har eg brukt gards- og ættesogene som kjelde. Fem av kvinnene var gardbrukardøtrer, ei var innerstdotter og ei var fødd utanfor ekteskap. Fire av dei sju kvinnene vart buande heime hjå foreldra der dei hadde

²⁹⁵ Melby, 2005: 261

²⁹⁶ Melby, 2005: 262

²⁹⁷ Sjå tabell 10 i vedlegg 2 – Varig ugifte

arbeid på garden, to av dei budde på Gol, ei i Hurum og ei i Amerika. Margit Tolleivsdotter sin far stod oppført som innerst og skreddar i folketeljingane før 1900. I 1900 var han oppført som gardbrukar og skreddar. Dottera vart buande heime hjå foreldra all sin dag. Det same gjaldt Margrete Olsdotter, men ho døydde alt i 1904, i ein alder av 28 år.

Dei tre andre kvinnene var i arbeid. To var i arbeid som tenestejenter, og Oline Halvorsdotter har eg ikkje funne i dei nasjonale folketeljingane, men i følgje gards- og ættesogene var ho ugift. Ho dukkar først opp i folketeljinga 1923 for Kristiania. Der står ho oppført som ugift smørbrødjomfrau. Ho budde i Kristiania i lag med fleire andre. Guri Henningsdotter var den andre som var i teneste og som aldri gifta seg. Ho var fødd utanfor ekteskap og arbeidde på Nes i Hallingdal i 1900, og i 1910 arbeidde ho som spisesalpike i Kristiania.

Som ein kan sjå var det ganske delt mellom dei ugifte kvinnene om dei arbeidde heime eller var i teneste andre stader. Kvinnene trong eit levebrød, og for dei som vart buande heime på Gol, var det ei løysing å bli buande heime hjå foreldra. Inga av kvinnene som vart verande ugifte fekk barn ut i frå kjend informasjon. Årsakar til at dei aldri gifta seg er ukjende, då kjeldene ikkje opplyser om dette.

Oppsummering og konklusjon

Av dei 41 kvinnene som levde etter konfirmasjonen, var det 33 av dei som gifta seg. Den gjennomsnittlege giftemålsalderen deira var 27,5 år, vesentleg høgare enn blant mødrene, der den var 24,3 år. Det store fleirtalet av kvinnene, 69,7 prosent, gifta seg i tjueårsalderen, slik som også mødrene deira hadde gjort og som det var vanleg elles i den norske befolkninga. Framleis gifta gardbrukardøttrene seg noko tidlegare enn husmannsdøttrene. Det som skil døttrene frå mødrene i giftarmålsalder, er at fleire av døttrene gifta seg etter fylte tretti medan fleire av mødrene gifta seg før fylte tjue. Det var også noko ulik giftarmålsalder mellom dei tolv kvinnene som gifta seg eller budde på Gol etter giftarmålet, og dei tjueein som gifta seg og budde andre stader. Giftarmålsalderen var om lag to år eldre blant dei på Gol, og årsaka til dette kan ha vore det gamle kjønnsollemönsteret som framleis var i bygdene, der ein trong eit levebrød som kunne brødfø ein familie før ein gifta seg. Årsaka til den noko høgare giftarmålsalderen blant kvinnene i utvalet mitt kan gjerne også ha vore påverka av at ekteskapet no skulle vere tufta på kjærleik, men også kvinneoverskotet i samfunnet som gjorde at fleire gifta seg seinare.

Ektefellene til kvinnene arbeidde i stor grad innanfor jordbruket, men ein annan yrkesgruppe gjorde seg no gjeldande, nemleg arbeidarane. Blant dei tolv kvinnene som vart gift eller

budde på Gol, hadde elleve av ektemennene arbeid innanfor jordbruket. I Amerika var det også jordbruket som dominerte yrkesvegen, og alle var på eit tidspunkt sysselsett i jordbruket. Dei som budde andre stader i Noreg, gifta seg ofte med arbeidarar.

Av dei 33 gifte kvinnene fekk tretti av dei barn. Gjennomsnittleg fekk dei 4,9 barn. Mødrene deira fekk langt fleire, heile 7,1 i snitt. Det var fleire faktorar som kan ha påverka dette, mellom anna ekteskapsalderen og om dei dreiv med aktiv barneavgrensing. I utvalet var det store skilander på når dei gifta seg og kor mange barn dei fekk, men dei som fekk færrest barn gifta seg då dei var rundt tretti, medan dei som fekk flest barn gifta seg i byrjinga av tjueåra.

Skilnadene mellom gardbrukarane og arbeidarane i kor mange barn dei fekk er små. Giftarmålsalderen som står sterkest fram som årsak til kvifor kvinnene fekk så mange barn som dei gjorde. Dei fem kvinnene som fekk barn utanfor ekteskap gifta seg, ei med barnefaren, og dei andre med andre menn. Nokre av dei gifta seg seint, som kan ha vore påverka av at dei hadde barn frå før. Dei tre siste gifte kvinnene fekk ikkje barn. Årsakene kan ha vore ekteskapsalder, men også naturlege årsakar som gjorde at dei ikkje kunne få barn.

Tre av ektepara flytta frå Gol etter at dei gifta seg. Årsakar til flytting etter etablering av familie, kan ha vore betre utsikter til arbeid andre stader enn på Gol. Ei utvandra til Amerika. Fleire av familiene i Amerika, flytta mellom fleire statar, og ei flytta mellom USA og Canada.

Dei gifte kvinnene var husmødrer. Å vere husmor i byen og på landet var svært ulikt. Dei som budde i byen hadde ansvaret for hus og barn, medan dei på landet hadde i tillegg ansvaret for dyra og deltok i onnene. Det var berre tre av dei som var oppført med andre yrke. Nokre av dei var oppført som husmor i ei folketeljing, men med anna arbeid i neste. Dette kan tyde på at familiene hadde behov for ei ekstra inntekt. Sju av dei 41 kvinnene gifta seg aldri. Fire av dei vart buande heime hjå foreldra, på Gol, Hurum og i USA, medan dei andre budde åleine.

Konklusjonen i dette kapittelet er at ekteskapsmønsteret mellom mødrene og døtrene i stor grad er ganske likt. Kvinnene gifta seg framleis i tjueåra, men giftarmålsalderen auka noko. Det ser også ut til at den standen dei var fødd inn i påverka når i livsløpet kvinnene gifta seg, men dette kan vere tilfeldig, då dei andre gruppene av arbeidardøtrer, husmannsdøtrer og innerstdøtrer er små. Dei som livnærte seg som gardbrukarar fekk litt fleire barn enn arbeidarane. Det ser framleis ut som at utgangspunktet til kvinnene påverkar kva som skjedde i livet deira i samband med ekteskap og stifting av familie.

Kap. 7: Alderdom og død

Eit livsløp vert avslutta med døden, og denne kunne kome på mange ulike måtar. Til denne delen av livsløpet har kjeldematerialet vore svært avgrensa, og difor vore vanskeleg å finne ut mykje om. Eg har difor konsentrert meg om når kvinnene dør.

Eg har ikkje hatt tilgang til folketeljingar i Noreg etter 1910, så eg har sett min lit til informasjonen frå gards- og ættesogene. Eg har supplert med informasjon for nokre av kvinnene frå kyrkjebøker i Noreg og informasjon frå USA frå Family Search sin nettstad.

Det var mange årsakar til at folk døydde på denne tida. På 1800-talet og utover 1900-talet tok infeksjonssjukdommar mange liv i landet, mellom anna difteri, skarlagensfeber, tyfoidefeber og kikhosete. Hygiene og betre kosthald gjorde levekåra betre mot slutten av 1800-talet, og førte til at dei vanlegaste epidemiske sjukdommane ikkje lenger enda med døden. Dødstala som følgje av epidemiske infeksjonssjukdommar, unntatt tuberkulose, vart halvert for alderen 15 til 39 år i perioden frå 1900 til 1935, men tok seg opp under andre verdskrig.²⁹⁸

Dei epidemiske sjukdommane vart redusert mot slutten av hundreåret, men var likevel den viktigaste dødsårsaka i landet.²⁹⁹ Då dei fleste infeksjonssjukdommane vart redusert, var det ein anna sjukdom som tok over. Dette var tuberkulosen. Dødstala som følgje av denne sjukdommen auka mykje i åra frå 1870 til 1900, og forårsaka om lag kvart femte dødsfall i 1900.³⁰⁰ Sjukdommen var særleg farleg for unge menneske. Tuberkulosen var framleis svært dødeleg utover 1900-talet og forårsaka om lag 12 prosent av alle dødsfall i fyrste halvdel av 1930-talet. Menneske frå alle sosiale lag kunne bli smitta, men mortaliteten var høgast blant folk frå dårlegare økonomiske kår.³⁰¹ Lungetuberkulosen eller tæring, var den farlegaste forma for tuberkulose. Den smitta via dråpesmitte, og hadde ofte vague symptom, som kunne



Foto 9: Kari Helgesdotter Rødbakken. Ho vart 80 år. Fotograf ukjent. Ukjent år. Digitalt museum, Gol Bygdearkiv.

²⁹⁸ Pedersen, 2007: 35

²⁹⁹ Pedersen, 2007: 31-32


³⁰⁰ Liestøl, 2007: 120

³⁰¹ Pedersen, 2007: 35

føre til at den vart oppdaga seint.³⁰² Det vart bygd sanatorium der dei sjuke kunne få behandling. Andre farlege sjukdommar var mellom anna Spanske sjuka. Det var ein influensasjukdom som i to epidemiar tok omkring 15 000 liv i Noreg i 1918-1919.³⁰³ I øvre Hallingdal var det over eitt tusen som vart smitta og 22 døydde.³⁰⁴ Levealderen i landet auka parallelt med nedgangen i dei smittsame sjukdommane. I 1900 var den forventa levealderen om lag 52 år, medan dei som vart fødd i 1900, kunne vente å leve enda lengre.³⁰⁵

Av heile utvalet mitt på seksti, var det nitten som døydde som barn, dei andre 41 døydde som vaksne.³⁰⁶ For tre av desse kvinnene er dødsår og dødsårsak kjend, medan for 31 andre er berre dødsåret kjend. For sju kvinner er både dødsårsak og dødsår ukjent. Tre av dei ukjende kvinnene budde i Amerika og dei andre budde andre stader i Noreg. Hovudkjelda for denne dette kapittelet er gards- og ættesogene, men eg har også funne informasjon om nokre av kvinnene i kyrkjebøkene i Noreg og i lister i Amerika. Diagram 7.1 viser ei oversikt over når dei 34 kvinnene dør. Dei eg ikkje har dødsår for fell utanfor denne statistikken. Kor gamle vart kvinnene?

Diagram 7.1 – Dødsår for kvinnene som døydde på 1900-talet



Kjelde: eigen database

Blant dei 34 kvinnene med kjend dødsår, vart svært mange av dei godt vaksne. Frå den siste av kvinnene døydde som barn i 1886, var det eit opphold der ingen ut frå sikre kjelder dør

³⁰² Liestøl, 2007: 120

³⁰³ Pedersen, 2007: 39

³⁰⁴ Solhjell, 2014: 171

³⁰⁵ FHI: Levealderen i Norge – Folkehelserapporten 2014, 2014

³⁰⁶ Sjå tabell 11 i vedlegg 2 – Døde etter konfirmasjon

før i 1904. Det var to som døydde i perioden fra 1900 til 1910. I perioden fra 1911 til 1930 døydde seks. I alt var det 28 kvinner som vart eldre enn 50 år gamle, 19 vart eldre enn 70 år. Tre av husmannsdøtrene vart over 80 år gamle, medan dei tre innerstdøtrene døydde i 40-åra, og ei døyr i 80-åra. Mellom gardbrukardøtrene er det store individuelle forskjellar, men det er berre gardbrukardøtrer som blir over 85 år. Kvinnen som vart eldst var Sebjørg Sveinsdotter, ho vart 101 år gammal. Ho hadde budd på Gol heile livet, og overlevde to verdskrigar. Ho levde lengre enn ektemannen og fleire av barna sine. Av dei tolv som vart buande på Gol ut livet, var det berre åtte som var i live i 1920.

Kari Helgesdotter hadde flytta mykje i livet. Ho flytta i åra etter konfirmasjonen, og kom etter nokre år tilbake til Gol der ho arbeidde som sjukepleiar fram til 1913. I 1918 gifta ho seg, men giftarmålet er ikkje registrert på Gol, så ho må igjen ha flytta frå bygda. Ho døydde på Gamleheimen på Gol i 1955, så sannsynlegvis drog ho tilbake igjen til heimbygda etter ektemannens død i 1929.

Dødsårsaka er kjend for nokre få av kvinnene i utvalet mitt, i og med at prestane på byrjinga av 1900-talet vart meir nøyaktige med å føre inn dødsårsakene. To av kvinnene døydde av tuberkulose. Margrete Olsdotter og Kari Pedersdotter døydde i 1904 og 1910. Frå 1906 til 1910 var dødelegeita av tuberkulose i Buskerud på 0,24 prosent.³⁰⁷ Både kvinnene døydde på Gol, der Margrete budde hjå foreldra sine og Kari i lag med ektemann og barn på garden der ho hadde vekse opp.

Aagot Danielsdotter er den siste kvinnen med kjend dødsårsak, og ho døydde i 1918. I kyrkjeboka står det apopleksi, eller hjerneinfarkt, som i dei fleste tilfelle vert forårsaka av blodpropp i hjernen eller sjeldnare hjerneblødning.³⁰⁸ Kreft, og hjerte- og karsjukdommar blei etter kvart dei viktigaste dødsårsakane då infeksjonssjukdommane gjekk ned.³⁰⁹

³⁰⁷ NOS: Dødeligheten og dens årsaker 1856-1955, 1961: 208

³⁰⁸ NHI: Hjerneslag, 2015

³⁰⁹ Pedersen, 2007: 39

Kap. 8 Oppsummering og konklusjon

Alle menneske går gjennom eit livsløp, anten det er kort eller langt. Ingen liv er like, men nokre fasar må alle som veks opp gjennom: barndom, ungdoms- og voksenliv, og til slutt alderdom. Gjennom livet vel menneske ulike strategiar for å skaffe seg utsikter til eit godt liv. Flytting, utdanning, arbeid og giftarmål kan alle vere ulike strategiar. Som barn er det foreldra som bestemmer for ein. Seinare tek individua meir eller mindre sjølvstendige val. Slik er det også blant dei seksti kvinnene i utvalet mitt. Dei var alle fødde i Gol i Hallingdal i 1874 eller 1875 og eg har prøvt å følgje dei gjennom alle livsfasane deira, anten dei fekk eit kort eller langt liv.

Ved inngangen til det 20. hundreåret var Noreg eit land i endring mot eit meir moderne samfunn. Tida var prega av folkeauke, flytting, endringar i jordbruksystemet, byvekst og industrialisering. Desse endringane påverka også bygda Gol.

Allereie frå fødselen av la samfunnet si sosiale lagdeling grunnlaget for utgangspunktet til jentene. Det norske jordbruksamfunnet var sosialt delt etter om folk dreiv matrikulert jord og var gardbrukarar eller om dei måtte nøya seg med ein husmannsplass eller anna arbeid eller handverk. Fedrane arbeid, økonomi og stand la eit grunnlag for barna. På Gol var jordbruksystemet den viktigaste næringa, og blant fedrane til jentene var det store fleirtalet, i alt 44 personar, gardbrukarar. Mellom dei andre fedrane var det i følgje folketeljinga 1875: 5 husmenn, 3 innerstar, det vil seie dei som leide husvære hjå andre, og 4 arbeidatarar. To av fedrane fann eg ikkje. Fleire av fedrane endra yrke fleire gonger, noko som tyder på at den økonomiske situasjonen endra seg. Sjølv om gardbrukarane ofte eigde gardane sjølv, var det store økonomiske skilnader mellom dei, noko som talet på husdyr viser. Rekna om til kyrlag hadde den minste garden 2 medan den største hadde heile 32,2 kyrlag.

Det var ikkje berre dei materielle vilkåra som la rammene for framtida til jentene i utvalet mitt. Kvinner som fekk barn utanfor ekteskap vart sett ned på, og det vart også barna deira. I utvalet mitt var ti prosent, eller seks jenter fødde utanfor ekteskap. Foreldra til den eine jenta gifta seg etter nokre år, men dei fire andre mødrene som skulle forsørgje døtrene åleine hadde dårlegare føresetnader for det enn dei gifte foreldra. Fleire av dei vart buande heime hjå sine foreldre, der dei anten arbeidde for foreldra, eller hadde anna arbeid ved sidan av for å ha eit levebrød som kunne forsørgje barnet. Fleire av desse mødrene kom sjølv frå dårlege kår og utgangspunktet til døtrene vart heller ikkje det beste.

Søskenflokkane kunne bli svært store og mange foreldre måtte jobbe hardt for å forsørgje familiene sine. Fleire av fedrane hadde anna arbeid ved sidan av gardsbruket eller husmannsplassen. Ikkje alle familiene klarte dette åleine, og trong støtte frå fattigkassa. Samfunnet på Gol og i Hallingdal var prega av mykje fattigdom, og det var fleire uår som førte med seg dårlege avlingar.

Dei ulike materielle vilkåra påverka livsløpa til mange av jentene i utvalet, men i dei første leveåra ser det ut til at det først og fremst var smittsame sjukdommar som avgjorde om dei skulle få overleva barndommen. Barnedødelegheita var høg, både i landet under eitt og på Gol, dei smittsame sjukdommane var mange, og det var fleire epidemiar. Dei hygieniske forholda var ikkje alltid like gode. Leger som arbeidde i Hallingdal fortalte at folk var dårlege på personleg hygiene og vask av hus. Sanitærforholda var dårlege, så det var mange måtar ein kunne bli smitta av sjukdom. Foreldre kunne ikkje vente at alle barna vaks opp og barna opplevde ofte døden på nært hold sjølve.

I alt døydde heile nitten av dei seksti jentene før konfirmasjonsalder, dei aller fleste døydde før dei fylte seks år. I litteratur om emnet er det skrive at barn i gardbrukarhushald hadde større sjanse for å døy tidleg, grunna at det var fleire moglege smitteberarar. Slik ser det også ut til å vere blant jentene i utvalet mitt. Det store fleirtalet av dei som døydde som barn var gardbrukardøtrer. Gardbrukarane fekk mange barn, men dei mista også relativt fleire enn dei andre gruppene som husmenn, arbeidarar og innerstar. Truleg heng dette saman med at mange av gardbrukarhushalda var store, dei budde ofte tett på gardane og mange folk var innom dørene deira. Det var difor fleire moglege berarar av smittsame sjukdommar i desse hushalda. På dei mindre gardane der økonomien var dårleg spelte sannsynlegvis ernæringa og levestandarden også ei viktig rolle. Men det var ikkje berre jenter i gardbrukarhushalda som døydde. Barna som var fødde utanfor ekteskap hadde og større sjanse for å døy mot slutten av 1800-talet. Om mora hadde dårleg økonomi, kunne ernæringa bli dårleg, og barna ville vere meir utsette for smitte med eit dårleg immunforsvar. To av dei seks jentene som var fødde utanfor ekteskap, døydde før dei fylte seks år.

Folkeauka i landet var sterkt, og det var ikkje levebrød til alle i bygdene, heller ikkje i Gol, der folketalet minka mot slutten av 1800-talet. Fleire av foreldra til jentene i utvalet mitt valde å ta med seg barna sine og flytte medan dei var små. Grunnar til at dei flytta kunne vere alt frå fattigdom til ønsket om større gard og betre arbeidsforhold. To arbeidarfamiliar og ei mor tok med seg døtrene til tettstader eller bynære område kring Kristiania der utsiktene til arbeid var betre. To gardbrukarfamiliar drog til jordbruksland i områda kring Drammen, der tilhøva for å

drive større gard var betre enn på Gol. Den eine slo seg opp som storbonde, medan den andre ikkje klarte seg like godt økonomisk og familien måtte etter kvart ta seg fabrikkarbeid.

Utvandringa frå Gol og Hallingdal var stor og seks av familiene i utvalet mitt, fem av dei gardbrukarfamiliar, valde å ta den lange reisa over Atlanteren medan døtrene var små. Det var ikkje bøndene frå dei aller største gardane som utvandra, men likevel hadde desse det som skulle til for å finansiera reisa, mellom anna ved sal av garden heime. Mange kunne fortsette med det same arbeidet dei hadde i heimlandet, då dei kom til Amerika. I Amerika kunne dei få tilgang til enorme mengder jordbruksland, om ein ser det i forhold til dei små gardane dei hadde drive på Gol. Tanken om billig jord må ha freista mange. Arbeidet var hardt, men løna var stor om ein klarte å byggje opp ein farm. Ein arbeidar-far tok det same valet, og tok med seg dottera han hadde frå eit utanomekteskapeleg forhold og den nye kona, til det lova landet.

I alt 41 av jentene i utvalet mitt var framleis var i live ved konfirmasjonsalder, 35 av desse fann eg i konfirmasjonslister i Gol eller der dei hadde flytta til på Austlandet. Konfirmasjonen var ei viktig hending i liva til ungdom på 1800-talet, då vart dei unge rekna som vaksne. Men ved konfirmasjonen skulle også kunnskapane deira prøvast. Tidlegare forsking tyder på at resultata hang saman med sosial status og bakgrunn, der barn frå betre stilte heimar gjorde det best. Slik var det ikkje blant jentene i utvalet mitt. Dei frå därlegare kår gjorde det ikkje därlegare enn andre, snarare tvert om. Kan henda såg nettopp dei kunnskap som ein måtte å kome seg opp og fram i livet.

Det har vorte hevd at det var vanleg å gå ut i teneste etter konfirmasjonen. Dei unge måtte ut og skaffe seg sitt eige levebrød. Slik var det ikkje i mitt utval. Av dei 26 jentene som var att på Gol i 1891, rett etter at dei var konfirmerte, budde heile nitten framleis heime hjå foreldra sine, seks var i teneste og ei budde hjå besteforeldra sine. Sytten av dei heimebuande jentene var gardbrukardøtrer, men halvparten av husmannsdøtrene budde også heime.

Blant dei jentene som måtte ut i teneste, kom dei fleste frå små kår. Fleire hadde yngre eller eldre søskjen som var att hjå foreldra og som kunne gjere det same arbeidet som dei som flytte ut. I ein slik situasjon var det då var viktigare at døtrene kom seg ut og skaffa seg sitt eige levebrød.

Å halde døtrene heime etter konfirmasjonen eller sende dei ut i teneste hadde såleis mykje å gjøre med foreldras økonomi og behovet for arbeidskraft, uavhengig av om jentene kom frå gardar eller husmannsplassar. Tre av gardbrukardøtrene måtte nemleg også ut i teneste. På dei

store gardane hadde foreldra økonomi til å halde døtrene heime, men på dei mindre gardane var det nok behovet for arbeidskraft som avgjorde om døtrene kunne bli heime eller flytte ut.

Jo eldre jentene vart, jo fleire avgjerder kunne dei ta åleine. Om foreldra ikkje hadde økonomi og bruk for arbeidskrafta deira, kunne flytting vere ein strategi for å skaffe seg betre utsikter til eit levebrød. Det var betre utsikter til arbeid for ugifte kvinner andre stader enn i heimbygda, anten nedover områda mot Drammen og Kristiania, der mange av dei fekk seg arbeid som tenestejenter, eller til Amerika. På Gol var moglegheitene få for dei ugifte kvinnene. Faktisk flytta fleirtalet, i alt tjue av dei 31 jentene som var registrerte som konfirmerte på Gol frå heimbygda, før dei vart gifte. Dei fleste gifta seg og stifta familie i området dei flytta til, berre nokre få flytta tilbake til heimbygda. Mange av dei ugifte som flytta ut kom frå tronge kår, og det ser såleis ut til at desse flytta oftare ut frå heimbygda enn dei frå betre kår. Pull- og push-faktorane er viktige i samband med flytting og utvandring. Dårlege utsikter som fattigdom og få moglegheiter for arbeid kunne få dei til å flytte frå heimbygda, og betre utsikter andre stader freista dei til å reise.

Dei fleste av kvinnene, i alt sytten, flytta til meir bynære strok på Austlandet. To av dei flytta først innlands, for seinare å reise vidare til Amerika. Tre ugifte kvinner reiste direkte. Allereie utreiste familiemedlemmer og vener sendte ofte billettar eller pengar heime til andre dei ønskte at skulle utvandre. Amerikabreva kunne freiste mange til å ta reisa.

Ei ugift kvinne hadde heilt andre høve til å ta valet om å flytte enn ei gift kvinne.

Handlingsrommet hennar var mykje større, og ho kunne i mykje større grad bestemme sjølv kva ho ville med livet. Å stifte familie var framleis noko samfunnet forventa av kvinner, men det var ikkje alle som fann seg ein ektemann. Det var nemleg eit kvinneoverskot i samfunnet. Sju av kvinnene i utvalet mitt heldt seg varig ugifte, fem av dei var gardbrukardøtrer, og fire av dei vart buande hjå foreldra, to på Gol, ei i Hurum og ei i Amerika. Dei andre hadde anna arbeid.

33 av dei 41 kvinnene som var i live ved konfirmasjonsalder gifta seg, og tretti stifta familie. Giftarmål kan sjåast som ein strategi for å få eit trygt liv. Alderen kvinnene gifta seg varierte stort, og gjennomsnittsalderen var 27,5 år. Dei var om lag tre år eldre enn mødrane deira ved giftarmålet. Årsakar til den høgare giftarmålsalderen kan ha vore kvinneoverskotet, men også tanken om ekteskap basert på kjærleik kan ha ført til at færre gjekk inn i styrte ekteskap i ung alder.

Blant mødrene til kvinnene var det skilnader mellom samfunnsgruppene i kor gamle dei var når dei gifta seg, der gardbrukarkvinnene var noko yngre enn husmannskvinnene ved giftarmål. Skilnadene var blitt mindre blant døtrene, men framleis var gardbrukardøtrene i snitt eitt år yngre enn husmannsdøtrene. Dei som gifta seg og budde på Gol var også noko eldre ved giftarmål enn andre kvinnene som gifta seg i byane eller i USA. Det store fleirtalet av ektefellene til dei som budde på Gol hadde arbeid innan jordbruket, den same næringa som fedrane til jentene hadde vore i.

Det er blant dei som hadde flytta frå Gol ein finn dei største skilnadene i kva arbeid ektefellene hadde. Blant dei fleste som budde andre stader i Noreg, var arbeidaryrket det vanlegaste. I USA var jordbruket det desidert vanlegaste yrket, der alle ektefellene til slutt vart gardbrukarar.

Jentene i mitt utval fekk færre barn enn mødrene sine. I gjennomsnitt fekk kvinnene 4,9 barn medan mødrene deira hadde fått 7,1 barn. Ekteskapsalderen sett ei grense for kor mange barn ei kvinne fekk, og døtrene gifta seg seinare enn mødrene. Men også barnets plass i samfunnet hadde endra seg mellom dei to generasjonane. For dei som hadde slått seg ned i byar og tettstader var ikkje barna lengre ein del av produksjonsfellesskapet. Dei hadde gått frå å vere ein arbeidsressurs til å bli ein større utgiftspost. Dei som fekk flest barn var framleis gardbrukarane, men det såg ut til at mange, særleg arbeidarfamiliar, slutta å få barn når eit visst tal vår nådd.

Men ikkje alle fekk barn medan dei var gifte. Nokre få av kvinnene fekk barn utanfor ekteskap. Dette kunne vere hardt for mødrene, og dei hadde nok ikkje økonomi til å ha barna buande hjå seg, for mange av desse barna budde hjå besteforeldra sine. Alle dei fem kvinnene gifta seg likevel seinare, ei av dei med barnefaren. Det var såleis noko hinder for ekteskap å ha fått eit barn utan å vere gift.

Etter at para var gifte, var det tre av dei som budde på Gol som tok valet om å flytte frå bygda. Ei anna som hadde gifta seg i Drammen reiste vidare til USA der ho og ektemannen slo seg ned.

Livsløpa arta seg såleis svært ulikt for kvinnene. Utgangspunktet deira ser ikkje ut til å ha så mykje å seie for korleis liva deira utspant seg som eg i utgangspunktet hadde tenkt. I samband med barnedødelegheita var det verst for dei som var fødde utanfor ekteskap og gardbrukardøtrene. I utvandringa var det flest gardbrukarfamiliar som hadde høve til å reise medan andre flytta innlands. Konfirmasjonen såg ut til å vere ein moglegheit til å skaffe seg

betre utsikter for dei som hadde eit dårlegare økonomiske og sosialt utgangspunkt. Skilnadene mellom gruppene var minka.

Då kvinnene var gamle nok til å ta eigne avgjerder flytta mange av dei som kom frå trongare kår. Utsiktene var betre andre stader. Dei som flytta kunne oppleve mykje større uavhengigheit enn dei som vart verande i eit hushald på Gol. I giftarmåla og stiftinga av familie hang nokon av dei same tendensane som hadde vore blant mødrene deira att, noko lågare giftemålsalder for gardbrukarkvinnene. Dei fekk også litt fleire barn, sjølv om skilandene var svært små. I giftarmålet opplevde dei som hadde gifta seg med arbeidrarar større avhengigheit av ektemannen enn dei som gifta seg med gardbrukarar. På gardane var det framleis eit arbeidsfellesskap der kvinnene hadde eit stort ansvar i produksjonsfellesskapet. Alt i alt var det små skilnader mellom dei ulike gruppene i utvalet mitt, og det kan sjå ut til at kvinnene tok val som var med på å gi dei andre utsikter enn det foreldra deira hadde hatt.

Eit av dei mest overraskande funna mine er at det til slutt var så få som vart buande på Gol. I alt var det berre tolv som vart buande på Gol, ni gardbrukardøtrer, ei husmannsdotter og to innerstdøtrer, av dei 41 som hadde nådd konfirmasjonsalder kring 1890. To av dei som vart verande på Gol heldt seg ugifte og budde heime hjå foreldra. I 1920 var berre åtte av desse i live. Ei av desse hadde flytta mykje til og frå bygda i vaksen alder, men ho flytta sannsynlegvis tilbake til bygda då ektemannen døydde. Ho levde den siste tida av livet på gamleheimen på Gol.

Det store fleirtalet flytta såleis frå heimbygda. Det viser at den store skilnaden mellom det heimbygda kunne by dei av moglegheiter og det utsiktene jentene må ha fått auge på andre stader.

Livet ved hundreårskiftet kunne vere eit hardt liv, der sjukdom og fattigdom rådde i mange familiar. Til tross for høg barnedødelegheit og tronge kår for mange, kunne fleire av kvinnene sjå tilbake på eit langt liv der ulike val gav dei betre utsikter enn foreldra deira hadde hatt i sin tid, og betre utsikter for sine barn og barnebarn.

Kjelder og litteratur

Kjelder

Det Statistiske Centralbureau (NOS). (1888). *Livs- og dødstabeller for det Norske Folk. Efter erfaringer fra tiåret 1871/72 – 1880/81.* Kristiania: Aschehoug & Co. Henta 05.
november 2015 fra http://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iii_068.pdf

Digitalarkivet. Emigranter fra Oslo 1867-1930. Henta 26. august 2015 fra
<http://gda.arkivverket.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=EMIOSLO&spraak=n&metanr=1396>

Digitalarkivet. Emigrantar fra Kristiania 1867-1927. Henta 26. august 2015 fra
<http://gda.arkivverket.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=em03011867tillegg&spraak=n&metanr=6226>

Digitalarkivet. Emigranter over Kristiania 1871-1930. Henta 26.august 2015 fra
<http://gda.arkivverket.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=emikral&spraak=n&metanr=2347>

Digitalarkivet. Emigranter. Henta 26. august 2015 fra
<http://digitalarkivet.arkivverket.no/gen/sok/3>

Digitalarkivet. Folketelling 1891 for Gol og Hemsedal herred. Henta 16. september 2015 fra
http://www.arkivverket.no/URN:db_read/ft/52785

Digitalarkivet. Folketelling 1900. Henta 16. september 2015 fra
<http://digitalarkivet.arkivverket.no/ft/sok/1900>

Digitalarkivet. Folketelling 1910. Henta 16. september 2015 fra
<http://digitalarkivet.arkivverket.no/ft/sok/1910>

Digitalarkivet. Klokkerbok for Gol prestegjeld, Gol sokn 1860-1887. Henta 26. august 2015
fra http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=5873

Digitalarkivet. Klokkerbok for Gol prestegjeld, Gol sokn 1887-1914. Henta 19. januar 2016
fra http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=5874

Digitalarkivet. Klokkerbok for Gol prestegjeld, Gol sokn 1915-1943. Henta 19. januar 2016
fra http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=48

Digitalarkivet. Klokkerbok for Skoger prestegjeld, 1900-1927. Henta 13. mai 2016 fra
<https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/3541>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Asker prestegjeld, 1879-1900. Henta 13. mai 2016 fra
<https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/5506>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Bragernes prestegjeld, 1888-1899. Henta 13. mai 2016 fra
<https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/3516>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1863-1875. Henta 24. september 2015 fra
http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=1090

Digitalarkivet. Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886. Henta 24. september 2015 fra
http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=5872

Digitalarkivet. Ministerialbok for Gol prestegjeld, Gol sokn, 1887-1900. Henta 26. august
2015 fra http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=1167

Digitalarkivet. Ministerialbok for Gol prestegjeld, Gol sokn, 1901-1918. Henta 24. september
2015 fra http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=1168

Digitalarkivet. Ministerialbok for Hurum prestegjeld, 1882-1895, konfirmerte 1889. Henta 07.
september 2015 fra http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=3966

Digitalarkivet. Ministerialbok for Lier prestegjeld, Frogner sokn, 1895-1900. Henta 13. mai
2016 fra <https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/1184>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Nøtterøy prestegjeld, 1894-1907. Henta 13. mai 2016 fra
<https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/1302>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Oslo domkirke/Vår frelsers menighet, 1913-1921. Henta 13.
mai 2016 fra <https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/3946>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Røyken prestegjeld, 1898-1911. Henta 13. mai 2016 fra
<https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/1213>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Sande prestegjeld, 1878-1888, konfirmerte 1888. Henta 19.
september 2015 fra http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=5928

Digitalarkivet. Ministerialbok for Solum prestegjeld, Mælum sokn, 1877-1892, konfirmerte
1889. Henta 08. september 2015 fra
http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=5996

Digitalarkivet. Ministerialbok for Solum prestegjeld, Mælum sokn, 1893-1901. Henta 13. mai 2016 frå <https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/1484>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Strømsø prestegjeld 1879-1899. Henta 13. mai 2016 frå <https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/5572>

Digitalarkivet. Ministerialbok for Østre Aker prestegjeld 1883-1894, konfirmerte 1889. Henta 07. september 2015 frå http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_id=6231

Digitalarkivet. Ministerialbok for Ål prestegjeld, 1897-1915. Henta 13. mai 2016 frå <https://media.digitalarkivet.no/kb/contents/1230>

Dis – Oslo/Akershus. Folketelling 1923 for Kristiania. Hentet 08.09.2015 frå <http://www.disnorge.no/KraFt1923/Soke.php>

Norges Officielle Statistik (NOS). (1878). *Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge i 1875.* Christiania: Norges Officielle Statistik. Henta 05. november 2015 frå https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c4_1875.pdf

Norges Officielle Statistik (NOS). (1878). *Beretning om sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge i 1876.* Christiania: Norges Officielle Statistik. Henta 08. desember 2015 frå http://ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c4_1876.pdf

Norges Officielle Statistik (NOS). (1878). *Beretning om sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge i 1877.* Christiania: Norges Officielle Statistik. Henta 08. desember 2015 frå http://ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_c4_1877.pdf

Norges Officielle Statistik (NOS). (1878). *Fattigstatistikk for 1875.* Kristiania: Departementet for kyrkje- og undervisningsvæsenet. Henta 01. desember 2015 frå http://ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_a2_1875.pdf

Statistisk Sentrabyrå (NOS). (1961). *Dødeligheten og dens årsaker i Norge 1856 – 1955.* Oslo: Statistisk Sentrabyrå. Henta 05. november 2015 frå http://www.ssb.no/a/histstat/sos/sos_010.pdf

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Canada Census, 1906. Henta 21. september 2015 frå <https://familysearch.org/search/collection/1584925>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Canada Census, 1916. Henta 21. september 2015 frå
<https://familysearch.org/search/collection/1529118>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Iowa State Census, 1885. Henta 22. september 2015 frå <https://familysearch.org/ark:/61903/1:1:HHJN-CW2>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Minnesota deaths and burials, 1835-1990. Henta 20. september 2015 frå
<https://familysearch.org/ark:/61903/1:1:FDSS-QLQ>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Minnesota death index, 1908-2002. Henta 14. januar 2016 frå
<https://familysearch.org/ark:/61903/1:1:V47D-158>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Minnesota State Census, 1895. Henta 21. september 2015 frå
<https://familysearch.org/search/collection/1503031>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Minnesota State Census, 1905. Henta 21. september 2015 frå
<https://familysearch.org/search/collection/1503056>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Norway Census, 1875. Henta 17. august 2015 frå <https://familysearch.org/search/collection/1529106>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. Oregon Death Index, 1903-1998. Henta 14. januar 2016 frå <https://familysearch.org/ark:/61903/1:1:VZWP-9BK>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. United States Census, 1900. Henta 21. september 2015 frå
<https://familysearch.org/search/collection/1325221>

The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (2015). Family Search. United States Census, 1910. Henta 19. september 2015 frå
<https://familysearch.org/search/collection/1727033>

Illustrasjoner

Foto 1: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Tolleiv Kinnebergbråten og Ingebjørg Skaga Kinnebergbråten med sine ni barn.* Fotografi. Ukjent fotograf. År 1894. Henta 11. januar 2016 frå

<http://digitaltmuseum.no/011012707704?query=kinnebergbr%C3%A5ten&pos=27>

Foto 2: Braaten, Embrik Torkjellson. *Familiegruppe, bak frå v. Ola, Sigrid og Ågot Olavsbråten. Framme frå v. Daniel Baklien Olavsbråten og Ågot Sundrebråten Olavsbråten.* Fotografi. Ukjent år. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. Henta 11. januar 2016 frå

<http://digitaltmuseum.no/011012707232?page=2&query=olavsbr%C3%A5ten&pos=46>

Foto 3: Østro, Terje. *Herbrand Fossebakken Jeglum og ein del av fam. hans i Am.* Fotografi. Ukjent år. Boka om Gol V, 1989, s. 132.

Foto 4: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Portrett av Mari Persdotter Turhus Brennhovd.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 03. mars 2016 frå

https://digitaltmuseum.no/021016097308?query=mari%20turhus&advanced_search=1&pos=4

Foto 5: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Portrett, kjole, Birgit Stakebråten.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 03. mars 2016 frå

https://digitaltmuseum.no/011012701905?query=birgit%20stakebr%C3%A5ten&advanced_search=1&pos=0

Foto 6: Braaten, Embrik Torkjellson. *Gruppebilde med Ola Ivarson Brennhovd og Mari Persdtr. Turhus.* Fotografi. Ukjent år. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. Henta 16. mars 2016 frå

https://digitaltmuseum.no/011012707212?rows=72&owner_filter=GBA&query=embrik%20braaten&pos=48

Foto 7: Digitalt museum, Gol Bygdearkiv. *Frå v. Birgit Brennhovd og Mari Turhus Brennhovd.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 16. mars 2016 frå

<https://digitaltmuseum.no/011012707732?rows=72&query=mari%20turhus&pos=7>

Foto 8: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Portrett. Ragnhild Steingrimsdotter Haugen Dokken.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 16. mars 2016 frå

https://digitaltmuseum.no/011012708249?rows=72&query=ragn*%20steingr*&pos=12

Foto 9: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Portrett, hatt, kåpe og skjerf. Kari Rødbakken.*

Fotograf ukjent. Ukjent år. Henta 16. mars 2016 frå

https://digitaltmuseum.no/011012704520?rows=72&owner_filter=GBA&query=kari%20helge*&pos=5

Foto 10: Braaten, Embrik Torkjellson. *Familiegruppe. Bak frå v. Ola, Sigrid og Ågot Olavsbråten. Framme frå v. Daniel Baklien Olavsbråten og Ågot Sundrebråten Olavsbråten.* Fotografi. Ukjent år. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. Henta 11. januar 2016 frå

<http://digitaltmuseum.no/011012707232?page=2&query=olavsbr%C3%A5ten&pos=46>

Foto 11: Braaten, Embrik Torkjellson. *Portrett. Ågot Olafsbråten Haugo.* Fotografi. Ukjent år. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. Henta 9. mai 2016 frå

https://digitaltmuseum.no/011012707230?rows=72&query=%C3%A5got%20dani*&pos=37

Foto 12: Digitalt museum, Gol Bygdearkiv. *Tolleiv Kinnebergbråten og Ingebjørg Skaga Kinnebergbråten med sine ni barn.* Fotografi. Ukjent fotograf. 1894. Henta 11. januar 2016 frå

<http://digitaltmuseum.no/011012707704?query=kinnebergbr%C3%A5ten&pos=27>

Foto 13: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Portrett, hatt, kåpe og skjerf. Kari Rødbakken.*

Fotografi. Fotograf ukjent. Ukjent år. Henta 16. mars 2016 frå

https://digitaltmuseum.no/011012704520?rows=72&owner_filter=GBA&query=kari%20helge*&pos=5

Foto 14: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Portrett, kjole, Birgit Stakebråten.* Fotografi.

Fotograf ukjent. Ukjent år. Henta 03. mars 2016 frå

https://digitaltmuseum.no/011012701905?query=birgit%20stakebr%C3%A5ten&advanced_search=1&pos=0

Foto 15: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Bryllaupsbilde av Ragnhild Haugen Dokken og Ola Dokken.* Fotografi. Ukjent fotograf. År 1909. Henta 9. mai 2016 frå

<https://digitaltmuseum.no/021016293247?rows=72&query=ragnhild%20dokken&pos=4>

Foto 16: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Portrett. Ragnhild Steingrimsdotter Haugen Dokken.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 16. mars 2016 frå https://digitaltmuseum.no/011012708249?rows=72&query=ragn*%20steingr*&pos=12

Foto 17: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Gruppebilde.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 9. mai 2016 frå <https://digitaltmuseum.no/011012708254?rows=72&query=ragnhild%20dokken&pos=14>

Foto 18: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Portrett av Mari Persdotter Turhus Brennhovd.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 03. mars 2016 frå https://digitaltmuseum.no/021016097308?query=mari%20turhus&advanced_search=1&pos=4

Foto 19: Braaten, Embrik Torkjellson. *Gruppebilde med Ola Ivarson Brennhovd og Mari Persdtr. Turhus.* Fotografi. Ukjent år. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. Henta 16. mars 2016 frå https://digitaltmuseum.no/011012707212?rows=72&owner_filter=GBA&query=embrik%20braaten&pos=48

Foto 20: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Frå v. Mari Turhus Brennhovd og Ola Brennhovd.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 9. mai 2016 frå <https://digitaltmuseum.no/011012707744?rows=72&query=mari%20turhus&pos=10>

Foto 21: Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. *Frå v. Ivar Brennhovd d.e., Ivar Brennhovd, Ola Brennhovd, Mari Brennhovd og Birgit Brennhovd. Frammafor Engebret Turhus Brennhovd.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 9. mai 2016 frå <https://digitaltmuseum.no/011012699943?rows=72&query=mari%20turhus&pos=2>

Foto 22: Digitalt museum, Gol Bygdearkiv. *Frå v. Birgit Brennhovd og Mari Turhus Brennhovd.* Fotografi. Ukjent fotograf. Ukjent år. Henta 16. mars 2016 frå <https://digitaltmuseum.no/011012707732?rows=72&query=mari%20turhus&pos=7>

Litteratur

- Andersland, Geir Kjell. (2015). Kampen om barnelovene. I Geir Kjell Andersland (Red.), *De Castbergske Barnelover 1915-2015* (s. 17-48). Oslo: Cappelen Damm
- Arkivverket. Emigrantprotokoller fra Oslo 1867-1966. Henta 18.03.2015 frå <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Arkivverket/Statsarkivet-i-Oslo/Norges-dokumentarv-Statsarkivet-i-Oslo/Emigrantprotokoller-fra-Oslo-1867-1966>
- Arkivverket. Kirkebøker. Henta 18.03.2015 frå <https://arkivverket.no/arkivverket/Bruk-av-arkiver/Slekt/Hovedkilder/Kirkeboeker>
- Arkivverket. Sperrefrister. Henta 23.02.2015 frå www.arkivverket.no/arkivverket/Bruk-av-arkiver/Taushetsbelagt/Lovverk-og-praksis/Sperrefrister
- Austevik, Henriette. (2011). *Unge ugifte kvinners utvandring til Amerika* (Masteroppgåve). Høgskulen i Bergen – Universitetet i Bergen.
- Barselfeber (2014). I *Store Norske Leksikon*. Henta 20. oktober 2015 frå <https://sml.snl.no/barselfeber>
- Blom, Ida. (1980). *Barnebegrensning – synd eller sunn fornuft*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Blom, Ida. (1994). *Det er forskjell på folk – nå som før. Om kjønn og andre former for differensiering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Blom, Kari. (2004). *Norsk barndom gjennom 150 år. En innføring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bore, Ragnhild Rein. (2007, desember). Del I: om helsestatistikken. I Ragnhild Rein Bore (Red.), *På liv og død. Helsestatistikk i 150 år* (s. 7-27). Oslo: Statistisk sentralbyrå. Henta 16. mars 2016 frå <http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa94/sa94.pdf>
- Digitalarkivet. Folketeljingar i Noreg. Henta 23. februar 2015 frå <http://digitalarkivet.uib.no/tellingdok.htm>
- Drake, Michael. (1981). Utenomekteskapelig fruktbarhet i Norge 1760-1960. En oversikt. I Jørgen Eliassen & Sølvi Sogner (Red.), *Bot eller bryllup. Ugifte mødre og gravide bruder i det gamle samfunnet* (s. 15- 21). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dyrvik, Ståle. (2004). *Den demografiske overgangen*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Elder, Glen H. & Shanahan, Michael J. (1997). Oppvekst, sosial endring og handlingsevne. Et livsløpsperspektiv. I Frønes, Ivar., Heggen, Kåre. & Myklebust, Jan Olav. (Red.), *Livsløp. Oppvekst, generasjon og sosial endring* (s. 19-45). Oslo: Universitetsforlaget.

Folkehelseinstituttet. (2014, 30. juni). Levealderen i Norge – Folkehelserapporten 2014.

Henta 06. mars 2016 frå

http://www.fhi.no/eway/default.aspx?pid=239&trg=Content_7242&Main_6157=7239:0:25,8904&MainContent_7239=7242:0:25,8929&Content_7242=7244:110610::0:7243:2::0:0

Frønes, Ivar., Heggen, Kåre. & Myklebust, Jan Olav. (1997). Livsløpsanalyse – begreper og forståelsesformer. I Frønes, Ivar, Heggen, Kåre & Myklebust, Jan Olav (Red.), *Livsløp. Oppvekst, generasjon og sosial endring* (s. 9-17). Oslo: Universitetsforlaget.

Hagemann, Gro. (2005). De stummes leir? 1800-1900. I Blom, Ida. & Sogner, Sølvi. (Red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet* (s. 159-253). Oslo: Cappelen Forlag.

Imsen, Steinar & Winge, Harald. (2003). *Norsk Historisk Leksikon* (2. utg.) Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Kjeldstadli, Knut. (2010). *Mine fore besteforeldre. En familiefortelling om framveksten av det moderne Norge*. Oslo: Pax Forlag.

Langholm, Sivert. (1974). Historie på individnivå. *Historisk Tidsskrift*, 53 (3). s. 243-272.

Liestøl, Knut. (2007, desember). Del IV. Sykdom. Hvem fikk tuberkulose – og var de generelt skrøpelige? I Ragnhild Rein Bore (Red.), *På liv og død. Helsestatistikk i 150 år* (s. 120-134). Oslo: Statistisk sentralbyrå. Henta 16. mars 2016 frå <http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa94/sa94.pdf>

Melby, Kari. (2005). Husmortid. 1900-1950. I Blom, Ida. & Sogner, Sølvi. (Red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet* (s. 257-331). Oslo: Cappelen Forlag.

Nerbøvik, Jostein. (1986). *Norsk historie 1870-1905. Frå Jordbruksamfunn mot organisasjonssamfunn*. (2. utg.). Oslo: Det Norske Samlaget.

Nerbøvik, Jostein. (1999). *Norsk historie 1860-1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Norsk Helseinformatikk, NHI. (2015, 27. oktober). Hjerneslag. Henta 16. mars 2016 fra
<http://nhi.no/pasienthandboka/sykdommer/hjerne-nervesystem/hjerneslag-1512.html>

Ohman Nielsen, May-Brith. (2011). *Norveger. Norges historie: Fra istorid til i dag* (2. utg.).
Snarøya: Dinamo forlag.

Pedersen, Anne Gro (2007, desember). Del II. Dødelighet og dødsårsaker.
Dødelighetsmønstret i endring: Fra infeksjoner til livsstil. I Ragnhild Rein Bore
(Red.), *På liv og død. Helsestatistikk i 150 år* (s. 29-51). Oslo: Statistisk sentralbyrå.
Henta 16. mars 2016 fra <http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa94/sa94.pdf>

Pryser, Tore. (1985). *Norsk historie 1800-1875. Frå standssamfunn mot klassesamfunn*. Oslo:
Det Norske Samlaget.

Sandvik, Hilde. (2005). Tidlig morderne tid i Norge. 1500-1800. I Blom, Ida. & Sogner,
Sølv. (Red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*
(s. 105-155). Oslo: Cappelen Forlag.

Semmingsen, Ingrid. (1950). *Veien mot Vest, annen del. Utvandringen fra Norge 1865-1915*.
Oslo: Aschehoug & Co.

Semmingsen, Ingrid. (1975). *Drøm og dåd. Utvandringen til Amerika*. Oslo: H. Aschehoug &
Co.

Skrede, Kari. & Tornes, Kristin. (1983). *Studier i kvinners livsløp*. Oslo: Universitetsforlaget.

Sogner, Sølv. (1990). *Far sjøl i stua og familien hans. Trekk fra norsk familiehistorie før og
nå*. Oslo: Universitetsforlaget.

Solhjell, Kåre. (2014). *Historia om Hallingdal. Hallingdals historie ved 200-årsjubileet for
Grunnlova i 2014*. Drammen: Regionrådet for Hallingdal.

Sundt, Eilert. (2006). *Om sædeligheds-tilstanden i Norge*. Skien: De norske bokklubbene.

Svello, Hallvard. (1961). *Boka om Gol I. Frå busetjing til kommunalt sjølvstyre*. Oslo: Gol
Kommune.

Svello, Hallvard. (1963). *Boka om Gol II. 100 år i strid og vokster*. Gjøvik: Gol kommune.

Sørhøy, Berit Marie., Snerte, Kjell., Hemsedal Historielag & Hemsedal Mållag. (2012).
Kvinneliv i Hemsedal. Drammen: Hemsedal Historielag og Hemsedal Mållag.

Thorvaldsen, Gunnar. (1978). *Konfirmanter og karakterer. En sosialhistorisk analyse* (Hovedoppgave). Universitetet i Oslo.

Tønnessen, B. Liv Kari. (2011). *Norsk Utdanningshistorie. En innføring med fokus på grunnskolens utvikling* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Øia, Tormod. & Fauske, Halvor. (2010). *Oppvekst i Norge*. (2. utg.). Oslo: Abstrakt forlag.

Østrem, Nils Olav. (2014). *Norsk utvandringshistorie*. (2. utg.). Oslo: Det norske samlaget

Østro, Terje. (1986). *Boka om Gol III. Gards- og ættesoge. Herad*. Gol: Gol kommune, Gards- og ættesogenemda.

Østro, Terje. (1988). *Boka om Gol IV. Gards- og ættesoge. Åsgardane, Hesla og Gol sentrum*. Gol: Gol kommune, Gards- og ættesogenemda.

Østro, Terje. (1989). *Boka om Gol V. Gards- og ættesoge. Rotneim, Grogardane og Jegleim*. Gol: Gol kommune, Gards- og ættesogenemda.

Østro, Terje. (1991). *Boka om Gol VI. Gards og ættesoge. Golreppen*. Gol: Gol kommune, Gards- og ættesogenemda.

Østro, Terje. (1993). *Boka om Gol VII-A. Gards- og ættesoge. Øygardane og Grønliane*. Gol: Gol kommune, Gards- og ættesogenemda.

Østro, Terje. (1993). *Boka om Gol VII-B. Gards- og ættesoge. Øygardane og Grønliane*. Gol: Gol kommune, Gards- og ættesogenemda.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Biografiar

I dette vedlegget har eg skrive inn biografiane til jentene i utvalet mitt. Eg har skrive inn informasjonen frå alle kjeldene eg har brukt. Fødselsåra til foreldra er teke frå dåpslistene, den første kjelda jentene vart skrive inn i. Eg har brukt gards- og ættesogene til å kontrollere informasjonen, og der det står eit anna fødselsår har eg skrive inn det frå dåpslistene først, deretter frå bygdebøkene, eksempel 1875/74. På søsken har eg skrive inn fødselsåra frå folketeljinga 1875, for dei som er fødde etter har eg brukt gards- og ættesogene. Dødsår er henta frå gards- og ættesogene. Jentene i utvalet er skrive inn i den rekkefølgja dei er fødd i.

Nr. 1 – Ingeborg (Ingebjørg) Tostensdotter

Fødd den 04. mai 1874 av Tosten Knudson (1832-1918) og Margit Olsdotter (1838/39-1938) på Bjørnebraaten. Tosten og Margit gifta seg i 1862. Tosten var sjølveigar på ein gard med 11,8 kyrlag. Frå før hadde Ingeborg tre eldre søsken, Knut (1862-1952), Ola (1864-1947) og Ola (1871-1874).³¹⁰ Ingeborg dør den 29. mai 1874.³¹¹ Seinare fekk foreldra fire barn til, Ola (1875-1876), Ingebjørg (1877-1966), Margit (1880-1969) og Olav (1885-1971).

Nr. 2 – Guri Karlsdotter

Fødd den 07. mai 1874. Foreldra var unkar Karl Olson (1854) og pike Gunhild Eiriksdotter (1852/51). Det var begges første leiermål. Far var gardbrukarson frå Fredrikshald, og mor var husmannsdotter frå Gol. Guri var fødd utanfor ekteskap og budde med mora på husmannsplassen, Pytten. I folketeljinga 1875 budde dei to i lag med foreldra til Gunhild, Eirik Eirikson (1812) og Guri Olsdotter (1813), der ho hjalp dei.

Mor og dotter flytta til Østre Aker, der Gunhild gifta seg med Peter Edvard Andersen i 1886.³¹² Han var frå Gran og fødd i 1857.³¹³ Guri vart konfirmert i 1889, i Østre Aker.³¹⁴ Står ikkje oppført kva ho fekk på konfirmasjonen. Dei budde då på ein plass som heitte Hade. I 1900-teljinga finn eg to barn til, som mora og stefaren fekk etter at dei gifta seg. Guri forsvinn for meg etter konfirmasjonen. Eg finn ho ikkje i folketeljingane for 1900 og 1910 i Noreg. Gards- og ættesogene har heller ikkje noko meir informasjon om henne.

³¹⁰ Østro, 1993: 268

³¹¹ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1863-1875»: 294

³¹² Østro, 1986: 615

³¹³ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Østre Aker prestegjeld, 1883-1894, ekteviede i 1886»: 206

³¹⁴ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Østre Aker prestegjeld 1883-1894, konfirmerte 1889»: 141

Nr. 3 – Kari Pedersdotter

Fødd den 10. mai 1874. Foreldra var Peder Knudson (1834-1908) og Barbra Østensdotter (1836-1907), på Uthallen. Peder og Barbra gifta seg i 1858. Peder var sjølveigar på ein gard med 7,5 kyrlag. I folketeljinga for 1875 er det og registrert tre søsken, Østen (1860-1902), Ingeborg (1864) og Liv (1871-1908). I tillegg budde Peders far, Knud Pederson (1794) hjå dei. Ein eldre bror, Knut (1857-1869), var gått bort før Kari vart fødd.³¹⁵

I 1889 vart Kari konfirmert med «nesten meget godt» i kristendomskunnskap. Familien bur framleis på Uthallen og faren står oppført som gardbrukar. I 1891 budde ho framleis heime, der ho arbeidde med handarbeid og husgjerningen. Det var og ei anna søster som budde heime, Liv. Faren er oppført som sjølveigar og tømmermann.

I 1900 budde ho framleis heime hjå foreldra. Ho hadde ein son utanfor ekteskap, Ole Eilefson (1899), med Eilev Olson Pålbråten. Kari kjøpte garden, Uthallen, av foreldra for 500 kr og livaure til foreldra i 1904.³¹⁶ I 1909 gifta ho seg med Lars Arneson Uthallen (1878).³¹⁷ Han var frå nedre Uthallen. Han hadde poliomyelitt og var lam i begge føtene og gjekk difor på krykkjer.³¹⁸ I gards- og ættesoga står det at han fekk sjukdommen i yngre år, så eg veit ikkje når han fekk det. Dei fekk ein son, Arne Larsson (1909). Han vaks opp hjå søskena til Lars på nedre Uthallen. Ho dør 23. juni 1910 av tæring.³¹⁹

Nr. 4 – Ollaug Knudsdotter

Fødd den 07. juni 1874 på Golberg av Knud Østenson (1848/49-1915) og Sigrid Andersdotter (1846/45-1944). Dei gifta seg i 1870. Knud var gardbrukar og sjølveigar på Golberg med 13,5 kyrlag. I 1875 var det registrert ei søster, Margit (1871), ei tenestejente og ei barnepike. Før Ollaug vart fødd hadde dei fått ein son, Østen (1873) som døydde same året han vart fødd. Seinare fekk dei fleire barn, Østen (1875-1875), Liv (1876), Østen (1878), Andres (1880), Olaf (1883), Knut (1887) og Anna (1890).³²⁰ I følgje gards- og ættesoga var det mange historiar om far til Ollaug. Det var ingen som turde og gå til han aleine.

³¹⁵ Østro, 1986: 121

³¹⁶ Østro, 1986: 122

³¹⁷ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 185

³¹⁸ Østro, 1986: 122

³¹⁹ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 207

³²⁰ Østro, 1991: 637

«So var det ein gong fleire hadde slege seg saman og var på tur til Golberg, for no skulle dei tukte`n. men Knut hadde sett dei og møtte dei i gardstunet. Då stod han og svinga ein förslede rundt seg sjølv i lause lufta. Men då desse karane såg dette, snudde dei att i grindelee». ³²¹

Faren fekk det heller ikkje heilt til økonomisk sett, særleg etter å ha sett opp ei krambu på Golberg. I 1878 var krava blitt mange, og til og med faren hans, Østen Ro, stemnde sonen for panteobligasjonar han hadde med pant i Golberg. Same året vart han slegen konkurs.³²² Garden vart pakta bort, og varelageret til krambua vart auksjonert bort. Også familiens eidegar og eidegård vart auksjonert bort. Året etter, i 1879, flytta familien til Lier, nokre år seinare flytta dei til Skotfoss like ved Skien. Familien fekk bygd seg eitt hus i Skotfoss, og seinare vart dette selt og dei kjøpte ein gard.

Ollaug vart konfirmert i 1889 i Solum, med «godt» i kristendomskunnskap. Dei budde på Kleven, der faren var gardbrukar.³²³ I 1897 gjekk faren på nytt konkurs. Denne gongen drog han frå familien til Amerika, medan dei måtte flytte frå garden og få seg arbeid på fabrikken der.³²⁴ I 1900 vart Ollaug gift med Andreas Gunnulfsen (1875) i Solum i Telemark.³²⁵ I folketeljinga for dette året arbeidde ho som fabrikkarbeiderske og han som fabrikkarbeider ved Skotfos. Dei budde i Fladland i Solum. Ho står med etternamnet Østenson, det same som far sin. I folketeljinga 1910 står ho oppført med etternamnet til ektemannen og arbeidde ikkje lenger på fabrikken. Fornamnet hennas er enda til Olava og dette kan vere ei feilskriving i kjelda. Andreas står registrert som «rulpakker ved Skotfos». Dei hadde fem barn: Sigrid (1901), Gunnvald (1902), Thora (1904), Henry (1907) og Anna (1908). Dei budde på Skotfoss i Solum. I følgje gards- og ættesoga skal dei ha fått sju barn, og to av desse vart nok fødd etter at folketeljinga 1910 vart gjennomført. Eg veit ikkje når Ollaug dør.

Nr. 5 – Ingerid Endresdotter

Fødd den 12. juni 1874 av Endre Halvorson (1833/31-1920) og Birgit Aslaksdotter (1843/44-1920) på Hatten. Endre og Birgit gifta seg i 1866/65.³²⁶ Han var sjølveigar med 11,7 kyrlag,

³²¹ Østro, 1991: 674

³²² Østro, 1991: 674

³²³ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Solum prestegjeld, Mælum sokn, 1877-1892»: 95

³²⁴ Østro, 1991: 674

³²⁵ Kontrollert med ministerialbok for Solum prestegjeld, Mælum sokn, 1893-1901: 115

³²⁶ Mellom dei to systrene har foreldras giftemål og moras fødselsår endra seg. Eg har valt å bruke det som også står i gards- og ættesogene, det same som står på Ingerid som vart fødd i 1875, altså at mora var fødd i 1844 og dei gifta seg i 1865.

og ho hadde tre eldre søsken. Ingerid døydde den 26. juni 1874, berre to veker gammal.³²⁷ Seinare fekk foreldra fem barn til.

Nr. 6 – Sissel Jacobsdotter

Fødd 17. juni 1874. Foreldra var Jacob Arneson (1848/47-1907) og Aasa Olsdotter (1854-1927). Dei gifta seg i mai 1874, rett før Sissel vart fødd. Dei budde på Tuftene og Jacob var innerst, men i folketeljinga 1875 var han sjølveigar med 2 kyrlag. Faren skal ha kjøpt garden Tufto 1. juni 1874.³²⁸ Sissel er ikkje registrert i folketeljinga 1875, men ho er heller ikkje skrive ned i ministerialboka over døde. Mest sannsynleg døydde ho i løpet av 1875. Seinare fekk foreldra tre barn til, og familien utvandra til Amerika.

Nr. 7 – Ollaug Tollefsdotter

Fødd den 19. juni 1874. Foreldra var Tollef Larson (1826/27-1887) og Kari Knudsdotter (1834). Dei vart gift i 1959/58, og budde på Rust då Ollaug vart fødd. Han var gardbrukar og sjølveigar på ein gard med 9,8 kyrlag. I folketeljinga 1875 er det og registrert fem søsken, Lars (1859), Knut (1865), Ole (1867-1929), Niels (1869) og Tollef (1872). Frå før hadde dei dottera Ollaug som ifølgje gards- og ættesoga var fødd i 1859 og døydde i 1868.³²⁹ Ollaug døydde 18. mars 1877.³³⁰

Nr. 8 – Liv Andersdotter

Fødd den 21. juli 1874. Foreldra var Anders Kolbjørnsen (1822/23-1912) og Birgit Olsdotter (1837/36-1908). Dei gifta seg i 1859. Han var innerst på Rudningen då dottera vart døypt. I folketeljinga 1875 var Anders registrert som gardbrukar og sjølveigar på ein gard med 3,2 kyrlag. Garden skal ha vorte overdregen til Anders omkring 1860.³³¹ Det var og registrert tre andre søsken, Ole (1862), Anders (1865-1939) og Knud (1870-1946). Garden heitte Jonsrudningen. Frå før hadde dei sonen Kolbjørn (1860), og i 1878 fekk dei ei dotter til, Margit (d.1953).³³²

I 1882 selde faren bruket til svigerbroren Knut Olson for 2000 kr. Då Liv vart konfirmert i 1889 fekk ho «meget godt» på kristendomskunnskap. Familien budde då på Rudningen, der faren var innerst. I 1891 hadde familien flytta til ein anna plass der faren var innerst, og

³²⁷ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1863-1875»: 294

³²⁸ Østro, 1993: 372

³²⁹ Østro, 1988: 314

³³⁰ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 259

³³¹ Østro, 1989: 255-256

³³² Østro, 1989: 256

arbeidde som jordbruksar og dagarbeidar.³³³ Året før, i 1890, flytta Liv til Nøtterøy, oppført i ministerialboka i 1902.³³⁴ I 1900 heitte ho Liv Andersen og var tenestejente hjå Mikal Smith og kone Camma Marie på østre Ekenes på Nøtterøy. Det budde også to andre tenestefolk der. I 1902 gifta ho seg med Hans Hansen (1876) på Nøtterøy.³³⁵ I folketeljinga 1910 står ho oppført med hans etternamn. Han var gardbrukar på Ekenes på Nøtterøy. Dei hadde to barn: Hans (1902) og Birgit (1905). Liv døydde i 1956.³³⁶

Nr. 9 – Kari Olsdotter

Fødd den 21. juli 1874 av Ole Olson (1834-1890) og Guri Engrebretsdotter (1835-1921) på Rotneim, Gutegarden. Han var gardbrukar og sjølveigar med 19,5 kyrlag. Dei gifta seg i 1863. I folketeljinga 1875 var det også registrert fire søskener, Kari (1863-1899), Birgit (1865-1958), Turi (1868-1905) og Ole (1871-1962). Dei fekk seinare Embrik (1878-1909), Ivar (1882-1894) og Asle (1886-1973).³³⁷ Kari døydde den 24. mai 1886,³³⁸ og ho var i følgje gards- og ættesoga «dom», eller døvstum.³³⁹

Nr. 10 – Oline Nilsdotter

Fødd den 02. august 1874. Foreldra var Nils Tollefson (1837/35) og Guri Arnesdotter (1838/39-1928). Dei gifta seg i 1867, og budde på Trandeim då Oline vart fødd. Nils var gardbrukar og sjølveigar med 5,3 kyrlag. I folketeljinga 1875 var det også registrert fire søskener, Birgit (1867-1958), Ingeborg (1869), Anne (1870) og Liv (1872-1957).

Den 14. april 1876 utvandra familien til Amerika frå Kristiania, med skipet *Angelo*. Dei hadde Cherokee, Iowa som reisemål. Familien reiste ikkje på førehandsbetalt billett. I emigrantprotokollane hadde alle i familien fått farens etternamn, Tollefson. I Amerika fekk foreldra barna Oliver (1876-1966), Anette (1878), Henry (1879-1957) og Nicholie (1881-1956). Oline døydde nok før 1880 i følgje gards- og ættesoga.³⁴⁰ I den statlege folketeljinga for Iowa, Buena Vista, i 1885 fann eg familien, men ikkje Oline.³⁴¹

³³³ Digitalarkivet, «Gol Herred, Statlig folketelling 1891, husliste 14, tellingskrets 3».

³³⁴ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918»: 252

³³⁵ Kontrollert med ministerialbok for Nøtterøy, 1894-1907: 316

³³⁶ Østro, 1989: 256

³³⁷ Østro, 1989: 196

³³⁸ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 283

³³⁹ Østro, 1989: 197

³⁴⁰ Østro, 1991: 210

³⁴¹ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, «Iowa State Census 1885».

Nr. 11 – Margit Juulsdotter

Fødd den 05. august 1874 på Stensrud. Foreldra var Juul Knudson (1842-1914) og Kristi Engebretsdotter (1844-1933). Dei gifta seg i 1868, og han var gardbrukar med 15,2 kyrlag. I 1875 hadde dei også to andre barn, Knuud (1869) og Anne (1872). I folketeljinga var det også registrert ei tenestejente. Margit døydde den 28. desember 1876.³⁴² Seinare fekk foreldra fire barn til.

Nr. 12 – Anne Bjørnsdotter

Fødd 27. august 1874 av foreldra Bjørn Syverson (1829-1914) og Birgit Sevatsdotter (1836-1927). Bjørn og Birgit vart gift i 1866. Dei budde i Johannesdalen, der han var snikkar, gardbrukar og sjølveigar med 16,5 kyrlag. Dei hadde tre barn før, Birgit (1867-1957), Syver (1868-1941) og Anfin (1872).³⁴³ Anfin døydde i 1877, etter at han forsvann. Dei trudde han hadde fylgd etter geitene. Familien og andre folk frå nabogardane leita etter Anfin i fleire veker, og faren fann han til slutt i nærleiken av ei myr den 25. juni. Guten var borte i 21 dagar.³⁴⁴ Det vart funne spor etter barneføter på ein stol, og guten var sannsynlegvis på leit etter mat. Den 11. oktober 1874 døydde Anne.³⁴⁵ Seinare fekk foreldra ei dotter til.

Nr. 13 – Thora Stengrimsdotter

Fødd den 29. august 1874 av unkar Stengrim Guttormson (1850/49) og pike Ingeborg Hermundsdotter (1857-1924). Han var gardbrukarson frå Braatene, og ho var husmannsdotter frå Nordreleie. Det var begges første leiermål. I folketeljinga for 1875 budde Thora i lag med mora på Jonsrud, medan faren budde i Braatene saman med sine foreldre. Mora livnærte seg som smetteveverske (smetter band) og faren som arbeidskar.

Mora gifta seg i 1879 med Halvor Halvorson. I 1881 drog dei til Amerika, og fekk åtte barn.³⁴⁶ Ein kan finne Ingeborg med ektemann og barn, i folketeljinga 1900 i USA, i Nelson, Nord Dakota. Etter at mora drog budde nok Thora hjå faren og hans kone, Ambjørg Olsdotter. Dei to vart gift i 1883. Thora utvandra til Amerika i lag med faren og Ambjørg, den 21. mai 1886 med skipet *Angelo*. Dei drog frå Kristiania, og hadde Walcott DT som reisemål. I emigrantprotokollane var Thora oppført med Braaten som etternamn. Dette er plassen faren var frå. I følgje gards- og ættesoga farma Steingrim ved Wyndemere i Richland, Nord Dakota.

³⁴² Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 258

³⁴³ Østro, 1988: 233

³⁴⁴ Østro, 1988: 233

³⁴⁵ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1863-1875»: 295

³⁴⁶ Østro, 1986: 329

I folketeljinga 1900 i USA var Thora gift med ein Hans Johnson (1863) frå Noreg, denne informasjonen stemmer også overeins med gards- og ættesoga, men namnet hans blir skrive Janson. Han kom frå Trøgstad. Dei farma ved North Silverton and South Silverton Precincts i Marion, Oregon. Det står at dei har vore gift i åtte år, altså dei gifta seg i 1892, då ho var om lag 18 år. Thora var ikkje oppført med noko eige yrke. Dei hadde fire barn i 1900: Henry (1893), Clara M (1895), Alma C (1897) og Hannah S (1899). I 1910 hadde dei fått fire barn til, Hanna J (1902), Tilla C (1905), Helen M (1907) og Lawrence (1910). Hannah S har sannsynlegvis gått bort mellom desse folketeljingane. I 1920 står dei oppført med to barn til: Melvin (1914) og Lorraine (1916). I tillegg budde mora til Hans i lag med familien. Dei budde framleis i North Silverton i Marion, Oregon. Thora døydde 28. februar 1932.³⁴⁷

Nr. 14 – Ingeborg (Ingebjørg) Torkelsdotter

Fødd den 30. august 1874 av Torkel Engebretson (1836-1928) og Aasa Pedersdotter (1834-1916) på Braaten. Torkel og Aasa gifta seg i 1864, og han var gardbrukar med 13,3 kyrlag i 1875. Det var også registrert tre søskjen i folketeljinga 1875, Engebred (1865), Peder (1866) og Ole (1873). Torkel og Aasa hadde også hatt to barn til, som hadde gått bort før Ingeborg vart fødd.³⁴⁸

I 1890 vart Ingeborg konfirmert, med «godt» i kristendomskunnskap. Dei budde framleis på Braaten der faren var gardbrukar. I 1891 budde ho framleis heime, der ho arbeiddde med husstel og kreaturstel. Faren var oppført som bruker av gard med forpakting. Sonen Ole budde også bror Knut Pederson hadde livaure på garden. I følgje gards- og ættesoga hadde Torkel fått økonomiske problem utover 1880-åra, så det var sonen Engebred som redda garden for å bli selt. I 1886 vart garden skøytt til Engebred for 3000 kr.³⁴⁹ Han flytta seinare til Kjednbal, som han kalla for Bergheim, og i 1893 flytter foreldra og dei yngste barna dit. I folketeljinga 1900 oppheldt Ingeborg seg på Ål som einsleg losjerande, hjå jordbruksar Halvor Ellefsen og kona Guri Torstensdotter, og deira to barn. Ingeborg arbeidde som «fotografistinde». Ho budde framleis heime på Bergheim, for når ein finn familien står ho som fråverande. Her er også broren Engebred oppført som fotograf og gardbrukar.³⁵⁰ I følgje gards- og ættesoga var det han som lærte opp Ingebjørg i fotografering og han var den første faste fotografen i bygda.³⁵¹ Då broren døydde tok Ingeborg over fotograferinga. I 1910 budde

³⁴⁷ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, «Oregon Death Index, 1903-1998»

³⁴⁸ Østro, 1993: 712

³⁴⁹ Østro, 1993: 713

³⁵⁰ E.T. Braaten var den fyrste fasta fotografen i Gol og hadde atelier i huset på Kjednbal eller Bergheim.

³⁵¹ Østro, 1991: 763

Ingeborg framleis på garden, som no enka etter broren hadde teke over, der står ho oppført som losjerande. Der budde og dei seks barna til Engebred og Henriette Jensine Braaten, og foreldra til Ingeborg. Ingeborg gifta seg i Gol i 1913 med lærar Olav O. Moen (1889).³⁵² Dei budde på Helgøya og fekk to barn.³⁵³ Ingeborg døydde i 1924.

Nr. 15 – Birgit Halvorsdotter

Fødd den 13. september 1874 på Berg. Foreldra var Halvor Halgrimson (1838-1933) og Birgit Olsdotter (1848-1922). Dei vart gift i 1866, og han var gardbrukar og sjølveigar med 32,2 kyrlag. Dei hadde også tre barn til, Thorae (1868-1894), Halgrim (1870-1949) og Ole (1872-1957). På garden hadde dei også ein gardsgut, ei tenestegut og ei budeie. Den 01. mars 1877, døydde Birgit.³⁵⁴ Foreldra fekk seinare fem barn til.³⁵⁵

Nr. 16 – Birgit Iversdotter

Fødd den 20. september 1874 på Sagebraaten. Foreldra var Iver Olson (1840-1907) og Kari Tollefsdotter (1843-1916). Dei gifta seg i 1865, og han var gardbrukar og sjølveigar med 4 kyrlag i 1875. Dei hadde også fire andre barn, Ole (1864), Tollef (1866), Engebret (1869) og Ole (1871), som var registrerte i folketeljinga 1875. Dei fekk seinare fleire barn, Anne (1877), Ivar (1880) og Albert (fødd i Amerika).³⁵⁶

Den 03. juni 1881 utvandra familien til Amerika frå Kristiania, med skipet *Angelo*. Dei hadde Fargo, Dakota som reisemål. Birgit er her registrert som Bergitte. Denne familien reiste på førehandsbetalt billett. Faren vart slegen konkurs i 1879, og konkursbuet var ferdig i 1885. I følgje gards- og ættesoga drog familien same året som faren gjekk konkurs, men dette kan ikkje stemme, då i kyrkjebøkene og emigrantprotokollane står det at dei reiste i 1881. Familien skal ha budd hjå ein anna familie, før dei etter fem år fekk kjøpt seg ein eigen farm i Barrie township i Nord Dakota.³⁵⁷

I følgje folketeljinga 1900 i USA vart Birgit gift med Carl Sorenson (1870) frå Noreg i 1897. I 1900 budde dei i Equality & Garnes Township, i Red Lake, Minnesota, med sonen Harry som vart fødd same året dei gifta seg. Carl livnærte seg som farmar. I den statlege folketeljinga for Minnesota i 1905, budde dei framleis i Garnes med barna Harry, Ivar (1900),

³⁵² Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 231

³⁵³ Østro, 1993: 712

³⁵⁴ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 259

³⁵⁵ Østro, 1988: 89

³⁵⁶ Østro, 1991: 218

³⁵⁷ Østro, 1991: 218

John (1902). Namnet til Birgit er endra til Brigit. I folketeljinga 1910 er namnet til Birgit endra til Betsy. Eg er sikker på det er henne då ektemannens namn er det same som ved førre teljing og den første sonens namn stemmer. No hadde dei fått i alt seks barn, Harry, Iver, John, Cora (1906), Sarah (1908) og Nuben (1910). I folketeljinga 1920 budde framleis alle barna heime hjå foreldra og dei hadde fått tre barn til, Ives (1912), Edna (1914) og Orville (1916). Dei budde framleis i Garnes, i Red Lake Minnesota. Birgit døydde 14. januar 1932.³⁵⁸

Nr. 17 – Thora Helgesdotter

Fødd den 26. september 1874. Foreldra var Helge Olson (1836/33-1922) og Guro Wilhelmsdotter (1842-1927) på Røen. Dei gifta seg i 1866, og han var innerst. I folketeljinga 1875 var Helge registrert som husmann med jord og som dagarbeider med 2,7 kyrlag. Dei hadde og to andre barn, Aase (1866-1951) og Ole (1871-1930). Ein anna son, Vilhelm (1868-1924) var ikkje registrert her då teljinga var gjennomført. Dei fekk seinare to barn til, Jens (1879) og Halvor (1882-1960).³⁵⁹

Konfirmert i 1890, med «meget godt» i kristendomskunnskap. Dei hadde no flytta til Glannen der faren var innerst. I konfirmasjonslistene har faren endra fornamn til Halvor. Dette må vere ei feilskriving, då mor Guri aldri var gift med nokon andre enn Helge. Under folketeljinga 1891 budde Thora framleis heime. Ho arbeidde med handarbeid. Faren står oppført som husmann og tømmerhugger i denne teljinga. Brørne Jens og Halvor budde og heime.

Thora Helgesdotter Roe flytta frå Gol i 1900, ho er registrert i ministerialboka over utflytta.³⁶⁰ Same året gifta ho seg med Karl Andersen Haug i Asker.³⁶¹ I folketeljinga for 1900 var Thora Haug oppført som husmor og hustru. Fødselsåret ho er oppført med er feil, men namn på ektemann, bustad og hennas fødestad stemmer med anna informasjon. Karl (1871) var tømmermann. Dei budde hjå ein Kristian Ingebretsen med kone og dotter, i Solvang i Asker. I 1910 var Karl bygningstømmermann og dei budde i Lia av Liabråten i Asker. Dei hadde fått fire barn: Gudrun (1901), Anders (1903), Bergliot (1905) og Helge (1908). I følgje gards- og ættesoga fekk dei til saman seks barn, altså fekk dei to til etter 1910.³⁶² Thora døydde i 1958.

³⁵⁸ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, “Find a grave index”.

³⁵⁹ Østro, 1986: 582

³⁶⁰ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1887-1900»: 252

³⁶¹ Kontrollert med ministerialbok for Asker prestegjeld, 1879-1900: 135

³⁶² Østro, 1986: 582

Nr. 18 – Kristi Olsdotter

Fødd 28. september 1874. Foreldra er Ole Olson (1830/28-1898) og Kristi Olsdotter (1832/33-1908). Foreldra gifta seg i 1852/56, og dei budde på Brandelihaugen då Kristi vart fødd. Ole var husmann med 7 kyrlag. I folketeljinga 1875 var han registrert som innerst og arbeidskar. I 1875 vart plassen også kalla Juvebråten, men dette er i følgje gards- og ættesoga ein av fleire skrivemåtar.³⁶³ Plassen var husmannsplass under Nigarden Hoftun. Foreldra til Ole hadde drivi her tidligare, men han tok over drifta etter farens død med dei same rettane faren hadde hatt. Dei hadde fem andre barn som budde heime under denne teljinga, Ole (1858-1940), Thruls (1864-1933), Eirik (1865-1944), Kristen (1867) og Margit (1871-1904). Kristi (1852-1889), Magrete (1857-1935), Ole (1860-1940) var ikkje tilstade under teljinga. I 1876 fekk dei ein son til, Jørgen (d.1878).³⁶⁴

Familien budde på Haugen, som var ein av fleire skrivemåtar på same plassen, då Kristi vart konfirmert i 1889. Faren var husmann. Ho fekk «temmeleg godt» på kristendomskunnskap. Kristi var ei av jentene eg ikkje fann i folketeljinga 1891 på Gol. Ho hadde mest sannsynleg tatt teneste i ei av bygdene i nærleiken av Gol. I 1897 gifta ho seg med Engebret Olson Husøy på Gol.³⁶⁵ I 1900 fann eg det eg trur er ho, namnet på henne og ektemannen stemmer. Fødselsåret er satt til 1875. Dei budde i Vesterhuset på Gol, der Engebret (1870) var plassbrukar. Ein husmann med namn Haavel Endresen budde også der. I 1910 budde dei i Klemmen på Gol. Her var Engebret sjølveigar og vegarbeider. Dei hadde ei dotter: Anna (1909). I følgje gards- og ættesoga skal Engebret ha kjøpt Klemma i 1905 for 1000 kr.³⁶⁶ Dei fekk seinare ein son, Ole (1911), og i 1915 flytta familien til Justad i Lier etter å ha selt Klemma for 3000 kroner. Kristi døydde i 1921.

Nr. 19 – Anna Johannesdotter

Fødd 02. oktober 1874 på Rusten. Foreldra var unkar Johannes Erikson Dalsland (1840/31) frå Ånimskog i Dalsland i Sverige og pike Kari Knudsdotter (1851-1930).³⁶⁷ Det var hans andre leiermål og hennar første. Dei vart seinare gift i Gol i 1877.³⁶⁸ Han var vegarbeidar og ho husmannsdotter. I 1875 budde dei på Volebråten i Gol, og mora var tenestejente. Seinare

³⁶³ Østro, 1986: 471

³⁶⁴ Østro, 1986: 473

³⁶⁵ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1887-1900: 190

³⁶⁶ Østro, 1991: 620

³⁶⁷ Johannes Erikson står som fødd i 1840 i klokkarboka då dottera vart døypt, men som fødd i 1831 i ministerialboka over døypte og då han og Kari gifta seg.

³⁶⁸ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 212

flytta dei frå Gol og til Vestfold. Anna vart konfirmert i 1888 i Sande i Vestfold. Ho og foreldra budde på Teien. På kristendomskunnskap fekk ho «meget godt». ³⁶⁹

I 1898 gifta ho seg med teglverksarbeider Magnus Magnussen Bechstrøm (1867) i Røyken. ³⁷⁰ I 1900 var ho registrert som husmor, og etternamnet skrivast Bekstrøm. Magnus arbeidde som teglverksformann og står registrert som fødd i Värmland i Sverige. Dei hadde ei dotter: Jenny Konstanse Bekstrøm (1898). Familien budde i Aspelund i Røyken. ³⁷¹ I folketeljinga 1910 var Anna registrert med husmorarbeide og dagarbeide. Ektemannen var no teglverksarbeider og murar. Dei hadde fått fire barn til: Almar (1901), Karl (1903), Jørgen (1906) og Alvilde (1909). Foreldra til Anna budde også i lag med dei. Dei budde no i Vestli i Røyken. I følgje gards- og ættesoga fekk dei sju barn, altså to barn vart fødd etter 1910. Anna døydde i 1949. ³⁷²

Nr. 20 – Guri Nilsdotter

Fødd den 10. oktober 1874 på Brennene. Foreldra var Nils Guttormsen (1825/24-1913) og Ragna Olsdotter (1835/36-1916). Dei gifta seg i 1856, og hadde seks barn før Guri kom til. I 1875 er desse registrert her på Brennene, Guttorm (1859-1927), Anne (1863-1950), Ole (1865-1954), Ole (1869-1954) og Birgit (1872-1961). Eldstedotter Sigrid (1856-1927), var ikkje tilstade under denne teljinga. ³⁷³ Nils var gardbrukar og sjølveigar med 5,8 kyrlag. Som litt over to år gammal, døydde Guri den 29. januar 1877. ³⁷⁴ Seinare fekk foreldra ei dotter til.

Nr. 21 og 22– Guri Henningsdotter og Birgit Henningsdotter

Tvillingane vart fødd den 20. oktober 1874. Foreldra var unkar Henning Kjærulfson (1837) og pike Kari Endresdotter (1842/37-1884). Dette var begges andre leiermål. Dei budde på Svello i lag med mora og systera Kari (1864-1890). Mora var frå Svello, så her budde også foreldra hennar. I folketeljinga for 1875, står mora med arbeid som «Endres datter». På forhold til hushaldets overhovud står ho som «løspike». Dei budde på garden som no broren, Halvor Endreson dreiv. Den 23. februar 1877 døydde Birgit. ³⁷⁵

Mora deira døydde i 1884. I og med at Guri framleis budde på Svello då ho vart konfirmert, vil eg tru ho og den eldre systera budde hjå onkelen Halvor som dreiv garden. Bestefaren

³⁶⁹ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Sande prestegjeld, 1878-1888, konfirmerte 1888»: 185

³⁷⁰ Kontrollert med ministerialbok for Røyken prestegjeld, 1898-1911: 209

³⁷¹ Røyken i Buskerud

³⁷² Østro, 1988: 306

³⁷³ Østro, 1988: 258

³⁷⁴ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 259

³⁷⁵ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 259

døydde også i løpet av 1880-talet. Guri vart konfirmert i 1889, og fekk «godt» på kristendomskunnskap. I 1891 var ho i teneste på Klanten, hjå Knud Halvorson og Margit Levorsdotter, og deira to barn. Margits mor og hennar son budde også på garden.

I 1900 finn eg ei Guri Svello som var tenestejente på prestegarden i Nes, Hallingdal, hjå sokneprest Sebastian Theodor Geelmuyden, kona Valborg og deira dotter. Oppgitt som født i 1876, så er litt usikker på om det er riktig. Ingen andre som heitte Guri og var frå Svello på same tid. I folketeljinga 1910 fann eg Guri Henningsen i Løkeberggaten 11, hustypen er sjukehus, i Kristiania. Ho var «spisesalpike» og budde i lag med tretten andre personar. Er svært usikker på om det er henne. Fødselsmåneden stemmer, fødselsåret er oppgitt i 1880, så det som gjer at det kan vere henne er fødestad og navn. I bygdeboka er det berre ei Guri Henningsdotter. Informasjonen i gards- og ættesoga gjer også at eg blir usikker, der står det at ho livnærer seg som sypike.³⁷⁶ Men dette kan også ha vore etter 1910. Eg veit ikkje når ho døydde.

Nr. 23 – Birgit Nilsdotter

Fødd den 31. oktober 1874 på Haugstad. Foreldra var Nils Pederson (1845-1924) og Margit Iversdotter (1852-1934). Dei gifta seg i juni 1874. Då Birgit vart døypt stod faren oppført som innerst, men i folketeljinga for 1875, stod han som gardbrukar og sjølveigar med 6 kyrlag. I denne teljinga fann eg heller ikkje Birgit. Familien står som buande i Skaga og Nibstad. I følgje gards- og ættesogene tok Nils over nordste Skaga og søre Nivstad i 1879,³⁷⁷ men desse gardane og Haukstad ligg like ved kvarandre. Ho døydde den 29. november 1876.³⁷⁸ Seinare fekk foreldra ni barn til.

Nr. 24 – Ollaug Halvorsdotter

Fødd 19. november 1874. Foreldra var Halvor Thorson (1836-1910) og Guri Thomasdotter (1834/35-1899). Dei vart gift i 1867. Dei budde på Glori der faren var gardbrukar og sjølveigar. I folketeljinga 1875 budde dei på Berget og han var sjølveigar med 8,8 kyrlag. Dette er nok same garden som då Ollaug vart fødd, det finst fleire skrivemåtar på same garden, både Berget, Steinbakken, Glori og Gloriberget.³⁷⁹ Faren skal også ha vore skomakar. Det var og registrert to eldre søsken, Margit (1869-1943) og Tolleiv (1872). Konfirmert i 1889 med «meget godt» i kristendomskunnskap. Dei budde framleis i Berget der faren var

³⁷⁶ Østro, 1993: 176

³⁷⁷ Østro, 1991: 308

³⁷⁸ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 258

³⁷⁹ Østro, 1993: 530

sjølveigar. Ollaug budde heime under folketeljinga i 1891, ho var registrert som budeie og onnearbeider. Broren Tolleiv budde også heime.

Ollaug utvandra aleine frå Kristiania til Amerika den 29. mai 1891. Ho reiste med skipet *Angelo*, med Grand Forks i North Dakota som reisemål. Ho drog same dato og med same skip som den to år eldre broren, Tollef H. Berget, men han hadde New York som reisemål. I emigrantprotokollane var ho registrert som Olaug H. Berget. På henne står det ikkje at ho reiste på førehandsbetalt billett. To av brørne til faren hadde utvandra til Amerika, så ho også hadde slekt der som kan ha vore med på å påverka at ho og broren reiste. Gards- og ættesogene har ikkje noko anna informasjon om henne anna enn at ho var ugift, og eg har difor hatt lite å gå etter.³⁸⁰ Eg har funne ei Olga Berg eg trur kan vere rett person i folketeljinga 1900. Fødselsåret, sivilstand og etternamnet stemmer med anna informasjon. Her er ikkje immigrasjonsåret oppgitt. I folketeljinga 1900 budde ho hjå ein norsk familie der T.F. Schodagon var hovudperson, i Proviso Township River Forest, Harlem villages i Cook, Illinois. Ho var oppført som «domestic», noko som sannsynlegvis betyr at ho var tenestejente. I 1910 finn eg igjen ei Olga Berg, men no er fødselsåret endra til 1876, immigrasjonsåret er heller ikkje helt korrekt, men står som 1895. Ho budde hjå same familie, men no var det nok ei dotter og hennar mann som har tatt over. Thorvald F. Schyoldager står oppført som svigerfar til hovudpersonen i hushaldet. Olga var tenestejente hjå familien. Eg veit ikkje når Olaug døyr.

Nr. 25 – Sigrid Andersdotter

Fødd 01. desember 1874. Foreldra var Anders Jacobson (1833/38-1923) og Kari Mikkelsdotter (1834/42-1929). Dei gifta seg i 1863, og budde på Smøtten. Faren er i dåpslistene berre ført som «husfader», noko som ikkje er eit yrke. I folketeljinga for 1875 var faren oppført som husmann med jord og 4 kyrlag. At han var husmann står også i gards- og ættesoga. Han skal ha tatt over plassen i 1868. Dei hadde og fire andre barn, Guri (1863), Mikkel (1866-1952), Halvor (1868-1932) og Ingeri (1871). Den 07. november 1876 døydde Sigrid.³⁸¹ Seinare fekk foreldra to barn til.

Nr. 26 – Ollaug Olsdotter

Fødd den 04. desember 1874 på Lybek av Ole Knudson (1831-1890) og Kari Thoresdotter (1829/28-1909). Ole og Kari gifta seg i 1854, og han var sjølveigar med 4,7 kyrlag. I 1875 var

³⁸⁰ Østro, 1993: 533

³⁸¹ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 257

det fire andre barn som budde heime, Barbra (1859), Tore (1863-1924), Ingeborg (1865-1904) og Ole (1869-1942). To eldre søsken var ikkje heime under folketeljinga 1875, Anne (1854-1913) og Knut (1856-1921).³⁸² Konfirmert i 1890 med «meget godt» i kristendomskunnskap. Familien budde framleis på Lybek der far var sjølveigar. I 1891 budde Ollaug framleis heime. Ho arbeidde med husstel, kreaturstel og jordbruk. Faren døydde i 1890, så det var broren, Ole som no dreiv garden. To dottersøner vart forsørgja av føderådsenka Kari. Desse var barna til Anne, som var ei eldre søster av Ollaug.

Ollaug flytta frå Gol ein gang mellom folketeljinga 1891 og 1899, då ho gifta seg med Johan Ottersen Hagbek i Lier.³⁸³ Eg veit ikkje nøyaktig årstal for flytting då eg ikkje har funne ho i listene over utflytta frå Gol. I folketeljinga 1900 budde dei Hofgaardsgate i Drammen.

Etternamnet er skrive Ottes. i teljinga, og fornamnet hennar er Olaug. Johan (1878) arbeidde som sagarbeider. I 1910 budde familien Ottersen i Holmsgate 4 i Drammen. Fødselsåret hennar var sett til 1894, noko som må vere feilskrive. Anna informasjon stemmer overeins med andre kjelder, mellom anna fødselsdatoen hennar, namn og fødestad. Han var no kjører, og dei hadde fått fem barn: Oscar (1901), Olaf (1904), Margit Kristine (1907), Erling (1910) og Toralf (1910). Ollaug døydde i 1948.

Nr. 27 – Anne Olsdotter

Fødd den 04. desember 1874. Foreldra var Ole Sanderson (1844-1910) og Kari Iversdotter (1848/47-1878). Dei gifta seg i 1866. I folketeljinga 1875 var far oppgitt som gardbrukar og sjølveigar på Haugstad med 19 kyrlag. Dei hadde også tre andre barn, Birgit (1867-1891), Birgit (1869-1947) og Ivar (1872-1876). Det var også ein tenestegut og ei tenestepike på garden. I følgje gards- og ættesoga døydde Kari Iversdotter i 1876. Ole gifta seg på nytt i 1879, med Ragnhild Olsdotter Amundsli. Dei fekk sju barn, Kari (1885-1946), Sander (1889-1889), Sander (1891-1893), Sander (1894-1894), Sander (1896-1962), Randi (1898-1969) og Ola (1902-1909).³⁸⁴ I 1890 vart Anne konfirmert i Gol. Familien budde framleis på Haugstad der faren var gardbrukar. På kristendomskunnskap fekk Anne «nesten meget godt». I 1891 budde Anne heime. Ho arbeidde med jordbruk, kreaturstel og husstel. Ei anna syster, Kari, budde også heime. Familien hadde ein tenestegut.

³⁸² Østro, 1991: 576

³⁸³ Kontrollert med ministerialbok for Lier prestegjeld, Frogner sokn, 1895-1900: 161

³⁸⁴ Østro, 1991: 389

Anne gifta seg seinare med enkemannen, Per Olsson Hagen (1861), etter den eldste systera Birgit.³⁸⁵ Han var bror til Sigrid Olsdotter i mitt utval. Dei gifta seg i 1894, i Strømsø.³⁸⁶ Dei budde på Gol. I 1900 budde dei på garden Hagen i Gol. Han var sjølveigar. Dei hadde tre barn: Birgit (1895), Olaf (1897) og Peder (1899). Sonen Ole (1886) som Per hadde frå det første ekteskapet budde og i lag med dei. Dei har ei tenestejente, ein tenestegut og ein dagarbeider hjå dei. I den neste folketeljinga 1910, budde dei framleis på Hagen. Dei hadde fått fire barn til: Kari (1901), Sander (1904), Margit (1906) og Iver (1908). Dei hadde framleis ei tenestejente, ein tenestegut og ein dagarbeidar buande hjå seg. Tenestejenta var Margit Arnesdotter fødd i 1889. Dette var mest sannsynleg veslesystera til Margit Arnesdotter i mitt utval. Anne og Per fekk seinare ein son til, Otto (1915).³⁸⁷ Anne døydde i 1937.

Nr. 28 – Margit Arnesdotter

Fødd den 06. desember 1874. Foreldra var Arne Arneson (1839/40-1918) og Kari Paulsdotter (1845-1915). Dei budde på Johnsrud og gifta seg i 1870/69. Faren var oppført som husfader i dåpslistene. Margit hadde ei syster i folketeljinga 1875, Birgit (1869). Dei hadde tidligare fått to barn til, som døydde i 1872 og 1875.³⁸⁸ Arne var i folketeljinga oppført som «bruger av pladsen med svigerfar P. Olsen». Bestefaren var oppført som husmann med jord og 4,2 kyrlag. Mora til Margit var den einaste dottera til P. Olson, og ho og ektemannen dreiv nok plassen i lag med hennar foreldre, og tok over drifta etter at faren døydde i 1877. Seinare fekk foreldra til Margit barna Arne (1877-1880), Sissel (1881), Kari (1882-1884), Kari (1885) og Margit (1889). Vart konfirmert i 1890, med «meget godt» i kristendomskunnskap. Familien budde framleis på Johnsrud der faren var husmann. I 1891 var Margit gått ut i teneste. Ho var i Eikle, hjå sjølveigar Ole Olson og Ingeborg Nilsdotter, og deira tre barn. Dei hadde og to andre i teneste. Foreldra til Margit budde framleis på Johnsrud, der faren var husmann og skomakar.

I folketeljinga 1900 budde Margit framleis på Gol. Eg trur dette er rett Margit, namnet stemmer, men fødselsåret er satt til 1875. Finn ingen andre frå Gol det kan vere. Ho var tenestejente på Narum (nordre) hjå Peder Engebretsen, gardbrukar og hoteleigar, og kona hans Guri Knudsdotter. På garden budde det i tillegg to gardsgutar og to jordbruksarbeidrarar. I 1910 var Margit A. Johnsrud tenestejente i Svenkerud, Nes, hjå Halvor T. Svenkerud med

³⁸⁵ Østro, 1986: 642

³⁸⁶ Kontrollert med ministerialbok for Strømsø prestegjeld 1879-1899: 153

³⁸⁷ Østro, 1986: 643

³⁸⁸ Østro, 1986: 241

kone og dotter. Framleis stemmer namnet men ikkje fødselsåret som var satt til 1876. Margit hadde sonen Arne Karlsen (1902) som var fødd utanfor ekteskap. Han var pleiebarn hjå foreldra hennar. I 1912 gifta ho seg med Hans Olson Veahøle.³⁸⁹ Han kjøpte garden Veahøle av sine foreldre i 1916. Margit og Hans fekk ingen barn saman.³⁹⁰ Margit døydde i 1956.

Nr. 29 – Guri Torstensdotter

Fødd den 23. desember 1874. Foreldra var Torsten Knudson (1836/33-1922) og Anne Engebretsdotter (1839-1889). Dei gifta seg i 1874 og budde på Haugo då Guri vart fødd. Faren var sjølveigar med 6,7 kyrlag. I 1875 budde dei på Lislalien. Torsten var enkemann, og hadde to barn frå det ekteskapet, Ingeborg (1866-1958) og Knud (1867-1940). Seinare fekk Torsten og Anne to barn til, Guri (1877-1977) og Engebret (1881-1975).³⁹¹ I følgje gards- og ættesoga livnærte faren seg også som smed. Allereie i 1877 skal dei ha flytta tilbake til Haugo, og dei skal ha brukt Lislalien som underbruk. I 1890 vart Guri konfirmert i Gol. Ho fekk «meget godt» på kristendomskunnskap. Familien budde på Haugo der faren var sjølveigar. Ho budde heime under folketeljinga i 1891, men står oppført som fråverande i teljinga. Ho arbeidde med husstel og kreaturstel. Faren var enkemann, då kona døydde i 1889. Under teljinga budde dei i Lien, dette kan vere Lislalien. Halvbror Knud og søskena Engebret og Guri budde også heime.

Eg har ikkje klart å finne Guri i folketeljinga 1900, men ho skal ha dratt frå Gol i 1898 til Kristiania.³⁹² Når ein finn henne i ministerialboka ser ein at fødselsåret er skrive til 1877, men dette er søstera hennar sitt fødselsår, så her må presten ha ført feil år.³⁹³ I 1908 gifta Guri seg med Nils Abrahamsen (1869) i Kristiania. Han var styrmann og ho var oppført som hustru. Ei Josefine Dahle, sypike, budde og i lag med dei i Bergliensgate 11 i Kristiania. Fødselsåret hennar er ikkje korrekt, oppgitt som fødd i 76, men anna informasjon stemmer overeins med gards- og ættesoga. I 1922 flytta dei til Nøtterøy. Dei fekk ein son i lag. Guri døydde i 1936.³⁹⁴

Nr. 30 – Liv Engebretsdotter

Fødd den 31. desember 1874. Foreldra var Engebret Olson (1832-1907) og Kristi Knudsdotter (1837/39-1902). Dei gifta seg i 1860 og budde på Sørbølhaugen, der han var sjølveigar med

³⁸⁹ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 192

³⁹⁰ Østro, 1988: 344

³⁹¹ Østro, 1993: 857-858

³⁹² Østro, 1993: 857

³⁹³ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918»: 256

³⁹⁴ Østro, 1993: 858

14 kyrlag. Dei hadde sju barn til som var registrert i folketeljinga 1875, Birgit (1862-1951), Ole (1863-1939), Knud (1864-1940), Anne (1866-1891), Engebret (1868-1948), Jul (1870-1892) og Iver (1873-1933). I 1880 fekk dei ein son til, Nils (d.1970).³⁹⁵ Liv døydde den 20. juni 1883.³⁹⁶

Nr. 31 – Aagaadt (Ågot, Aagot) Danielsdotter

Fødd den 15. januar 1875. Foreldra var Daniel Olson (1842/40-1890) og Ågot Olsdotter (1846-1921). Dei gifta seg i 1869/70. Familien budde på Olafsbraaten og han var gardbrukar og sjølveigar med 4 kyrlag. I folketeljinga for 1875 var det og registrert to søsken, Sigri (1871-1938) og Ole (1872-1958). I 1878 fekk dei ein son til, Olav (d. 1882).³⁹⁷ Konfirmert i 1890, med «nesten meget godt» i kristendomskunnskap. Dei budde framleis i Olafsbraaten der faren var sjølveigar. Under folketeljinga i 1891 var ho framleis heime, og ho arbeidde med husstel og kreaturstel. Mora vart enke i 1890, så ho står oppført som «gaardbrukerske og

selveierske». Broren Ole dreiv med gardsarbeid.



Foto 11: Portrett. Ågot Olavsbråten Haugo. Fotograf Embrik Torkjellson Braaten. Ukjent år. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv.



Foto 10: Familiefoto. Ågot er bak til høgre. Fotograf Embrik Torkjellson Braaten. Ukjent år. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv.

I 1900 budde Aagot heime på Olafsbråten, der ho hadde vevning og spinning som arbeid. Eldstebroren hadde tatt over garden etter at faren døydde i 1890. Han og kona Sigrid hadde ei dotter. Mora til Aagot budde også på garden. Aagot gifta seg i 1905 med Tor Andreson Ludderud-Haugo på Gol.³⁹⁸ I 1910 budde dei på Haugo i Gol, same garden som Guri Torsteinsdotter var frå. Dei hadde fire barn: Andres (1902), Daniel (1906), Gunhild (1907) og Aagot (1909). Tor (1875) var jordbrukar,

³⁹⁵ Østro, 1993: 834

³⁹⁶ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 274

³⁹⁷ Østro, 1988: 291

³⁹⁸ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 176

sjølveigar og skomakar. Seinare fekk dei barna: Guri (1911), Ola (1914) og Ågot (1916).³⁹⁹
Ågot døydde den 28. mai 1918 av apopleksi eller hjerneslag.⁴⁰⁰

Nr. 32 – Birgit Knudsdotter

Fødd den 19. januar 1875. Foreldra var Knud Mikkelson (1852/53-1948) og Birgit Halvorsdotter (1850-1927). Dei vart gift i 1874 og han var sjølveigar på Fossebakken med 6,2 kyrlag. Seinare fekk dei ni barn til, Ingebjørg (1876), Mekkel (1878-1966), Eirik (1880-1880), Eirik (1881-1963), Mari (1884-1950), Halvor (1886-1914), Per (1889-1974), Kari (1892-1888) og Birgit (1894-1928).⁴⁰¹ Birgit vart konfirmert i 1890. Familien budde framleis på Fossebakken, og faren var sjølveigar. Ho fekk «nesten meget godt» på kristendomskunnskap. Eg har ikkje klart å finne Birgit i folketeljinga 1891 eller i 1900 for Noreg. Eg veit difor ikkje om ho tok utvandringa direkte frå Gol, eller om ho tok den i etappar.

Birgit utvandra aleine til Amerika den 26. oktober 1906 med skipet *Oslo*, med førehandsbetalt billett. Ho hadde Nord Dakota som reisemål. Broren Eirik hadde reist nokre år i førevegen, og han kan ha betalt billetten for henne. Eg finn ikkje Birgit i folketeljinga 1910, men der finn eg den kommande ektemannen hennar som ugift. Ho vart gift rundt 1911 med Theodor Helgeson (1882) frå Minnesota. I folketeljinga 1920 for USA budde Birgit, som no var blitt Bergit buande på ein leigd farm i Ulen i Clay, Minnesota. Fødselsåret hennar stemmer ikkje, oppgitt som fødd i 1876. Dei hadde to barn: Carl (1913) og Henry (1915). Dei skal ifølgje gards- og ættesoga ha fått fire barn, men eg har berre funne to.⁴⁰² Birgit døydde 16. oktober 1962.⁴⁰³

Nr. 33 – Ragna Kristendotter

Fødd den 05. februar 1875. Foreldra var Kristen Larson (1839-1930) og Ingeborg Engebretsdotter (1842-1914). Dei vart gift i 1867. Dei budde på Kastet og han var gardbrukar og sjølveigar med 6 kyrlag. I folketeljinga 1875 var det registrert tre søsken, Barbra (1868-1958), Mari (1869-1960) og Randi (1872-1896). Ingeborgs foreldre, Engebret (1816) og Mari (1805) hadde livaure på garden. I tillegg budde Engebrets mor, Ingebjørg (1789) hjå dei. Seinare fekk Kristen og Ingeborg, Tora (1876-1973), Ingebjørg (1880-1942), Lars Engebret (1884-1942) og Hans (1889-1962). Konfirmert i 1891 med «meget godt» i kristendomskunnskap. Familien budde på Kastet der faren var sjølveigar. Ho budde heime

³⁹⁹ Østro, 1993: 858

⁴⁰⁰ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918»: 226

⁴⁰¹ Østro, 1989: 134

⁴⁰² Østro, 1989: 134

⁴⁰³ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, «Minnesota Death Index, 1908-2002».

under folketeljinga i 1891. Ho står som «helt forsørget» i teljinga. Barbra, Tora, Ingebjørg, Lars Engebret og Hans budde også heime. I tillegg budde Kristine Olsdotter (1890) der, som står oppført som «husfaderens datterdatter, uekte». Ho var dotter av eldstesøstera, Barbra.⁴⁰⁴ Faren var framleis gardbrukar.

I 1900 budde ho framleis heime hjå foreldra på Kastet der ho vaks opp. Ho var oppført som sy- og strikkeske. Søskena Ingebjørg, Engebret og Hans budde der og. Året etter vart ho gift med Martin Hansen frå Bærum, på Gol.⁴⁰⁵ Dei flytta sannsynlegvis til Bærum kort tid etter at dei var gift, for i 1910 er dei registrerte Bærum, der han arbeidde som forpaktar og vognmann. Ho var registrert som Ragna Hansen. Dei fekk barna Hans (1900), Hjørdis (1903), Kristian (1906), Dagmar (1908). I gards- og ættesoga er dei registrerte med tre barn, men eg har funne fire. Hans vart fødd på Gol, om lag ein månad før foreldra vart gift. Eg har ikkje funne nokon av dei andre barna som fødde på Gol. Ragna døydde i 1963.

Nr. 34 – Ingeborg (Ingebjørg) Olsdotter

Fødd den 07. februar 1875. Foreldra var Ole Nilson (1844-1916) og Birgit Knudsdotter (1843/44-1912). Dei vart gift i 1874. Ole var sjølveigar og dei budde på Farset med 2,8 kyrlag. Før Ingeborg fekk dei ein son som berre levde i kort tid. Etter Ingeborg fekk dei fem barn til, Ingebjørg (1877-1952), Kari (1879-1937), Anne (1882-1964), Birgit (1886-1887) og Nils (1889-1893). I følgje gards- og ættesoga fekk denne familien noko støtte frå Fattigkommisjonen.⁴⁰⁶ Ingeborg vart konfirmert i 1890 i Gol, og fekk «nesten meget godt» på kristendomskunnskap. I konfirmasjonslistene står Haugstad som fødestad, men i dåpslistene står Farset som fødestad. Dette kan nok forklaras med at Farset var skilt ut frå Haugstad.⁴⁰⁷ Faren var sjølveigar og dei budde på Farset.

Ingeborg fann eg ikkje som registrert i folketeljinga 1891 i Gol. Sannsynlegvis hadde ho tatt teneste i ei av nabobygdene. I 1892 var ho registrert som utflytta frå Gol til Skoger, i 1896 var ho skrive inn i ministerialboka.⁴⁰⁸ Ho gifta seg med Otto Hagbart Larsen Havnevik i Strømsø, Drammen, i 1897.⁴⁰⁹ I 1900 budde Ingeborg Lars., ektemannen Otto Lars. (1878) saman med sonen Rolf (1899) i Marienlystgaden i Drammen. Otto var banevokter ved jernbanen. I 1910 var Otto Hagbart Larsen blitt jernbaneformann, og dei hadde fått to barn til: Olav (1903) og

⁴⁰⁴ Østro, 1986: 163

⁴⁰⁵ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 169

⁴⁰⁶ Østro, 1991: 376

⁴⁰⁷ Østro, 1991: 376

⁴⁰⁸ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1887-1900»: 251

⁴⁰⁹ Kontrollert med ministerialbok for Bragernes prestegjeld, 1888-1899: 154

Georg (1907). Dei hadde flytta til Snyta på Norderhov. Dei fekk seinare eit barn til. Ingeborg døydde i 1961.⁴¹⁰

Nr. 35 – Randi Larsdotter

Fødd den 07. februar 1875. Foreldra var Lars Knudson (1844/48-1925) og Barbra Olsdotter (1850/49-1924). Dei vart gift i januar 1875, svært kort tid før Randi kom til. Han var sjølveigar på Brenno med 4,8 kyrlag, og i følgje gards- og ættesoga var han også skreddar.⁴¹¹ Seinare fekk dei fleire barn. I 1876 kom Guro (d. 1887), Knut (1879-1943), Barbo (1881-1971), Ola (1885-1975), Lars (1888-1870), Per (1891-1939) og Guro (1894-1923).⁴¹² Konfirmert i 1890 med «meget godt» i kristendomskunnskap. I følgje konfirmasjonslistene budde dei på Farset der han var husmann. Er usikker på om det stemmer at han var husmann, i følgje gards- og ættesoga, kjøpte Lars Farset i 1884.⁴¹³ I 1891 budde Randi hjå besteforeldra på farssida på Brenne. Onkelen, sjølveigar Fingard Knudson dreiv garden. Kona Birgit Olsdotter, og deira to barn budde der og. Randi arbeidde med jordbruk og husstel. Det var besteforeldra som forsørgja Randi. Foreldra budde på den andre Brennogarden der faren var gardbrukar.

I 1895 vart Randi gift med Nils Gabriel Elgestad. I 1900 finn eg ei Ragnhild Nygren (1868) med ektemann Nils Nygren. Dei hadde ei dotter: Hjørdis (1898). Familien budde i Tullins Gade 3 i Kristiania, i lag med fem andre, mellom anna ein skomakar og ein kontorist. I 1910 budde Ragnhild og Nils i Grænse 12b i Kristiania, med dottera og seks andre. Han var no lagermann. Han var oppført som fødd i Sverige i dei to teljingane. Er svært usikker på om eg har funne rett person i desse to teljingane, då fornamnet er endra. Men eg har ikkje funne nokon frå Gol som heiter Ragnhild og er fødd i 1875. Opplysningane om ektemannens fornamn, hans fødselsår, hennar fødselsår og dottera stemmer overeins med andre kjelder, mellom anna bygdeboka og folketeljinga 1923. I folketeljinga for Kristiania 1923 veit eg at eg har funne rett person. Randi hadde gifta seg på nytt, sannsynlegvis ved skilsmisse, då Nils Gabriel står oppført som skilt i 1923. Randi var no gift med tollkontrollør Ernst Berg Larsen (1877) frå Tjøtta. Dei gifta seg i 1919, og i ministerialboka for Oslo domkyrkje heiter ho Randi Larsdatter Johannesen Elgestad.⁴¹⁴ Det er ikkje noko informasjon i denne om at ho var gift tidlegare. I 1923 budde ei dotter frå Ernst sitt tidlegare ekteskap og dottera til Randi,

⁴¹⁰ Østro, 1991: 376

⁴¹¹ Østro, 1991: 400

⁴¹² Østro, 1991: 401

⁴¹³ Østro, 1991: 400

⁴¹⁴ Kontrollert med ministerialbok for Oslo domkirke/Vår frelsers menighet, borgerlig viede, 1913-1921: 278

Hjørdis Marie (1898) i lag med dei i Grænse 12b, same adresse som Ragnhild og Nils i 1910. Randi døydde i 1935.⁴¹⁵

Nr. 36 – Agnette Andreasdotter

Fødd 17. februar 1875. Foreldra var Andreas Nilson Braastad (1840) og Anne Knudsdotter (1851-1933). Dei gifta seg i 1872. I teljinga 1875 står dei oppført som buande på Løstegaard. I følgje gards- og ættesoga leide dei ei stue like ved.⁴¹⁶ Andreas var vegoppsynsmann, og var frå Vardal i nærleiken av Gjøvik. Dei hadde ein son til som er registrert i 1875, Knud (1873). Det budde også ei tenestejente frå Nes, Sunneiv Thorsdatter. Etter dette forsvinn Agnette frå kjeldene. Sannsynlegvis flytta familien til ein stad der det er arbeid for faren. Faren drakk ifølgje gards- og ættesoga noko, og kunne då vere valdeleg med kona.⁴¹⁷

Eg finn ho att i folketeljinga 1900, i Kristiania. I følgje gards- og ættesoga gifta ho seg i Kristiania i 1897, med Johan Tollefsen Vardenes frå Rendalen i Hedmark. I 1900 finn eg Anette Andresen gift med telefonarbeider John Tollefsen (1866) i Sverdrups Gade 14 i Kristiania. Dei hadde to barn: Tollef (1897) og John (1900). I 1910 var etternamnet deira blitt endra til Wardenær i folketeljinga. Ektemannen var ikkje tilstade under teljinga. Ho var oppført med «hjemmearbeide fra telefon» som yrke. Dei hadde fått tre barn til: Andreas (1902), Aslaug (1904) og Ingeborg (1907), og familien budde i Steenstrups gate 15. I 1923 var Anette oppført som enke og ho arbeidde som vaskekone ved Cementfabrikken Kont. Dei fire yngste barna budde framleis heime. John hadde arbeid som reparatør hjå K. Lund og Co, og Andreas var hjelpegut hjå Centraltrykkeriet. Dei budde i Steenstrups gate 15. Eg veit ikkje når Agnette døyr.

Nr. 37 – Sigrid Olsdotter

Fødd den 19. februar 1875. Foreldra var Ole Olson (1831-1921) og Birgit Pedersdotter (1834/33-1923). Dei vart gift i 1853. Han var sjølveigar og gardbrukar med 27,5 kyrlag, og dei budde på Hagen. I folketeljinga 1875 var det og registrert ni andre barn, Margit (1855-1935), Ingeborg (1856-1877), Barbo (1858-1926), Peder (1861-1927), Kristi (1864-1950), Rangdi (1866-1901), Bergit (1868-1939), Ole (1870-1946) og Ingeri (1871-1933). Dei hadde også ein gardsgut og ein gjetar. Dei hadde og ei eldre dotter, Kari (1854-1929) og ein son, Ole (1860-1868).

⁴¹⁵ Østro, 1991: 401

⁴¹⁶ Østro, 1993: 528-529

⁴¹⁷ Østro, 1993: 529

Faren til Sigrid eigde halve Gol kyrkje, og då det skulle byggjast ny kyrkje i 1877 vart det gjort ein avtale der han skulle levere tømmer til nyekyrkja, og då den var ferdig skulle han få full eigedomsrett til den gamle. Han forsøkte å selje den gamle kyrkja, og fekk til slutt selt henne til Foreningen til norske Fortidsminnemerkers Bevaring. Kyrkja vart frakta til Bygdøy i 1883. Ole fekk ikkje mykje pengar for kyrkja, og tapte nok økonomisk på den, men det kan tyde på han hadde sterke verneinteresser.⁴¹⁸ Familien flytta frå Gol i 1882 eller 1884, etter at Ole hadde kjøpt Ranvik store i Hurum for om lag 92 000 kroner.⁴¹⁹ I 1893 gav faren skøyte på garden Hagen på Gol til sonen Per for 15 000 kroner.

Sigrid vart konfirmert i 1889 i Hurum, med «godt» i kristendomskunnskap.⁴²⁰ Dei budde på Raudvig, der faren var gardbrukar.⁴²¹ I 1900 budde Sigrid heime hjå foreldra der ho arbeidde med dyrestellet. Far Ole Ols. Ramsvik livnærte seg som gardbrukar. Tre av barna i tillegg til Sigrid budde heime. Dei budde no på Tronstad søndre i Hurum. I 1910 var Sigrid Hagen registrert som kapitalist. Ho var ugift og budde heime. Dei budde på Trondstad søndre, Ramsvik i Hurum. Far Ole Hagen var no føderådsmann, sonen Ole Olsen Hagen hadde tatt over garden med kona Erikka, og deira to barn. Ingerid, systera til Sigrid budde også heime. I tillegg budde eit barn i lag med dei, Borghild (1909), oppført som dotter barn, ho var nok den eldste systera til Sigrid si dotter. Garden Ranvik skal faren ha overdrøye til sonen Ola i 1907. Sigrid vart aldri gift, og døydde i 1968.⁴²²

Nr. 38 – Margit Tollefsdotter

Fødd den 02. mars 1875. Foreldra er Tollef Herbrandson (1843-1929) og Ingeborg Aslesdotter (1847/48-1940). Dei gifta seg i 1872 og budde i Nystuen på Brandhovd. Faren var innerst, og i folketeljinga 1875 var han også skreddar. Då hadde dei og ein son, Ole (1872-1895). Bror til Tollef, Halvor, dreiv garden og han var sjølveigar. Seinare fekk dei Asle, (1877-1961), Herbrand (1879-1970), Knut (1881-1971), Margit (1884-1971), Ola (1887-1972), Halvor (1890-1972) og Guri (1893-1967).⁴²³

Konfirmert i 1890 med «meget godt» i kristendomskunnskap. No budde familien i Kinnebergbraaten der faren var innerst. Faren endra etternamn mellom dåpen og konfirmasjonen til dottera. I dåpslistene stod han oppført med Herbrandson og Halvorson som

⁴¹⁸ Østro, 1986: 641-642

⁴¹⁹ Må vere rekna om til kursen då gards- og ættesoga vart skrive i 1986

⁴²⁰ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Hurum prestegjeld, 1882-1895»: 155

⁴²¹ Raudvik eller Ranvik, er nok omskrivingar av same namnet

⁴²² Østro, 1986: 640

⁴²³ Østro, 1993: 920

etternamn. I gards- og ættesogene står han oppført som Herbrandson, då faren hans heitte Herbrand Halvorson. Under folketeljinga i 1891 budde Margit framleis heime. Ho hadde arbeid som barnepike. No stod faren oppført som gardbrukar, sjølveigar og skreddar. Alle dei andre søskena budde heime. Garden vart skrive som Kjenbalsbraaten.

I 1900 budde Margit heime hjå foreldra på Kjernbalbraaten.⁴²⁴ Ho var ugift og arbeidde som budeie. Faren var framleis gardbrukar og skreddar. Alle søskena, bortsett frå Ola som døydde i 1895, budde heime. I 1910 hadde eldstesonen Asle overteke drifta på garden i lag med kona Kristi, foreldra budde der som føderådsmann og kone. To andre søsken, Knut og Guri budde der i tillegg til Margit. Margit budde heime all sin dag, og døydde i 1958.



Foto 12: Tolleiv Kinnebergbråten Brennhovd og Ingebjørg Skaga Kinnebergbråten med sine ni barn. Ukjent fotograf. År 1894. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv.

Nr. 39 – Birgit Bjørnsdotter

Fødd 14. mars 1875. Foreldra var Bjørn Helgeson (1826-1909) og Anne Nilsdotter (1833-1908). Dei vart gift i 1858. Han var sjølveigar med 4,7 kyrlag, og dei budde på Rusten. I folketeljinga 1875 var det og registrert fire søsken, Nils (1862), Sunneif (1866-1955), Tosten (1869) og Anne (1872-1907). Ein eldre bror, Helge (1858-1927) var ikkje heime under denne teljinga.⁴²⁵ Birgit døydde den 29. mars 1876.⁴²⁶ Seinare fekk foreldra to barn til som døydde like etter fødselen.

Nr. 40 – Birgit Knudsdotter

Fødd 18. mars 1875. Foreldra var Knud Knudson (1839-1920) og Birgit Mikkelsdotter (1843-1923). Dei gifta seg i 1866. Han var gardbrukar og sjølveigar på Nedrebraaten med 7,5 kyrlag. I folketeljinga 1875 var det og registrert tre søsken, Kari (1869-1945), Sissel (1871-1888) og Knud (1873-1935). Ein anna son, Knut (1867-1868) hadde døydd tidleg. Ole

⁴²⁴ Anna skrivemåte på Kinnebergbråten

⁴²⁵ Østro, 1993: 374-375

⁴²⁶ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 255

Svendsen Skalet var gardsgut. Seinare fekk dei Mekkel (1877-1897) og Nils (1886-d. mellom 1940 og 45). Ho vart konfirmert i 1890 og fekk «nesten meget godt». Familien budde framleis på Nedrebraaten der faren var sjølveigar. I 1891 budde Birgit heime. Ho stod oppført som «helt forsørget». Brørne Knud, Mekkel og Nils budde og heime. Faren stod oppført som gardbrukar, sjølveigar og smed i denne folketeljinga.

I folketeljinga 1900 fann eg ikkje Birgit. I 1905 vart ho gift med gardbrukar Vilhelm Halsteinson Rimeslåtten (1877-1948) på Ål.⁴²⁷ I 1910 budde dei på Rimeslåtten på Ål og dei hadde ei dotter: Birgit (1907). Mor til Vilhelm og eine broren budde også på garden. Ei Birgit Tollefsdotter (1837) budde hjå familien som einslig losjerande. Eg veit ikkje om dei fekk fleire barn. I 1937 døydde Birgit.⁴²⁸

Nr. 41 – Kari Herbrandsdotter

Fødd den 21. mars 1875. Foreldra var Herbrand Fingardson (1816-1905) og Margit Halvorsdotter (1831-1912). Dei vart gift i 1850, og han var gardbrukar og sjølveigar på Jegleim, med 9,2 kyrlag, då Kari vart fødd. Faren var fødd på Fossebakken, som han også hadde eidd i ein periode. Dei hadde fem barn til, Ollaug (1855-1942), Fingar (1857-1916), Guri (1863-1953), Halvor (1866-1921) og Iver (1869-1947). Det var også nokre av barna som hadde gått bort, Olaug (1851-1851), Olaug (1852-1853), Halvor (1861-1864) og Kari (1873-1873).⁴²⁹ Familien drog til Amerika i 1876. Faren selde då sin del av garden Jegleim for 300 spd.⁴³⁰ Dei er registrerte i ministerialboka som utreiste den 31. mars 1876.⁴³¹ Eg finn ikkje familien i emigrantprotokollane på nett, men då eg var på bygdearkivet fekk eg innsyn i ein cd med alle som utvandra frå Hallingdal. Denne cd-en var det Wigger Liahagen som hadde sett saman av informasjon han hadde funne i emigrantprotokollane.⁴³² Informasjonen han hadde funne var at familien til Kari drog frå Kristiania den 02. juni 1876 med skipet *Hero*. Dei hadde Owatonna, Minnesota som reisemål.

I folketeljinga 1900 i USA budde Kari framleis i lag med familien der ho arbeidde som hushalderske. Broren Halvor dreiv farmen, der foreldra, Kari og den eldre broren Iver budde. Dei budde i Blooming, Mekinock, Oakville Townships, i Grand Forks, North Dakota. I folketeljinga er etternamnet deira skrive som Huglum og Kari arbeidde som hushjelp. I 1910

⁴²⁷ Kontrollert med ministerialbok for Ål prestegjeld, 1897-1915: 138

⁴²⁸ Østro, 1989: 560

⁴²⁹ Østro, 1989: 131-132

⁴³⁰ Østrp, 1989: 543

⁴³¹ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 306

⁴³² Gol Bygdearkiv, cd med alle som emigrerte frå Hallingdal.

var ho registrert som Carrie Jglum, som er ei omskriving av Kari. Etternamnet er nok meint som Jeglum, ei omskriving av Jegleim som var plassen Kari vart fødd. Ho og familien budde i Rye, Grand Forks i Nord Dakota. Etter denne folketeljinga finn eg ikkje Kari i kjeldene. I følgje gards- og ættesoga døydde ho før 1916. I fleire av statane ligg det ute statlege folketeljingar, men i North Dakota ligg den første ute i 1915. Her finn eg ikkje Kari, så ho må ha døydd før denne vart gjennomført.

Nr. 42 – Kari Helgesdotter

Fødd den 05. april 1875. Foreldra var Helge Vilhemson (1841/42-1909) og Kari Olsdotter (1846/47-1906). Dei vart gift i 1874. Han var sjølveigar og dei budde på Rødbakken med 13,5 kyrlag. I folketeljinga 1875, stod han som gardbrukar på Blakkestad. Han skal ha kjøpt Blakkestad av broren i 1875, der dei skal ha budd då teljinga vart gjennomført, men i 1878 skal dei igjen ha budd på Raudbakken.⁴³³ I det heile er det visstnok usikkert at dei nokon gong budde på Blakkestad.⁴³⁴ Etter at Kari var fødd fekk dei fem barn til, Barbo (1878-1947), Vilhelm (1881-1967), Ola (1883-1948), Halvor (1887-1967), Guttorm (1890-1976).⁴³⁵ Då Kari vart konfirmert i 1890 budde familien på Rødbakken der faren var sjølveigar. Ho fekk «nesten meget godt» på kristendomskunnskap. Ho budde heime på Rødbakken under folketeljinga i 1891. Ho var oppført som «helt forsørget». Alle dei andre søskena var heime.

I 1900 var ei Karen Helgesdtr. tenestepike og barnepike hjå Hans Sørensen og kone, og tre barn i Kaldager i Våle. Det budde også fire andre der, ei Anne Sofie stod oppført som huseigar og rentenist. Eg trur dette er rett kvinne likevel fordi fødselsår, etternamn og fødestad stemmer, det er heller ingen ved namn Karen Helgesdotter som er fødd i 1875 på Gol. I 1910 stod Kari Helgesdotter oppført som ugift, losjerande diakonis og sjukepleiar på Gol sjukehus. Jordmor Ingeborg Evensdotter budde også der. Då Gol Sykepleierforening vart skipa i 1900, trong dei ein sjukepleiar. Kari let seg utdanne for å få jobben. I 1901 vart ho sendt til Diakonis-hjemmet for eitt års opplæring. Løna var 250 kroner i året. Ho slutta i




Foto 13: Kari Helgesdotter
Rødbakken. Fotograf ukjent. Ukjent
årstal. Digitalt museum, Gol
Bygdearkiv.

⁴³³ Østro, 1993: 617

⁴³⁴ Østro, 1993: 450

⁴³⁵ Østro, 1993: 449

arbeidet i 1913.⁴³⁶ Kari skal ha gifta seg med ein Ole Aanerud, frå Sande, i 1918.⁴³⁷ Eg har ikkje funne dei i kyrkjebøkene for Gol, så dei må ha gifta seg ein annan stad. Han hadde Fjell i Våle i Vestfold, same staden der Karen var i 1900. Ho døydde i 1955 på Gamleheimen i Gol, så ho må ha flytta tilbake til Gol, sannsynlegvis etter at ektemannen døydde i 1929.

Nr. 43 – Liv Olsdotter

Fødd den 15. april 1875. Foreldra var Ole Iverson (1838/34) og Barbra Syversdotter (1839). Dei vart gift i 1858. Ole var sjølveigar på Herden med 6,7 kyrlag. Dei hadde seks barn frå før, Syver (1859), Ragnhild (1863), Ivar (1865), Ola (1867), Ola (1869), Eirik (1872).⁴³⁸ Ein anna son, Ivar døydde før Liv vart fødd (1861-1862). Liv døydde den 30. mai 1875, litt over ein månad gammal.⁴³⁹ Foreldra fekk seinare to barn til, og dei utvandra til Amerika i 1878.

Nr. 44 – Barbro Knudsdotter

Fødd den 30. april 1875. Foreldra var Knud Knudson (1844-1939) og Barbro Larsdotter (1854-1948). Dei vart gift i 1874. Han var gardbrukar og sjølveigar med 10,5 kyrlag. Familien budde på Nibstad. Seinare fekk Knud og Barbro åtte barn til, Knut (1877-1971), Lars (1879-1953), Barbo (1881-1971), Ingebjørg (1884-1965), Knut (1887-1965), Birgit (1889-1891), Birgit (1891-1967) og Hermann (1896-1918).⁴⁴⁰ Barbro vart konfirmert i 1891 i Gol. Familien budde framleis på Nibstad og faren var sjølveigar. Ho fekk «godt» på kristendomskunnskap. I 1891 budde ho framleis heime. Ho arbeiddde med husstel, kreaturstel og jordbruk. Alle barna var heime.

I 1900 var Barbro Knuds. Nibstad registrert som kokke i Lier, hjå Torger Holtsmark og kona. Der budde også fire andre, to gardsgutar og to tenestejenter, der ei av dei var frå Gol. Barbra var oppgitt som født i 1877, men fornavn, patronymikon og etternavn stemmer. Systera hennar som heitte det same, men var fødd i 1881, budde i Sandsvær. Det er på grunn av dette eg trur eg har funne rett person. I 1910 var Barbro registrert over utflytta frå Gol til Skoger.⁴⁴¹ I folketeljinga for dette året var ho registrert som husbestyrerinde hjå gardbrukar Kristoffer Jørgensen (1869), på Vestby i Skoger. På garden budde også ei budeie, ein gardsgut, ein jordarbeider og ein dagarbeider. Året etter, i 1911 gifta ho seg med Kristoffer Jørgensen

⁴³⁶ Svello, 1963: 414

⁴³⁷ Østro, 1993: 449

⁴³⁸ Østro, 1993: 655

⁴³⁹ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1863-1875»: 298

⁴⁴⁰ Østro, 1991: 557

⁴⁴¹ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918»: 258

Vestby i Skoger, same mannen ho arbeidde for i folketeljinga.⁴⁴² Eg veit ikkje om desse fekk barn i lag. Ho døydde i 1960.⁴⁴³

Nr. 45 – Birgit Syversdotter

Fødd den 05. juni 1875. Syver Olson (1845/44-1941) og Guri Olsdotter (1848-1936) var foreldra. Dei vart gift i 1874. Familien budde på Haavelmoen, der faren var innerst. Birgit hadde ei eldre syster, Anne (1872-1966) som også var registrert i folketeljinga 1875. Seinare fekk dei Turi (1877-1964), Guri (1880-1955), Ola (1882-1972), Ola (1884-1971), Halvor (1887-1906), Randi (1889-1967), Anne (1894-1988).⁴⁴⁴ Birgit vart konfirmert i 1890. Ho fekk «nesten meget godt» på kristendomskunnskap. Familien hadde no flytta til Torshaug der faren var innerst. Denne plassen fekk faren overdrege og han hadde kjøpekontrakt frå 1879, og bruket var arven til mora, Guri.⁴⁴⁵ Under folketeljinga i 1891 budde familien i Torshaug der faren var sjølveigar. Birgit budde ikkje der lengre, ho hadde nok tatt teneste på ein anna gard i ei anna bygd, då eg ikkje fann ho i folketeljinga frå Gol.

I 1900 var Birgit Syversdtr. ugift tenestejente og budeie på Finnesgarden på Gol, hjå gardbrukar Torjus Larsen med kone, livrøenke og hennar to barn. Birgit var oppgitt som fødd i 1874, men det var ho også i folketeljinga 1875. Det er ingen andre det kan vere. Ho vart gift med Svein Sveinson Underberget Botten i 1902 på Gol.⁴⁴⁶ Ho stod oppført med døypenamnet Torshaug. Står begge deler i gards- og ættesoga, men Haavelmoen er det ho var oppført med i dåpslistene. I 1910 var Birgit S. Botten husmor og gardmannskone. Sven S. Botten (1863) var gardmann og tømmermann på Botten. Dei hadde fire barn i lag: Barbro (1904), Sven (1905), Sigurd (1907) og Anne (1909). Birgit hadde frå før dottera Gurid (1899) med Torkjell Trulson Hervig, som budde hjå foreldra til Birgit i folketeljinga 1900. Dei fekk seinare barna: Birgit (1911), Ola (1914), Hanna (1916) og Birgit (1918).⁴⁴⁷ Birgit døydde 12. februar 1919.⁴⁴⁸ Ho var også oppført som fødd i 1874 i klokkarboka.

Nr. 46 – Margit Olsdotter

Fødd den 05. juni 1875 på Braatene. Foreldra var Ole Engebretson (1840-1919) og Kari Knudsdotter (1851-1924). Dei vart gift i 1872. Far var gardbrukar og sjølveigar i 1875 med

⁴⁴² Kontrollert med klokkarbok frå Skoger prestegjeld, 1900-1927: 301

⁴⁴³ Østro, 1991: 557

⁴⁴⁴ Østro, 1989: 259

⁴⁴⁵ Østro, 1989: 258

⁴⁴⁶ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 171

⁴⁴⁷ Østro, 1989: 313

⁴⁴⁸ Digitalarkivet, «Klokkerbok for Gol prestegjeld, 1915-1943»: 203

10,5 kyrlag. Margit hadde ein bror, Engebret (1872-1959) og ei syster, Anne (1874-1942). Anne var ikkje tilstade under folketeljinga. Seinare fekk Ole og Kari åtte barn til, Knut (1876-1967), Ola (1878-1956), Kristi (1880-1967), Kari (1882-1964), Kristine (1884-1976), Nils (1886-1981), Per (1889-1968) og Barbo (1892-1982).⁴⁴⁹ Konfirmert i 1890 med «meget godt» i kristendomskunnskap. Familien budde framleis i Braatene der faren var gardbrukar. Under teljinga i 1891 var Margit i teneste på Eidsgård, hjå sjølveigar Bjørn Vilhelmsen og kona Barbra Engebretsdotter, og deira sju barn. Ho arbeidde med husstel og kreaturstel. Foreldra budde framleis på Braaten der faren var sjølveigar.

I 1900 var Margit tenestejente på Fjeldbakke i Østre Aker, hjå høvlerieigar Karl Johan Johannessen. Trur eg har funne rett jente, då namn, fødselsår og fødestad stemmer. Det er ei anna ei det og kan vere som bur i Drammen, som også er tenestejente, men her stemmer ikkje fødselsåret. Margit utvandra frå Kristiania til Amerika den 14. mars 1902 med skipet *Angelo*. Ho drog samtidig med fire andre frå Gol, Knut Aadds. Grothe, Birgit H. Ekre, Ingeborg Leen, Kristi Berget. Ho og dei andre hadde Dakota som reisemål. Ho reiste ikkje på førehandsbetalt billett. Margit hadde slekt i Amerika då ho utvandra. Systera av mora hadde utvandra tidlegare, og hadde fått to søner. Margit budde seinare same staden som slekta hennar gjorde.

Ho gifta seg med ein Knut Toreson Erikson i 1902 i følgje gards- og ættesoga. Han og var frå Gol, og utvandra med foreldra rundt 1870. Margit Ols. Braatene stod som ugift då ho utvandra. I folketeljinga 1910 for USA budde ho og farmar Knut T. Ericson (1968) i Walcott i Richland, North Dakota. Av opplysningar er fødselsåret hennar feil, men namn, stat, år for immigrasjon og ektemannens namn stemmer overeins med opplysningane i gards- og ættesoga. I 1910 hadde dei fått tre barn: Teander (1903), Clara C (1904) og Melvin (1910). I folketeljinga 1920 hadde dei fått tre barn til: Carl (1912), Edwin (1915) og Anette (1916). Dei budde framleis i Walcott. Ektemannen hennar, Knut Erikson Plassen var aktiv i Hallinglaget i Amerika, og han var kasserar.⁴⁵⁰ Foreldra hans hadde vore aktive i etableringa av Gol norske menighet ved Kindred.⁴⁵¹ I følgje gards- og ættesoga døydde Margit i 1925.⁴⁵²

Nr. 47 – Margit Eriksdotter

Fødd 16. juni 1875 på Grangard. Foreldra var Erik Olson (1839-1887) og Margit Olsdotter (1834-1875). Dei vart gift i 1873. Familien budde på Grangard. Erik var sjølveigar, med 7,3

⁴⁴⁹ Østro, 1986: 553

⁴⁵⁰ Hallinglaget var aktive i å arrangere reiser for folk av hallingætt til Noreg og Hallingdal

⁴⁵¹ Svello, 1963: 332

⁴⁵² Østro, 1986: 553

kyrlag, og han var lærar i omgangsskulen. Mor til Margit hadde vore gift tidligare, men begge barna døydde tidleg. Erik og Margit fekk to barn i tillegg til Margit, tvillingane Sissel (1874-1880) og Halvor (1874). Halvor vart berre to timer gammal.⁴⁵³ Margit Eiriksdotter døydde den 13. november 1875.⁴⁵⁴ I følgje gards- og ættesoga døydde mora i barselseng då ho fekk Margit. Faren gifta seg på nytt seinare, og fekk fem barn, men han døydde også tidleg, i 1887. Berre to av dei fem barna han fekk vaks opp.

Nr. 48 – Margit Olsdotter

Fødd den 19. juni 1875 på Skalet. Foreldra var Ole Guttormson (1854-1912) og Margit Halvorsdotter (1855/56-1930). Dei gifta seg i april 1875, kort tid før Margit vart fødd. I ministerialboka står det at Ole var husmann på Skalet. I folketeljinga 1875 stod han som gardbrukar og sjølveigar med 4,5 kyrlag. I følgje gards- og ættesoga fekk Ole skøyte på plassen i 1875 for 67 spdlr, og det kan vere på grunn av dette at arbeidet endra seg.⁴⁵⁵ Seinare fekk dei fleire barn, Kristine (1880-1887), Guttorm (1883-1915), Ingeborg (1887-1945), Christine (1889-1944 i Amerika), Thilda (1891-1951) og Helmer (1898-1981).⁴⁵⁶

Familien utvandra til Amerika frå Kristiania den 20. april 1888. Dei drog med skipet *Angelo*, med New York som reisemål. Før familien drog vart garden selt for 750 kr.⁴⁵⁷ Ei syster døydde året før familien drog. I emigrantprotokollane va dei alle registrert med farens etternamn, Guttormson. Dei skal ha reist på førehandsbetalt billett. I følgje gards- og ættesoga skal Margit ha vorte gift med ein Halmer, og dei fekk fem barn. Eg har ikkje klart å finne nokon det kan vere i folketeljingane i USA, og difor forsvinn Margit for meg etter at ho utvandra til Amerika. Eg har funne foreldra i folketeljinga 1900 i North Dakota, men ikkje dottera. Margit døydde i 1948.

Nr. 49 – Ingeborg (Ingebjørg) Halvorsdotter

Fødd den 23. mai 1875. Foreldra var Halvor Guttormson (1827/25-1902) og Margit Johannesdotter (1835/37-1928). Dei vart gift i 1863/62 og budde på Nymoen. Faren var gardbrukar, sjølveigar og dagarbeider i 1875, med 4,7 kyrlag. Faren kjøpte garden året før Ingeborg vart fødd. Det står i folketeljinga at familien budde på Kusten, men dette kan vere ei feilskriving av Rusten, som er eit anna namn på garden Nymoen. Det er og registrert to barn,

⁴⁵³ Østro, 1986: 107

⁴⁵⁴ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1863-1875»: 299

⁴⁵⁵ Østro, 1986: 115

⁴⁵⁶ Østro, 1986: 115

⁴⁵⁷ Østro, 1986: 115

Guttorm (1862-1941) og Tollef (1868-1960). To av brørne var ikkje tilstade under teljinga. Johannes (1864-1954), var i teneste på Treverket, på garden der Sebjørg Svendsdotter budde. Ein anna bror, Ole (1866-1900) var gjetargut på Espedokken. Halvor og Margit hadde og fått to guitar som ikkje levde lenge, Ola (1871-1871) og Ola (1873-1874). Seinare fekk dei Guri (1879-1911) og Birgit (1883-1884).⁴⁵⁸ Ingeborg vart konfiremert i 1890, med «meget godt» i kristendomskunnskap. Familien budde på Nymoen og faren var sjølveigar. Under folketeljinga i 1891 var Ingeborg tenesteytande i Rust hjå sjølveigar Arne Nilsen og kona Birgit Olsdotter og deira to barn. Ho arbeidde med husstel og kreaturstel. Foreldra hennar budde på Nymoen der faren var innerst. Ein bror og ei syster budde der også.

Foreldra med dei yngste barna, Tollef, Ingeborg og Guri utvandra til Amerika den 16. april 1891 frå Kristiania med skipet *Norge*. To av sønene som allereie hadde utvandra betalte billettane for familien. Dei hadde Stephen, Minnesota som reisemål. Oppført som Ingeborg Halvorsen i protokollane. Same året hadde faren selt garden Rusten. I den statlege folketeljinga 1895 for Minnesota, budde Ingeborg i lag med familien i Jadis Township i Raseau. I folketeljinga 1900 for USA finn eg ei Ingeborg Boe, gift med Nels P. Boe (1962) frå Noreg. I gards- og ættesoga står det at han var frå Telemark. I folketeljinga står det at dei vart gift i 1896. På nettet står etternamnet skrive som Boc, men om ein les i den skanna versjonen står det Boe. Nels var farmar, og dei budde i Malung & Spruce Townships i Rosau, Minnesota. Dei hadde fått to barn, Peder (1897) og Julia (1899). I 1910 var Nels oppført utan eit yrke. Dei hadde flytta til Jadis i Rosau, Minnesota og hadde fått fire barn til: Minnie (1901), Agnes (1903), Hannah (1905) og Christina (1909). I tillegg budde mor til Nels i lag med dei. I følgje gards- og ættesoga døydde Ingeborg i 1914. Ho døydde 30. juli 1914.⁴⁵⁹ I 1920 budde Nils og alle barna i Minnesota.

Nr. 50 – Birgit Larsdotter

Fødd den 26. mai 1875. Foreldra var Lars Halvorson (1836-1916) og Guri Nilsdotter (1837/38-1917). Dei vart gift i 1867. Lars var husmann med 6 kyrlag, og dei budde på Stakebraaten. Under folketeljinga 1875 var ikkje faren tilstade, men han stod som husmann på Stakebraaten. Eg finn heller ikkje mor i teljinga. Dei som var her under teljinga var, Ingeborg Nilsdotter (1841), Jørand Larsdotter (1867), Halvor Larsen (1870-1926) og Gunhild Larsdotter (1873). Halvor var nok bror til Birgit og Ingeborg kan vere systera til mor, Guri.

⁴⁵⁸ Østro, 1988: 247-248

⁴⁵⁹ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, «Minnesota Deaths and burials, 1835-1990»

Det må vere ein feil i teljinga, fordi Ingeborg står som kone. Dei to andre kan vere barna hennar. Grunnen til at eg trur det er rette Birgit, er at det ikkje er nokon andre som heiter dette som er fødd i 1875, og som bur på Stakebraaten. Lars og Guri hadde to døtrer til som ikkje var heime under folketeljinga 1875, Kjersti (1867-1944) og Liv (1872-1890).⁴⁶⁰ Birgit vart konfirmert i 1890 og ho fekk «meget godt» på kristendomskunnskap. Dei budde framleis i Stakebråten der faren var husmann. Ho budde heime under folketeljinga i 1891, og arbeidde med husstel og kreaturstel. To andre søsken var og heime, Kjersti og Halvor. Faren stod oppført som husmann og snekker.

I folketeljinga 1900 budde Birgith Larsen i Wilses gade i Kristiania, hjå skomakarsvenn Hans Ludvig Tane Lange med familie. Ho var tenestejente, men det står arbeidsledig bak yrket. Fødselsår, namn og fødestad stemmer, og dette gjer at eg trur eg har funne rett jente. Ein anna goling budde også hjå denne familien. Birgit utvandra aleine frå Kristiania til Amerika den 10. juni 1903. Skipet ho dreg med er *Montebello*. Reisemålet er Minnesota. Billetten var førehandsbetalt. Ho var oppført med Gol som bustad i emigrantprotokollane, men i 1897 flytta ho til Asker i følgje ministerialboka for Gol.⁴⁶¹ Har ikkje funne nokon andre det kan vere. I følgje gards- og ættesoga vart ho gift med Iver Erikson Selland (1969) i 1904.⁴⁶² Han



Foto 14: Birgit Larsdotter Stakebråten, Fotograf ukjent. Ukjent årstal. Digitalt museum, Gol Bygdearkiv.

var fødd i Minnesota, men aetta frå Luster. I den statlege folketeljinga for Minnesota i 1905 budde Birgit og mannen i McIntosh i Polk, Minnesota. I folketeljinga 1906 for Canada budde dei Assiniboia East i Saskatchewan.⁴⁶³ Dei hadde ein son, Eddy (1905). Systera og mora til Iver budde også i lag med dei. I 1910 hadde dei flytta til Montana i USA i følgje gards- og ættesoga, men eg har ikkje funne dei i folketeljinga. Eg fann Birgit i «United States Boarder Crossings from Canada to United States». Der stod det også oppført at ho var frå Gol, Hathildahl, og at ho skulle til Sweet Grass i Montana. Seinare same året flytta dei igjen tilbake til Canada. I 1916 var dei i

Canada.⁴⁶⁴ No hadde dei fått tre barn til, Gilbert (1907), Henry (1911) og Lily (1913). Det

⁴⁶⁰ Østro, 1993: 123

⁴⁶¹ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld 1887-1900»: 251

⁴⁶² Østro, 1993: 123

⁴⁶³ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, «Canada Census 1906»

⁴⁶⁴ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, «Canada Census 1916»

ligg ikkje fleire folketeljingar ute for Canada, men dei skal ha fått eit barn til i følgje gards- og ættesoga.⁴⁶⁵ Iver var ikkje oppført med noko yrke i nokon av folketeljingane, men dei skal ha hatt ein farm i Canada. Birgit døydde i 1958.

Nr. 51 – Ragnhild Steingrimsdotter

Fødd 01. juli 1875. Foreldra var Steingrim Haavelson (1835-1904) og Guri Olsdotter (1847-1934). Dei gifta seg i 1865. Familien budde på Haugen, og Steingrim var gardbrukar og sjølveigar med 15,3 kyrlag. Dei hadde og to andre barn, Haavel (1868-1956) og Ole (1872-1954) som budde heime i 1875. Dei hadde hatt to døtrer som døydde tidleg, Ragnhild (1866-1866) og Ragnhild (1871-1871). Seinare fekk dei Randi (1877-1968), Anne (1880-1974), Olaug (1882-1972), Asle (1885-1946), Vilhelm (1888-1918) og Kari (1891-1892).⁴⁶⁶ Dei hadde to i teneste under folketeljinga i 1875, Sigrid Olsdotter Brennen er budeie og Amund Amundsen er gjetar på garden. Ragnhild vart konfirmert i 1890 med «nesten meget godt» i kristendomskunnskap. Dei budde på Haugen der faren var gardbrukar. Under folketeljinga i 1891 budde Ragnhild framleis heime, og hadde arbeid med husstel og kreaturstel. Sju av søskena budde også heime. Faren var framleis gardbrukar.

I 1900 var det ei Ragnhild Steingrimsd. som arbeidde som budeie på Hamremoen, i Sigdal, Krødsherad, hjå gardbrukar og skogeigar Hans Jørgen Hamremoen, enkemann. Han hadde tre barn. Det budde og ei føderådkone og ei adoptivdotter der, i tillegg til to tenestejenter og to som var midlertidig tilstade. Oppgitt som født i 76, men finn ingen andre det kan vere. Det var ei anna som heiter det same, men ho vart gift i 1899.⁴⁶⁷ Ragnhild vart gift med Ola Knutson Dokken i



Foto 15: Bryllaupsbilete av Ragnhild Haugen Dokken og Ola Dokken. Ukjent fotograf. År 1909. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv.



Foto 16: Ragnhild Steingrimsdotter. Fotograf ukjent. Ukjent årstal. Digitalt museum, Gol Bygdearkiv.

⁴⁶⁵ Østro, 1993: 123

⁴⁶⁶ Østro, 1988: 179-180

⁴⁶⁷ Østro, 1991: 687

1909 på Gol.⁴⁶⁸ I 1910 budde dei på Vestre Dokken på Gol, der Ola Dokken (1884) var gardbrukar. Knut O. Dokken, føderådsmann, faren til Ola, budde i lag med dei. Igjen står ho oppført som født i 76, men har riktig fødselsdato, bustad og ektemann. Informasjonen om ektemannen stemmer med gards- og ættesoga. Ola overtok garden omkring 1911.⁴⁶⁹ Sonen til Ragnhild, Elling (1903), stod oppført som son hjå mora Guri Olsdatter, på Haugen. Faren til Elling var frå Krødsherad,⁴⁷⁰ som gjer meg meir sikker på at eg fann riktig Ragnhild i 1900. Ragnhild og Ola fekk ingen barn i lag. Ho døydde i 1961. Elling tok seinare over garden etter Haavel, broren til Ragnhild.⁴⁷¹

Nr. 52 – Sebjørg Svendsdotter

Fødd 17. juli 1875. Foreldra var Sven Vilhelmsen (1847/48-1916) og Ingeri Olsdotter (1849/46-1925). Dei vart gift i 1872, og familien budde på Trælverket, som faren hadde kjøpt halvparten av i 1875.⁴⁷² Sven var gardbrukar og sjølveigar med 8,5 kyrlag. Sebjørg hadde og to brør som var her under folketeljinga 1875, Vilhelm (1872-1884) og Ole (1873-1952). Det var og ein tenestegut på garden. Seinare fekk Sven og Ingeri fleire barn, tvillingane Olaf (1878-1880) og Trond (1878-1879), Sunneiv (1880-1969), Trond (1882-1883), tvillingane Vilhelm (1884-1891) og Oline (1884-1975), Margit (1887-1971), Birgit (1890-1891) og Vilhelm (1892-1977).⁴⁷³ Konfirmert i 1890 med «meget godt» i kristendomskunnskap. Dei budde framleis på Trælverket der han var gardbrukar. Under folketeljinga i 1891 hadde ho tatt teneste i Rust, hjå sjølveigar Peder Guttormson og Sigri Nilsdotter, og deira fem barn. Sebjørg hadde arbeid med husstel og kreaturstel. Faren til Sebjørg var blitt forpaktar og dagarbeidar på Træverket. I 1884 selde faren frå seg ein del av garden, og i slutten av tiåret og i byrjinga av neste, vart det halde fleire ekskursjonar på garden, og den vart til slutt selt på auksjon. Broren til Sebjørg fekk auksjonsskøyte på garden i 1894, og foreldra fekk livaure i 1899.⁴⁷⁴



Foto 17: Gruppebilde. Ragnhild Steingrimsdotter i midten. Fotograf ukjent. Ukjent årstal. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv.

⁴⁶⁸ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 186

⁴⁶⁹ Østro, 1988: 195

⁴⁷⁰ Østro, 1988: 196

⁴⁷¹ Østro, 1988: 181

⁴⁷² Østro, 1988: 168

⁴⁷³ Østro, 1988: 169

⁴⁷⁴ Østro, 1988: 170

Sebjørg gifta seg med Per Larsson Grangard i 1898 i Gol.⁴⁷⁵ I 1900 budde Sebjørg Svensen og bruker og dagarbeider Peder Larsen (1879) på Grangaard på Gol. Dei hadde barna: Lars (1898) og Ingeborg (1899). Faren til Peder, Lars, eigde garden. Han budde der i lag med kona, Ingeborg, og sonen Ola. Sebjørg og Per fekk ei dotter i 1901, Ingerid, som døydde same året. I 1910 budde dei framleis på Grangard, der Peder no var jordbruksarbeider. Faren hans var som sjølveigar. Dei hadde fått barna: Svein (1902), Ingerid (1904), Peder (1906) og Margit (1908). Seinare fekk dei Vilhelm (1912) og Birgit (1913).⁴⁷⁶ Framleis var det faren til Peder som eigde garden der dei budde. I 1919 fekk Per kjøpt garden Grangard etter at faren døydde.⁴⁷⁷ Sebjørg døydde i 1976, 101 år gammal.

Nr. 53 – Mari Pedersdotter

Fødd 23. juli 1875. Foreldra var Peder Arneson (1833-1920) og Unna Olsdotter (1834-1918). Peder og Unna vart gift i 1863. Han var sjølveigar, med 9,7 kyrlag, og dei budde på Turhus då Mari vart fødd. Mari hadde fem andre søsken som var heime under folketeljinga i 1875. Guri (1863-1937), Arne (1864-1942), Ole (1867-1926), Ole (1870-1960) og Peder (1873-1876). Konfirmert i 1891 og ho fekk «meget godt» på kristendomskunnskap. Dei budde framleis på Turhus der faren var sjølveigar. Under folketeljinga 1891 budde Mari framleis heime, og ho var oppført som «helt forsørget». På garden budde også broren Arne med si kone, Ingebjørg Thoresdotter, og deira son Peder (1890).

Eg har funne ei Marie Pedersd. i folketeljinga 1900, ho stod som fødd i 1876. Det fanst ei anna som heitte det same frå Gol, men ho var fødd i 1879, i Amerika av ein familie som utvandra i 1875.⁴⁷⁸ Marie budde i Østre Aker på Aaberg, hjå familien Aaberg, der ho arbeidde som tenestepike og stuепike. Johan Aaberg var grossesar med kjemikaliar. Han og kona hadde tre barn. Det budde ei tenestejente der i tillegg til Marie. I 1902 gifta ho seg med Ola Ivarson Brennhovd på Gol.⁴⁷⁹ I 1910 budde ho og gardbrukar Ole (1872) i Brennhovd på Gol. Dei



Foto 18: Portrett av Mari Pedersdotter Turhus Brennhovd. Fotograf ukjent. Årstal ukjent. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv

⁴⁷⁵ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1887-1900: 190

⁴⁷⁶ Østro, 1986: 189

⁴⁷⁷ Østro, 1986: 188

⁴⁷⁸ Østro, 1993: 616

⁴⁷⁹ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918: 170

hadde to barn: Ivar (1903) og Birgit (1906). I lag med dei budde far til Ole og to av brødrane hans, ein snekker, og ein som var skomakar og arbeider på veganlegg. Sonen Engebret (1914-1940) av broren til Mari, Ole, vaks opp hjå ho og ektemannen. Han var fødd på Turhus, men skreiv seg med etternamnet Brennhovd. Mari døydde i 1954.⁴⁸⁰



Foto 19: (øvst til venstre) Mari Pedersdotter med ektemann. Fotograf E.T. Braaten. Ukjent år. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv. Foto 20 (øvst til høgre) Mari og ektemannen. Ukjent fotograf. Ukjent årstal. Digitalt Museum, Gol Bygdearkiv . Foto 21: (nedst til venstre) Mari med familie. Ukjent fotograf. Ukjent år. Foto 22: (nedst til høgre). Mari Pedersdotter med eldste dottera Birgit. Ukjent fotograf. Ukjent årstal. Digitalt museum, Gol Bygdearkiv

⁴⁸⁰ Østro, 1993: 955

Nr. 54 – Kari Olsdotter

Fødd 28. juli 1875. Foreldra var Ole Helgeson (1839/40-1934) og Barbra Eiriksdotter (1848/47-1938). Då Kari vart fødd budde dei på Hallen Bergseie. Han var husmann med 2,3 kyrlag, og dei vart gift i 1872/73. I 1875 budde dei i Hallen. Dette var same plassen som Kari vart fødd på slik ein kan forstå det ut i frå bygdeboka, der det står at dei budde på Hallen ved Berg.⁴⁸¹ Hallen var då bygselbruk til Berg. Dei hadde og ei dotter til, Barbo (1872-1964). Far var registrert som husmann med jord og dagarbeider i folketeljinga 1875. Seinare fekk dei barna Margit (1878), Helge (1881-1958), Birgit (1885) og Eirik (1888-1973).⁴⁸² Då Kari vart konfirmert i 1890, hadde familien flytta til Trælverket der faren var husmann. Ho fekk «godt» på kristendomskunnskap. Under folketeljinga 1891 var Kari tenesteytande i Rust hjå Ole Knudson og Ollaug Olsdotter, og deira tre barn. Ho arbeidde med husstel og kreaturstel. Eg fann ikkje foreldra i denne teljinga, dei har mest sannsynleg flytta til ein anna husmannsplass.

Kari vart gift på Strømsø i 1898 med Johan Gustav Fredriksson frå Sverige. Han var sagarbeider og ho var tenestejente då dei vart gift. Denne informasjonen er kontrollert med ministerialboka frå Strømsø.⁴⁸³ Ho utvandra til Amerika frå Kristiania den 08. september 1898 med skipet *Montebello*. Ho hadde New York som reisemål. Ektemannen finn eg ikkje i emigrantprotokollane. Eg er noko usikker på om dette er rett Kari eg har funne i emigrantprotokollane, men namnet hennar og bustad stemmer. I folketeljinga for USA i 1900 fann eg Carrie Fredrickson, gift med boarder⁴⁸⁴ John Fredrickson (1866) buande i Borough of Manhatten, 12 New York City Ward 19 i New York. Dei hadde ein son, Harry (1899). Fødeåret hennar er feil og ho er skrive som fødd i Sverige slik som ektemannen. Den vesle familien på tre, budde i lag med sju andre personar av ulike nasjonalitetar. I 1910 hadde familien flytta til Williams i North Dakota. Fødselsåret er feil, men immigrasjonsåret og ektemannens namn og fødeland er riktig. Dei hadde no fått ei dotter, Margaret (1904). I 1920 budde dei i Dublin, Williams, North Dakota. Dei har mellom dei to teljingane fått to barn til, Connet (1913) og Ester (1918). Ved å sjå på kor barna var fødde, får ein ei oversikt over kor familien flytta opp igjennom åra. Eldste sonen var fødd i New Jersey, eldste dottera var fødd i Iowa og dei to yngste var fødd i North Dakota. Eg veit ikkje når Kari dør.

⁴⁸¹ Østro, 1986: 341

⁴⁸² Østro, 1986: 341

⁴⁸³ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Strømsø prestegjeld 1879-1899» : 165

⁴⁸⁴ Ein «boarder» leiger bustad.

Nr. 55 – Margrete Olsdotter

Fødd 30. juli 1875. Foreldra var Ole Arneson (1844-1916) og Birgit Halgrimsdotter (1846/45-1940). Dei vart gift i 1864 og budde på Blektvet. Faren var gardbrukar med 16,8 kyrlag. Dei hadde og fire andre barn som var registrert i folketeljinga 1875, Gro (1865-1913), Thora (1867-1941), Arne (1870-1956) og Halgrim (1872-1962). Familien har og ein tenestegut. Seinare fekk foreldra barna, Barbo (1878-1879), Halvor (1880-1964), Barbo (1883-1972), Birgit (1886-1889) og Ivar (1893-1913).

Konfirmert i 1890 med «meget godt» i kristendomskunnskap. Dei budde framleis på Bleikfet der faren var gardbrukar. I 1891 budde Margrete framleis heime, der ho arbeidde med husstel og kreaturstel. Faren var gardbrukar og sjølveigar. Thora, Arne, Halgrim, Halvor og Barbro budde også heime. I folketeljinga 1900, budde Margrete heime hjå foreldra. I 1903 var garden overdrege til sonen, som gav foreldra livaure.⁴⁸⁵ Margrete døydde den 26. januar 1904 av noko som ikkje er lett å tyde, då det er ein blekkflekk over noko av skrifta.⁴⁸⁶ I klokkarboka står det at ho døydde av tuberkulose.

Nr. 56 – Kari Olsdotter

Fødd den 22. august 1875 av Ole Aslakson (1846-1898) og Margit Vilhelmsdotter (1850-1935). Ole var sjølveigar med 8,5 kyrlag, og dei budde på Flaget. Dei vart gift i 1870. Frå før hadde dei barna Barbo (1871-1964) og Vilhelm (1873-1875).⁴⁸⁷ Vilhelm døydde i 1875, og det gjorde også Kari. Ho døydde den 15. august 1875 i følgje ministerialboka.⁴⁸⁸ Som ein kan sjå så stemmer ikkje fødsels og dødsdato med kvarandre. Kven av dei som er korrekt er ikkje godt å si, men i ein notis bak i dåpslistene står det at ho døydde to timer gammal. Seinare fekk foreldra ti barn til. Faren hadde og ein son frå eit tidlegare ekteskap og til saman hadde foreldra fjorten barn.

Nr. 57 – Ingeri Endresdotter

Fødd den 02. september 1875. Ho var den yngre systera til Ingerid Endresdotter som døydde i 1874. Foreldra var Endre Haavelson (1832/31-1920) og Birgit Aslaksdotter (1844-1920) som gifta seg i 1865. Dei budde på Hatten og han var sjølveigar, han hadde fått skøyte i 1874, men familien flytta inn omkring 1870.⁴⁸⁹ Dei hadde tre andre barn som var med i folketeljinga

⁴⁸⁵ Østro, 1993: 67

⁴⁸⁶ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, Gol sokn, 1901-1918»: 198

⁴⁸⁷ Østro, 1986: 455

⁴⁸⁸ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1863-1875»: 299

⁴⁸⁹ Østro, 1993: 562

1875, Kristi (1865-1949), Halvor (1868-1918) og Aslag (1871-1947). Seinare fekk dei Anne (1878-1966), Guri (1881-1965), Ola (1883-1969) og Endre (1886-1967).

Ingeri vart konfirmert i 1890, med «nesten meget godt» i kristendomskunnskap. Familien budde i Hallen der faren var sjølveigar.⁴⁹⁰ I folketeljinga 1891 budde ho framleis hjå foreldra på Hatten, der ho hadde kreaturstell og onnearbeid som arbeid. Faren var gardbrukar og sjølveigar. Aslag Olson, far til Birgit, var føderådsmann. Alle søskena budde heime, bortsett frå Kristi.

I 1899 gifta Ingeri seg med Nils Knutson Nørheim på Gol.⁴⁹¹ Han hadde vore gift tidlegare, men kona døydde i 1897, og hadde åtte barn frå ekteskapet, tre av dei hadde døydd tidleg.⁴⁹² I 1900 budde gardbrukar Nils Knudsen (1856) og Ingeri Endresdatter på Narum i Gol. I lag med dei budde fire av barna til Nils, femtemann hadde utvandra til Amerika. Ingeri og Nils hadde fått to barn i lag: Birgit (1899) og Endre (1900). Far til Nils var livauremann. På garden budde og broren til Ingeri, Aslag Endresen, jordbruksarbeider, med kone og ein son og ein steson. Systera til Ingeri, Guri var tenestejente. I 1910 budde dei på Søre Nøreim der Nils var gardbrukar og sjølveigar. Tre av barna frå hans første ekteskap budde i lag med dei. Dei to hadde fått tre barn til: Knut (1904), Ingebjørg (1906), Gunhild (1909). Dei fekk ei dotter til, Ingeborg (1902) som døydde alt i 1903. Seinare fekk dei barna: Halvor (1911), Guttorm (1913), Bernt (1916), Nils (1919) og Birgit (1920). Ingeri og Nils fekk i alt elleve barn, Nils fekk i alt nitten barn. Det budde ei tenestejente hjå familien i 1910, og ein tømmermann var midlertidig tilstade. Ingeri døydde i 1936.⁴⁹³

Nr. 58 – Ingeborg (Ingebjørg) Haavelsdotter

Fødd den 19. oktober 1875 av unkar Haavel Halvorson (1846) og pike Guri Knudsdotter (1851/52-1919). Far var sjølveigarson frå Rudningen og mor gardmannsdotter frå Jegleim. I folketeljinga 1875 budde Ingeborg i lag med mora og hennar foreldre som hadde livaure på garden. Guri hjalp foreldra. Faren til Ingeborg, Haavel, er dagarbeider og budde på Botten. Ingeborg døydde den 04. november 1876.⁴⁹⁴ Mora gifta seg i 1880, og fekk fem barn til.⁴⁹⁵

⁴⁹⁰ Dette kan vere feilskriving av Hatten. Finn ikkje informasjon om at familien flytta derfrå.

⁴⁹¹ Kontrollert med ministerialbok for Gol prestegjeld, 1887-1900: 192

⁴⁹² Østro, 1986: 760-761

⁴⁹³ Østro, 1993: 563

⁴⁹⁴ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1876-1886»: 257

⁴⁹⁵ Østro, 1989: 541

Nr. 59 – Birgit Mikkelsdotter

Fødd den 25. oktober 1875. Foreldra var Mikkel Olson (1829-1914) og Aasa Halvorsdotter (1831/33-1894). Dei gifta seg i 1851/52. Han var gardbrukar med 12,7 kyrlag, og dei budde i Grov. I folketeljinga 1875 var det og registrert fem søsken, Ole (1852-1931), Kari (1857-1943), Halvor (1863-1939), Liv (1867-1931) og Ole (1872-1898).

I 1880 vart garden selt til svigersonen Velhelm Erikson for 2950 kr og livaure. Mikkel og Aasa fekk livaure, men dette gjekk ikkje økonomisk.⁴⁹⁶ To år seinare vart garden overdrege til ein anna kar. Svigersonen og kona, Kari, utvandra til Amerika i 1883. Familien utvandra etter til Amerika frå Kristiania den 12. juni 1885 med skipet *Angelo*. Billetten var førehandsbetalt, og sannsynlegvis betalt av dottera Kari. Dei hadde Wallcast som reisemål. Heile familien var og registrert med farens etternamn, Olsen. I følgje gards- og ættesoga, budde dei i Walcott i North Dakota. I 1900 finn eg ei Bertha Monroe som var gift med ein George D. Monroe (1874) frå Nebraska. I følgje gards- og ættesoga gifta ho seg med ein Duncan Monroe. Eg er difor ikkje heilt sikker på at eg har funne rette Birgit, men etternamnet på ektemannen og fødestad stemmer, men ho er oppgitt som fødd i 1874. Eg har heller ikkje funne nokon andre eg trur det kan vere.

I 1900-teljinga livnærte han seg som «traveling salesman», og dei budde i Sioux City Ward, i Woodbury, Iowa og vart gift i 1896. I den neste folketeljinga i 1910 hadde dei flytta til Burton i Fall River, South Dakota, der han livnærte seg som farmar. I 1930 hadde dei igjen flytta, men no til Sioux Falls, Minnehaha i South Dakota, i denne teljinga stemmer ikkje immigrasjonsåret hennar. Dei stod begge oppført utan arbeid. Dei to fekk ingen barn, noko som også stemmer overeins med informasjonen i gards- og ættesoga. Bertha Monroe døyde 9. oktober 1951 i Cascade i Montana, og dette årstalet stemmer overeins med gards- og ættesoga.⁴⁹⁷

Nr. 60 – Oline Halvorsdotter

Fødd den 30. oktober 1875. Foreldra var Halvor Syverson (1829/31-1904) og Birgit Olsdotter (1837/39-1926). Dei vart gift i 1866/65. Han var gardbrukar og sjølveigar, og dei budde på Lagmannsgard med 11,7 kyrlag. I folketeljinga 1875 var heile familien registrert med farens etternamn, og det var registrert fire systrar, Birgit (1862-1939), Barbra (1866-1951), Ingeborg (1869-1912) og Birgit (1873-1945). I tillegg hadde dei ein son, Syver (1864), som døydde ved

⁴⁹⁶ Østro, 1989: 466

⁴⁹⁷ The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints, «Montana death index»

i ei ulykke i 1866 og sonen Ole (1872-1872) som døydde før teljinga vart gjennomført. Både Syver og Birgit (1862), var fødd utanom ekteskap.⁴⁹⁸ Seinare fekk dei Kari (1878-1967) og Ingebjørg (1882-1960). I løpet av 1880-talet lånte faren til Oline til saman 2700 kroner, grunna därlege økonomiske tider.⁴⁹⁹ I tillegg hadde han kausjonert for ein nabo. Denne naboen reiste frå gjelda si til Amerika. Då det ikkje var nok verdi i garden til denne naboen, var det dei som hadde kausjonert som måtte betale. Faren til Oline klarte å behalde garden.

Konfirmert i 1890. Ho fekk «meget godt» på kristendomskunnskap. Faren var framleis gardbrukar på Lagmannsgard. I 1891 budde Oline framleis heime. Ho hadde arbeid som barnepike og med husstel. Andre søskjen som budde heime var Kari og Ingebjørg. Ei Guri Botolvsdotter (1883) budde der og. Ho stod oppført som «konens søsterdatter».

Oline flytta frå Gol allereie i 1892, men innskriven i 1904. Ho drog til Tønsberg.⁵⁰⁰ Eg har ikkje funne Oline i folketeljingane 1900 og 1910. I 1923 finn eg ei Oline Langaard i Kristiania. Langaard kan vere ei omskriving av Lagmannsgard. Ho var smørbrødjomfru og budde i Karl Johansgate 31, i lag med ni andre. I følgje gards- og ættesoga gifta ho seg aldri, og ho var koldjomfru på Grand Hotel i Oslo dei siste tjuefem åra.⁵⁰¹ Ho døydde i 1956 og var ugift i følgje gards- og ættesoga.

⁴⁹⁸ Østro, 1991: 201

⁴⁹⁹ Østro, 1991: 202

⁵⁰⁰ Digitalarkivet, «Ministerialbok for Gol prestegjeld, 1901-1918»: 254

⁵⁰¹ Østro, 1991: 201

Vedlegg 2 - Tabellar

Under finn ein tabellane som er utgangspunkta for samletabellane og diagramma i oppgåva.

All informasjonen er henta frå databasen der informasjonen frå kjeldene er samla.

Forkortingane G, H, I og A, står for gardbrukarar, husmenn, innerstar og arbeidrar.

Tabell 1: Fars levebrød og husdyrhald

Barnets namn	Patronymikon	Far stilling i dåpslistene	Fars stilling i folketeljinga 1875	Kyrlag	Leige av hus
Agnette	Andreasdotter	vegoppsynsmann	vegoppsynsmann	-	Ja
Anna	Johannesdotter	-	vegarbeider	-	Ja
Anne	Bjørnsdotter	sjølveigar	gardbruker, sjølveigar, snekker	16,5	-
Anne	Olsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	19	-
Barbro	Knudsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	10,5	-
Birgit	Bjørnsdotter	sjølveigar	sjølveigar	4,7	-
Birgit	Iversdotter	sjølveigar	sjølveigar	4	-
Birgit	Henningsdotter	gardbrukarson	-	-	Ja
Birgit	Nilsdotter	innerst	gardbrukar, sjølveigar	6	-
Birgit	Knudsdotter Fossebakken	sjølveigar	sjølveigar	6,2	-
Birgit	Halvorsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	32,2	-
Birgit	Knudsdotter Nedrebraaten	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar	7,5	-
Birgit	Syversdotter	innerst	innerst	-	Ja
Birgit	Larsdotter	husmann	husmann med jord	6	-
Birgit	Mikkelsdotter	gardbrukar	gardbrukar	12,7	-
Guri	Nilsdotter	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar	5,8	-
Guri	Henningsdotter	gardbrukarson	-	-	Ja
Guri	Torstensdotter	sjølveigar	sjølveigar	6,7	-
Guri	Karlsdotter	gardbrukarson	-	-	Ja
Ingeborg	Torkelsdotter	gardbrukar	gardbrukar	13,3	-
Ingeborg	Haavelsdotter	sjølveigarson	dagarbeidar	-	Ja
Ingeborg	Halvorsdotter	sjølveigar	jordbruker, sjølveigar, dagarbeidar	4,7	-
Ingeborg	Olsdotter	sjølveigar	sjølveigar	2,8	-
Ingeborg	Tostensdotter	sjølveigar	sjølveigar	11,8	-
Ingeri	Endresdotter	sjølveigar	sjølveigar	11,7	-
Ingerid	Endresdotter	sjølveigar	sjølveigar	11,7	-
Kari	Olsdotter Rotnem	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	19,5	-
Kari	Herbrandsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	9,2	-
Kari	Pedersdotter	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar	7,5	-
Kari	Olsdotter Flaget	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar	8,5	-
Kari	Helgesdotter	sjølveigar	gardbrukar	13,5	-
Kari	Olsdotter Hallen	husmann	husmann med jord,	2,3	-

			dagarbeidar		
Kristi	Olsdotter	husmann	innerst, arbeidskar	7	-
Liv	Olsdotter	sjølveigar	sjølveigar	6,7	-
Liv	Engebretsdotter	sjølveigar	sjølveigar	14	-
Liv	Andersdotter	innerst	gardbrukar, sjølveigar	3,2	-
Margit	Arnesdotter	husfader	brukar plassen i lag med svigerfar P. Olsen. Han er husmann	4,2	-
Margit	Juulsdotter	gardbrukar	gardbrukar	15,2	-
Margit	Olsdotter Braaten	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	10,5	-
Margit	Olsdotter Skalet	husmann	gardbrukar, sjølveigar	4,5	-
Margit	Tollefsdotter	innerst	innerst, skreddar	-	Ja
Margit	Eriksdotter	sjølveigar og lærar	gardbruker, skolelærar	7,3	-
Margrete	Olsdotter	gardbrukar	gardbrukar	16,8	-
Mari	Pedersdotter	sjølveigar	sjølveigar	9,7	-
Oline	Halvorsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	11,7	-
Oline	Nilsdotter	sjølveigar	sjølveigar	5,3	-
Ollaug	Olsdotter	sjølveigar	sjølveigar	4,7	-
Ollaug	Tollefsdotter	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar	9,8	-
Ollaug	Knudsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	13,5	-
Ollaug	Halvorsdotter	sjølveigar	sjølveigar	8,8	-
Ragna	Kristensdotter	sjølveigar	sjølveigar	6	-
Ragnhild	Stengrimsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	15,3	-
Randi	Larsdotter	sjølveigar	sjølveigar	4,8	-
Sebjørg	Svendsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	8,5	-
Sigrid	Andersdotter	husfader	husmann med jord	4	-
Sigrid	Olsdotter	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar	27,5	-
Sissel	Jakobsdotter	innerst	sjølveigar	2	-
Thora	Steingrimsdotter	gardbrukarson	arbeidskar	-	Ja
Thora	Helgesdotter	innerst	husmann med jord, dagarbeidar	2,7	-
Aagaadt	Danielsdotter	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar	4	-

Tabell 2: mors fødselsår, vigsesår og søsken

Namn	Mor fødselsår	Vigselsår	Mors alder ved giftemål	Kor mange barn fekk kvar enkelt mor	Kor mange søsken er det totalt	Tal på barn som døydde	Jentas nummer i søskenfloken	Fars yrke 1875
Aagaadt Danielsdotter	1846	1869	23	4	4	1	3	G
Agnette Andreasdotter	1851	1872	21	2	2	0	2	A
Anna Johannesdotter	1851	1877	26	1	1	0	1	A
Anne Bjørnsdotter	1836	1866	30	5	5	1	4	G

Anne Olsdotter	1848	1866	18	4	11	5	4	G
Barbro Knudsdotter	1854	1874	20	9	9	1	1	G
Birgit Henningsdotter	1842	-	-	2	3	1	3	-
Birgit Larsdotter	1837	1867	30	4	4	0	4	H
Birgit Mikkelsdotter	1831	1851	20	6	6	1	6	G
Birgit Knudsdotter Nedrebraaten	1843	1866	23	7	7	1	5	G
Birgit Bjørnsdotter	1833	1858	25	8	8	3	6	G
Birgit Iversdotter	1843	1865	22	8	8	1	5	G
Birgit Syversdotter	1848	1874	26	9	9	0	2	I
Birgit Halvorsdotter	1848	1866	18	9	9	2	4	G
Birgit Knudsdotter Fossebakken	1850	1874	24	10	10	1	1	G
Birgit Nilsdotter	1852	1874	22	10	10	3	1	G
Guri Henningsdotter	1842	-	-	2	3	1	2	-
Guri Karlsdotter	1852	-	-	1	3	0	1	-
Guri Torstensdotter	1839	1874	35	3	5	0	3	G
Guri Nilsdotter	1835	1856	21	8	8	1	7	G
Ingeborg Haavelsdotter	1851	-	-	1	6	0	1	A
Ingeborg Torkelsdotter	1834	1864	30	6	6	2	6	G
Ingeborg Olsdotter	1843	1874	31	7	7	3	2	G
Ingeborg Tostensdotter	1838	1862	24	8	8	3	4	G
Ingeborg Halvorsdotter	1835	1863	28	9	9	3	7	G
Ingeri Endresdotter	1844	1865	21	9	9	1	4	G
Ingerid Endresdotter	1843	1866	23	9	9	1	5	G
Kari Pedersdotter	1836	1858	22	5	5	1	5	G
Kari Helgesdotter	1846	1874	28	6	6	0	1	G
Kari Olsdotter Hallen	1848	1872	24	6	6	0	2	H
Kari Olsdotter Rotnem	1835	1863	28	8	8	2	5	G
Kari	1831	1850	19	10	10	4	10	G

Herbrandsdotter									
Kari Olsdotter	1850	1870	20	13	14	4	3		G
Flaget									
Kristi Olsdotter	1832	1852	20	10	10	1	9		I
Liv	1837	1859	22	6	6	0	5		G
Andersdotter									
Liv	1837	1860	23	9	9	1	8		G
Engebretsdotter									
Liv Olsdotter	1839	1858	19	10	10	2	8		G
Margit	1844	1868	24	7	7	3	3		G
Juulsdotter									
Margit Olsdotter	1855	1875	20	7	7	1	1		G
Skalet									
Margit	1845	1870	25	9	9	4	4		H
Arnesdotter									
Margit	1847	1872	25	9	9	0	2		I
Tollefsdotter									
Margit	1834	1873	39	3	10	8	5		G
Eriksdotter									
Margit Olsdotter	1851	1872	21	11	11	0	3		G
Braaten									
Margrete	1846	1864	18	10	10	2	5		G
Olsdotter									
Mari	1834	1863	29	6	6	1	6		G
Pedersdotter									
Oline	1837	1866	29	9	9	2	7		G
Halvorsdotter									
Oline Nilsdotter	1838	1867	29	9	9	1	5		G
Ollaug	1834	1867	33	3	3	0	7		G
Halvorsdotter									
Ollaug Olsdotter	1829	1854	25	7	7	0	7		G
Ollaug	1834	1859	25	7	7	2	7		G
Tollefsdotter									
Ollaug	1846	1870	24	10	10	2	3		G
Knudsdotter									
Ragna	1842	1867	25	8	8	0	4		G
Kristensdotter									
Ragnhild	1847	1865	18	11	11	3	5		G
Stengrimsdotter									
Randi	1850	1875	25	8	8	1	1		G
Larsdotter									
Sebjørg	1849	1872	23	12	12	6	3		G
Svendsdotter									
Sigrid	1834	1863	29	7	7	1	5		H
Andersdotter									
Sigrid Olsdotter	1834	1853	19	12	12	1	12		G
Sissel	1854	1874	20	4	4	1	1		G
Jakobsdotter									
Thora	1842	1866	24	6	6	0	4		H
Helgesdotter									
Thora	1857	-	-	1	9	0	1		A
Steingrimsdotter									

Tabell 3: Konfirmasjon – kristendomskunnskap, fars yrke i 1875 og konfirmasjon, og kyrlag

Konfirmantens namn	Kristendoms-kunnskap	Stad	Fars yrke 1875	Fars yrke konfirmasjon	Kyrlag
Guri Karlsdotter	-	Ø. Aker	Ukjent	Ukjent	-
Barbro Knudsdotter	Godt	Gol	G	G	10,5
Guri Henningsdotter	Godt	Gol	Ukjent	Ukjent	-
Ingeborg Torkelsdotter	Godt	Gol	G	G	13,3
Kari Olsdotter Hallen	Godt	Gol	H	H	2,3
Ollaug Knudsdotter	Godt	Solum	G	G	13,5
Sigrid Olsdotter	Godt	Hurum	G	G	27,5
Anna Johannesdotter	Meget godt	Sande	A	Ukjent	-
Birgit Larsdotter	Meget godt	Gol	H	H	6
Guri Torstensdotter	Meget godt	Gol	G	G	6,7
Ingeborg Halvorsdotter	Meget godt	Gol	G	G	4,7
Liv Andersdotter	Meget godt	Gol	G	I	3,2
Margit Arnesdotter	Meget godt	Gol	H	H	4,2
Margit Olsdotter Braaten	Meget godt	Gol	G	G	10,5
Margit Tollefsdotter	Meget godt	Gol	I	I	-
Margrete Olsdotter	Meget godt	Gol	G	G	16,8
Mari Pedersdotter	Meget godt	Gol	G	G	9,7
Oline Halvorsdotter	Meget godt	Gol	G	G	11,7
Ollaug Halvorsdotter	Meget godt	Gol	G	G	8,8
Ollaug Olsdotter	Meget godt	Gol	G	G	4,7
Ragna Kristensdotter	Meget godt	Gol	G	G	6
Randi Larsdotter	Meget godt	Gol	G	H	4,8
Sebjørg Svendsdotter	Meget godt	Gol	G	G	8,5
Thora Helgesdotter	Meget godt	Gol	H	I	2,7
Anne Olsdotter	Nesten meget godt	Gol	G	G	19
Birgit Knudsdotter Fossebakken	Nesten mycket godt	Gol	G	G	6,2
Birgit Syversdotter	Nesten mycket godt	Gol	I	I	-
Birgit Knudsdotter Nedrebraaten	Nesten mycket godt	Gol	G	G	7,5
Ingeborg Olsdotter	Nesten mycket godt	Gol	G	G	2,8
Ingeri Endresdotter	Nesten mycket godt	Gol	G	G	11,7
Kari Helgesdotter	Nesten mycket godt	Gol	G	G	13,5
Kari Pedersdotter	Nesten mycket godt	Gol	G	G	7,5
Ragnhild Steingrimsdotter	Nesten mycket godt	Gol	G	G	15,3
Aagaadt Danielsdotter	Nesten mycket godt	Gol	G	G	4

Kristi Olsdotter	Temmelig godt	Gol	I	H	7
------------------	---------------	-----	---	---	---

Tabell 4: Folketeljing 1891 – Gol. Stilling og plass i hushaldet, tal på heimebuande søskener

Barnets namn	Stilling	Stilling til familiens hovedperson	Søsken heime i 1891 ⁵⁰²
Aagaadt Danielsdotter	husstel, kreaturstel	dotter	1872
Anne Olsdotter	jordbruksarbeide, husstel, kreaturstel	dotter	1885
Barbro Knudsdotter	husstel, kreaturstel, jordbruksarbeide	dotter	1877,1879,1881,1884, 1887, 1889
Birgit Knudsdotter	helt forsørget	dotter	1873, 1877, 1886
Birgit Larsdotter	husstel, kreaturstel	dotter	1866, 1869
Guri Henningsdotter	husstel, kreaturstel	tenesteytande	-
Guri Torstensdotter	husstel, kreaturstel, gårdmannsdotter	dotter	1867, 1881, 1887
Ingeborg Torkelsdotter	gardbrukardotter, husstel, kreaturstel	dotter	1873
Ingeborg Halvorsdotter	husstel, kreaturstel	tenesteytande	1868 G, 1879 J
Ingeri Endresdotter	kreaturstel, aannearbeide	dotter	1866, 1878, 1881, 1883, 1886
Kari Helgesdotter	helt forsørget	dotter	1878,1881,1883,1886, 1890
Kari Olsdotter Hallen	husstel, kreaturstel	tenesteytande	ukjent ⁵⁰³
Kari Pedersdotter	handarbeide, husgjerning	dotter	1871
Margit Arnesdotter	husstel, kreaturstel	tenesteytande	1869 J, 1881 J, 1885 J, 1889 J
Margit Tollefsdotter	gårdmannsdotter, barnepike	dotter	1872, 1877, 1879, 1882, 1884, 1887, 1890
Margit Olsdotter Braaten	husstel, kreaturstel	tenesteytande	1873 G, 1874 J, 1876 G, 1878 G, 1880 J, 1882 J, 1884 J, 1886 G, 1889 G
Margrete Olsdotter	gårdmannsdotter, husstel og kreaturstel	dotter	1867, 1870, 1872, 1880, 1883
Mari Pedersdotter	helt forsørget	dotter	1865
Oline Halvorsdotter	barnepige, husstel	dotter	1878, 1881
Ollaug Olsdotter	husstel, kreaturstel, jordbruksarbeide	dotter	1868, 1880

⁵⁰² På dei som var i teneste er det tatt med kjønn på søskene då dette kan ha vore med på å påverke at dei måtte flytte. Infoen om desse er henta frå folketeljinga 1891.

⁵⁰³ Ukjent fordi familien ikkje er funne i folketeljinga.

Ollaug Halvorsdotter	budeie, aannearbeider	dotter	1872
Ragna Kristensdotter	helt forsørget	dotter	1868, 1876, 1880, 1884, 1889
Ragnhild Steingrimsdotter	husstel, kreaturstel	dotter	1868, 1872, 1877, 1879, 1882, 1884, 1887
Randi Larsdotter	jordbruksarbeide, husstel	sønnedotter	1876 G, 1879 G, 1881 J, 1885 G, 1888 G
Sebjørg Svendsdotter	husstel, kreaturstel	tenesteytande	1873 G, 1880 J, 1884 G, 1884 J, 1887 J, 1890 J
Thora Helgesdotter	håndarbeide	dotter	1880, 1882

Tabell 5: Fars yrke: endringar mellom dei ulike kjeldene på jentene som er registrert i 1891

Namn	Fars stilling i 1875	Fars stilling under konfirmasjon	Fars stilling i 1891
Anne Olsdotter	G	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar
Barbro Knudsdotter	G	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar,
Birgit Knudsdotter Nedrebraaten	G	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar, smed
Birgit Larsdotter	H	husmann	husmann, snekker
Guri Henningsdotter	-	-	-
Guri Torstensdotter	G	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar
Ingeborg Torkelsdotter	G	gardbrukar	brukar av plassen med forpakting
Ingeborg Halvorsdotter	G	sjølveigar	innerst
Ingeri Endresdotter	G	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar
Kari Helgesdotter	G	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar
Kari Olsdotter Hallen	H	husmann	-
Kari Pedersdotter	G	gardbrukar	plassbruker, sjølveigar, tømmermann
Margit Olsdotter Braaten	G	gardbrukar	gardbrukar
Margit Tollefsdotter	I	innerst	gardbrukar, sjølveigar, skreddar
Margit Arnesdotter	H	husmann	husmann og skomakar
Margrete Olsdotter	G	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar,
Mari Pedersdotter	G	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar
Oline Halvorsdotter	G	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar
Ollaug Olsdotter	G	sjølveigar	gardbrukar,

			sjølveigar, jordbruksarbeider
Ollaug Halvorsdotter	G	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar
Ragna Kristensdotter	G	sjølveigar	gardbrukar, sjølveigar
Ragnhild Steingrimsdotter	G	gardbrukar	gardbrukar, sjølveigar
Randi Larsdotter	G	husmann	gardbrukar
Sebjørg Svendsdotter	G	gardbrukar	forpaktar og dagarbeider
Thora Helgesdotter	H	innerst	husmann, tømmerhoggar
Aagaadt Danielsdotter	G	sjølveigar	gardbrukskone

Tabell 6: Flytting i Noreg før ekteskap

Namn	År	Stad	Reisepartnar	Sivilstatus	Stad for giftemål	Fars yrke	Kyrlag
Liv Andersdotter	1890	Nøtterøy	Aleine	Gift 1902	Nøtterøy	I	3.2
Ingeborg Olsdotter	1892	Skoger	Aleine	Gift 1897	Strømsø	G	2.8
Oline Halvorsdotter	1892	Tønsberg	Aleine	Ugift	-	G	11.7
Guri Henningsdotter	Før 1900	Nes i Hallingdal, seinare Kristiania	Aleine	Ugift	-	Ukjent	-
Kari Helgesdotter ⁵⁰⁴	Før 1900	Vestfold	Aleine	Gift 1918	Ukjent	G	13.5
Mari Pedersdotter	Før 1900	Østre Aker	Aleine	Gift 1902	Gol	G	9.7
Ollaug Olsdotter	Før 1900	Lier, seinare Drammen	Ukjent	Gift 1899	Lier	G	4.7
Randi Larsdotter	Før 1900	Kristiania	Ukjent	Gift 1895 og 1919	Ukjent og Kristiania	H (G i 1891)	4.8
Ragnhild Steingrimsdotter	Før 1900	Krødsherad	Aleine	Gift 1909	Gol	G	15.3
Kari Olsdotter Hallen	Før 1900	Strømsø, seinare Amerika	Ukjent	Gift 1898	Strømsø	H	2.3
Margit Olsdotter Braaten	Før 1900	Østre Aker, Amerika	Aleine	Gift 1902	Amerika	G	10.5

⁵⁰⁴ Kjem tilbake til Gol før giftemål. Registrert som sjukepleiar på Gol i 1910

Birgit Larsdotter	1897	Asker, Amerika	Aleine	Gift 1904	Amerika	H	6
Guri Torstensdotter	1898	Kristiania, Nøtterøy	Aleine	Gift 1908	Kristiania	G	6.7
Thora Helgesdotter	1900	Asker	Aleine	Gift 1900	Asker	I (H i 1891)	2.7
Birgit Knudsdotter Nedrebraaten	1905	Ål	Aleine	Gift 1905	Ål	G	7.5
Margit Arnesdotter	Før 1910	Nes i Hallingdal	Aleine	Gift 1912	Gol	H	4.2
Barbro Knudsdotter	1910 ⁵⁰⁵	Lier, seinare Skoger	Aleine	Gift 1911	Skoger	G	10.5

Tabell 7: Arbeid før giftemål⁵⁰⁶

Navn og stand	Familiestilling i 1900	Yrke i 1900	Stad	Familiestilling i 1910	Yrke i 1910	Stad
Barbro Knudsdotter (G)	teneste	kokke	Lier	teneste	husbestyrerinde	Skoger
Birgit Syversdotter (I)	teneste	tenestejente, budeie	Gol	-	-	-
Birgit Larsdotter (H)	einsleg losjerande	tenestejente (arbeidsledig)	Kristiania	-	-	-
Guri Henningsdatter	teneste	Kjøkkenpike, husleg arbeid	Nes i Hallingdal	losjerande	spisesalpige	Kristiania
Ingeborg Torkildsdotter ⁵⁰⁷ (G)	teneste	fotograf	Gol	losjerande	fotograf	Gol
Kari Helgesdotter	teneste	tenestejente og barnepike	Våle i Vestfold	losjerande	diakonisse, sjukepleiar	Gol
Kari Herbrandsdotter (G)	dotter	hushjelp	USA	dotter	ingen	USA
Kari Pedersdotter (G)	dotter	husstell, fjøsstell	Gol	-	-	-
Liv Andersdotter (G)	teneste	tenestejente	Nøtterøy	-	-	-

⁵⁰⁵ Må vere feil i kyrkjeboka, då ho som det kan vere er i Lier i 1900.

⁵⁰⁶ Dei som er registrert med – er anten gift eller døydde

⁵⁰⁷ Budde heime, men registrert som tenesteytande

Margit Olsdotter Braaten (G)	teneste	tenestejente	Østre Aker	-	-	-
Margit Tollefsdotter (I)	dotter	budeie	Gol	dotter	husgjerningen	Gol
Margit Arnesdotter (H)	teneste	tenestejente	Gol	tenesteytande	tenestejente	Nes i Hallingdal
Margrete Olsdotter (G)	dotter	onnearbeid, kreaturstell	Gol	-	-	-
Mari Pedersdotter (G)	teneste	tenestejente, stuepike	Østre Aker	-	-	-
Olaug Halvorsdotter (G)	teneste	tenestejente	USA	tenesteytande	tenestejente	USA
Ragna Kristendotter (G)	dotter	sy- og strikkerske	Gol	-	-	-
Ragnhild Steingrimsdotter (G)	teneste	budeie	Krødsherad	-	-	-
Sigrid Olsdotter (G)	dotter	kreaturstell	Hurum	dotter	kapitalist	Hurum
Aagot Danielsdotter (G)	dotter	Vaving, spinning	Gol	-	-	-

Tabell 8: Alder ved giftemål, stad og bustad, fars stilling i 1875 og ektemanns stilling i første folketeljing etter giftemål

Kvinnas namn	Fødselsdato	Årstall for giftemål	Alder ved giftemål	Stad for giftemål	Bustad	Fars stilling	Ektemanns stilling
Margit Olsdotter Skale	19.06.1875	ukjent	Ukjent	USA	USA	G	Ukjent
Thora Steingrimsdotter	29.08.1874	1892	18	USA	USA	A	G
Anne Olsdotter	04.12.1874	1894	20	Strømsø, Drammen	Gol	G	G
Randi Larsdotter	07.02.1875	1895 ⁵⁰⁸	20	Ukjent	Kristiania	G	A (vintappar)
Birgit Mikkelsdotter	25.09.1875	1896	21	USA	USA	G	A (traveling salesman)
Ingeborg Halvorsdotter	23.05.1875	1896	21	USA	USA	G	G
Agnette Andreasdotter	17.02.1875	1897	22	Kristiania	Kristiania	A	A (telefonarbeider)
Ingeborg Olsdotter	07.02.1875	1897	22	Strømsø, Drammen	Drammen, seinare	G	A (Banevokter)

⁵⁰⁸ Randi gifta seg på nytt i 1919 etter skilmisse frå den første ektemannen

					Norderhov		v. jernbanen)
Birgit Iversdotter	20.09.1874	1897	23	USA	USA	G	G
Kristi Olsdotter	28.09.1874	1897	23	Gol	Lier	I	H (plassbruker)
Sebjørg Svendsdotter	17.07.1875	1898	23	Gol	Gol	G	Bruker, dagarbeider, tømmerhugger (faren eig garden)
Kari Olsdotter Hallen	28.07.1875	1898	23	Strømsø, Drammen	USA	H	I (boarder)
Ingeri Endresdotter	02.09.1875	1899	24	Gol	Gol	G	G
Anna Johannesdotter	02.10.1874	1898	24	Røyken	Røyken	A	A (teglværksfor mann)
Ollaug Olsdotter	04.12.1874	1899	25	Lier	Drammen	G	A (sagarbeider)
Thora Helgesdotter	26.09.1874	1900	26	Asker	Asker	H	A (tømmermann)
Ollaug Knudsdotter	07.06.1874	1900	26	Mælum, Skien	Solum, Skotfoss	G	A (fabrikkarbeider)
Ragna Kristensdotter	05.02.1875	1901	26	Gol	Bærum	G	G (forpaktar og vognmann)
Birgit Syversdotter	05.06.1875	1902	27	Gol	Gol	I	G
Margit Olsdotter Braaten	05.06.1875	1902	27	USA	USA	G	G
Mari Pedersdotter	23.07.1875	1902	27	Gol	Gol	G	G
Liv Andersdotter	21.07.1874	1902	28	Nøtterøy	Nøtterøy	G	G
Birgit Larsdotter	26.05.1875	1904	29	USA	USA og Canada	H	G ⁵⁰⁹
Birgit Knudsdotter Nedrebraaten	18.03.1875	1905	30	Ål i Hallingdal	Ål i Hallingdal	G	G
Aagaadt Danielsdotter	15.01.1875	1905	30	Gol	Gol	G	G (og skomakar)
Guri Torstensdotter	23.12.1874	1908	34	Kristiania	Kristiania	G	A (styrmann)
Ragnhild Steingrimsdotter	01.07.1875	1909	34	Gol	Gol	G	G
Kari Pedersdotter	10.05.1874	1909	35	Gol	Gol	G	G ⁵¹⁰

⁵⁰⁹ I følgje gards- og ættesoga. Står ikkje oppført med yrke i dei canadiske folketeljingane.

⁵¹⁰ Ho kjøpte garden av foreldra som fekk livaure

Barbro Knudsdotter	30.04.1875	1911	36	Skoger	Skoger	G	G ⁵¹¹
Birgit Knudsdotter Fossebakken	19.01.1875	1911	36	USA	USA	G	G
Margit Arnesdotter	06.12.1874	1912	38	Gol	Gol	H	G
Ingeborg Torkelsdotter	30.08.1874	1913	39	Gol	Helgøya, Ringsaker	G	lærar
Kari Helgesdotter	05.04.1875	1918	43	Ukjent	Våle, Vestfold/Gol	G	G

Tabell 9: Barnefødslar og namn på barn

Namn	Ekteskapsalder og år	Namn på barna ⁵¹²	Barn	Manns arbeid
Randi Larsdotter	20, 1895	Hjørdis (1898)	1	A
Margit Arnesdotter	38, 1912	Arne Carlson (1902), uekte	1	G
Ragnhild Steingrimsdotter	34, 1909	Elling (1903), uekte	1	G
Guri Torstensdotter	34, 1908	ukjent	1	A
Birgit Knudsdotter Nedrebraaten	30, 1905	Birgit (1907)	1	G
Mari Pedersdotter	27, 1902	Ivar (1903), Birgit (1906)	2	G
Kari Pedersdotter	35, 1909	Ola Eilevson (1899), uekte. Arne Larsson (1909).	2	G
Ingeborg Torkelsdotter	39, 1913	ukjent	2	Lærar
Kristi Olsdotter	23, 1897	Anne (1909), Ole (1911)	2	G
Liv Andersdotter	28, 1902	Hans (1902), Birgit (1905)	2	G
Ragna Kristensdotter	26, 1901	Hans (1900, uekte), Hjørdis (1903), Kristian (1906), Dagmar (1908)	4	A
Birgit Knudsdotter Fossebakken	36, 1911	Carl (1913), Henry (1915)	4	G
Kari Olsdotter Hallen	23, 1898	Harry (1899), Margaret (1904), Connet (1913), Ester (1918)	4	G
Ingeborg Olsdotter	22, 1897	Rolv (1899), Olav (1903), Georg (1907)	4	A
Agnette Andreasdotter	22, 1897	Torleif (1897), John (1900), Andreas (1902), Aslaug (1904), Ingeborg (1907)	5	A
Birgit Larsdotter	29, 1904	Eddy (1905), Gilbert (1907), Henry (1911), Lily (1913)	5	G
Margit Olsdotter Skalet	Ukjent	ukjent	5	Ukjent
Ollaug Olsdotter	25, 1899	Oscar (1901), Olaf (1904), Margit Kristine (1907), Erling (1910), Toralf (1910)	5	A
Thora Helgesdotter	26, 1900	Gudrun (1901), Anders (1903), Bergliot (1905),	6	A

⁵¹¹ Gift etter 1910, men han er oppført som G i 1910 da ho jobba på garden hans.

⁵¹² Detter er ikke nødvendigvis alle barna, men dei der namna er kjende

		Helge (1908)		
Margit Olsdotter Braaten	27, 1902	Leander (1903), Clara (1905), Melvin (1910), Carl (1912), Edwin (1915), Anette (1916)	6	G
Ingeborg Halvorsdotter	21, 1896	Peter (1898), Julia (1900), Minnie (1901), Agnes (1903), Hanna (1905), Christina (1909)	6	G
Ollaug Knudsdotter	26, 1900	Sigrid (1901), Gunnvald (1902), Thora (1904), Henry (1907), Anna (1908)	7	A
Anna Johannesdotter	24, 1898	Jenny (1898), Almar (1901), Karl (1903), Jørgen (1906), Alvilde (1909)	7	A
Aagot Danielsdotter	30, 1905	Andres (1902), Daniel (1906), Gunhild (1907), Ågot (1909), Guri (1911), Ola (1914), Ågot (1916)	7	G
Anne Olsdotter	20, 1894	Birgit (1895), Olaf (1897), Per (1899), Kari (1902), Sander (1904), Margit (1906), Ivar (1908), Otto (1915)	8	G
Sebjørg Svendsdotter	23, 1898	Lars (1898), Ingebjørg (1899), Ingrid (1901-1901), Svein (1902), Ingrid (1904), Per (1906), Margit (1908), Vilhelm (1912), Birgit (1913)	9	A
Birgit Iversdotter	23, 1897	Harry (1897), Ivar (1900), John (1902), Cora (1906), Sarah (1908), Nuben (1910), Ives (1912), Edna (1914), Orville (1916)	9	G
Birgit Syversdotter	27, 1902	Guri (1899), uekte. Barbo (1904), Svein (1905), Sigurd (1907), Anne (1909), Birgit (1911), Ola (1914), Hanna (1916), Birgit (1918)	9	G
Thora Steingrimsdotter	18, 1892	Henry (1893), Tillie M (1905), Helen (1907), Lawrence (1910), Melvin (1914), Lorraine (1916)	10	G
Ingeri Endresdotter	24, 1899	Birgit (1899), Endre (1900), Ingeborg (1902), Knut (1904), Ingebjørg (1906), Gunhild (1909), Halvor (1911), Guttorm (1913), Bernt (1916), Nils (1919), Birgit (1920)	11	G

Tabell 10: Varig ugifte

Namn	Fars eller mors arbeid i 1875	Bustad i 1900 og 1910	Stad
Margrete Olsdotter	G	Hjå foreldra	Gol
Oline Halvorsdotter	G	Ukjent	Ukjent
Kari Herbrandsdotter	G	Hjå foreldra	USA
Sigrid Olsdotter	G	Hjå foreldra	Hurum
Ollaug Halvorsdotter	G	Teneste	USA
Margit Tolleivsdotter	I	Hjå foreldra	Gol
Guri Henningsdotter	Løspike	Teneste	Kristiania

Tabell 11: Døde etter konfirmasjon

Namn	Patronymikon	Etternavn	Fødselsår	Død	Alder	Fars yrke
Ollaug	Knudsdotter	Golberg	1874	ukjent	ukjent	G
Kari	Olsdotter	Hollen Bergseie	1875	ukjent	ukjent	H
Kari	Herbrandsdotter	Jegleim	1875	ukjent	ukjent	G
Agnette	Andreasdatter	Løstegaard	1875	ukjent	ukjent	A
Guri	Henningsdotter	Svello	1874	ukjent	ukjent	-
Guri	Karlsdotter	Pytten	1874	ukjent	ukjent	-
Ollaug	Halvorsdotter	Glori (Løstegaard)	1874	ukjent	ukjent	G
Margrete	Olsdotter	Blegfedt	1875	1904	29	G
Kari	Pedersdotter	Uthallen	1974	1910	36	G
Ingeborg	Halvorsdotter	Nymoen	1875	1914	39	G
Aagaadt	Danielsdotter	Olafsbraaten	1875	1918	43	G
Birgit	Syversdotter	Haavelmoen	1875	1919	44	I
Kristi	Olsdotter	Brandelihaugen	1874	1921	47	I
Ingeborg	Torkelsdotter	Braaten	1874	1924	50	G
Margit	Olsdotter	Braatene	1875	1925	50	G
Thora	Steingrimsdotter	Nordreleie/Braate ne	1874	1932	58	A
Birgit	Iversdotter	Sagebraaten	1874	1932	58	G
Randi	Larsdotter	Brenno	1875	1935	60	G
Ingeri	Endresdotter	Hatten	1875	1936	61	G
Guri	Torstensdotter	Haugo	1874	1936	62	G
Anne	Olsdotter	Haugstad	1874	1937	63	G
Birgit	Knudsdotter	Nedrebraaten	1875	1937	62	G
Ollaug	Olsdotter	Lybek	1874	1948	74	G
Margit	Olsdotter	Skallet	1875	1948	73	G
Anna	Johannesdotter	Rusten	1874	1949	75	A
Birgit	Mikkelsdotter	Grof	1875	1951	76	G
Mari	Pedersdotter	Turhus	1875	1954	79	G
Kari	Helgesdotter	Rødbakken	1875	1955	80	G
Oline	Halvorsdotter	Laamandsgaard	1875	1956	81	G
Liv	Andersdotter	Rudningen	1874	1956	82	G
Margit	Arnesdotter	Johnsrud	1874	1956	82	H
Thora	Helgesdotter	Roen	1874	1958	84	H

Birgit	Larsdotter	Stakebråten	1875	1958	83	H
Margit	Tollefsdotter	Brandhovd	1875	1958	83	I
Barbro	Knudsdotter	Nibstad	1875	1960	85	G
Ragnhild	Stengrimsdotter	Haugen	1875	1961	86	G
Ingeborg	Olsdotter	Farset	1875	1961	86	G
Birgit	Knudsdotter	Fossebakkane	1875	1962	87	G
Ragna	Kristensdotter	Kastet	1875	1963	88	G
Sigrid	Olsdotter	Hagen	1875	1968	93	G
Sebjørg	Svendsdatter	Trælverk	1875	1976	101	G